# TYSNES KPA 2024-2036
# KONSEKVENSUTGREIING (KU)



*Fotograf: Camilla Korsnes*

# Forord

Dette dokumentet er utarbeidd ved rullering av kommuneplanen sin arealdel 2024-2036. Det omfattar ei samla konsekvensutgreiing av planforslaget slik det føreligg etter formannskapet sin handsaming februar 2024. Før utarbeiding av konsekvensutgreiinga, har det vore politisk behandling av innspel, der det er gjennomført grovsiling av innspel i fleire omgangar.

# Innhald

1 Krav til KU-utgreiing, metodebruk og datagrunnlag ..... 4
1.1 Innleiing ..... 4
1.2 Metode ..... 4
1.3 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag ..... 5
Miljø ..... 5
Samfunn ..... 5
Naturmangfald ..... 6
Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap ..... 6
Friluftsliv og grønstruktur ..... 6
Forureining ..... 6
Vatn og vassdrag ..... 6
Strandsone ved sjø ..... 7
Jord- og skogbruk ..... 7
Sosial infrastruktur ..... 7
Transportbehov (tiltak som fremmar miljøvennleg transport) ..... 7
Næringsstrategi ..... 7
Born og unge sine oppvekstvilkår ..... 8
Samfunnstryggleik, beredskap – fareområder (Naturfare, ulykker og beredskap) ..... 8
1.4 Kriteria for vurdering av konsekvens for kvart KU-tema: ..... 9
1.5 Usikkerheit knytt til vurdering av konsekvens ..... 12
1.6 Gjennomgang over innkomne arealinnspel som har gått vidare til KU-utgreiing ..... 12
2 Vurdering av samla verknader - samla konsekvens for alle miljø- og samfunnstema vurdert for kvart arealføremål ..... 17
2.1 Bustadføremål (B) ..... 17
2.1.1 Bustadføremål - samla vurdering for miljøtema ..... 18
2.1.2 Bustad føremål – samle vurdering samfunnstema ..... 18
2.2. Føremål fritidsbusetnad (FB) ..... 19
2.2.1 Fritidsbustad føremål – samla vurdering av miljøtema ..... 19
2.2.2 Fritidsbustad føremål – samla vurdering av samfunnstema ..... 20
2.3 Næring og næring med hamneområde i sjø (NÆ og HOS) ..... 20
2.3.1 Næring og næring med hamneområde i sjø – samla vurdering av miljøtema ..... 21
2.3.2 Næring og næring med hamneområde i sjø – samla vurdering av samfunnstema ..... 21
2.4 Sentrumsføremål (SF) ..... 22
2.4.1 Sentrums føremål – samla vurdering av miljøtema ..... 22
2.4.2 Sentrums føremål – samla vurdering av samfunnstema ..... 22
2.5 Råstoffutvinning - område for masseuttak (RU) ..... 23
2.5.1 Råstoffutvinning– samla vurdering av miljø – og samfunnstema ..... 23
2.6 LNF spreidd – bustad (LSB), fritidsbusetnad (LSF) og spreidd bustad, fritids- og næringsbusetnad (LS) ..... 24
2.6.1 LNF-spreidd – samla vurdering av miljøtema ..... 24

2.6.2 LNF-spreidd – samla vurdering av samfunnstema ........................................................ 25
2.7 Akvakultur (AKV og AFFNF) ........................................................ 26
2.7.1 Akvakultur – samla vurdering av miljøtema ........................................................ 26
2.7.2 Akvakultur – samla vurdering av samfunnstema ........................................................ 26
2.8 Småbåthamner (SH) ........................................................ 27
2.8.1 Småbåthamn – samla vurdering av miljøtema ........................................................ 27
2.8.2 Småbåthamn – samla vurdering av samfunnstema ........................................................ 27
2.9 Naust (ABA) og småbåtanlegg (føresegnområde #) ........................................................ 28
2.9.1 Naust og småbåtanlegg– samla vurdering av miljøtema ........................................................ 28
2.9.2 Naust og småbåtanlegg– samla vurdering av samfunnstema ........................................................ 29
2.10 Idrettsanlegg (IDR) ........................................................ 30
2.10.1 Idrettsanlegg– samla vurdering av miljøtema ........................................................ 30
2.10.2 Idrettsanlegg– samla vurdering av samfunnstema ........................................................ 30
2.11 Offentleg og privat tenesteyting (T) ........................................................ 31
2.11.1 Offentleg og privat tenesteyting– samla vurdering av miljø – og samfunnstema ........................................................ 31
2.12. Fritids- og turismeføremål (FTU) ........................................................ 31
2.12.1 Fritids – og turismeføremål– samla vurdering av miljø – og samfunnstema ........................................................ 32
3 Samla verknad alle miljø- og samfunnstema ........................................................ 33
3.1 Samla konsekvens for alle miljø- og samfunnstema ........................................................ 34
4 Oppfyller planen statlege/nasjonale målsettingar? ........................................................ 35
5 Oppfyller planen samfunnsdelen sine målsettingar for arealdelen? ........................................................ 36
5.1 Gode bumiljø for fastbuande og deltidsbuande ........................................................ 36
5.2 Medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar ........................................................ 37
5.3 Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår ........................................................ 37
5.4 Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg ........................................................ 38
5.5 Sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid ........................................................ 38
5.6 Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur ........................................................ 38
KU-skjema (alle skjema som vedlegg sist i dokumentet) ........................................................ 39

# 1 Krav til KU-utgreiing, metodebruk og datagrunnlag

## 1.1 Innleiing

Ved utarbeiding og rullering av kommuneplanen sin arealdel skal det alltid gjennomførast ein konsekvensutgreiing, jf. § 4-2 i plan- og bygningsloven og §6 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Konsekvensutgreiinga skal visa kva viktige miljø- og samfunnsinteresser som vert omfatta av dei føreslegne tiltaka. Vidare skal utgreiinga skildra verknadane på desse verdiane for alle nye område for utbygging og ved vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde.

Tysnes kommune fastsette planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 i kommunestyret 17.12.2019. Planprogrammet legg føringar for korleis konsekvensutgreiing av planforslaget skal gjennomførast. Planprogram seier at på nokre tema vil lokal kunnskap og fagleg skjønn vere ein viktig del av konsekvensutgreiinga. KU-forskrifta krev at både einskildområda, og samla verknader av endringane vert vurdert.

## 1.2 Metode

I planprogrammet vart det lagt fram at metoden som skal nyttast i samband med konsekvensutgreiing er metoden skildra i Miljøverndepartementet sin rettleiar T-1493 «Konsekvensutredninger til kommuneplanens arealdel». Forskrift om konsekvensutredninger (01.07.2017) vil og vera sentral.

Utgreiinga for kvart innspel/einskildområde omfattar ein kort presentasjon av innspelet, samt gjennomgang av kvart KU-tema med kart (der det er aktuelt), for å syne eventuelle konfliktar. I vurdering av konsekvensar innanfor kvart tema, vert det nytta ein tredelt skala framstilt ved bruk av trafikklysfargar, for å illustrera konsekvensane på ein enkel måte:

| |
|---|
| Grøn - Positiv konsekvens, ingen til liten negativ konsekvens |
| Gul - Middels eller usikker negativ konsekvens - avbøtande tiltak kan vera aktuelt/tilstrekkeleg |
| Raud - Stor eller svært stor negativ konsekvens |

Det vert gjort ein samla vurdering for kvart innspel/einskild område som vert delt opp slik:

| |
|---|
| Innspel vert teke med i planen, eller innspel vert delvis teke med i planen – men justert<br>Samla årsak for konklusjon/vurdering vert utgreia. |
| Innspel vert ikkje teke med i planen<br>Samla årsak for konklusjon/vurdering vert utgreia. |

I kapittel 2 og 3. vert det gjort ein samla vurdering av konsekvens for kvart arealformål og for kvart KU-tema.

Konsekvensutgreiinga skal så langt som mogleg basera verdivurderingane på kjend kunnskap. Data som vert nytta er nasjonale databasar som t.d. miljødirektoratets naturbase, geonorge.no, Norges vassdrags- og energidirektorats kartteneste NVE Atlas. I tillegg er temakart frå fylkesplan, kommunen sitt eige kartleggingsarbeid for ulike tema samt lokalkunnskap nytta.

Oversikt over dei ulike kjeldene som er nytta er skildra under kap. 1.3. Grunnlagsmaterialet er ikkje uttømmande for alle tema som kan gje konsekvensar som følge av arealdisponeringa, men dei er vurdert dekkande for kva som er relevant for å ta avgjerd i kommuneplansamanheng. Kommuneplanen sin arealdel er ein oversiktsplan med fokus på langsiktig utvikling og heilskap – og då skal konsekvensutgreiinga ha same fokus: Tilstrekkeleg kunnskap om verknader av forslaget for å kunna ta ein «grovavklaring», med andre ord anten ja eller nei til utbygging. I tillegg skal det synleggjerast kva summen av dei einskilde arealbruksendringane i planen vil seie for ulike miljø- og samfunnsomsyn.

Ei gjennomgang av kva kriteria som er nytta for å vurdera konsekvensane, følgjer tematisk under kapittel

1.3 og 1.4. Samanlikningsgrunnlaget (0-alternativet) er dagens arealføremål i gjeldande kommuneplan. Samla vurdering for eit gitt enkelttiltak vert basert på resultata av vurderingane av konsekvens for alle tema supplert med fagleg skjønn, lokalkunnskap og eventuelle spesielle tilhøve ved det aktuelle tiltaket. Tema er av ulik karakter og vil ikkje kunne vektast likt i ei samla vurdering. Det vert og vurdert om terreng/plassering og topografiske tilhøve eignar seg for føremålet. Hovudmåla frå kommuneplanen sin samfunnsdel er og ein del av den samla vurderinga.

Hovudmåla:

*«Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i !*

*Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å:*

- *tilretteleggja for gode bumiljø for både fastbuande og deltidsbuande*
- *medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar*
- *sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår*
- *sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg*
- *sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid*
- *sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur»*

## 1.3 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

Lista under viser kva tema som er utgreidd for kvart innspel/område. I § 17 i KU-forskrifta første ledd siste punktum står: «Konsekvensutredningens innhold og omfang skal tilpassast den aktuelle planen eller tiltaket, og være relevant for de beslutninger som skal tas». I § 21 er det ei opplisting av faktorar som kan vere aktuelle.

Her er dei tema som er gjennomgått for kvart innspel:

### Miljø

• Naturmangfald

• Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

• Friluftsliv og grønstruktur

• Forureining (støy, grunn-, luft- og vassforureining)

• Vatn og vassdrag

• Strandsone ved sjø (hamner, fiskeplassar, farlei, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona)

• Jordbruk og skogbruk

### Samfunn

• Sosial infrastruktur

• Transportbehov (tiltak som fremmar miljøvennleg transport)

• Næringsstrategi (rett verksemd på rett plass)

• Born og unge sine oppvekstvilkår

• Samfunnstryggleik/ beredskap- fareområde (naturfare, ulykker og beredskap)

## Naturmangfald

Temaet omfattar biologisk mangfald på land og i sjø. Det vert undersøkt om prioriterte arter, utvalde naturtypar, arter av stor/særleg stor nasjonal forvaltningsinteresse, verneområde og/eller områder omfatta av kommunens naturtypekartlegging blir påverka.

*Kjelder: Naturbase (www.naturbase.no), artskart fra Artsdatabanken (www.artskart.artsdatabanken.no)*

## Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Temaet omfattar kjende fornminne, verna og freda bygningar eller kulturmiljø samt eldre bygningar(før ca. 1900), samt prioriterte kulturlandskap.

*Kjelder: Askeladden databasen (Riksantikvaren), Tysnes kommune sin kommunedelplan for kulturminne 2020-2030.*

## Friluftsliv og grønstruktur

Innspelet sine konsekvensar for friluftsliv skal synleggjerast. Her tas utgangspunkt i kommunen si kartlegging. Tiltaket sine ev. konsekvensar for grønstrukturen sine landskapsverdiar skal synleggjerast. Alt som ligg i gjeldande kommuneplan sin arealdel som grønstruktur vert i utgangspunktet vurdert som viktige områder. Avstand til leikeplassar og nærturterreng ligg under punktet «Born og unge sine oppvekstvilkår».

*Kjelder: Kommunen si kartlegging av friluftsområde, gjeldande kommuneplan kart (grønstruktur).*

## Forureining

Dette temaet omfattar støy frå veg. I tillegg vert det vurdert om tiltaket rører ved forureina grunn samt luftforureining frå veg eller verksemd. Videre skal tiltaket sin eventuelle påverknad på omgjevnadane mht. forureining vurderast, blant anna auka støy, fare for avrenning til vassdrag ol.

*Kjelder: Databasen Grunnforurensning (https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/), Støysonekart for riks- og fylkesveger (Statens vegvesen) https://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=805f97e2d6694f45beca4b7a7c59acec*

## Vatn og vassdrag

Vatn og vassdrag har ei rekke verdiar knytt til seg, som til dømes landskapselement eller i forhold til biologisk mangfald. Hensikten med dette temaet er å synleggjere om innspel røyrer ved eller påverkar vassdragsområde. Som vassdrag vert rekna alt stilleståande eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring.

*Kjelde: Grunnkartet, naturbase, vann-nett https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0260050200-C*

## Strandsone ved sjø

Ligg tiltaket innanfor 100-metersbeltet eller påverkar tiltaket denne sona? Det skal kartleggast om tiltaket har konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farlei, kaste- og låssettingsplassar.

Kjelde: Fiskeridirektoratet sin kartløysning, kommuneplanen sin arealdel. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

## Jord- og skogbruk

Omfattar dyrka og dyrkbar mark og skogressursar, og korleis innspel påverkar dette.

*Kjelder: Nibio (Norsk institutt for bioøkonomi) sin kartløysning Kilden og Gårdskart.*

## Sosial infrastruktur

Kapasitet i skular og barnehagar i krins.

*Kjelde: Tysnes kommune, Barnehage- og skulebruksplan 2021-2035*

## Transportbehov (tiltak som fremmar miljøvennleg transport)

Her skal det vurderast avstand til ulike funksjoner, med omsyn til transportbehov, og om dette kan dekkast gjennom kollektivtransport eller er i gang-/sykkelavstand. Vurderingar om innspel vil gje auke/reduksjon i klimagassutslepp.

*Kjelder: kommunen sin kartløysning, lokalkunnskap*

## Næringsstrategi

Temaet omfattar vurderingar i forhold til lokalisering av verksemder.

Rett verksemd på rett plass.

*Kjelde: Lokal kunnskap*

## Born og unge sine oppvekstvilkår

Omfattar tilgang til leikeplass og nærturterreng. I den grad områder born nyttar i dag blir rørt

skal dette synleggjerast. Datagrunnlaget for dette er mangelfullt, då kommunen ikkje har kartlegging som til dømes barnetråkkregistrering.

Det er tatt utgangspunkt i kjende leikeplassar og målt gangavstand til desse. Det er gjort ei skjønnsvurdering av kva som kan vere aktuelle nærtur/leikeområde, med utgangspunkt i kommunen sin lokalkunnskap.

Avstand til og kapasitet i skule og barnehage ligg under andre tema.

*Kjelde: Lokal kunnskap, kommunen sitt kartgrunnlag/ortofoto/kommunens kartlegging over viktige friluftsomåde*

## Samfunnstryggleik, beredskap – fareområder (Naturfare, ulykker og beredskap)

Temaet omfattar synleggjering og vurdering i forhold til ras/skred, flaum og havnivåstigning, høgspenningsanlegg, brann- og eksplosjonsfare samt skytebane. Med omsyn til beredskap er det berre sett på om det er veg til området. Radongass er ikkje vurdert. Radon vert vurdert i ROS- og vert dessutan handtert i byggesaker iht. TEK 17.

*Kjelde: NVE-atlas, kommunen sitt kartgrunnlag*

## 1.4 Kriteria for vurdering av konsekvens for kvart KU-tema:

| TEMA<br>Datagrunnlag/ | Positiv konsekvens, ingen eller liten negativ konsekvens | Middels eller usikker negativ konsekvens | Stor eller svært stor negativ konsekvens |
|---|---|---|---|
| **Naturmangfald** | ***Påverkar ikkje:***<br>• verneområde<br>• utvalde naturtypar<br>• prioriterte artar<br>• artar av stor/særleg stor nasjonal forvaltnings-interesse (raudlisteartar) | ***Påverkar i nokon grad:***<br>• verneområde<br>• utvalde naturtypar<br>• prioriterte artar<br>• artar av stor/særleg stor nasjonal forvaltnings- interesse (raudlisteartar)<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. | ***Påverkar i vesentleg grad eller øydelegg:***<br>• verneområde<br>• utvalde naturtypar<br>• prioriterte artar<br>• artar av stor/særleg stor nasjonal forvaltnings-interesse (raudlisteartar)<br><br>Avbøtande tiltak vil få liten/ingen effekt. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | Påverkar ikkje kjende fornminne eller verna eller freda bygningar eller kulturmiljø og i liten grad eldre bygningar(før ca. 1900).<br><br>Påverkar ikkje regionalt verdifulle kulturlandskap. | Påverkar i større grad eldre bygningar(før ca. 1900), eller har mindre verknad på regionalt verdifulle kulturmiljø eller kulturlandskap.<br>Påverkar freda kulturminne/kjende fornminne, verna bygningar i liten grad.<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. | Påverkar freda kulturminne/kjende fornminne, verna bygningar eller regionalt verdifulle kulturmiljø eller kulturlandskap i stor grad.<br><br>Avbøtande tiltak vil få liten/ingen effekt. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | Påverkar ikkje viktige grønstrukturområde for tettstadområdet eller friluftsområde(kommunen sin kartlegging). | Påverkar i mindre grad viktige grønstrukturområde for tettstadområdet, og/eller friluftsområde (kommunen sin kartlegging). | Påverkar viktige grønstrukturområde og/eller viktige eller svært viktige friluftsområde (kommunen sin kartlegging) og/eller regionale friluftsområde. |
| **Foreureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | Området er ikkje utsett for forureining.<br><br>Tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining.<br><br>Ikkje naudsynt med avbøtande tiltak. | Området ligger på grensa til eller innanfor gul luftforureinings- og støysone eller i nærleiken av registrert forureining.<br><br>Tiltaket set omgjevnadane i fare for forureining.<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg. å iverksette. | Området ligg innanfor raud luftforureining- og støysone eller registrert forureining.<br><br>Og/eller tiltaket utgjer sjølv ein stor forureiningsfare.<br><br>Avbøtande tiltak vil ha liten/ingen effekt. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | Påverkar ikkje vassdrag.<br>> 50 meter fra vassdrag Flatåker-Uggdal og Onarheimselva. 20 meter frå andre vassdrag | Påverkar vassdrag i nokon grad.<br>< 50 meter frå vassdrag Flatåker-Uggdal og Onarheimselva.<br>< 20 meter frå andre vassdrag<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. | Påverkar vassdrag i stor grad.<br>< 50 meter frå vassdrag Flatåker-Uggdal og Onarheimselva.<br>< 20 meter frå andre vassdrag<br><br>Avbøtande tiltak vil få liten/ingen verknad. |
| **Strandsone ved sjø,** konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | Påverkar ikkje strandsona og strandsona sin eksisterande bruk/innhald.<br><br>Gjer situasjonen betre. | Ligg nærare sjøen enn 100 meter, men er ikkje vurdert å påverka strandsona negativt i særleg grad. Til dømes fortetting med same arealbruk.<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette | Ligg nærare sjøen enn 100 meter. Påverkar strandsona i vesentleg grad negativt eller øydelegg området sine kvalitetar med omsyn til bruk.<br><br>Avbøtande tiltak vil få liten/ingen verknad. |
| **Jord- og skogbruk** | Påverkar ikkje dyrka eller dyrkbar mark. Ingen vesentleg påverknad for skogbruket. | Påverkar i nokon grad dyrkbar mark eller innmarksbeite <10 daa samanhengande jordbruksareal, og/eller råkar i særleg grad drivverdig skogareal med høg bonitet. | Påverkar fulldyrka mark, overflatedyrka mark eller dyrkbar mark i tilknyting til samanhengande jordbruksareal > 10 daa. |
| **Sosial infrastruktur** | Skule i skulekrins har kapasitet.<br>Det er kapasitet i barnehage innanfor 15 km | Skule i skulekrins har kapasitet, det er kapasitet i barnehagar, men med større avstand. | Skule i skulekrins har ikkje kapasitet. Det er ikkje kapasitet i barnehagar. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | Gangavstand til barneskule er mindre enn 2 km.<br><br>Gangavstand til lokalsenter/nærbutikk er mindre enn 1 km.<br><br>Gangavstand til kollektivtransport er mindre enn 1 km. | Gangavstand til barneskule 2-4 km.<br><br>Gangavstand til lokalsenter/nærbutikk 1 – 3 km.<br><br>Gangavstand til kollektivtransport 1-3 km. | Gangavstand til barneskule er meir enn 4 km.<br><br>Meir enn 3 km til lokalsenter/nærbutikk.<br><br>Meir enn 3 km til kollektivtransport.<br><br>Tiltaket vil føra til vesentleg auke i klimagassutslepp. |
| **Næringsstrategi**<br>Rett verksemd på rett plass | Ikkje potensielle konfliktar med eksisterande arealbruk (støy, lukt, arealbehov osv.) | Potensielle konfliktar med eksisterande arealbruk (støy, lukt, arealbehov osv.), men dette kan løysast gjennom avbøtande tiltak | Konflikt med eksisterande arealbruk (støy, lukt, arealbehov osv.), som ikkje kan løysast med avbøtande tiltak |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | Ligg i eit område med god leikeplassdekning, dvs. <500 m til kvartalslekeplass.<br><br>Akseptabel veg til nærturterreng – dvs. < 500 m<br><br>Område born nyttar til leik i dag vert ikkje omfatta. | Område born nyttar i dag vert noko omfatta. | Ligg i eit område med lite leikeplassar, dvs.<br>> 500 m til kvartalsleikeplass.<br><br>Ligg i eit område med underdekning på nærturterreng, dvs. >500 m frå bustad.<br><br>Område born nyttar til lek i dag blir øydelagt – erstatningsområde finnes ikkje. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde | Område vert påverka i nokon grad av aktsemd-/fareområde.<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. | Område vert påverka i vesentleg grad av aktsemd-/fareområde.<br><br>Avbøtande tiltak vil ha avgrensa/liten effekt. |

## 1.5 Usikkerheit knytt til vurdering av konsekvens

Kunnskapsgrunnlaget til KU er basert på tilgjengeleg informasjon i opne kartgrunnlag og databasar, samt lokalkjennskap. Ein KU på kommuneplannivå vil vera ein meir overordna KU, der ein ikkje har detaljkunnskap om eit område. Ved seinare detaljregulering kan det verte stilt krav til ein meir detaljert og omfattande KU.

Ein vil i nokre tilfelle kunne oppleva at det kan vera mangel på kunnskap om eit KU-tema i enkelte område, dette kan skuldas at området ikkje har vore kartlagt/undersøkt i høve dette temaet tidlegare. Eksempel på dette er til dømes naturmangfald, viss det i tilgjengelege kjelder/databasar ikkje er gjort registreringar i høve til naturmangfald i eit område, vil dette området ofte hamne på grøn konsekvens i KU-skjemaet. Dette er fordi ein ikkje er kjend med konfliktar knytt til naturmangfald i området. Det same vil og gjelda kulturminne /kulturmiljø - er det ikkje kjende funn innanfor eit område eller i nærleiken - vil konsekvens ofte bli grøn i KU-skjemaet. Dette er rett og slett fordi ein konflikt med temaet ikkje er kjend. Sjølv om enkelte KU-tema kan hamna på grøn på grunn av ovannemnte problemstilling, kan det likevel ved ein detaljregulering verte stilt krav til undersøkingar/registreringar innanfor eit/eller fleire av fagområda.

Når det gjeld friluftsområde er det gjort ei kartlegging som definerer viktige område for friluftsliv i kommunen. Dette er rekna som ei svært grovmaska kartlegging. Store delar av Tysnes kommune ligg innanfor eit eller fleire område kartlagt som viktig friluftsområde. Det har difor i KU-skjema vert gjort ei vurdering av om det planlagde tiltaket vil hindre ålmenta tilgang til friluftsliv i friluftsområda eller ikkje.

## 1.6 Gjennomgang over innkomne arealinnspel som har gått vidare til KU-utgreiing

Vedtak om oppstart av planarbeid og planprogram vart gjort av kommunestyre 16. juni 2018. Det vart varsla om moglegheit til medverknad og ein oppfordring om skriftlege innspel til kommuneplanens arealdel. Det kom inn omkring 250 innspel, frå privatpersonar, bygdelag og næring så vel som politiske –og kommuneadministrative innspel.

Før utarbeiding av konsekvensutgreiinga, har det vore ein politisk prosess med grovsiling av innspela. Dette medførte at ein gjekk vidare med 166 innspel som skulle KU-vurderast opp mot miljø- og samfunnstema. Det er gjort ein samla vurdering av kvart innspel basert på KU-tema. Det er lagt vekt på om innspelte areal er eigna til føreslått arealføremål, og om innspelet innfrir eit eller fleire av hovudmåla som kommunen har lagt til grunn i samfunnsdelen.

På dei neste sidene er ei liste over alle 166 arealinnspela som har vorte KU- vurdert i samband med rulleringa av kommuneplanen. Arealinnspel som er heilt eller delvis teke inn i kommuneplanen er markert med lyseblå farge i vedlagt tabell, medan innspel som ikkje er teke med i planen er markert med lyserosa farge (sjå illustrasjon under).

***KU-skjema for kvart innspel som har vorte KU-vurdert finn ein som eit vedlegg i slutten av dette dokumentet***.

**Forklaring til vedlagt tabell:**

| |
|---|
| Innspel vert teke med i planen/eller innspel vert delvis teke med i planen – men justert |
| Innspel vert ikkje teke med i planen |

| Feltnamn /områdenamn i plankart | Område og evt. kommentar | innspel nr. | Arealføremål |
|---|---|---|---|
| **Tysnesbygda (Våge)** | | | |
| B 09 | | 014_1 | Bustad |
| B 08 | | 028 | Bustad (må sjåast i samanheng m 230) |
| B 07 | | 039 | Bustad |
| B 04 | | 046_3 | Bustad |
| B41 | | 046_1 | Bustad |
| IDR 12 | | 046_2 | Skule - endra til idrett etter ønske frå politisk hold |
| LSB 12 | | 049 | LNF – Spreidd bustad |
| LSB 12 | | 069 | LNF – Spreidd bustad – må sjåast i samanheng med 049 |
| Samferdselslinje | | 070 | Gang- og sykkelveg |
| B 08 | | 230 | Bustad (må sjåast i samanheng med 028) |
| SH 2 og P 1 | | 240 | Småbåthamn og parkering |
| NÆ 09 | | 250 | Næring |
| B 43 | | 210 | bustad |
| | | 007_3 | Bubilparkering |
| | | 014_3 | Naust |
| | | 046_7 | Næring |
| | | 120 | Naust |
| | | 004 | Godøy -Næring/fritidsbusetnad og småbåthamn |
| **Onarheim** | | | |
| B01 | | 008_1 | Bustad |
| LSB 13 | | 053_2 | LNF- spreidd bustad |
| LSF 01 | | 062_1 | LNF – Spreidd Fritidsbustad |
| FB 02 | | 075 | Fritidsbustad |
| B 03 | | 102_1 | Bustadføremål |
| HOS 03, NÆ 03 og NÆ 10 | | 104_2 | Hamneområde i sjø i tilknyting næring |
| SF 2 og FRI 01 | | 104_3 | Sentrumsformål og friområde |
| Regplan vedteke | Reguleringsplan skal halde fram | 104_6 | Næring i sjø og hamn/småbåtanlegg |
| NÆ 06 | | 104_7 | Næring (teknisk infrastruktur) |
| HOS 01 og NÆ 02 og RU2 | | 104_10 | Hamneområde og næring |
| RU 1 | | 104_11 | Råstoffutvinning (masseuttak) |
| B11 | | 110_1 | Bustad |
| B42 | | 110_2 | Fritidsbustad – endra til bustad etter ønske frå politisk hold |
| ABA 20 og #33 | | 112_1 | Naust og småbåtanlegg |
| SF 2 | | 270 | Sentrumsformål |
| B 05 | | 280 | Bustad |
| SF 2 | | 260_1 | Kommune bestilling - sentrumsføremål |

| | | | |
|---|---|---|---|
| SF 2 | Utviding av tidlegare foreslått areal i innspel 260_1 | 260_2 | Kommune bestilling - sentrumsføremål |
| SF 2 | | 290 | Kommune bestilling - sentrumsføremål |
| | | 053_1 | Naust+ bustad |
| | | 062_2 | Turisme, næring |
| | | 062_3 | Naust, næring, fiske |
| | | 062_4 | Molo, bølgedempar |
| | | 066_1 | Naust |
| | | 088 | Næring/fritidsbusetting mm. |
| | | 104_4 | Bustad |
| | | 104_5 | Bustad |
| | | 112_2 | LNF Spreidd bustad |
| | | 300 | Politisk bestilling LNF- spreidd bustad |
| **Lunde** | | | |
| LS 1 | Med plankrav | 023 | LNF- spreidd næring |
| ABA 26 + 29 og #17 | Har eigen KU – sjåast i samanheng m 94_3 | 033 | Naust, småbåtanlegg, service |
| ABA 38, SH 8 og P 5 | | 034 | Naust, småbåthamn og parkering |
| LSB 15 | Samla plan for 041_1 til 041_3 | 041_1 | LNF- spreidd bustad |
| NÆ 07 | Samla plan for 041_1 til 041_3 | 041_2 | Næring |
| ABA 25 | Samla plan for 041_1 til 041_3 | 041_3 | Naust |
| #32 | Felles KU for innspel 57,60,61 og 71 | 057 | Småbåtanlegg (identisk med innspel 60,61,71) |
| #32 | Felles KU for innspel 57,60,61 og 71 | 060 | Småbåtanlegg (identisk med innspel 57) |
| #32 | Felles KU for innspel 57,60,61 og 71 | 061 | Småbåtanlegg (identisk med innspel 57) |
| #32 | Felles KU for innspel 57,60,61 og 71 | 071 | Småbåtanlegg (identisk med innspel 57) |
| ABA 26 og 27 og #17, #18 | Felles KU for innspel 094_3 og 085 | 085 | Naust (identisk med innspel 94_3) |
| | Felles KU for innspel 094_3 og 085 | 094_3 | Naust (identisk med innspel 85) |
| IDR 02 | | 094_4 | Idrettsanlegg – Hestebane |
| NÆ 08 | | 094_5 | Næring |
| B 06 | | 094_6a | Bustad |
| T 1 | Område foreslått i 94_7b ligg i reguleringsplan som skal vidareførast. | 094_7a | Privat og offentleg tenesteyting |
| FTU5 | | 094_2 | Bubilparkering |
| SH21 | | 094_8 | Småbåthamn |
| ABA 27,29 og #18, 17 | Kan sjåast i samanheng med innspel 94_3 og 85 | 101 | Naust |
| NÆ 05 og HOS 02 | | 104_1 | Næring/hamn |
| LSB 14 | | 105 | LNF- spreidd bustad |
| FTU 3 og # 54 | | 114_4 | Fritids- og turistformål |
| B 02 | | 310 | Kommune bestilling - Bustad føremål |
| | | 012_1 | Fritidsbustad |
| | | 012_2 | Naust |
| | | 15_1 | LNF Spreidd bustad |
| | | 015_2 | Naust |
| | | 048 | Næring/turisme |
| | | 087 | Naust, småbåtanlegg, parkering |
| | | 096 | Næring i sjø |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | 114_1 | Fritidsbustad |
| | | 114_2 | Naust |
| | | 114_3 | Småbåthamn |
| | | 041_1 | LNF - Spreidd bustad |
| | | 041_2 | Næring |
| | | 041_3 | Naust |
| **Uggdal** | | | |
| B 10 | | 001 | Bustad |
| ABA 54 # 20 | | 013 | Naust og småbåtanlegg |
| B 10 | | 021 | Bustad |
| B 12 | | 029 | Bustad |
| IDR 01 | | 045 | Idrett |
| FTU 4 | | 037 | Bubilparkering |
| NÆ 11 | | 072_1 | Næring |
| LSB 17 | | 108 | LNF- spreidd bustad |
| LSB 34 | | 122 | LNF- spreidd bustad |
| B 10 | | 330 | Politisk bestilling – bustadfelt Jensvoll |
| | | 018 | Fritidsbustad |
| | | 042 | Fritidsbustad, naust, småbåtanlegg, næring |
| | | 072_2 | Småbåtanlegg |
| | | 073 | Massehandtering |
| **Reksteren** | | | |
| SH 1 | | 035 | Småbåthamn |
| #28 | | 050 | Småbåtanlegg |
| ABA 24 | | 051 | Naust |
| NÆ 01 | | 058_1 | Næring, turisme |
| SH 3 | | 058_2 | Småbåthamn |
| ABA 23 # 29 | | 109 | Naust |
| ABA 22 # 34 | Krav om reguleringsplan | 115_1 | Naust |
| ABA 23 og #29 | Sjåast i samanheng med innspel 109 | 117_1+2 | Naust, småbåtanlegg |
| NÆ 04 | | 127 | Næring/kontor |
| AFFNF 4 | | 99_1 | Akvakultur, nord for Reksteren |
| AFFNF 1 | | 99_2 | Akvakultur, vest for Vernøy |
| | | 002 | Bustad |
| | | 016_3 | Naust |
| | | 020 | Småbåtanlegg |
| | | 044 | Bustad |
| | | 052 | Næring |
| | | 064 | Naust |
| | | 079 | Naust |
| | | 089_4 | Deponi |
| | | 107 | Fritidsbustad |
| | | 092 | Naust og bustad |
| | | 111 | LNF – spreidd bustad |
| | | 113_2 | Småbåtanlegg |
| | | 123_1 | Bustad |
| | | 123_2 | Bustad |
| | | 123_3 | Næring |
| | | 150 | Næring LNF |

omega 365

| Hålandsneset | | | |
|---|---|---|---|
| IDR 03 | | 010_1 | Idrettsanlegg |
| P7 | | 010_2 | Parkeringsplass |
| LSB 06 | | 010_10 | LNF spreidd bustad |
| LSB 03 | | 017_1 | LNF spreidd bustad |
| NÆ 12 # 26 | | 126 | Utviding av næring/turisme - Kubbervik |
| LSB 06 | | 350 | Politisk bestilling – LNF spreidd bustad |
| LSB 05 | | 360 | Politisk bestilling – LNF spreidd bustad |
| | | 005 | Bustad |
| | | 006 | LNF Spreidd bustad |
| | | 009 | Bustad/fritidsbustad |
| | | 010_3 | Naust |
| | | 010_4 | Andre typar bygg og anlegg |
| | | 010_5 | Naust |
| | | 010_6 | Naust |
| | | 010_7 | Næring |
| | | 010_8 | Næring |
| | | 010_10 | LNF Spreidd bustad |
| | | 010_11 | LNF Spreidd bustad |
| | | 010_12 | LNF Spreidd bustad |
| | | 010_13 | LNF Spreidd bustad |
| | | 010_14a | Friområde, badeplass |
| | | 020_14b | Friområde/badeplass |
| | | 370 | Politisk bestilling -LNF-spreidd bustad Eversvik |
| | | 380 | Politisk bestilling -LNF-spreidd bustad Landerøy |
| **Flatråker** | | | |
| AKV 3 | | 097 | Akvakultur |
| LSB 02 | | 121 | LNF- spreidd bustad |
| LSB 01 | | 128_3 | LNF - spreidd bustad |
| | | 128_1 | LNF - spreidd bustad |
| | | 128_4_1 | Naust |
| | | 128_4_2 | LNF - spreidd bustad |
| | | 128_4_3 | Deponi |
| **Skorpo - Hodnanes** | | | |
| FB 01 og ABA 28 | | 022 | Fritidsbustad og ABA (naust) |
| NÆ 54 | | 083_1 | Næring |
| FB 24 | Vidareføring av føremål frå førre plan | 083_5 | Fritidsbustad |
| | | 026 | Fritidsbustad |
| | | 030 | Bustad |
| | | 036 | Naust og småbåtanlegg |
| | Vert vidareført som LNF, sjå KU innspel 83_1 | 083_2 | Friområde |
| | | 083_3 | Fritidsbustad |
| | | 084_1 | Bustad |
| | | 084_2 | Fritidsbustad og småbåtanlegg |
| | | 129 | Fritidsbustader |

*Politiske og kommuneadministrative innspel har fått nr. som til dømes 300, 310, 320, 330 etc. for lettare å skilje dei frå andre innspel, det er likevel kommen inn til saman ca. 250 innspel, så desse tala kan verka noko misvisande.*

# 2 Vurdering av samla verknader - samla konsekvens for alle miljø- og samfunnstema vurdert for kvart arealføremål

Forskrifta om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta) krev at ein skildrar verknadane av dei einskilde utbyggingsområda kvar for seg, og dei samla arealbruksendringane i planen. Ei samla vurdering skal få fram eit bilete av kva summen av arealbruksendringar i planforslaget, vil ha for ulike miljø- og samfunnsomsyn. Det skal gje grunnlag for å vurdera utbyggingsforslag, og om verknadane av planen samla sett er akseptable for miljø og samfunn. Jamfør rettleiar T-1493 for kommuneplanens arealdel, bør den samla vurderinga delast inn i to delar: samla vurdering for kvart arealformål og samla vurdering for kvart utgreiingstema (KU-tema).

I dei følgjande delkapitla vil samla verknad for miljø- og samfunnstema verte samanstilt og vurdert for kvart arealføremål, med utgangspunkt i KU-skjema for kvart utbyggingsområde.

***Samanstillinga vil berre tar for seg dei arealinnspela som har gått vidare etter KU-vurdering, og som difor vert teke inn i planen.***

## 2.1 Bustadføremål (B)

Det er foreslått å legge inn 12 nye areal for bustadføremål. Dei fleste er i tilknyting eksisterande bustadfelt, men det er og nokre heilt nye, alle er plassert på sentrale plassar. Under følger ei samla oversikt over kva konsekvensar arealføremålet bustadføremål vil ha for dei ulike miljø- og samfunnstema i utgreiinga.

| Feltnamn i kart | O m rå | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kult urmiljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grøns | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| B 09 | Tysnesbygda | 014_1 | | | | | | | |
| B 08 | Tysnesbygda | 028 | | | | | | | |
| B 07 | Tysnesbygda | 039 | | | | | | | |
| B41 | Tysnesbygda | 046_1 | | | | | | | |
| B 04 | Tysnesbygda | 046_3 | | | | | | | |
| B43 | Tysnesbygda | 210 | | | | | | | |
| B 08 | Tysnesbygda | 230 | | | | | | | |
| B 01 | Onarheim | 08_1 | | | | | | | |
| B 03 | Onarheim | 102_1 | | | | | | | |
| B 11 | Onarheim | 110_1 | | | | | | | |
| B42 | Onarheim | 110_2 | | | | | | | |
| B 05 | Onarheim | 280 | | | | | | | |
| B 06 | Lunde | 094_6a | | | | | | | |
| B 02 | Lunde | 310 | | | | | | | |
| B 10 | Uggdal | 001 | | | | | | | |
| B 10 | Uggdal | 021 | | | | | | | |
| B 12 | Uggdal | 029 | | | | | | | |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| B10 | Uggdal | 330 | | | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | | | |

*Fleire av bustadinnspela i Uggdal gjeld etablering av bustad/utviding av bustadfelt ved Jensvoll – ettersom innspela hadde ulike forslag til utstrekking, vart dei behandla i kvart sitt KU-skjema*

## 2.1.1 Bustadføremål - samla vurdering for miljøtema

For bustadføremål slår dei fleste miljøtema (samla sett) ut på grøn konsekvens. Tema jord- og skogbruk slår samla sett ut på gul konsekvens. Dette skuldast at fleire av dei originalt innspelte områda opphaveleg hamna innanfor areal med dyrka mark og/eller skog med høg bonitet. Mange av desse innspela (spesielt der dyrka mark kunne verte påverka) er justert i det endelege plankartet. På denne måten vil dyrka mark, og til ein viss grad skog med høg bonitet ikkje lenger verte råka, eller dei vert råka i mindre grad.

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkå | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| B 09 | Tysnesbygda | 014_1 | | | | | |
| B 08 | Tysnesbygda | 028 | | | | | |
| B 07 | Tysnesbygda | 039 | | | | | |
| B41 | Tysnesbygda | 046_1 | | | | | |
| B 04 | Tysnesbygda | 046_3 | | | | | |
| B43 | Tysnesbygda | 210 | | | | | |
| B 08 | Tysnesbygda | 230 | | | | | |
| B 01 | Onarheim | 08_1 | | | | | |
| B 03 | Onarheim | 102_1 | | | | | |
| B 11 | Onarheim | 110_1 | | | | | |
| B42 | Onarheim | 110_2 | | | | | |
| B 05 | Onarheim | 280 | | | | | |
| B 06 | Lunde | 94_6a | | | | | |
| B 02 | Lunde | 310 | | | | | |
| B 10 | Uggdal | 001 | | | | | |
| B 10 | Uggdal | 021 | | | | | |
| B 12 | Uggdal | 029 | | | | | |
| B10 | Uggdal | 330 | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | |

*Fleire av bustadinnspela i Uggdal gjeld etablering av bustad/utviding av bustadfelt ved Jensvoll – ettersom innspela hadde ulike forslag til utstrekking, vart dei behandla i kvart sitt KU-skjema*

## 2.1.2 Bustad føremål – samle vurdering samfunnstema

For bustadføremål slår dei fleste samfunnstema (samla sett) ut på grøn konsekvens. Tema samfunnstryggleik slår samla sett ut på gult. Fleire av dei originalt innspelte områda låg opphaveleg innanfor ei aktsemdsone for skred/ras eller flaum. I mange av tilfella er det innspelte området justert i høve aktsemdområde, slik at den

endelege utstrekkinga i plankartet ikkje ligg innanfor. Alle aktsemd- og fareområde frå NVE vil uansett vera synleg i plankartet. For avsette byggeområde som er omfatta av aktsemdområde er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan. Gjennom reguleringsplan må ein dokumentere tilstrekkeleg tryggheit om ein legg opp til å bygge innanfor i eit areal vist som aktsemdområde.

## 2.2. Føremål fritidsbusetnad (FB)

Det er foreslått å legge inn to nye område for fritidsbusetnad FB1-2 , det er og utført KU- på eit FB-område som vert vidareført frå førre planperiode (FB 24). Elles vert dei resterande område for fritidsbusetting vidareført frå førre planperiode, dei fleste er allereie er dels – eller helt utbygd i dagens situasjon.

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grøns | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| FB 02 | Onarheim | 75 | | | | | | | |
| FB 01 | Skorpo-Hodnanes | 22 | | | | | | | |
| FB 24 | Skorpo-Hodnanes | 83_5 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

*FB 24 – gjeld vidareføring av føremål frå* førre planperiode

## 2.2.1 Fritidsbustad føremål – samla vurdering av miljøtema

Innspel 83_5 gjeld vidareføring av areal allereie sett av til fritidsbusetnad.

Elles er det berre to andre innspelte område som har gått vidare i samband med KU-vurderinga. Dette skuldast mellom anna at andre innspel vil innebera for stor konflikt med KU-tema, men og at det er vurdert at det ikkje er behov for fleire areal til fritidsbusetnad ved rulleringa. Ved ein gjennomgang av eksisterande område avsett til føremålet (kor av dei fleste er dels utbygd), er det framleis fleire tilgjengelege tomter.

Samla sett har KU-tema naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og kulturlandskap, forureining og vatn- og vassdrag grøn-konsekvens. KU-tema friluftsliv/grønt struktur, strandsone og jord- og skogbruk slår samla sett ut på gul konsekvens. Når det gjeld strandsone vil eit område slå ut på gult viss det ligg innanfor 100-metersbeltet, sjølv om innspelet gjeld fortetting i eit område som allereie er heilt eller dels utbygd i strandsona, som stort sett er tilfelle for desse områda. To av områda ligg innanfor grovmaska registrerte viktige friluftsområde, men tiltaka er ikkje vurdert å ville forhindre ålmentas tilgang til friluftsliv i området.

omega 365

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkå | Samfunnstryggleik/beredskap - fareområde |
| FB 02 | Onarheim | 75 | | | | | |
| FB 01 | Skorpo-Hodnanes | 22 | | | | | |
| FB 24 | Skorpo-Hodnanes | 83_5 | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | |

*FB 24 – gjeld vidareføring av føremål frå* førre planperiode

## 2.2.2 Fritidsbustad føremål – samla vurdering av samfunnstema

Når det gjeld samfunnsmessige konsekvensar for føremål fritidsbusetnad, er det berre to samfunnstema vurdert som relevante for arealføremålet, dette er transportbehov og samfunnstryggleik. Desse slår samla sett ut på gult, dette skuldast større avstand til butikk og at mindre delar av områda vil hamna innanfor eit eller fleire aktsemdområde. Aktsemdområde vil vera synleg i plankartet, viss det ved ein reguleringsplan er ønskeleg å bygge innanfor eit avmerkt aktsemdområde, er det eit krav at det på forhand er utført rapport av godkjend fagperson som kan bekrefte at området er trygt, noko som og går fram av føresegner.

## 2.3 Næring og næring med hamneområde i sjø (NÆ og HOS)

Planforslaget omfattar 13 nye areal for næring, fleire av desse gjeld utviding av eksisterande næringsområde.

| Feltnamn i kart | | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Friluftsliv/grøns | Foreureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| NÆ 09 | Tysnesbygda | 250 | | | | | | | |
| NÆ 03 og NÆ10, HOS 03 | Onarheim | 104_2 | | | | | | | |
| - | Onarheim | 104_6 | | | | | | | |
| NÆ 06 | Onarheim | 104_7 | | | | | | | |
| NÆ 02 og HOS 01 | Onarheim | 104_10 | | | | | | | |
| NÆ 07 | Lunde | 41_2 | | | | | | | |
| NÆ 08 | Lunde | 094_5 | | | | | | | |
| NÆ 05 og HOS 02 | Lunde | 104_1 | | | | | | | |
| NÆ 11 | Uggdal | 072_1 | | | | | | | |
| NÆ 01 | Reksteren | 058_1 | | | | | | | |
| NÆ 04 | Reksteren | 127 | | | | | | | |
| NÆ 12 | Hålandsneset | 126 | | | | | | | |
| NÆ 54 | Skorpo | 83_1 | | | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | | | |

*Innspel 104_6 er ein vedteke reguleringsplan frå 2023, vedteke etter innspelet vart send inn, reguleringsplanen skal halda fram*

## 2.3.1 Næring og næring med hamneområde i sjø – samla vurdering av miljøtema

Samla sett slår det grønt ut på tema kulturminne/kulturmiljø, forureining og vatn- og vassdrag. Medan tema som naturmangfald, friluftsliv/grønstruktur, strandsone og jord – og skogbruk slår ut på gult. Når det gjeld friluftsliv hamner ein på gult fordi fleire av areala ligg heilt eller delvis innanfor eit grovmaska friluftsområde, det er likevel vurdert at tiltaka i liten grad vil hindre ålmenta tilgang til friluftsliv i dei respektive områda. Ein hamnar samla sett på gult på strandsone då eit fleirtal av dei vurderte næringsområda ligg ved sjø, i dei fleste høve er det snakk om utviding av eksisterande næringsområde, men det er og lagt opp til eit par nye næringsareal ved strandsona. Jord- og skogbruk hamner på gul konsekvens fordi fleire av innspela vil til ein viss grad kunne påverka skog med høg bonitet. Store delar av Tysnes kommune er dekt med skog, definert som skog med høg bonitet. Kartlegginga av skog (med få unntak) vart gjort i 1968, det er difor uvisst kor reelt dette vil vera i dagens situasjon. Samla sett slår naturmangfald ut på gult, som i hovudsak skuldas at nokre av innspela vil kunne påverka naturmangfald i nokon grad, eit av næringsområda som er teke med vidare slår ut på raud konsekvens på naturmangfald (innspel 83_1) i dette tilfellet vert det stilt plankrav.

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkå | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| NÆ 09 | Tysnesbygda | 250 | | | | | |
| NÆ 03 og 10, HOS 03 | Onarheim | 104_2 | | | | | |
| - | Onarheim | 104_6 | | | | | |
| NÆ 06 | Onarheim | 104_7 | | | | | |
| NÆ 02 | Onarheim | 104_10 | | | | | |
| NÆ 07 | Lunde | 41_2 | | | | | |
| NÆ 08 | Lunde | 094_5 | | | | | |
| NÆ 05 og HOS 02 | Lunde | 104_1 | | | | | |
| NÆ 11 | Uggdal | 072_1 | | | | | |
| NÆ 01 | Reksteren | 058_1 | | | | | |
| NÆ 04 | Reksteren | 127 | | | | | |
| NÆ 12 | Hålandsnese | 126 | | | | | |
| NÆ 54 | Skorpo | 83_1 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

*Innspel 104_6 er ein vedteke reguleringsplan frå 2023, vedteke etter innspelet vart send inn, reguleringsplanen skal halda fram*

## 2.3.2 Næring og næring med hamneområde i sjø – samla vurdering av samfunnstema

Samla konsekvens er vurdert som grøn på næringsstrategi og barn – og unges oppvekstvilkår. Samfunnstryggleik er samla sett vurdert til gult, her vil ein i fleire høve måtte gjera avbøtande tiltak på reguleringsplannivå, som kartlegging av fare for ras etc. Når det gjeld transportbehov er kategorien i dei fleste høve vurdert som mindre aktuell for føremålet, men ettersom ein har ein på grøn og ein på raud, vert denne kategorien samla vurdert som gul, dette går på avstand til nærbutikk og kollektiv transport etc.

## 2.4 Sentrumsføremål (SF)

Planforslaget omfattar 2 nye område for sentrumsføremål (SF1 og SF2) sentralt på Onarheim. Det har kommen inn fleire innspel med ønske om sentrumsføremål i Onarheim sentrum. Innspela som er vurdert med vidare er slått saman til to område med sentrumsføremål i plankartet. Det er ønskeleg med ein samla reguleringsplan i dette området, for å få gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum. Nytt sentrumsføremål SF 1 har ikkje vorte KU-vurdert, dette er fordi området alt var sett av til utbyggingsføremål i førre planperiode, arealet er dessutan allereie dels utbygd i dagens situasjon. På bakgrunn av dette, er det vurdert at endringa av arealføremål ikkje vil utløyse krav til KU.

| Feltnamn i kart | Om r | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grøns | Foureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| SF 2 | Onarheim | 104_3 | | | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 270 | | | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 260_1 | | | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 260_2 | | | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 290 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

### 2.4.1 Sentrums føremål – samla vurdering av miljøtema

Samla sett slår dei fleste miljøtema ut som grøn, med unntak av forureining. Dette skuldast ikkje at tiltaka i seg sjølv er vurdert å ville forureine, men heller at mindre delar av områda ligg innanfor gul støysone frå fylkesvegen. Det er mogleg å gjera avbøtande tiltak i form av støyskjerming.

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| SF 2 | Onarheim | 104_3 | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 270 | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 260_1 | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 260_2 | | | | | |
| SF 2 | Onarheim | 290 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

### 2.4.2 Sentrums føremål – samla vurdering av samfunnstema

Innanfor vurderte samfunnstema hamner sentrumsføremål på grøn konsekvens i alle KU-tema.

## 2.5 Råstoffutvinning - område for masseuttak (RU)

Det er lagt inn to nye område for masseuttak som får arealføremålet råstoffutvinning (RU 1 og RU2).

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kult urmiljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grøns | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| RU 1 | Onarheim | 104_11 | | | | | | | |
| RU 2 | Onarheim | 104_10 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkå | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| RU 1 | Onarheim | 104_11 | | | | | |
| RU 2 | Onarheim | 104_10 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

### 2.5.1 Råstoffutvinning– samla vurdering av miljø – og samfunnstema

Innspelet hamner på grøn konsekvens på tema kulturminne/kulturmiljø og næringsstrategi, medan tema naturmangfald, friluftsliv, strandsone, forureining, vatn og vassdrag, jord- og skogbruk og samfunnstryggleik hamner på gul konsekvens. Avbøtande tiltak vil vera mogleg å iverksette. Resterande KU-tema er vurdert som mindre aktuelle for tiltaket.

## 2.6 LNF spreidd – bustad (LSB), fritidsbusetnad (LSF) og spreidd bustad, fritids- og næringsbusetnad (LS)

I kommuneplanen kan ein i tillegg til LNF-føremål gi underføremål som tillèt spreidd utbygging. Dette er til dømes spreidd bustader(LSB), spreidd fritidsbustader (LSF) og spreidd næringsutbygging (LSN). Standard for desse forkortingane er endra frå førre kommuneplan, tidlegare var LSB kalla LNF-B, og LSF blei kalla LNF-F.

Det er lagt inn 18 nye areal for LNF- spreidd bustad ved rulleringa, sju av desse «nye» finn ein på Reksteren, områda på Reksteren kjem av det store LSB-området frå førre planperiode. Det store beltet med LSB på Reksteren er no redusert betrakteleg, dei areala som ikkje ligg i aktsemdsone for ras/skred/flaum, og kor det allereie er eksisterande infrastruktur/veg er teke med vidare i ny plan. Dette har resultert i 7 mindre LSB-områda, som til saman omfattar eit mykje mindre areal enn det opphavelege området. Ettersom ein har redusert det eksisterande arealet på Reksteren, og ikkje tilført nytt areal, er det ikkje utført KU for desse områda. Det vert stort sett lagt opp til 1-3 bustader i kvart av dei totalt 18 LSB-områda.

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Friluftsliv/grønstruktur | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| LSB 12 | Tysnesbygda | 049 | | | | | | | |
| LSB 12 | Tysnesbygda | 069 | | | | | | | |
| LSF 01 | Onarheim | 062_1 | | | | | | | |
| LSB 13 | Onarheim | 053_2 | | | | | | | |
| LSB 15 | Lunde | 041_1 | | | | | | | |
| LSB 14 | Lunde | 105 | | | | | | | |
| LS 1 | Lunde | 023 | | | | | | | |
| LSB 17 | Uggdal | 108 | | | | | | | |
| LSB 34 | Uggdal | 122 | | | | | | | |
| LSB 06 | Hålandsneset | 010_10 | | | | | | | |
| LSB 03 | Hålandsneset | 017_1 | | | | | | | |
| LSB 06 | Hålandsneset | 350 | | | | | | | |
| LSB 05 | Hålandsneset | 360 | | | | | | | |
| LSB 02 | Flatråker | 121 | | | | | | | |
| LSB 01 | Flatråker | 128_3 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

### 2.6.1 LNF-spreidd – samla vurdering av miljøtema

Som samanstillinga over viser slår naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, forureining, vatn og vassdrag samla sett ut på grønt, medan friluftsliv/grønt struktur, strandsone og jord- og skogbruk slår ut på gul. Når det gjeld friluftsliv hamner ein på gult fordi fleire av areala ligg innanfor eit grovmaska friluftsområde, det er likevel vurdert at tiltaka i liten grad vil forhindre ålmenta tilgang til friluftsliv i dei respektive områda.

Samla slår det ut på gult på jord - og skogbruk fordi fleire av områda er registrert med anten dyrka mark eller skog med høg bonitet. LNF-spreidd områda har eigne føresegn som ikkje tillate utbygging nærare dyrka mark enn 20 m. Når det gjeld skog med høg bonitet, er det i fleire tilfella uvisst kor reel skogskartlegginga er i dagens situasjon, då kartlegginga er gjort i 1968. Når det kjem til temaet strandsone er det allereie gjort avbøtande tiltak,

ved at dei innspelte areala er justert i plankartet. Dei fleste områda vil ikkje lenger hamne innanfor 100-metersbeltet.

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkår | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| LSB 12 | Tysnesbygda | 049 | | | | | |
| LSB 12 | Tysnesbygda | 069 | | | | | |
| LSF 01 | Onarheim | 062_1 | | | | | |
| LSB 13 | Onarheim | 053_2 | | | | | |
| LSB 15 | Lunde | 41_1 | | | | | |
| LSB 14 | Lunde | 105 | | | | | |
| LS 1 | Lunde | 023 | | | | | |
| LSB 17 | Uggdal | 108 | | | | | |
| LSB 34 | Uggdal | 122 | | | | | |
| LSB 06 | Hålandsneset | 010_10 | | | | | |
| LSB 03 | Hålandsneset | 017_1 | | | | | |
| LSB 06 | Hålandsneset | 350? | | | | | |
| LSB 05 | Hålandsneset | 360? | | | | | |
| LSB 02 | Flatråker | 121 | | | | | |
| LSB 01 | Flatråker | 128_3 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

## 2.6.2 LNF-spreidd – samla vurdering av samfunnstema

Samla sett slår tema sosial infrastruktur, samfunnstryggleik og næringsstrategi ut på grønt, medan barn og unges oppvekstvilkår og transportbehov slår ut på høvesvis gul og raud. At det samla sett slår ut på raudt på transport behov var ikkje uventa, LNF-spreidd område ligg ofte ikkje så sentralt, noko som og tilseier eit større behov for transport til skule, barnehage, jobb, fritidsaktivitetar mm. No er det slik at det berre vert lagt opp til 1-3 bustader i kvart LSB-område, dette vil difor ikkje gjelda særleg mange husstandar. Kommunen har, som tidlegare nemnt, eit ønske om kunne tilby innbyggjarane på Tysnes moglegheita til å bu der dei har eit ønske om å bu og der dei føler at dei høyrer heime. Når det gjeld born – og unges oppvekstvilkår hamner ein samla sett på gult fordi det vil vera lengre avstandar til leikeplassar/ idrettsbanar og tilsvarande, enn i meir sentrale område. For dei fleste områda vil det likevel vera gode eller tilstrekkelege tur – og rekreasjons moglegheiter i nærleiken.

## 2.7 Akvakultur (AKV og AFFNF)

Det vert lagt opp til eitt nytt reint AKV-område (AKV 3) ved Flatråker og eitt nytt kombinert område i sjø (AFFNF 4) nord for Reksteren.

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grøns | Foreining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| AFFNF 4 | Reksteren | 099_1 | | | | | | | |
| AFFNF 1 | Reksteren | 099_2 | | | | | | | |
| AKV 3 | Flatråker | 097 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

Innspel 99_2 gjeld utviding av akvakulturføremål i eit eksisterande AFFNF-område (AFFNF1) som vert vidareført ved rulleringa.

### 2.7.1 Akvakultur – samla vurdering av miljøtema

På akvakultur hamner alle miljøtema samla sett på grøn-konsekvens bortsett frå strandsone, som vert gul. Jord – og skogbruk er ikkje rekna som aktuelt opp mot føremålet ettersom områda ligg i sjø. Tema strandsone slår naturlegvis ut på gult fordi akvakultur ligg i sjø og ofte i nærleiken av strandsone. På Flatråker (AKV 3) er strandsona allereie utbygd i dagens situasjon, og tiltaket vil vera ei utviding av eksisterande næringsområde, noko som er rekna som positivt. Når det gjeld AFFNF-områda på Reksteren vil tiltaka i desse områda ligge eit stykke ute i sjø, og er i mindre grad vurdert å ville påverka negativt. AFFNF-området lengst nord vil få eit NF-område (natur og friluftsområde i sjø) i sør, dette vil fungera som ein buffer mot områda på land, noko som kan hjelpa på potensiell lyd- og lysforureining.

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkår | Samfunnstryggleik/beredskap - fareområde |
| AFFNF 4 | Reksteren | 099_1 | | | | | |
| AFFNF 1 | Reksteren | 099_2 | | | | | |
| AKV 3 | Flatråker | 097 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

Innspel 99_2 gjeld utviding av akvakulturføremål i eit eksisterande AFFNF-område (AFFNF1) som vert vidareført ved rulleringa.

### 2.7.2 Akvakultur – samla vurdering av samfunnstema

Tema næringsstrategi og samfunnstryggleik slår samla sett ut på grøn-konsekvens for akvakultur. Medan dei andre tema er rekna å ikkje vera aktuelt opp mot føremålet.

## 2.8 Småbåthamner (SH)

Det vert lagt opp til fire nye areal til småbåthamn, to nye småbåthamner (SH 1 og 3) på Reksteren, ei ny på Lunde (SH 21), samt utviding av småbåthamna på Gjerdsvik ved Tysnesbygda (SH 2).

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grøns | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| SH 1 | Reksteren | 035 | | | | | | | |
| SH 3 | Reksteren | 058_2 | | | | | | | |
| SH 2 | Tysnesbygda | 240 | | | | | | | |
| SH 21 | Lunde | 94_8 | | | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | | | |

### 2.8.1 Småbåthamn – samla vurdering av miljøtema

For småbåthamn får ein samla sett grøn-konsekvens på dei fleste miljøtema med unntak av friluftsliv/grønt struktur og strandsone. Årsaka til at det samla sett vert gult på friluftsliv er fordi områda anten ligg innanfor eller i nærleiken av eit areal registrert som viktig friluftsområde. Friluftsområda er grovmaska registeret og det er ikkje vurdert at tiltak som småbåthamn vil påverka friluftslivet negativt i særleg grad. Småbåthamner vil dessutan gjera sjø- og båtliv lettare tilgjengeleg, noko som og kan vera eit viktig tilskot til friluftsliv. Ein hamnar samla sett på gul-konsekvens på strandsone, dette er naturleg fordi områda ligg i strandsona, noko som ikkje er mogleg å unngå.

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| SH 1 | Reksteren | 035 | | | | | |
| SH 3 | Reksteren | 058_2 | | | | | |
| SH 2 | Tysnesbygda | 240 | | | | | |
| SH 21 | Lunde | 94_8 | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | |

### 2.8.2 Småbåthamn – samla vurdering av samfunnstema

Ei hamnar samla sett på grønt på næringsstrategi, barn- og unges oppvekstvilkår og samfunnstryggleik. Dei resterande samfunnstema er ikkje rekna som aktuelt opp mot føremålet.

## 2.9 Naust (ABA) og småbåtanlegg (føresegnområde #)

Det vert lagt opp til 33 nye ABA-føremål (naustområde) ved rulleringa. I førre planperiode var det mange område med oppførte naust som låg innanfor areal avsett til bustadføremål. Desse områda har ved rulleringa fått ABA-føremål i staden. Det kan difor sjå ut som det vert lagt opp til mange nye naustområde i ny plan, medan ein berre har gitt eksisterande naustområde eit meir korrekt føremål. Byggegrense i desse tilfella er stort sett lagt langs eksisterande bygningar. Med denne inndelinga vil ein trekke vekk potensielt bustadareal frå strandsona, og gi etablerte naust rett føremål. Det vert opna for fortetting i nokre av desse naustområda, men ein har vurdert at dette er omfang som ikkje utløyser krav til KU, då områda tidlegare også var sett av til utbyggingsføremål, naust er dessutan vurdert som mindre konfliktfylt enn bustadar. Det er gitt føresegner som skal sikre at ein for eksempel ikkje kan bygge naust på strender, og at ein må sikre opne områder mellom små grupper av naust.

Innkomne arealinnspel som går på utviding av eksisterande ABA-område inn i LNF-område, eller innspel som gjeld å gå frå reint LNF-føremål til ABA har vorte konsekvensutgreia.

Når det gjeld småbåtanlegg er det lagt opp til føresegnsområde i sjø i tilknyting til naustområde.

| **Feltnamn i kart** | **Omr** | **innspel nr.** | **Miljøtema** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Friluftstliv/grøns | Foreining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| ABA 20 # 33 | Onarheim | 112_1 | | | | | | | |
| ABA 26+29 # 17 | Lunde | 033 | | | | | | | |
| # 32 | Lunde | 57,60,61 og 71 | | | | | | | |
| ABA 26,27,29 og # 17-18 | Lunde | 85 og 094_3 | | | | | | | |
| ABA 27 og 29 # 18 og 17 | Lunde | 101 | | | | | | | |
| ABA 38 | Lunde | 034 | | | | | | | |
| ABA 25 | Lunde | 041_3 | | | | | | | |
| ABA 54 # 20 | Uggdal | 013 | | | | | | | |
| # 28 | Reksteren | 050 | | | | | | | |
| ABA 24 | Reksteren | 051 | | | | | | | |
| ABA 23 # 29 | Reksteren | 109 | | | | | | | |
| ABA 23 # 29 | Reksteren | 117_1 og 2 | | | | | | | |
| ABA 22 # 34 | Reksteren | 115_1 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

*Innspel 033,094_3 og 101 må sjåast i samanheng – gjeld mykje av det same området, berre noko ulikt forslag til utstrekking. Innspel 057,060,061 og 071 gjeld same område og føremål, og har vorte behandle under ein KU.*

### 2.9.1 Naust og småbåtanlegg– samla vurdering av miljøtema

Naust og småbåtanlegg slår samla sett ut på grøn-konsekvens på naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, forureining og vatn/vassdrag. Det slår ut gult på strandsone, friluftsliv/grøntstruktur og jord og skogbruk. At det slår ut på gult på strandsone, er fordi areala ligg i strandsona i område som kan reknast som dels utbygd frå før – altså innspelet kan reknast som fortetting. Hadde det vore urørt strandsone ville innspela hamna på raud-konsekvens. Innspel som ikkje har vore rekna som fortetting er i hovudsak ikkje teke med vidare, av omsyn til strandsone. At det samla slår ut på gult på friluftsliv er stort sett fordi innspela ligg dels eller heilt innanfor eit

grovmaska område rekna som viktig for friluftsliv. Innspela er likevel ikkje vurdert å ville hindre ålmentas tilgang til å utøve friluftsliv, noko og føresegna til planen vil sjå til. Samla sett hamner ein på gult på jord - og skogbruk, som i stor grad skuldas at store delar av Tysnes er dekt med skog registrert med høg bonitet, registreringa er frå 1968, og det er uvisst kor reelt dette er i dag. Mange stader kan skogen uansett ikkje reknast som særleg drivverdig.

| **Feltnamn i kart** | **Område** | **Innspel nr.** | **Samfunnstema** | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkå | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| ABA 20 # 33 | Onarheim | 112_1 | | | | | |
| ABA 26+29 # 17 | Lunde | 033 | | | | | |
| # 32 | Lunde | 57,60,61 og 71 | | | | | |
| ABA 26,27,29 # 17-18 | Lunde | 85 og 094_3 | | | | | |
| ABA 27 # 18 og 17 | Lunde | 101 | | | | | |
| ABA 38 | Lunde | 034 | | | | | |
| ABA 25 | Lunde | 041_3 | | | | | |
| ABA 54 # 20 | Uggdal | 013 | | | | | |
| # 28 | Reksteren | 050 | | | | | |
| ABA 24 | Reksteren | 051 | | | | | |
| ABA 23 # 29 | Reksteren | 109 | | | | | |
| ABA 23 # 29 | Reksteren | 117_1 og 2 | | | | | |
| ABA 22 # 34 | Reksteren | 115_1 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

*Innspel 033,094_3 og 101 må sjåast i samanheng – gjeld mykje av det same området, berre noko ulikt forslag til utstrekking. Innspel 057,060,061 og 071 gjeld same område og føremål, og har vorte behandle under ein KU.*

## 2.9.2 Naust og småbåtanlegg– samla vurdering av samfunnstema

Når det gjeld naust og småbåtanlegg er dei fleste samfunnstema rekna som ikkje aktuelt opp mot føremålet, med unntak av samfunnstryggleik. Samfunnstryggleik slår samla sett ut på grøn konsekvens.

## 2.10 Idrettsanlegg (IDR)

Det vert lagt opp til 3 nye idrettsanlegg i samband med rulleringa (IDR 01-03). Desse får god geografisk spreiing i kommunen.

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kultur miljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grønst | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| IDR 02 | Lunde | 094_4 | | | | | | | |
| IDR 01 | Uggdal | 045 | | | | | | | |
| IDR 03 | Hålandsneset | 010_1 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

## 2.10.1 Idrettsanlegg– samla vurdering av miljøtema

Når det gjeld idrettsanlegg så slår fire av sju miljøtema samla sett ut på grøn-konsekvens, dette gjeld naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, vatn og vassdrag og strandsone. Friluftsliv/grønstruktur, forureining og jord- og skogbruk slår samla sett ut på gult. Forureining slår ut på gult fordi tiltaka kan skapa noko støy eller fordi tiltaka ligg innanfor gul støysone frå veg, avbøtande tiltak vil her vera tilstrekkeleg. Det slår ut på gult på friluftsliv fordi områda ligg innanfor eit (grovmaska) registrert friluftsområde, det er likevel ikkje vurdert at tiltaka vil hindre ålmentas tilgang til friluftsliv i områda. Idrett kan vera eit positivt tilskot til friluftsliv. Når det gjeld jord- og skogbruk skuldas gul-konsekvens at eit av områda ligg i eit område med skog registrert med høg bonitet, det er uvisst kor reelt dette er i dagens situasjon ettersom registreringa er frå 1968. Eit av innspela ligg og i eit område med innmarksbeite.

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges | Samfunnstryggleik/beredskap - fareområde |
| IDR 02 | Lunde | 094_4 | | | | | |
| IDR 01 | Uggdal | 045 | | | | | |
| IDR 03 | Hålandsneset | 010_1 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

## 2.10.2 Idrettsanlegg– samla vurdering av samfunnstema

Når det gjeld samfunnstema slår idrett samla sett ut på grønt på alle tema bortsett frå sosial infrastruktur, som er rekna å ikkje vera aktuelt opp mot føremålet.

## 2.11 Offentleg og privat tenesteyting (T)

Det vert ved rulleringa sett av 1 nytt område til offentleg og privat tenesteyting (T1) på Lunde.

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Friluftsliv/grønnstruktur | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| T1 | Lunde | 094_7a | | | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | | | |

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings- strategi | Barn- og unges oppvekstvilkår | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| T1 | Lunde | 094_7a | | | | | |
| Samla konsekvens | | | | | | | |

## 2.11.1 Offentleg og privat tenesteyting– samla vurdering av miljø – og samfunnstema

På miljøtema slår offentleg og privat tenesteyting ut på grøn-konsekvens på tema naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, vatn og vassdrag og strandsone hamner ein også på grønt. Det slår ut på gult på friluftsliv, forureining og jord- og skogbruk. At det slår ut på gult på friluftsliv skuldas at området ligg innanfor eit (grovmaska) registrert friluftsområde, det er likevel ikkje vurdert at tiltaket vil hindra ålmentas tilgjenge til friluftsliv. Område hamnar på gul på forureining fordi det ligg innanfor gul støysone frå veg, avbøtande tiltak vil vera tilstrekkeleg. Det hamner på gult på jord- og skogbruk ettersom ein liten del av område har eit areal med dyrka mark (sjå KU-skjema), dette vert rekna som ein liten inneklemt flekk med dyrka mark, som ligg på ein sentral stad kor det er mykje utbygd frå før. På samfunnstema hamnar området på grønt.

## 2.12. Fritids- og turismeføremål (FTU)

Det vert lagt opp til tre nye område for fritids – og turismeføremål (FTU 3, 4 og 5) i samband med rulleringa. To område på Lunde og eit på Uggdal. Det er spelt inn to bubilparkering/campingplassar, ein på Lunde og ein i Uggdal sentrum. Samt eit fritids- og turismeføremål ved Koløyhamn på Lunde, kvar det er tenkt hytteutleige/ overnatting, kursing med meir.

| Feltnamn i kart | Område | innspel nr. | Miljøtema | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Naturmangfald | Kulturmine/kultur miljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grønst | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| FTU 3 | Lunde | 114_4 | | | | | | | |
| FTU 4 | Uggdal | 037 | | | | | | | |
| FTU 5 | Lunde | 94_2 | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | | | |

| Feltnamn i kart | Område | Innspel nr. | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkår | Samfunnstryggleik/beredskap - fareområde |
| FTU 3 | Lunde | 114_4 | | | | | |
| FTU 4 | Uggdal | 037 | | | | | |
| FTU 5 | Lunde | 94_2 | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

## 2.12.1 Fritids – og turismeføremål– samla vurdering av miljø – og samfunnstema

Det slår samla sett ut på grønt på tema som kulturminne/kulturmiljø, naturmangfald, friluftsliv/grøntstruktur, vatn/vassdrag og transportbehov. Medan tema som forureining, strandsone, jord- og skogbruk, næringsstrategi, barn og unges oppvekstvilkår og samfunnstryggleik slår ut på gult. I dei fleste høve kan det vurderast avbøtande tiltak på tema som slår ut på gult.

# 3 Samla verknad alle miljø- og samfunnstema

I dei følgjande to tabellane vil samla konsekvens for kvart miljø- og samfunnstema verte presentert. Samanstillinga tek utgangspunkt i samla konsekvens av kvart arealføremål, som går fram av tabellane i kapittel 2. Føremålet er å få eit oversyn over den samla påverknaden dei nye arealføremåla i KPA – vil kunne ha på miljø- og samfunnstema i kommunen som heilskap.

| **Arealføremål** | **Miljøtema** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Naturmangfald | Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap | Frilufstliv/grønstruktur | Forureining | Vatn og vassdrag | Strandsone | Jord- og skogbruk |
| Bustader | | | | | | | |
| Fritidsbustader | | | | | | | |
| Næring og hamneområde | | | | | | | |
| Sentrumsføremål | | | | | | | |
| Råstoffutvinning | | | | | | | |
| LNF- spreidd | | | | | | | |
| Akvakultur | | | | | | | |
| Småbåthamn | | | | | | | |
| Naust og småbåtanlegg | | | | | | | |
| Idrettsanlegg | | | | | | | |
| Offentleg/privat tenesteyting | | | | | | | |
| Fritids – og turismeføremål | | | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | | | |

| Arealføremål | Samfunnstema | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Sosial infrastruktur | Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima | Nærings-strategi | Barn- og unges oppvekstvilkår | Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde |
| Bustader | | | | | |
| Fritidsbustader | | | | | |
| Næring og hamneområde | | | | | |
| Sentrumsføremål | | | | | |
| Råstoffutvinning | | | | | |
| LNF- spreidd | | | | | |
| Akvakultur | | | | | |
| Småbåthamn | | | | | |
| Naust og småbåtanlegg | | | | | |
| Idrettsanlegg | | | | | |
| Offentleg/privat tenesteyting | | | | | |
| Fritids- og turismeføremål | | | | | |
| **Samla konsekvens** | | | | | |

## 3.1 Samla konsekvens for alle miljø- og samfunnstema

Når det gjeld miljøtema hamnar naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, forureining og vatn og vassdrag samla sett på grøn-konsekvens. Friluftsliv, strandsone og jord- og skogbruk hamnar på gult. Som allereie nemnt ved fleire høve, vil store delar av kommunen hamna innanfor grovmaska, registrerte friluftsområde. Det er difor lagt vekt på om dei innspelte områda/areala vil påverka ålmentas tilgang til friluftsliv i området eller ikkje. Når det gjeld strandsone er dei fleste innspelte områda justert i plankartet, slik at dei er trekt ut av 100-metersbeltet (med unntak av naust, småbåthamner, småbåtanlegg og sjøtilknytt næring). Det er difor allereie gjort avbøtande tiltak i kommuneplanen i høve til strandsone. Det same vil gjelde for dyrka mark (tema jord- og skogbruk), dei fleste innspela er justert og trekt ut av dyrka mark, så langt som råd. Det er framleis ein del dyrka mark innanfor areala sett av til LNF-spreidd, men her er det føresegner som ser til at ikkje dyrka mark vert bygd ned. Når det gjeld samfunnstema slår alle tema samla sett ut på grøn-konsekvens.

# 4 Oppfyller planen statlege/nasjonale målsettingar?

I dei følgjande avsnitta vert nokre av prioriteringane som er gjort for å oppfylle nasjonale/statlege målsettingar og retningsliner til planlegginga utgreia.

I samband med arbeidet er det lagt vekt på overordna dokument som «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027», som bygger på 2030-agendaen og FN`S 17 berekraftsmål. I dokumentet vert det lagt fram fleire føringar for korleis kommunane bør utnytte areala sine, og kva tema som må takast særleg omsyn til for å oppnå berekraftsmåla i samband med planlegginga. Det har i plan- og KU-arbeidet, vore lagt vekt på fortetting i eksisterande bustadområde og på sentrale plassar som Onarheim, Tysnesbygda og Uggdal – slik at større bustadområde vil ha nær tilknyting til servicetilbod, kollektivtransport, barnehage og skule - der dette har vore mogleg.

Jordvern har og vore eit sentralt tema i samband med arbeidet, og dei fleste innspelte areala er justert i høve til dyrka mark. LNF-spreidd områda har føresegn som hindrar nedbygging av dyrka mark, som og tar omsyn til vatn/vassdrag, kulturminne, natur og landskap mm. Rettleiaren utgitt av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet som gjeld planlegging i LNF-spreidd område (frå mai 2020), har vore nytta i samband med arbeidet. Det har mellom anna vorte utarbeida eit eige strategidokument for LNF-spreidd i samband med planarbeidet.

Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen har og vore sentral, særleg sidan store delar av dei bygde areala og sentrale stadene på Tysnes ligg med nær tilknyting til sjø. Det har i planlegginga vore lagt vekt på fortetting i allereie bygde område i strandsona framfor utbygging i urørde område - fellesanlegg i strandsona er prioritert framfor enkeltliggjande naust. Det har elles vore prioritert å trekke nye byggeområde ut av 100- metersbeltet. Dei fleste byggeområda, med få unntak, er trekt ut av 100-metersbeltet der dette har vore mogleg.

I planskildringa er innleiingsvis ei liste over relevante overordna dokument og føringar som har vorte nytta i samband med planarbeidet.

# 5 Oppfyller planen samfunnsdelen sine målsettingar for arealdelen?

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for kommuneplanens arealdel. I det følgjande delkapittelet vert det i korte trekk gjort greie for om planforslaget oppfyller samfunnsdelens målsettingar for arealdelen.

Samfunnsdelens overordna målsetting er som tidlegare nemnt:

> **«Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i !**
>
> **Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å:**
>
> **- Tilretteleggja for gode bumiljø for både fastbuande og deltidsbuande –**
>
> **- Medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar –**
>
> **- Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår**
>
> **- Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg**
>
> **- Sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid**
>
> **- Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur.»**

## 5.1 Gode bumiljø for fastbuande og deltidsbuande

I samfunnsdelen vert det presentert strategiar for å oppnå overordna mål og delmål, for å oppnå gode bumiljø for fast- og deltidsbuande vert det lagt vekt på strategiar som:

> *«Tysnes kommune skal ha ein arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetja der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu…Det skal gjennomførast vidare fortetting og utbygging i etablerte bygdesentra...Det skal leggjast til rette for vidare utbygging i større områder avsett til spreidd bustadbygging… Det skal arbeidast for at større utbyggingsområde vert lagt i gangavstand til viktige offentlege tenester og til etablerte handelssentra».*

Det er ved rulleringa av arealdelen gjort fleire plangrep for å skapa gode bumiljø for fastbuande og deltidsbuande. Det er lagt opp til fortetting på sentrale plassar, anten ved utviding av eksisterande bustadområde eller ved etablering av nye. Her kan nemnast utviding av bustadfeltet på Jensvoll sentralt i Uggdal, utviding av fleire bustadområde i Våge (Tysnesbygda) samt etablering av eit nytt. Det er og lagt opp til ei utviding av bustadområdet sentralt på Lunde ved Kattaland, og utviding av bustadfelt sentralt på Onarheim, samt etablering av eit nytt. Det er lagt vekt på at bustadfelta skal liggja sentralt, med kort avstand til servicetilbod, barnehagar og skule etc. Til dømes er det lagt opp til eit nytt bustadfelt på Gjerdsvik like utanfor Våge-sentrum, vis a vis skulen.

Ettersom det og er eit ønske at innbyggjarane skal kunne busetja seg der dei har sitt tilhøyre, er det lagt inn nokre fleire areala avsett til LNF-spreidd bustad, der det har kommen inn forslag om slike område, dersom området er rekna som eigna til føremålet. Samstundes har og store areal allereie sett av til LNF-spreidd busetnad i førre planperiode, vorte redusert betrakteleg i storleik. Dette er gjort mellom anna fordi områda var svært store, det var mangel på tilstrekkeleg infrastruktur og/eller at område låg innanfor aktsemdområde for ras/flaum/skred. Dette gjeld særleg på Reksteren og Hålandsneset.

Når det gjeld fritidsbuande er strategien i samfunnsdelen : «*Fritidsbustader skal byggje på gode kvalitetar som nærleik til fjell og sjø…».* Ved ein gjennomgang av eksisterande felt for fritidsbustader vart det vurdert at det stort sett er tilstrekkeleg kapasitet i gjeldande planar, særleg på Reksteren som er ein populær plass for fritidsbustader. Det er lagt opp til tre nye område for fritidsbustader ved rulleringa. To fritidsbustadfelt og eit LNF – spreidd fritidsbustad. Dette gjeld utviding av fritidsbustadfeltet på Nyborg søraust for Onarheim, kor det i dag er lite tilgjengelege tomter. Det vert lagt opp til eit felt for LNF – spreidd fritidsbusetnad på Onarheim nord for sentrum. Samt eit nytt felt i området Skorpo-Hodnanes, kor der det i dag er ein eldre bustad/gard som vert nytta som fritidsbustad i dagens situasjon. Alle områda ligg med nærleik til sjø, men berre arealet på Skorpo-Hodnanes ligg i sin heilskap innanfor 100-metersbeltet, området er allereie dels utbygd i dag med bustad og naust, det vert

stilt plankrav og byggegrense mot sjø. Eksisterande område som ved førre planperiode vart sett av til føremålet vert vidareført, då dei fleste er allereie dels utbygde i dagens situasjon.

## 5.2 Medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar

For å medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar er mellom anna desse strategiane framlagt i samfunnsdelen:

> *«…Det skal sikrast areal til utvikling av minst eitt sjønært næringsområde med regionalt potensiale som vil kunne utnytte føremon med sjøtransport samt god tilknyting til E39…Det skal sikrast areal til fiskerihamn. …Marine næringar skal sikrast areal for vidare vekst, det skal leggjast til rette for landbaserte areal i tilknyting til marine næringar…Det skal leggjast opp til spreidde næringsareal innanfor LNF føremålet…»*

Plangrep som har vorte gjort for å medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar er mellom anna ei utviding av fleire av dei eksisterande næringsområda, kor av mange er sjønære/marine næringsareal. Her kan til dømes nemnast næringsområda i Onarheim. Ei utviding gjer verksemdene moglegheit for utvikling og vekst, som til gjengjeld kan skapa nye arbeidsplassar. Utviding av eksisterande næringsområde, framfor nedbygging av urørte område vert og rekna som særleg positivt med tanke på omsyn til miljø- og samfunn.

Det vert og lagt opp til nye næringsareal i område kor arealet vert rekna som eigna til føremålet og kor konfliktnivået er vurdert som lågt eller akseptabelt med tanke på KU-tema og overordna føringar. Her kan nemnast nytt næringsområde på Lunde, kor det i dag er masseuttak, området vil kunne nyttast som næringsområde på sikt. Eller til dømes nytt næringsområde på Vernøya, tiltenkt turisme – i form av utleige av hytte/overnatting og båtplass. Området er i dag nytta som privat eigedom, ved å opna området for turistar og utleige vil ein gjera aktivitetar knytt til nærliggjande natur, sjø og båtliv tilgjengeleg for fleire enn i dagens situasjon.

Det vert og lagt opp til eit nytt område til LNF spreidd næring på Lunde. Her er i dag jordbruksaktivitet mm. Forslagsstillar ønsker og bevare områda med dyrka mark. Det er sett plankrav ved etablering av andre tiltak enn LNF-tiltak. Som til dels etablering av camping etc.

Det er og lagt inn nye kombinerte føremål i sjø (AFFNF) som gir rom for mange moglegheiter knytt til marinverksemd og aktivitet.

## 5.3 Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår

I samfunnsdelen vert det lagt vekt på at ein skal sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår, i kommunens strategiar for å oppnå dette er det mellom anna lagt vekt på dette:

> *«…Tysnes kommune skal sikra barn og unge ei aktiv og meiningsfull fritid som underbygger livsmeistringsoppdraget".*

Nye arealføremål ved rulleringa som kan medverka til tryggare og gode oppvekstvilkår er mellom anna idrettsanlegg. Det er lagt opp til idrettsanlegg sør for Onarheim, kor det er føreslått enduro/motorsportbane, det er og sett av areal til idrettsanlegg på Hålandsneset kor det av bygdelaget er føreslått fotballbane. Det vert lagt opp til idrettsanlegg på Lunde – kor det er av bygdelaget er føreslått ridebane. Det er og lagt inn nytt areal for LNF.

Det vert i denne omgang ikkje lagt opp til utviding av skoler og barnehagar, Tysnes skule på Våge vart nyleg utvida. I «Barnehage- og skulebruksplan 2021-2035 for Tysnes kommune» utarbeida av Norconsult, er det oppgitt at alle dei aktuelle skulekrinsane i kommunen har kapasitet. Når det gjeld barnehage har Vågsmarka barnehage på Våge høg utnyttingsgrad og lange ventelister, men det er tilgang på barnehageplass både i Uggdal og på Lunde. Mellom Våge og Uggdal tar det berre 5 minuttar å køyra. Det er dessutan starta utbygging av barnehage på Onarheim.

## 5.4 Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg

I samfunnsdelen står det «Tysnes kommune skal sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg!»

Tysnes er tilslutta Helse fonna og har i dagens situasjon, lege og legevakt, psykiatri, ergoterapi, fysioterapi og institusjonsplassar. Det er også heimesjukepleie og heimehjelps teneste i kommunen.

Ved rulleringa vert det lagt opp til eitt område på Lunde avsett til offentleg eller privattenesteyting, forslagsstillar (Lunde bygdelag) fremmar behovet for eldrebustader i bygda. Arealet vert rekna som godt eigna til dette føremålet, det ligg sentralt til på Lunde i gangavstand til mellom anna butikk og buss.

Det vert lagt opp til to nye område avsett til sentrumsføremål i Onarheim sentrum, her er og gode moglegheiter for utvikling av både offentleg - og private helsetilbod, samt rom for å kunne etablere mindre bustadar som for eksempel leilegheiter. Helsetilbod bør liggja sentralt og lett tilgjengeleg tilknytt kollektivtilbodet. For sentrumsformåla i Onarheim vert det lagt opp til ein samla plan for å kunne skapa gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum.

## 5.5 Sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid

Nye arealføremål ved rulleringa som kan medverka til ein meiningsfull fritid er mellom anna idrettsanlegg. Som nemnt tidlegare vert det lagt opp til tre nye idrettsanlegg ved rulleringa, det har kommen inn forslag på varierte aktivitetar som motorsport, ridebane og fotballbane. Eit sjønært areal på Onarheim som tidlegare var sett av til fritidsbustader vert ved rulleringa tilbakeført til LNF, dette kan vera positivt med tanke på fritidsaktivitetar i natur.

Småbåthamner vil og gjera sjø- og båtliv meir tilgjengeleg, og kan for mange vera ein attraktiv fritidssyssel. Ved rulleringa vert det lagt opp til tre nye småbåthamner samt utviding av ei eksisterande hamn, då det er sett både eit ønske og behov for dette. Småbåthamna ved Gjerdsvika like ved Tysnesbygda (Våge) vert utvida, det vert lagt opp til to nye småbåthamner på Reksteren og ei småbåthamn på Lunde. Det vil vera forhaldsvis god geografisk spreiing på anlegga.

Elles har Tysnes store areal avsett til LNF- føremål med gode tur- og rekrasjonsmoglegheiter i skog, fjell og mark - dei fleste av desse vert vidareført.

## 5.6 Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur

Plangrep som vert gjort for å sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur. Det er i planen lagt vekt på å sette av areal til nye bustadfelt på sentrale plassar kor det i stor grad er eksisterande infrastruktur og tilgjengeleg kollektivsamband i dag. Nye bustadfelt fordrar reguleringsplan, det er for kommunen eit mål å sikra tilstrekkeleg og gode infrastrukturløysingar gjennom rekkefølgjekrav i reguleringsplanar.

Ved rulleringa er det sett av areal til framtidig infrastruktur i form av gang- og sykkelveg mellom Våge (Tysnesbygda) og Reiso (sør for Våge). Vegforholda for køyrande, gåande og syklande er ikkje optimale på strekninga i dagens situasjon. Ved å setje av areal til føremålet i KPA, sikrar ein moglegheita for ein reguleringsplan på sikt.

I samfunnsdelen er E 39 (Hordfast) trekt fram ved fleire høve. Valt vegtrase er no fastsett, men planen ligg framleis langt fram i tid, det er difor problematisk å ta stilling til og vurdera verknaden Hordfast vil ha for Tysnes i åra som kommer, men traseen er sikra med bandleggingssone som hindrar utbygging som kan komma i konflikt med framtidig trase.

## KU-skjema (alle skjema som vedlegg sist i dokumentet)

Vedlagt ligg alle KU-skjema sortert etter bygd og etter om innspelet verte teke med i planen (vidare) eller ikkje (ikkje vidare).

Liste over alle KU-vurderte innspel finn ein og innelingsvis i dette dokumentet (punkt 1.6).

# FLATRÅKER

-

## IKKJE VIDARE

| Innspel nr. 128_1, Spreidd bustad – Søreidvågen, frå Epland til Bygdastovo | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *5/3, med fleire* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF-område* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 650 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Flatråker Bygdalag* |
| **Grunneigar:** | *Fleire grunneigarar* |

**Skildring**:
*Området som det er ynskjeleg å gjera opent for spreidd bustad strekk seg langs Søreidsvågen frå Epland til Bygdastovo (Skulehuset på Flatråker), og det gjeld begge sider av Flatråkervegen. Området er i dag sett av til LNF-område, og det er etablert bustadar jamt fordelt i området.*

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrerte artar i nordre del av området som kan kome i konflikt med innspelet.<br><br>Her er det i 2012 og 2020 gjort fleire funn av Ask , som er kategorisert som sårbar. Her er også registrert ein svartelista karplante med namn Vestameransk hemlokk (registrert i 2020). Denne er kategorisert med svært høg risiko. Hovudandelen av området ligg slik til at det ikkje kjem i konflikt med biologisk mangfald.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen funn registrert i eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Landskapet her er relativt flatt og følgjer Flatråkervegen som slynger seg langs eksisterande busetnad. Terrenget heller ned mot vågen i vest.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg mellom to registrerte friluftslivområder: Søreidvågen - Drenge i vest, registrert som eit viktig friluftslivområde, og Flatråkervassdraget i aust, også registrert som viktig. Nær tilknyting til friluftsområde vil vera positivt for eit område sett av til spreidd busetting.<br><br>Delar av planområdet som ligg på austsida av Flatråkervegen vil liggja innanfor sistnemnde friluftslivområde, men er ikkje vurdert å påverka det negativt .<br><br>Langs sjøen er det registrert tilgjengeleg strandsone, denne er ganske bratt og dermed ikkje like lett tilgjengeleg for ålmenta.<br><br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Områda langs vegen ligg innanfor gul støysone. Det innspelte arealet er likevel svært stort, og det vil vere mogleg å unngå bygging tett på vegen. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Heilt i sør- samt i nordre del av området går det elver i randsona av det innspelte arealet. Avbøtande tiltak er mogleg og iverksette.  |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet mot Søreidsvågen, i eit område som er lite bygd. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området er i hovudsak kartlagt med skog av typen lauvskog med særs høg skogsbonitet, men i den nordlege delen av området er det innslag av innmarksbeite (13,5 daa) og dyrka mark (mindre flekkar på totalt om lag 7 daa). Det er i hovudsak det registrerte partiet med innmarksbeite som vil bli røyrd ved bytte av arealformål (sjå kart og bilete under). |

| | | |
|---|---|---|
| | |     |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Næraste skule er Uggdal skule, omtrent 7 km unna det aktuelle området. Stjernereiso barnehage ligg like ved skulen, og er næraste tilbod for små born. I Uggdal sentrum er det daglegvarebutikk og andre servicetilbod. Det er elles busshaldeplass ved fylkesvegen. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen etablerte leikeplassar i området. Langs sjøen er det registrert tilgjengeleg strandsone, som kan nyttast som nærturterreng saman med friluftsområdet aust for vegen. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Deler av området ned mot sjø ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Det går og ei høgspentline i austre randsone av det innspelte arealet.<br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Årsaka til at innspelet ikkje verte teke inn i planen, er at det allereie er fleire areal i området sett av til LNF - spreidd bustad i som er betre eigna og der det er mindre konflikt med miljø- og samfunnstema.** |

**Innspel nr. 128_4_1, Naust – Flatråker**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 2/1-3, med fleire |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF-område på land, Akvakultur og FFNF i sjø.* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 55,3 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Flatråker Bygdalag* |
| **Grunneigar:** | *Fleire* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*I området er det føreslått fleire føremål som naust/rorbu, bustad, fritidsbustad, busshaldeplass, gravplass, næring/deponi og deponi for lausmassar. I området finst det i dag bustadar, naust og infrastruktur som fører til desse. Hovuddelen av området er ubygd og består elles av skog. Områda på land er sett av til LNF-formål i gjeldande kommuneplan, medan areala i sjø er sett av som akvakultur og FFNF.*

Notis:
Innspelet har blitt delt opp. Dette skjemaet tar for seg dei tre områda der det er føreslått naust (blå område på kartet).

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (gul) | I sjøen utanfor innspelte naustområde i nord, vart det i 1986 registrert fiskemåke, denne har status som sårbar. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Råkar ikkje kjende kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Det er registrert tilgjengeleg strandsone, men mykje av denne er i bratt og ulendt terreng. Utbygging langs sjøen skal likevel ikkje koma i konflikt med tilgang og utøving av friluftsliv langs sjøen. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje påverka av forureining, og vil ikkje forureine i seg sjølv. |
| **Vatn og vassdrag** | | I det nordlegaste området går det ei elv i søre ende av innspelt areal (bilete under til venstre).<br>I det sørlegaste område renn det to elver (bilete under til høgre).<br>Ingen elver gjennom det midterste av dei tre areala.<br> |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Føreslått område for naust vil bli liggjande innanfor 100-metersbelte mot sjø, i område med lite bureising frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Hovuddelen av området er skogdekt med barskog med høg skogsbonitet.<br>**Arealet i nord:** består av skog med høg bonitet samt open fastmark.<br>**Det midterste arealet:** Skog av høg bonitet samt uproduktiv skog. |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Arealet i sør:** Uproduktiv skog, skog av høg bonitet, open grunnnlendt fastmark samt eit område på 1,4 daa med fulldyrka jord.<br><br>Det er ikkje gjort funn i MiS skogbruksplan eller i kart for fiskeri i det aktuelle området.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det nordlegaste av dei tre areala er ikkje omfatta av aktsemdområde.<br><br>Deler av dei to sørlegaste areala ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, sjå kart under. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen -**<br><br>**Årsaka til at områda ikkje vert teke inn i planen er at det ikkje er naustområde her i dag, det er ikkje vegtilkomst til dei to nordlegaste av areala. Ettersom det er få naust i området i dag vil innspelet føre til nedbygging av større område med urørt strandsone. Det er betre med fortetting i område som allereie er sett av til naustformål.** |

## Innspel nr. 128_4_2, Spreidd bustad – Flatråker

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 2/1-3, med fleire |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 215 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Flatråker Bygdalag* |
| **Grunneigar:** | *Fleire* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*I området er det føreslått fleire føremål som naust/rorbu, bustad, fritidsbustad, busshaldeplass, gravplass, næring/deponi og deponi for lausmassar. I området finns det i dag bustadar, naust og infrastruktur som fører til desse. Hovuddelen av området er ubygd og består av skog. Områda på land er sett av til LNF-formål i gjeldande kommuneplan.*

Innspelet har blitt delt opp i fleire KU-skjema. Denne KUen tar for seg område der det er føreslått bustad, men då som spreidd bustad (gult område på kartet).

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrerte kulturminne eller prioriterte kulturlandskap i eller i nærleiken av området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det er registrert tilgjengeleg strandsone, men mykje av strandsona er uansett bratt og ulendt. Utbygging langs sjø må likevel ikkje |

| | | |
|---|---|---|
| | | koma i konflikt med tilgang og utøving av friluftsliv langs sjøen. Påverkar ikkje viktige friluftsområde   |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går to elver ulike stadar i randsona av det innspelte arealet, sjå kart.  |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Deler av det innspelte arealet vil bli liggjande innanfor 100-metersbelte mot sjø, det er stort sett lite bygd i strandsona frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Hovuddelen av området består av skog med høg bonitet, med nokre innslag av særs høg bonitet, uproduktiv skog, innmarksbeite (2,3 daa) samt fulldyrka jord (4,5 daa). Det er ikkje gjort funn i MiS skogbruksplan eller i kart for fiskeri i det aktuelle området.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Næraste skule er Uggdal skule, som ligg omtrent 10 km unna (12 min med bil). Stjernereiso barnehage ligg i same området. Her finn ein og servicetilbod. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen etablerte leikeplassar i området. Heller ikkje område registrert som nærturterreng i nærleiken, men det finst eit stort areal definert som eit viktig friluftslivsområde aust for Fv549 (Langenuvegen). |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Mindre deler av arealet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, men det vil etter alt og døme ikkje vere aktuelt å bygge så nært kysten, i dei mest ulendte delane av terrenget.<br>Det går og ei høgspentline gjennom austre del av området.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Den samla årsaka til at innspelet ikkje vert med i planen, er mellom anna at det ikkje finst infrastruktur/veger i dag. Området ligg i 100-metersbeltet mot sjø som vil bety nedbygging av urørt og tilgjengeleg strandsone. Området er elles stort sett ubygd i dag. Det er fleire andre område sett av til spreidd bustad i nærleiken.** |

## Innspel nr. 128_4, deponi – Flatråker

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 2/1-3, med fleire | |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Deponi for lausmasser* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 33 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Flatråker Bygdalag* | |
| **Grunneigar:** | *Fleire* | |




**Skildring**:
*I området er det føreslått fleire føremål som naust/rorbu, bustad, fritidsbustad, busshaldeplass, gravplass, næring/deponi og deponi for lausmassar. I området finst det i dag bustadar, naust og infrastruktur som fører til desse. Hovuddelen av området er ubygd og består av skog. Områda på land er sett av til LNF-formål i gjeldande kommuneplan.*

*I innspelet seier forslagsstillar at området var nytta til å dumpe masser då eksisterande veg vart laga. Og at det er mogleg å nytta same område for å deponera tre, røter og jordmasser. I etterkant ser dei for seg at det vert pynta til og at området då kan nyttast til t.d. friluftsområde.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (gul) | Det ligg mindre område med høvesvis kystmyr og hagemark innanfor det innspelte arealet (grøne stipla området på kartet til høgre). Begge desse har lokalt viktig verdi. Det oransje område heilt sør på kartet er naturtypen boreonemoral regnskog, denne har stor verdi.<br><br>Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrert biologisk mangfald med stor verdi.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Eit deponi kan medføre fare for forureining og støy, då det er naturleg med store køyretøy som lessar på og av i området, som og kan og føre til ein del støv i lufta.<br><br>Område nærast vegen ligg innanfor gul støysone frå veg, men gitt innspelets natur (deponi) er det vurdert at dette ikkje har noko å sei. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går fleire elver gjennom området som vil verte påverka av innspelet. Avbøtande tiltak må vurderast.   |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Påverkar ikkje strandsona eller sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området består av ein blanding av skog med høg og særs høg bonitet (datafangst frå 1968) samt eit mindre område nært vegen med open jorddekka fastmark. Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | At arealet ikkje ligg i tettbygde strøk er positivt med tanke på støy og svevestøv og potensielle konfliktar med bustader. Delar av arealet er bratt og mindre eigna til føremålet, skal dette takast ut er det lite areal som er att med tanke på plass til deponering av masser. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Mindre deler av område ligg innanfor høvesvis aktsemdområde for snøskred og for steinsprang, sjå kart (snøskred i raudt og steinsprang i brunt)   |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen-**<br><br>**Om ein skal ta omsyn til naturmangfald, elv og myr, samt ta ut området som er mindre eigna grunna bratt terreng, vil lite av arealet vera att. Det vil då vera knapp kapasitet med tanke på deponering av massar.** |

# FLATRÅKER

-

## VIDARE

## Feltnamn/områdenamn i plankart: AKV 3

## Innspel nr. 097 - Næringsområde i sjø – Flatråker

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *Areal i sjø* |
| **Dagens arealføremål:** | *Næring / FFNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næringsområde i sjø* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 60 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Lerøy Sjøtroll* |
| **Grunneigar:** | *Areal i sjø* |

**Skildring**:

*Innspelet gjeld eit areal i sjø ved settefiskeanlegget på Flatråker. Her ønsker Lerøy Sjøtroll å definera eit område til næringsområde i sjø, slik at dei kan søka inn vassbasseng i sjø utan å måtte søka dispensasjon frå arealplan.*

*Dette setjefiskanlegget har tilgang på ferskvatn og ein del av dette vatnet kan nyttast til å badebehandle laks og regnbogeaure mot parasittar som lakselus og ulike gjelle parasittar. Ei slik badebehandling er miljøvenleg og blir gjennomført ved at fisken vert pumpa inn i brønnbåt med ferskvatn i brønnen.*

*LS ynskje moglegheit til å fortøya ein ring med presenning i dette området vest av der det i dag ligg ei flytebrygge brukt ved levering av smolt, slik at ein kan fylla den med vatn frå setjefiskanlegget. Dette fører til at brønnbåt kan hente vatnet frå presenningen og gå til ulike lokalitetar i området ved behandling. Dermed får ein kort lastetid, kortare seilas og dermed vert det mindre ressursbruk og meir berekraftig. I dag hentar vi ferskvatn til behandling i vassbasseng på Saltverket nord av Osterøy og ved Sagen i Samnanger. Når ein badebehandlar i Langenuen og Sveio sparer ein frå 40 - 60 nm i seglas tur retur  ved å gå til Flatråker vs Samnanger.*

*Ved å definera området i sjø som næringsområde, kan vi søkja om å leggja ein ring der i framtida utan å søkja om dispensasjon frå arealplan. I forslaget til areal har vi også tatt med fortøyingane i det aktuelle området.*



Kartutsnitt/foto

Utsnittet under viser området feltet er plassert i:




Illustrasjonen på neste side viser plassering med koordinat.

| | |
|---|---|
|  | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen trua artar registrert i området, men nord og aust for området, på land, er det registrert kystskriferlav (funnet i 2020, kategorisert som sårbar) og Ærfugl (funn 2019, kategorisert som nær trua).<br><br>Desse registreringane er på land og det er akseptabel avstand til innspelet. Det vurdert som lite sannsynleg at tiltaket i sjø vil påverka naturmangfaldet på land.<br><br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det er ikkje kartlagt friluftslivområde i sjølve planområdet, men det ligg nær Flatråkervassdraget som er kategorisert som viktig friluftsområde «Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». |

| | | |
|---|---|---|
| | | Tiltaket er i sjø, det ligg nedanfor dette og er difor vurdert å ikkje ville påverke ålmentas tilgang.<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining. Det bør gjerast greie for kor vidt innspelet i seg sjølv kan føre med seg lys- og lydforureining til nærliggande bustader. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det renn ei elv like nord for det innspelte tiltaket. Ettersom innspelet ligg i sjø nedanfor elva, er det ikkje vurdert å påverka elva. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i sjø, ved ei allereie bygd strandsone. Det er ikkje kjend konfliktar med farled, eller kaste- og låssettingsplassar. |
| **Jord- og skogbruk** | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Det er allereie etablert næring her, innspelet gjed eit tiltak som vil vera bra for den eksisterande næringa. Plasseringa av denne type næring er rekna som ein godt eigna plassering. Det er spreidd busetting i området, men ingen større bustadfelt/tett busetting i nærleiken. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går eit aktsemdsområde ved elva direkte nord for området, men sidan det innspelte arealet er i sjø er dette ikkje aktuelt.<br><br>Elles er området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – det får føremålet akvakultur**<br><br>**Det er vurdert at det ikkje er avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Det er næring i området frå før, innspelet gjeld ei mindre utviding i sjø. Det kan vera aktuelt med avbøtande tiltak i høve potensiell lyd- og lysforureining til nærliggande bustader.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 02 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 121, Bustader og naust – Flatråker** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 3/3 og 3/22 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustader og naust | |
| **Arealstorleik:** | Ca. 7 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Magnus Økland | |
| **Grunneigar:** | Magnus Økland (3/3)og Trygve Andrew Aalhus (3/22) | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar ynskjer å etablere bustadtomter for familiemedlemmer som har ytra interesse i å busetje seg i området, samt nausttomter langs sjøen som vist i kartet til høgre.*<br>*Plasseringa ligg blant eksisterande bustadar og naust på Økland.* | |  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen trua eller raudliste artar registrert i eller nær området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde, men her finst ein del kartlagt potensielt tilgjengeleg strandsone.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining og tiltaka i seg sjølv er ikkje vurdert å ville forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Vert ikkje råka. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Fleire av dei innspelte areala ligg innanfor 100-metersbeltet, men det er allereie bygd her frå før.<br>Det er ei låsettingsplass ved føreslått naustområde lengst nordaust.<br> |
| **Jord- og skogbruk** | | Innanfor området finst det i dag fulldyrka mark, innmarksbeite, skog, open fastmark og bygd areal. Skogen er registrert som lauvskog med høg bonitet.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Skule i skulekrins har kapasitet, det er barnehage innanfor 15 km. |
| **Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima** | | Gangavstand til barneskule er meir enn 4 km.<br><br>Det er elles meir enn 3 km til lokalsenter/nærbutikk. Busshaldeplass ligg derimot like ved. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen kjend leikeplass i nærleiken, det er tur – og bademoglegheiter i nærleiken. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsone |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er dels teke med i planen – det får føremålet LNF-spreidd bustad og ei anna utstrekking enn dei innspelte areala, naustføremål vert ikkje teke med.**<br><br>**Det er vurdert at det er fleire konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Det er difor sett av eit felt til fortetting med bustader (LNF- spreidd bustad) som i mindre grad kjem i konflikt med dyrka mark og 100-metersbeltet, enn dei innspelte felta. Innspelt areal for naust vert ikkje teke med vidare.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 01 |
|---|
| **Innspel nr. 128_3, spreidd bustad – Flatråker** |

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 4/1 m.fl. | Kartutsnitt/foto (Omtrenteleg område, tegna over originalt innspel) |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF-område, spreidd bustad* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 23 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Flatråker Bygdalag* | |
| **Grunneigar:** | *Fleire grunneigarar* | |




**Skildring**:

Skildringa til innspelet under, gjeld fleire ulike forslag i området, men det er berre området for spreidd bustad (merka på kartet til høgre) som har gått vidare til KU. Dette dokumentet tar difor berre for seg dette arealet.

*I nærleiken av Øversvika er det føreslått ei rekke arealformål, derunder: Spreidd bustad, bustad, badeplass og areal til næring/deponering av steinmassar. Det er i området føreslått 2 områder til bading, kor det eine er ubygd i dag og det andre er tilknytt eksisterande naust. Det er ynskjeleg å utvide eksisterande areal avsett til spreidd bustad i gjeldande kommuneplan, mot retning sør. Det er føreslått eit større bustadområde tilknytt Langenyvegen. Mot dette er det føreslått areal til næring eller deponering av steinmassar.*

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert sårbare artar inne på området, men det finst fleire i sørlege randsone til det innspelte arealet.<br>Her er det registrert kystskriftlav (sårbar), villeple (sårbar) og stjerneflekklav (sårbar).<br><br>Arealet ligg og innanfor eit område med naturtypen hagemark, denne har svært høg verdi.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Berører ikkje kjende kulturminne eller kulturlandskap.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Bustadområda som er føreslått utvida ligg i hovudsak tett på eksisterande bygningar og fortettar områda utan å ville forringe landskapsbilete i stor grad.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det innspelte arealet ligg ikkje innanfor, men i nærleiken av eit viktig friluftslivområde. Forslaget røyrer ikkje ved kartlagt tilgjengeleg strandsone. Forslaget er ikkje vurdert å ville råka |

| | | |
|---|---|---|
| | | friluftsområde.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ein svært liten del av området nærast vegen ligg innanfor gul støysone, men dette arealet vil kunne unngås ved utbygging. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går ei elv sør for det innspelte arealet, denne kjem frå Flatråkervatnet i aust. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det innspelte arealet består dels av innmarksbeite (22,4 daa) og skog med særs høg bonitet (datafangst frå 2007).<br><br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 9 km til lokalsenter og nærbutikk i Uggdal. 11 km til Uggdal skule |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplassar i nærområdet og ingen område registrert som nærturterreng. Det ligg eit viktig friluftslivsområde like aust for det innspelte arealet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred | | Delar av det innspelte arealet ligg i sør innanfor flaumsone for elva. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br>Det går elles høgspent i søraustlege del av området. |

| | | |
|---|---|---|
| • Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – og får føremålet LNF – spreidd bustad, men det vert justert i utstrekking i høve KU-tema**<br><br>**Delar av innspelt areal i nordaust vert teke med i planen som LNF-spreidd bustad, på denne måten vert arealet trekt vekk frå elva og flaumsone samt at berre eit mindre areal med innmarksbeite vert råka. Området består stort sett av skog, det er eit mindre inneklemt areal registrert som innmarksbeite tett på vegen i nord. Dette verkar likevel gjengrodd i dag, og viser ikkje teikn til drift. Området er ei mindre utviding eksisterande LNF- spreidd bustad.**<br><br>**Det ligg elles nær lokal arbeidsplass og det finst allereie infrastruktur i nær tilknyting til området, som er positivt.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

# HÅLANDSNESET

-

## IKKJE VIDARE

## Innspel nr. 005, Bustad – Sentralt på nordre del av Hålandsneset

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *40/1 og 40/3* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF/ Spreidd bustad* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustadføremål* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 183 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Tore Tveit* |
| **Grunneigar:** | *40/1 og 40/3: Tore Tveit* |

Kartutsnitt/foto






**Skildring**:

*Tore Tveit som er grunneigar for dei to føreslått tomtene, ynskjer at det i samband med planar for utbetring av vegen E39 skjer ei omregulering av felta, om til bustadføremål.*

*Han har tru på at Hålandsneset blir eit naturleg utbyggingsområde som følgje av dette. Han ynskjer at delar av eigedom 40/1 omregulerast (det er ikkje lagt ved kart, så vist område er ei gjetting på kva han meiner) og 40/3. Han meiner at arealet er lite eigna til næringsrett landbruk, og heller bør nyttast til bustadar. Han har tru på at området egnar seg for familiar, og at det er gode moglegheiter for å driva med eigenproduksjon av matvarer ol. Foreslått område grensar mot eksisterande bustadar i nord, og bli ei forlenging av dette området.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende funn eller registreringar av trua eller raudlista artar i, eller nær føreslått område. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i, eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagde tur- eller friluftsområde.<br><br>Derimot kan utviding av det eksisterande bustadfeltet, med tilhøyrande vegar og infrastruktur bidra til å betre åtkomst mot sjø og friluftsmoglegheiter langs kysten.<br>Delar av kystlinja eit stykke sør for området er likevel relativt bratt. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  Området vil vera attraktivt og bra for folkehelsa til bebuarane, ved at plasseringa ligg nær natur, skog, vatn og sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Deler av området i nordaust grensar mot gul støysone frå veg. |
| **Vatn og vassdrag** | | Lengst vest overlappar det innspelte arealet noko med ei elv som kjem ned frå Sandalstjørna. Avbøtande tiltak vil kunne vera aktuelt. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det sørlege området kjem ikkje i direkte konflikt med dyrka mark. Det mindre området i nord, ligg derimot innanfor innmarksbeite og kjem difor i konflikt.<br><br>Det aktuelle området har lauvskog av særs høg bonitet (feltet i sør, datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel datafangsten frå 68 er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 6 km til Uggdal med tilhøyrande nærbutikk og skule. Legg opp til meir klimagassutslepp gjennom auka avstandar og tilhøyrande bilbruk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen etablerte leikeplassar nært området. Det innspelte arealet ligg i nærleiken av eit område registrert som nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |

| | | |
|---|---|---|
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er vurdert at det samla sett er fleire utfordringar. Det vil vera konflikt med miljø- og samfunnstema som transportbehov og jord og skogbruk. Det er dessutan ikkje tilstrekkeleg infrastruktur i området i dag.**<br><br>**Det er og vurdert at det på noverande tidspunkt ikkje er behov for større bustadfelt i området. Føremålet kan verte meir aktuelt ved neste rullering, med tanke på E39 som framleis ligg fram i tid – området er vurdert å ligge for usentralt til i dagens situasjon.** |

## Innspel nr. 006, Spreidd bustad – Hillesvikvegen nr. 24-34

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *38/30, 38/24, 38/26, 38/8, 38/16, 38/11, 37/3* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 3,2 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Sidsel Lie* |
| **Grunneigar:** | *38/30: Kåre Amland*<br>*38/24: Henning Hope*<br>*38/16: John Henning Hope*<br>*38/8: Kent A Storhaug Haugland*<br>*38/11: Dagfinn Lid*<br>*37/3: Heidi Elisabet Hermansen* |

**Skildring**:
*Det aktuelle området som er føreslått, er ein forlenging av bustadeigedomane som ligg langs Hillesvikvegen nr 24 – 34.*

Kartutsnitt/foto






| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert trua/raudlista artar i, eller i nærleiken av området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn innanfor, eller i nærleiken av området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg i skog i dag, og nye bygningar vil ikkje utgjere sårbarheit i landskapsbilete, men føreslått område ligg i nokså kuppert terreng. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt viktig friluftsområde, men grensar mot Hålandsneset i nordaust, som er eit viktig friluftsområde. Nye bygningar i området vil ikkje hindra ålmenta tilgang til friluftsliv i strandsona. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og vil i seg sjølv forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er ikkje registrert dyrka mark som området kjem i konflikt med. Kring, og i føreslått område er det registrert lauvskog med høy skogbonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det er omtrent 10 km til næraste barnhage og barneskule, og til servicetilbod som butikk. Slik at eventuelle barnefamiliar vil bli avhengig av transport til viktige målepunkt i kvardagen. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen etablerte leikeplassar nært området. Det innspelte arealet ligg i nærleiken av eit område registrert som nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går aktsemdområde for snøskred i større deler av det innspelte arealet. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Den samla årsaka til dette er at det ikkje finst infrastruktur inn til området, eksisterande infrastruktur i nærområdet er ikkje optimal. Føreslått område er bratt og store delar av område ligg i aktsemdsone for skred, ved justering i høve dette vil lite av område vera att. Det er elles fleire andre areal sett av til spreidd busetting i nærområdet.** |

## Innspel nr. 009, – Nord på Hålandsneset

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *44/4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad / Fritidsbustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 52 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *John Garvik* |
| **Grunneigar:** | *John Garvik* |

Kartutsnitt/foto



**Skildring**:

*I innspelet blir det beskrive at teigen er svært bratt, og egnar seg lite til skogdrift. Forslagstillar meiner det største området eignar seg til ei utvikling av område, med føremål bustad. Område vest for vegen blir i innspelet føreslått med føremål fritidsbustad, ettersom denne delen av teigen ligg med god tilkomst til sjø med smale og trygge farvatn.*



| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det finns ingen registrerte trua/raudliste artar innanfor sjølve området. I nærleiken, sør for teigen, er det registrert kustkorallav i 2012 (nær trua) og Kystskiftlav frå 2012 (sårbar). Tvers ovanfor sundet er det i 2009 registrerte 4 sårbare artar: Halmgul køllesopp (sårbar), Røykkøllesopp (nær trua), elegant småfingersopp (nær trua) og Prikkskriblelav (sårbar). Grunna høg konsentrasjon av sårbare artar i sundet, og med tanke på at siste registrering er frå 2009, bør ein kartlegga dagens situasjon for å hindra skade på viktig naturmangfald før evt. utbygging.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn registrert i eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagt og viktig friluftslivområde: Hålandsneset.<br><br>Like vest for området, ute i sjøen, ligg Bårdsund, eit friluftslivområde som er registrert som «svært viktig»:<br><br><br>Føreslått område som ligg mot sjø har mykje tilgjengeleg strandsone med terreng som gjer at den er grei å nå i dagens situasjon. Nedbygging av området kan vera til hinder for ålmentas tilgang til strandsona.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Deler av området ligg innanfor støysone frå veg. |
| **Vatn og vassdrag** | | Søre del av det innspelte arealet kjem i konflikt med vatn og elv.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av området vil hamna innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit område som ikkje er bygd frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje konflikt med dyrka mark. Det er registrert skog på området, med skogbonitet som impediment.  |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | For barnefamiliar vil det vera relativt langt til skule og barnehage (om lag 10 km). Ingen butikkar i nærleiken. Store avstandar til tilbod vil bidra til auka bilkøyring og klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplassar i nærområdet, men det finst nærturterreng tett på det innspelte arealet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Deler av området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen –**<br><br>**Den samla årsaka til dette er utilstrekkeleg infrastruktur og stort transport behov, området vert rekna å ligge usentralt. Området ligg elles bratt til i aktsemdsone for skred, det er konflikt med friluftsområde og 100-metersbeltet mot sjø.**<br><br>**Det er elles vurdert at det er sett av tilstrekkeleg med areal i nærleiken som er betre eigna for bustader.** |

## Innspel nr. 10_10, LNF – spreidde bustadar – Hålandsneset (sør for fylkesveg)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *Samling av fleire eigedomar* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og offentleg eller privat tenesteyting* |
| **Foreslått arealføremål:** | *LNF – spreidde bustadar* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 425 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendahus* |
| **Grunneigar:** | *Samling av fleire grunneigarar* |

**Skildring**:

*Delar av tilgrensande område er i dag avsett til LNF spreidd bustadar. Forslagsstillar ynskjer å utvida dette føremålet til å gjelda områda som går fram av innspelet (sjå kart under)*

*Område som er ynskjeleg å utvida ligg nær Færavågvegen, og Hillesvikvegen.*

*Ettersom innspelet strekk seg over eit stort areal vert det delt opp i to KU-vurderingar. I denne KU-en vert areala sør for fylkesvegen vurdert for seg (altså areala nær Hillesvikvegen).*

*Sjå kartutsnitt under:*




Kartutsnitt/foto



*Kommuneplanen er vist i kartet, med områda for spreidde bustadar (mintgrøn). Områda i klar grøn er i innspelet føreslått som utviding av desse.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen kjend trua, sårbare- eller framande artar i området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje kjend kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området lengst nord, hamnar innanfor kartlagt friluftområde; Hålandsneset. Dette er registrert som eit viktig friluftsområde (nærturterreng).  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket i seg sjølv vil ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Delar av dei innspelte areala ligg tett på vassdrag, det går og elvar gjennom området (sjå kart under kategori samfunnstryggleik).<br><br>Føresegna vil ikkje tillate utbygging tett på vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Store delar av det innspelte arealet aust for Amlandsvegen omfatter dyrka mark, totalt om lag 14 daa. Innspelt område vest for Amlandsvegen er registrert som barskog med særs høg bonitet. Medan store delar av arealet ved fylkesvegen er og registrert som barskog med særs høg bonitet. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Føresegna som gjeld LNF spreidd bustad tillate ikkje nedbygging av dyrka mark.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 6 km til Uggdal med tilhøyrande nærbutikk og skule. Legg opp til meir klimagassutslepp grunna avstandar og tilhøyrande bilbruk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen etablerte leikeplassar nært området. Det innspelte arealet ligg i eit område med nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område vest og aust for Amlandsvegen vil hamne innanfor aktsemdområde for flaum, medan område aust for vegen, vil hamne innanfor aktsemdområde for jordskred. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet ikkje teke med i planen –**<br><br>**Dette på grunn av fleire årsaker, det er konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema, spesielt dyrka mark som omfattar større areal som må takast ut av innspelet. Dei areala som ikkje ligg i dyrka mark, ligg i kupert terreng som vil krevje store terrenginngrep for å kunne tilpassast føremålet. Det er elles fleire aktsemdområde innanfor innspelte areal.**<br><br>**Det er elles vurdert at det er tilstrekkeleg med areal sett av til spreidd busetting i nærområdet allereie.** |

| **Innspel nr. 10_11, Spreidd bustad – Hålandsneset** | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *41 /5* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF + faresone høyspenningsanlegg* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 192  daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *Anne K Tvedt Skjeldal og John Erling Skjeldal* | |
| **Skildring**:<br>*Føreslått område grensar mot avsett område for spreidd bustad, som igjen ligg inntil f. veg 83. Føreslått område utvidar eksisterande bustadområde vekk frå vegen. Området er om lag 1 km langt, og 160m bredt.* | | |

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det ligg fleire sårbare artar nord i området, og nokre rundt området sørover.<br>Desse er:<br>- Stjernerurlav (funne 2014, sterkt trua)<br>- Kystskiferlav (2012 x 2, 2013 x 3 , sårbar)<br>- Gul pærelav (2009, 2012 og 2013 nær trua)<br>- Kystbendellav (2013 x2  og 2019, kritisk trua)<br>- Tornflekklav (2013, sårbar)<br>- Storsporet rurlav (2013, trua)<br>- Kystvortelav (2012 og 2013, sårbar).<br>Det ligg og mindre område med naturtype regnskog (svært viktig verdi) heilt nord i det innspelte arealet.<br><br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende registreringar i, eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området er vist med den svarte markøren. Det ligg med gode moglegheiter for å kopla seg på vegen, og i eit område kor det er eksisterande bustadar i dag. Ved realisering av innspelet, vil dette fungere som ei fortetting/forlenging av bustadane som ligg rundt Håland, og difor gli naturleg inn i landskapet som ein forlenging av dette feltet.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagt friluftsområde; Hålandsneset. Dette området er registrert som eit viktig nærturterreng. Det er registrert fleire turstiar og tråkk innanfor innspelt areal.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Delar av området ligg innanfor støysone frå veg. Det er og fleire vatn og elvar i området, føresegna vil likevel ikkje tillate bygging nær vassdrag. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det innspelte arealet grensar til eit større vatn i aust, og det finst fleire elver som går gjennom området. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Området ligg innanfor barskog av særs høg skogbonitet (datafangst frå 1968). Uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 8 km til Uggdal med tilhøyrande nærbutikk og skule. Legg opp til auka klimagassutslepp gjennom store avstandar og tilhøyrande auke i bilbruk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området er ikkje bygd i dag, det finst ingen leikeplassar nært området. Det innspelte arealet ligg inne i eit område registrert som nærturterreng. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Mindre delar av området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Det finst og ei høgspentline som går gjennom området på tvers.<br><br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er fleire konfliktar knyt til innspelet med tanke på ovannemnte miljø- og samfunnstema. Det er allereie sett av tilstrekkeleg med areal for bustader i LNF i nærområdet med god kapasitet.** |

| **Innspel nr. 010_12, Spreidd bustad – ved Bårdsundvegen nord på Hålandsneset** | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *44/1 mfl.* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF + omsynssone kraftledning x 2* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 220 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *Større samling av grunneigarar* | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar meiner det bør setjast av areal for spreidd bustad på begge sider av Bårdsundvegen langs fleire eigendomar (blant anna 44/14).* | | |
|  | | |

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrert sårbare artar i området. Innanfor området er det registrert følgjande: Randprikklav (funn 2009, kategorisert som sårbar), Kystprikklav (funn 2009, kategorisert som sårbar), Kystkorallav (2012, nær trua).  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen registrerte funn i eller nær området. |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Landskapsbilete:**<br>Området ligg fint til i terrenget med nærleik til sjø og eksisterande naust og bustadar. Terrenget er flatt, og det er infrastruktur i området som spreidde bustadar kan koplast til. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Føreslått område hamnar innanfor 2 kartlagde friluftsområde; Bårdsund som er kategorisert som eit svært viktig friluftsområde (utfartsområde) og<br><br>Hålandsneset som er kategorisert som eit viktig friluftslivområde (nærturterreng).<br><br>Bygging av eit fåtal spreidde bustader i LNF spreidd er likevel ikkje vurdert å påverka friluftslivet negativt i vesentleg grad.<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området ligg innanfor gul støysone frå veg. Tiltaket vil i seg sjølv ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Store delar av området ligg og innanfor 100-metersbelte mot sjø. Sjølv om det er noko bureising i 100-meterbeltet frå før, kan det ikkje reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | På området er det både registrert innmarksbeite og fulldyrka jord, som innspelet overlappar med.<br>Innanfor området er det registrert barskog av høy og særs høy skogsbonitet, jorddekt innmarksbeite og jorddekt fulldyrka jord. Dei tre oppdelte areala med fulldyrka jord er på hhv. 9,6 daa, 4,4 daa og |

| | | |
|---|---|---|
| | | 1,5 daa. Føresegna vil ikkje tillate bygging innanfor dyrka mark.  |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har ledig kapasitet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 12 km til Uggdal med tilhøyrande nærbutikk og skule. Legg opp til auka klimagassutslepp gjennom store avstandar og tilhøyrande auke i bilbruk. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området er ikkje oppbygd i dag, det finst ingen leikeplassar nært området. Det innspelte arealet ligg inne i eit område registrert som nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går ei høgspentline midt over dei to areala.  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen-**<br><br>**Det er fleire konfliktar knyt til ovannemnte miljø- og samfunnstema. Det er dessutan allereie sett av større område til spreidd bustad i LNF, med kapasitet. Det vert difor vurdert at det ikkje er behov for fleire areal på noverande tidspunkt.** |

**Innspel nr. 10_13, Spreidd bustad – Fagertun**

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *Samling av fleire eigedomar* |  |
| **Dagens arealføremål:** | *Spreidd bustadar (med faresone ras- og skredfare på Fagertun og ved Sanddalstjørna)* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Kombinert spreidde bustadar og fritidsbustadar* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 600 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Håneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *Samling av fleire grunneigarar* | |
| **Skildring**:<br>*Området som blir føreslått som kombinert spreidd bustad / fritidsbustad er i dag regulert til spreidd bustad i gjeldande kommuneplan. Forslagsstillar ynskjer at det skal opnast for at ein kan byggje fritidseigedomar innanfor feltet som er avsett til spreidd bustad i dag. Fleire fritidseigedomeigarar bruker eigedomane sine stadig meir, og difor bør ein ikkje skilja mellom spreidd bustadar og fritidsbustadar, meiner forslagsstillar. Stadig fleire eigarar av fritidsbustadar ynskjer å flytta til kommunen kjem det fram i innspelet.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er mange registrerte artar i nærområdet, men dei fleste av desse ligg utanfor området.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Området rundt har ei rik kulturarv. Dei fleste kulturminna ligg utanfor føreslått område, men spesielt kulturminna nord-vest i utklippet under må takast omsyn til ved ei eventuell utbygging innanfor området som er føreslått.<br><br>**Landskapsbilete:**<br><br>Landskapet er bygd i dag, i form av spreidde bygg (både bustadar og fritidsbustadar). Landskapet er relativt flatt, slik at det eignar seg å byggja her. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Hovuddelen av området (i nord)  ligg innanfor kartlagt friluftsområde Bårdsund som er eit viktig friluftsområde for utfart. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Hålandsneset som er eit viktig friluftsområde ligg i sør av området.  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket i seg sjølv vil heller ikkje forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det finst fleire vatn og tilhøyrande elver i området.<br>Føresegna vil ikkje tillate bygging tett på vassdrag.  |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ein mindre del av området ligg innanfor strandsona. |
| **Jord- og skogbruk** | | Som vist i kartutsnittet med arealressursar i «1 landskapsbilete» ligg det noko areal registrert som innmarksbeite / fulldyrka jord innafor området. Dette er i dag sett av til spreidd bustad i gjeldande kommuneplan:<br><br>Delar av området ligg innanfor kartlagde arealressursområder, kor hovuddelen ligg innanfor skog. Men det er også nokre områder med innmarksbeite og fulldyrka jord. Desse ligg likevel innanfor |

| | | |
|---|---|---|
| | | arealformål spreidd bustad i gjeldande kommuneplan. Kartet under visar kartlagde naturressursar:  |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 10 km til Uggdal med tilhøyrande nærbutikk og skule. Legg opp til auka klimagassutslepp gjennom store avstandar og tilhøyrande auke i bilbruk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen leikeplassar i området i dag, men det er god tilgang på nærturterreng i det innspelte arealet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Mindre delar av området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Det finst og ei høgspentline som går gjennom området. Sjå kart i «Vatn og vassdrag»-kategorien. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen-**<br><br>**Det er fleire konfliktar knyt til ovannemnte miljø- og samfunnstema. Det er dessutan allereie sett av større areal til spreidd bustad i LNF i nærleiken, kor det er kapasitet. Det vert difor vurdert at det ikkje er behov for fleire areal på noverande tidspunkt.**<br><br>**Når det gjeld fritidsbustader, er det regulert til fritidsbustader lenger nord og aust med god kapasitet. Innspelt område verker lite attraktivt for fritidsbustader, ligg ikkje nær sjø som ofte er etterspurt.** |

| **Innspel nr. 10_14a, Friområde (badeplass) – Sørvågen** | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *36/7* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | *Friområde (Badeplass)* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *Gunnar Kobbeltvedt* | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar visar til at det historisk var etablert badeplass i Sørvågen tilknytt nausta her, og ynskjer å sette av areal til badeplass i kommuneplanen.* | |  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen registrerte trua eller sårbare artar i, eller nær området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende konfliktar.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Realisering av tiltaket vil ikkje utgjere sårbarheit i landskapet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagt friluftsområde; Hålandsneset. Dette er eit naturterreng som er kategorisert som viktig. Etablering av ei badestrand vil kunne gjere situasjonen med omsyn til friluftsliv betre og er ikkje vurdert å vekte negativt med tanke på friluftsliv.<br><br>Elles ligg heile området innanfor tilgjengeleg strandsone med ei helling som gjer at badeplassen er godt tilgjengeleg, og kan bli tilrettelagt for at alle brukargrupper kan nytta området. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og innspelet utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ein bekk har sitt utløp inne i det innspelte arealet, innspelet er ikkje vurdert å påverke denne negativt. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Forslaget ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men sidan forslaget gjeld friområde/badeplass og ikkje utbygging i strandsone, vert konsekvens vurdert som grøn. |
| **Jord- og skogbruk** | | Forslaget kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Det er registrert open fastmark på området med skogbonitet impediment.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det går buss forbi området, men busstopp ligg ein liten kilometer frå sjølve stranda. Buss kan likevel ha anledning til å stoppe ved innkøyringa til området, dette vil i så fall kunne gjere det enklare for dei som vil bade men ikkje har eigen bil. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ei badestrand vil vere eit positivt tiltak for born og unge sin tilgang til fritidsaktivitetar og friluftsareal i strandsone. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det innspelte arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum frå elva, samt utløpsområde for snøskred. Det vil ha lite å sei ettersom dette ikkje er ein utbygging. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen – området vert vidareført som LNF**<br><br>**Det er ikkje vurdert at det er naudsynt å setja området av til friområde framfor LNF. Området kan framleis nyttast som badeplass sjølv om arealføremålet er LNF.** |

| Innspel nr. 10_14b, friområde (badeplass) - Landrøyvågen | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *41/1-4, 41/2, 42/1, 42/4* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *Andre typar bygningar og anlegg, LNF areal for spreidd bustad, LNF* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | *Friområde (Badeplass)* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *41/1-4:*<br>*41/2: Harald Haaland*<br>*42/1: Fredrik Landeråen*<br>*42/4: Lykke Elisabeth Dalen, Ole-Kristian Dalen* | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar visar til at det historisk var etablert badeplass i Landrøyvågen tilknytt nausta her, og ynskjer å sette av areal til badeplass i kommuneplanen* | |  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende funn i området. Rett sørvest for området finst eit areal med naturtypen regnskog (svært viktig verdi) saman med fleire registreringar av blant anna kystskriftlav og tornflekklav (begge har status som sårbar) |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen registrerte funn i området, men eit stykke nord er det registrert ein buplass frå eldre steinalder, som er automatisk freda.<br><br>Tiltak av denne arten er ikkje vurdert å påverka kulturminneverdiar negativ.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Realisering av planforslaget vil ikkje utgjere sårbarheit i landskapet.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor to kartlagde friluftsområde; Bårdsund og Hålandsneset. Bårdsund er eit svært viktig utfartsområde, og Hålandsneset er kategorisert som eit viktig nærturterreng..  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ein bekk har sitt utløp inne i det innspelte arealet – dette vil ha lite å sei med tanke på det innspelte føremålet. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Forslaget ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø – men sidan forslaget gjeld badeplass/friområde som gjer strandsona tilgjengeleg for ålmenta og ikkje bygger den ned, vert denne kategorien sett til grøn. |
| **Jord- og skogbruk** | | Forslaget kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. I området er det registrert open fastmark med skogbonitet impediment, og barskog med skogbonitet særs høy (datafangst frå 1968).<br><br>Ettersom forslaget ikkje gjeld bygging som kan føre til fjerning av skog, vert denne kategorien grøn.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det går buss forbi området, men busstopp ligg 600 m frå sjølve stranda på Fv5086 (Bårdsundvegen). Buss kan likevel ha anledning til å stoppe ved innkøyringa til området, dette vil i så fall kunne gjere det enklare for dei som vil bade men ikkje har eigen bil.<br><br>Vegen er svært smal og det er ikkje parkeringsmoglegheiter i området, vegen er lite sikker med tanke på gåande/syklande. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ei badestrand vil vere eit positivt tiltak for born og unge sin tilgang til fritidsaktivitetar og friluftsareal. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er få konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema, innspelet er likevel ikkje med i planen ettersom området er vurdert som lite eigna. Det er ikkje parkeringsmoglegheiter, vegen inn til området er dessutan smal og lite eigna for mykje trafikk, og er ikkje sikker for gåande/syklande. Arealet er svært avgrensa, det er ikkje strand på land og lite areal å opphalde seg på. Området ligg dessutan svært tett på vegen som ikkje er bra med tanke på trafikktryggleik.** |

## Innspel nr. 10_3, Naust – Frå Sørvågen til Fjelavika i Færavåg

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *Større samling eigedomar* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF, omsynssone verneverdig naustmiljø (x2)* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 55 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *Fleire* | |

Innspelt område



**Skildring**:

*Hålandsneset Grendalag føreslår fortetting av naustområde på vestsida av Sørvågen til Fjelavika i Færavåg, samt på austsida av Sørvågen fram til Skotahola.*

*Området er ikkje sett av til naustføremål i dag.*

*KU er lagd for vestre sida av fjorden, sjå aktuelt areal i kart under.*




| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen trua eller raudlista arter registrert i, eller i nærleiken til det innspelt område. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området som er føreslått.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Som følgje av innspelet si storleik vil landskapsbilete i Sørvågen bli annleis ved realisert tiltak, samanlikna med dagens situasjon. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Delar av føreslått område (spesielt heilt sør i Sørvågen) ligg innanfor kartlagt friluftslivområde «Hålandsneset» som er kategorisert som viktig naturterreng og friluftslivområde (vist i raud markering i bilete under).<br><br>Naturlegvis ligg også mesteparten av området innanfor kartlagt tilgjengeleg strandsone. Mykje av terrenget er bratt, og gjer det difor mindre tilgjengeleg for ålmenta. Men her er også strandsone som det er viktig at held fram med å vera tilgjengeleg i framtidig situasjon.<br><br>Området ligg langs sjøen med fin natur. Naust her vil vera til stor glede for dei som eig dei. Likevel er det viktig at strandsona er tilgjengeleg for allmenn ferdsel, og at etablering av naust i området ikkje forringar eller kjem i konflikt med moglegheita til å nytta strandlinja i området. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br>(til mørkare grønfargen er, dess brattare er strandsona). |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ein bekk har sitt utløp heil inst i Sørvågen. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Heile området vil hamna innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Delar av strekningen er registeret med arealressursar som innmarksbeite og overflatedyrka jord, som innspelet kan koma i konflikt med (sjå kart under). Sjølv om nausta i seg sjølv ikkje vil koma i konflikt med dyrka mark, kan det hende at tilkomstvegar og annan infrastruktur som er naudsynt for å etablera nausta likevel vil hamna innanfor dyrka mark. Mesteparten av arealet ligg innanfor område der det er registrert skog. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Lokalisering av arbeidsplassar | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går eit aktsemdområde for flaum i forbindelse med elva lengst inne i vågen. Det er og aktsemdområde for snøskred langs deler av strekninga. Avbøtande tiltak vil kunne vera aktuelt.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Årsaka til dette er at det er fleire konfliktar knyt til ovannemnte miljø- og samfunnstema. Området ligg i LNF i et meir eller mindre urørt område, tiltaket vil legge beslag på eit større areal med strandsone som er tilgjengeleg i dag. Ein bør heller fortette i område som allereie er satt av til naustføremål.** |

## Innspel nr. 10_4, Utvida eksisterande område avsett til «andre typar bygg og anlegg» – Landrøyvågen

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *Større samling eigedomar* |
| **Dagens arealføremål:** | *Andre typar bygg og anlegg, LFN med spreidde bustadar og LNF, NF-område sjø* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Utvida eksisterande område avsett til «andre typar bygg og anlegg»* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 4,8 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* |
| **Grunneigar:** | *Hålandsneset Grendalag* |

**Skildring**:

*Hålandsneset Grendalag ynskjer å forlenga det eksisterande naustområde i Landrøyvågen mot nord, fram til naustet som er etablert i dag 42/1.*

*Arealet som er foreslått ligg i dag inntil eit eksisterande naustområde. Forslagsstillar ønsker å forlenga det eksisterande føremålet omlag 100 meter lenger nord.*



Kartutsnitt/foto




Kartet viser utklipp frå gjeldande kommuneplan, kor føreslått område er markert i nord med **raudt.**

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innanfor føreslått område er det registeret to sårbare artar i 2012, nemleg Kystkorallav og Gul pærelav. Begge er kategorisert som «nær trua». |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det ligg eit automatisk freda kulturminne like vest for området. Dette er ein buplass frå steinalderen, der det er gjort funn av avslag i råstoffa flint og kvartsitt. Kulturminne ligg på ein høgde over eksisterande naustområde.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg i tilknyting til eksisterande naustområde. Derfor vil forlenging av dette ikkje bli ein ny type element i landskapet, og difor ikkje utgjera sårbarheit i landskapsbilete. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg midt mellom to kartlagde friluftsområde. Området på land ligg innanfor kartlagt friluftslivområde «Hålandsneset», kategorisert som viktig friluftsområde for nærturterreng. Arealet som ligg i sjø ligg innanfor kartlagt friluftslivområde «Bårdsund» som er eit svært viktig friluftslivområde / utfartsområde.<br><br>Terrenget er nokså bratt der det er foreslått nye naust, slik at realisering av foreslått tiltak ikkje vil forringa dagens situasjon, når det gjeld tilgang til strandlinja.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, det ligg eit naust i nordlege del av området og fleire naust sør for området. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innanfor området er det registrert barskog med høg skogbonitet.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen-**<br><br>**Det er vurdert at ein heller bør nytta eksisterande naustområde kor det framleis er plass/kapasitet til fortetting med fleire naust. Neset i nord som innspelet gjeld, fungerer i dag som ein naturleg buffer og bør behaldast slik.** |

| Innspel nr. 10_5, Utviding/fortetting naust – Beltestadvika | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *33/3 med ei større samling av eigedomar* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF, fiske, omsynssone naust (x2)* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Utviding/fortetting av naustområde* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 42 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *Større samling av grunneigarar* | |



**Skildring**:

*Føreslått område ligg i dag mellom eit eksisterande naustmiljø i Beltestadvika, og eit eksisterande naust på Gnr/Bnr 33/4.*

Her ynskjer forslagsstillar at naustområdet fortettast, og dermed avsettast til føremål eigna for naust i kommuneplanen.

Beltestadvika ligg i Nordre Søreidvågen. Sistenemnde er vist i heilhet i øvste bilde (begge bilder sett frå aust). Naust i landskapet her er ikkje ukjent, og det er relativt tett bygd – med ulike typar bygningar.



Det aktuelle område ligg mellom eit eksisterande naustmiljø, og eit naust lengre nord. Det er ynskjeleg at naustområdet forlengjast til høgre for svart markør under, slik at det blir ein heilheit i vika:



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrert fleire sårbare artar. Nord i vedlagt kart (under) er det registrert Kjøttkraterlav (funn 2018, sårbar), Ask (funn 2009, sårbar), Kastanjefiltlav (funn 2009, sårbar), kystvortelav (funn 2018, sårbar) og Olivenfiltlav (funn 2018, nær trua).<br><br>Sør i utklippet er det registrert sårbare artar som: Kystvortelav (funn 1993/2013, sårbar), Kastanjefiltlav (funn 1993/2013, sårbar), Kystprikklav (funn 1993/2013, sårbar), Kystblåfiltlav (1993/2012, nær trua), Stjerneflekklav (funn 2013, sårbar), gul pærelav (funn 2013, nær trua).<br><br>Sjølv om det ikkje er registrert trua artar i sjølve innspelt området, er det likevel svært gode vekstvilkår for lav i området, som må takast omsyn til ved vidare planlegging av området.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Like sør for føreslått område finst det eit automatisk freda kulturminne frå bronse-/jernalder.<br><br>Området sør vil i dagens situasjon komma i direkte konflikt med to område som i gjeldande kommuneplan ligg med omsynssone bevaring kulturmiljø, naustmiljø, Beltestad. Ved rulleringa vert ikkje<br> |

| | | |
|---|---|---|
| | | denne omsynsona teke med vidare i plankartet (viser til kulturminneplan 2020-2030). |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagt friluftsområde «Hålandsneset» på land, som er kategorisert som viktig friluftsområde.<br><br>Sjøen ligg innanfor friluftsområdet Søreidsvika – Beltestad, som er viktig friluftsområde av typen strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Her er og mykje tilgjengeleg strandsone, kor det er best tilkomst til sjøen nord i føreslått område.<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv ei fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ei elv har utløp i Beltestadvika, heilt sør i det innspelte arealet. Avbøtande tiltak vert difor aktuelt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Heile det innspelte arealet ligg innanfor 100-meterssona til sjø, det finst naust frå før.<br><br>Langs sjøen er det registrert eit større område som vert nytta som låssettingsplass for fiske (raud markering i vedlagt kart).<br> |
| **Jord- og skogbruk** | | Området ligg hovudsakeleg i lauvskog av særs høg skogbonitet (grønt i kart). Elles er det innslag av innmarksbeite i delar av føreslått området (gult). Sør i planområdet er det bygd på open fastmark.<br><br>(Sjå kartutsnitt over) |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går eit aktsemdområde for flaum knytt til elva som går gjennom søre del av område. Avbøtande tiltak vil kunne vera aktuelt. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er fleire konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema, som utgreia over. Elles er området særs bratt, det er ikkje tilgjengeleg infrastruktur/veg i dagens situasjon. Innspelet kan ikkje reknast som fortetting. Naust bør heller byggjast som fortetting i område allereie avsett til føremålet, som ved Mjelkevika lenger sør.** |

## Innspel nr. 10_6, Naust – Eversvik

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *44/3 og 44/2* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *På land: LNF + fareområde kraftleidning*<br>*I sjø: kombinerte føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone.* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 10 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *44/2: Markus Ebbesvik*<br>*44/3: Aslaug Marie Karine Godø* | |



**Skildring**:
Forslagsstillar meiner det bør setjast av område for naust i Eversvik frå Kobbeidosen mot Ternevika. G.nr 44/2 og 44/3. Plasseringa av føreslått område strekker seg langs Kobbeidosen si austlege side. Her er det eksisterande bygningar allereie, og det ligg eit par naust ved sjøen nord og sør for området.



| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I bukta ved Kobbeidosen er det registrert nokre sårbare artar. I sjøen nord og vest for området er fuglen Makrellterne registrert to stadar i 2016 og ein stad 2012, og denne er sterkt trua. Alle eventuelle framtidige tiltak i området må difor ta omsyn til denne arten. På det same punktet er det registrert Fiskemåke i 2016, denne er kategorisert som nær trua. Aust for området, på land er det registrert funn av Randprikklav i 2009, som er kategorisert som sårbar. Her er og kystblåfiltlav, kystprikklav, gullprikklav og praktfiltlav registrert i 2009, som er nær trua. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjente funn i, eller rundt foreslått område.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Ei etablering av fleire naust i føreslått område vil utgjere forandring i landskapsbilete, som vil verta synleg for dei som ferdes på sjø og land kring plasseringa. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Heile området ligg innanfor kartlagt friluftslivområde: Bårdsund, som er registrert som eit svært viktig friluftslivområde under kategorien «Utfartsområde».<br><br><br><br>Delar av området har tilgjengeleg strandsone, både i ulendt - og flatt terreng. Område står fram som forhaldsvis urørt i dag, nybygging vil difor i nokon grad kunne vera til hinder for |

| | | |
|---|---|---|
| | | ålmentas ferdsle i strandsone.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit område som står fram som lite bygd og tilgjengeleg i dagens situasjon. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området er ikkje i direkte konflikt med dyrka mark, men det grensar mot innmarksbeite som kan verte påverka i samband med etablering av infrastruktur/veg ned til området.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går høgspentlinjer inne i det innspelte arealet, som vil leggja beslag på ein del av det innspelte arealet.<br><br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Innspelet vil råka urørt natur innanfor 100-metersbeltet mot sjø, det kan ikkje reknast som fortetting. Det går og høgspentlinje/fareområde i delar av området. Området er elles bratt, tiltaket vi kunne føre til større terrenginngrep.** |

## Innspel nr. 10_7, Næring – Eversvik

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *44/2* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 4,5 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *Markus Ebbesvik* | |




**Skildring**:
Forslagsstillar ynskjer næringsareal ved vist plassering i Eversvik. Næring er føreslått på flata vist i 3D-visninga under:



| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Ingen registrerte trua eller nær trua artar i, eller i nærleiken av området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Ingen registrerte funn i eller kring området<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg ved veg, men med noko avstand til denne. Vegetasjonen bidrar til å skjule området frå omkringliggande områder. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Området ligg innanfor kartlagt friluftslivområde; Hålandsneset, kategorisert som viktig. Kan ikkje sjå registrerte turstiar i det innspelte området. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining i dag. Næring som føremål kan forureine anten gjennom støy, lysforureining utslepp til luft eller anna. Innspelet skildrar ikkje kva næring som er tenkt, som gjer dette vanskeleg å vurdere på noverande tidspunkt. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Tiltaket kjem ikkje i direkte konflikt med dyrka mark. I området er det registrert barskog av høy skogbonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Område ligg ikkje tett på større bustadfelt, (det er nokre spreidde bustader) som kan vera bra med tanke på potensiell lyd-, lys- eller lukt problematikk. Område ligg forhaldsvis kupert til, og det er ikkje infrastruktur inn til området. Tiltaket vil difor kunne føre til større terrenginngrep. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje i fare- eller aktsemdsone. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen-**<br><br>**Innspelet seier ikkje kva næringsverksemd som er tenkt, som gjer innspelet utfordrande å vurdera. Infrastruktur er ikkje tilstrekkeleg til føremålet i dagens situasjon. Området ligg elles til i eit noko kupert terreng, som truleg vil føre til større terrenginngrep i natur.** |

| **Innspel nr. 10_8, Næring – Ved Fv5086, om lag 5 km sør-aust for Uggdal** | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *36/1, 37/1, 38/15, 39/1, 39/3, 39/7* | Kartutsnitt/foto<br><br> |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 37 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendalag* | |
| **Grunneigar:** | *39/3: Håvard Hillesvik*<br>*36/1: Steffen Færavaag*<br>*37/1: Marta Hillesvik*<br>*37/15 Guri Hansine Hope*<br>*39/1: Fredrik Færavåg Misje*<br>*38/7: Hålandsneset ungdomslag* | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar ynskjer næring på plasseringa som går fram av innspelet. Forslaget er initiert av firmaet Rune`s maskin A/S, ein entreprenør med base på Hålandsneset.* | | |

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Aust for området er det registrert 3 tilfelle av framandarta Siktgran (funnet 2015, kategorisert med svært høy risiko).<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i, eller i nærleiken av området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Kupert skogsterreng med lite bureising kring. Innspelet vil medføra større endringar i landskapet/terrenget. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagt friluftslivområde Hålandsneset (nærturterreng).<br><br>Rundt Liatjørna (like aust for innspelt areal) går fleire tråkk og stiar. Eit næringsareal like ved vil kunne forringe naturopplevinga. Sjå vedlagt kart.<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Deler av området ligg innanfor gul støysone frå veg, men gitt at dette er eit næringsføremål vil dette truleg ha mindre å sei. Næring som arealformål kan i seg sjølv forårsake forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje i 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Det er registrert skog på foreslått område, av typen barskog med særs høg skogbonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ligg ikkje tett på bustadfelt som kan vera bra med tanke på evt. lyd, lys eller lukt problematikk. Tiltaket vil nok krevje større terrenginngrep då området er kupert og det ikkje er infrastruktur i dag. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er ikkje aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen -**<br><br>**Ikkje vidare – forslaget ligg innanfor plangrensa til vedteke trase for E39 Hordfast, dette område er bandlagt.** |

**Innspel. 370 - politisk bestilling, LNF spreidd bustad – Hålandsneset (dette skjemaet gjeld område ved Eversvik)**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 44/1 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | LNF spreidd bustad |
| **Arealstorleik:** | Ca. 60 daa. |
| **Forslagsstillar:** | Politisk innspel |
| **Grunneigar:** | |

**Skildring**:
Følgjande plassar (sjå vedlagt kart til høgre) ønske politisk gruppe KU-vurderingar for spreidd bustad i neste planperiode.
Det er og kommen inn fleire private innspel i det same område på same arealføremål.

*Dette KU-skjemaet gjeld område i nordvest ved Eversvik (sjå vedlagt kart til høgre).*

Kartutsnitt/foto

**KU for LNF Spreidd 10-15 bustader totalt**




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innanfor føreslått areal i nordvest er eit område med fattig boreonemoral regnskog med verdi viktig. Det er registrert kystskriftlav i skogen som er svært trua og freda i medhald av naturmangfaldlova. Ei mindre del av arealet i sør ligg og innanfor skog i same kategori, kor det er registrert den trua arten kystvortelav. Det er elles registrert fleire trua og nær trua artar like ved område både i nord og sør.   |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Heile arealet ligg innanfor eit område registrert som friluftsområde, kategorisert som viktig. Det er likevel ikkje vurdert at bygging av eit fåtal bustader i LNF spreidd vil påverka friluftslivet negativt i vesentleg grad. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ingen kjend forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn og vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ein mindre del av området i aust hamnar innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Råkar barskog med høg og særs høg bonitet. Råkar mindre areal med fulldyrka jord og myr. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ca. 11 km til skule og barnehage i krins, har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avhengig av bil eller buss til skule og barnehage og andre servicetilbod. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplass innanfor rimeleg rekkevidde. Det er nærturterreng i området og tilgjengeleg strandsone like ved. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ingen fareområde registrert. |
| **Samla vurdering** | | **Område vert ikkje teke med i planen -**<br><br>**Det er fleire konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema, spesielt naturmangfald. Området er i dag stort sett ubygd, det er elles særs kupert og det er ikkje veg/infrastruktur.** |

**Innspel. 380 - politisk bestilling, LNF spreidd bustad – Hålandsneset (dette skjemaet gjeld område ved Landerøy)**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 42/3 mfl. |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | LNF spreidd bustad |
| **Arealstorleik:** | Ca 165 daa. |
| **Forslagsstillar:** | Politisk innspel |
| **Grunneigar:** | Fleire |

**Skildring**: Følgjande plassar (sjå vedlagt kart) ønske politisk gruppe KU-vurderingar for spreidd bustad i neste planperiode.
Det er og kommen inn fleire private innspel i det same området på same arealføremål.

*Dette KU-skjemaet gjeld område ved Landerøy lengst sørvest (sjå vedlagt kart til høgre).*

Kartutsnitt/foto

**KU for LNF Spreidd 10-15 bustader totalt**




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (raud) | Det er fleire trua og nærtrua artar innanfor og like ved føreslått område. Innanfor føreslått areal ligg eit belte med rik edellauvskog registrert i 2012. Det er og ask som er freda i medhald av naturmangfaldlova, samt alm som er sterkt trua. Det er dessutan registrert kystblåfiltlav kategorisert som nær trua. Delar av arealet ligg og innanfor kystmyr. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Det er ingen kjende konfliktar med temaet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Store delar av arealet ligg innanfor friluftsområde kategorisert som viktig. Det er likevel vurdert at bygging av eit fåtal bustader i LNF spreidd - ikkje vil påverka friluftsliv negativt i vesentleg grad. |
| **Foureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (gul) | Mindre delar av arealet i aust ligg innanfor gul og raud støysone til Fv. 5086. Ingen anna kjend forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | (gul) | Det ligg eit tjern (Sandalstjørna) like nord for området, frå tjernet renn ei elv som gjennom delar av området. Sjølv om elva ligg |

| | | |
|---|---|---|
| | | innanfor området, vil ikkje føresegna tillate bygging av bustad for tett på vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje i 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Råkar barskog med særs høg bonitet. Råkar mindre areal med fulldyrka jord, overflate dyrka jord og areal med innmarksbeite. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ca. 8,5 km til skule og barnehage i krins, begge har kapasitet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avhengig av bil eller buss til skule og barnehage og andre servicetilbod. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplass innanfor rimeleg rekkevidde. Det er nærturterreng i området og tilgjengeleg strandsone like ved. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Mindre delar av området i nord ligg innanfor aktsemdområde for skred. |
| **Samla vurdering** | | **Område vert ikkje teke med i planen**<br><br>**Det er vurdert at det er for mange konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema, då spesielt naturmangfald. Avbøtande tiltak vil ikkje vera tilstrekkeleg**. |

# HÅLANDSNESET

-

## VIDARE

| Feltnamn/områdenamn i plankart: IDR 03 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 10_1, Idrettsanlegg – ved grendahuset** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *38/2* | Kartutsnitt/foto  |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Idrettsanlegg* | |
| **Arealstorleik:** | *1,4 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendelag* | |
| **Grunneigar:** | *Hålandsneset Grendelag* | |
| **Skildring**: *Hålandsneset grendelag ynskjer å setja av areal til fellesaktivitet/fotballbane/* *ballbinge ved Grendahuset.*  | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen trua artar registrert i, eller i nærleiken av området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende konfliktar. **Landskapsbilete:** Føreslått plassering for ønska fotballbane ligg i dag som ei planert flate i høgda bak grendahuset. Topografien til flata gjer at denne eignar seg til ballbinge/fotballbane utan at det krev for store terrenginngrep. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Tiltenkt område ligg innanfor eit grovmaska kartlagt friluftslivområde (Hålandsneset) rekna som viktig. Tiltaket er ikkje vurdert å hindra ålmenta tilgang til friluftsområde. Tiltaket vil kunne bli eit positivt tilskot til friluftsaktivitetar i område. Sidan dette allereie er eit planert område, vil det ikkje krevje store terrenginngrep. Det er difor vurdert at eit endra arealføremål ikkje vil påverka friluftsområde negativt i vesentleg grad. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining. Det har lenge vore kjent at gummigranulata i kunstgrasbanar kan vere ei kjelde til forureining, dette er ein faktor det kan vere verd å ta med vidare i prosessen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje i 100 – metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Tiltaket kjem ikkje i konflikt med dyrka mark.<br><br>Terrenget er godt eigna tiltenkt føremål, slik som det er utforma i dag.<br><br>På flata, kor fotballbanen er tiltenkt er det ikkje registrert arealressursar. Men dersom flata på fotballbanen blir større enn dagens planerte flate, vil bana hamna i arealressurs kartlagt som lauvskog med særs høg bonitet (sjå grønt område i utklippet under):<br><br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | God plassering i høve nærliggande bustader. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Tiltaket vil vera positivt for born og unge i nærområde. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – får føremålet idrettsanlegg**<br><br>**Det er ingen avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Terrenget er godt eigna til tiltenkt føremål slik som det er utforma i dag. Arealet ligg innanfor kartlagt viktig friluftsområde, men sidan det allereie er eit planert område, vil tiltaket ikkje krevje store terrenginngrep. Det er ikkje vurdert at eit endra arealføremål vil påverka friluftsområde negativt i vesentleg grad.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart:**<br> |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 06**

**Innspel nr. 10_10, LNF – spreidde bustadar – Hålandsneset (nord for fylkesvegen)**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *Samling av fleire eigedomar* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og offentleg eller privat tenesteyting* |
| **Foreslått arealføremål:** | *LNF – spreidde bustadar* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 425 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset grendalag* |
| **Grunneigar:** | *Samling av fleire grunneigarar* |

**Skildring**:

*Delar av tilgrensande område er i dag avsett til LNF spreidd bustadar. Forslagstillar ynskjer å utvida dette føremålet til å gjelda områda som går fram av innspelet. Område som er ynskjeleg å utvida ligg nær Færavågvegen, og Hillesvikvegen.*

*Ettersom innspelet dekker eit stort areal vert KU-delt opp i to skjema. Denne KU-en gjeld for området nord for fylkesvegen, ved Færavåg (sjå kartutsnitt under)*




Kartutsnitt/foto



*Kommuneplanen er vist i kartet, med område for spreidde bustadar (mintgrønn). Områda i klar grøn er i innspelet føreslått som utviding av desse.*




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen registrerte trua, sårbare- eller framande artar i området, men heilt nord, like utanfor føreslått område er det funn av rik edellauvskog registrert i 2009. Gul pærelav (funn 2012 og 2018, nær trua), ask (funn 2009, sårbar) og kystblåfiltlav (nær trua).<br><br>Det er ikkje vurdert at eit endra arealføremål til LNF spreidd bustad vil påverka naturmangfaldet i tilgrensande område neagtivt. |

| | | |
|---|---|---|
| | |   |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Delar av området i nord ligg i dagens plan innanfor omsynssone for naustmiljø Færavåg, denne omsynssonen vil ikkje verte teke med vidare ved rulleringa. Viser til kulturminneplan 2020-2030, kor det er lista opp fire verneverdige naustmiljø.<br><br> <br><br>**Landskapsbilete:** Landskapet ligg til veg, og terrenget er relativt flatt slik at det kan byggast her utan for store terrenginngrep.<br><br>Spreidde bustadar finst allereie i området, slik at omgjering til føreslått føremål ikkje vil medføra store endringar i landskapsbilete. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagt friluftslivområde; Hålandsneset. Dette er registrert som eit viktig friluftsområde (nærturterreng). <br><br>Det er likevel vurdert at friluftsområdet ikkje vert nemneverdig råka av innspelet. I kartbladet i fylkesatlas står det følgjande om friluftsområde:<br><br>*«Område er mykje brukt til jakt. Ein del merka turstiar. Turen opp til Liavarden er mest populær i nærområdet. Rekkjetunet i Færavåg har vore drive som eit kunst- og kultursenter i Tysnes. Den eldste bygninga kan daterast tilbake til 1599. Rekkjetunet er ope for omvising etter avtale.»*<br><br>Sjølv om arealet med eksisterande bustader ligg innanfor dette svært grovmaska friluftsområdet, har området lite til felles med skildringa av friluftsområdet. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsatt for kjend forureining, og tiltaket i seg sjølv vil ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Vil ikkje påverke vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av innspelt område ligg i nordlege del innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men i eit område kor det finst busetting frå før.<br><br>Innspelet vil verte justert i høve 100- metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er fleire spreidde, mindre areal for innmarksbeite (lys gul), overflate dyrka (sterk gul) og fulldyrka jord (oransje) i området, men ingen større enn 10 dekar.<br><br>Føresegna som omtaler bustad i LNF spreidd vil uansett hindra bygging innanfor dyrka mark. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 6 km til Uggdal med tilhøyrande nærbutikk og skule. Legg opp til meir klimagassutslepp gjennom auka avstandar og tilhøyrande bilbruk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen etablerte leikeplassar nært området. Det innspelte arealet ligg inne i eit område med nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går høgspentline i delar av det innspelte området.<br><br>Kart frå kommunekart.com |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – men vert justert i høve KU-tema**<br><br>**Området har etablert infrastruktur/vegnett som går tvers gjennom, det ligg spreidde bustader på staden frå før. Området** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **vert teke med i planen som spreidd bustad i LNF, men vert justert med omsyn til 100-metersbeltet mot sjø.**<br><br>**Når det gjeld friluftsområdet, er det vurdert at det ikkje vert nemneverdig råka av innspelet. Sjølv om området med eksisterande bustader ligg innanfor dette svært grovmaska friluftsområdet, har området lite til felles med skildringa av friluftsområdet.**<br><br>**Det er og kommen inn eit politisk innspel på nesten tilsvarande område, i det politiske innspelet er arealet trekt lenger sørover mot fylkesvegen, arealet i sør vert innlemma i det innspelte området, men vert justert i høve mellom anna bandlegging i samband med E 39 og nyregistrerte kulturminne i den samanheng.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| **Feltnamn/områdenamn i nytt plankart: P7** |
|---|

| **Innspel nr. 010_2, Parkeringsplass – Hålandsneset** |
|---|

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *39/1* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *Spreidde bustadar* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Parkeringsplass* | |
| **Arealstorleik:** | *4,7 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Hålandsneset Grendelag* | |
| **Grunneigar:** | *Fredrik Færevåg Misje* | |



**Skildring**:

*Hålandsneset grendelag ynskjer å setja av areal til parkeringsplass tilhøyrande gravplassen på Amland. Dei opplev store kapasitetsproblem for parkering her i forbindelse med gravferder, som er svært uheldig.*

*Føreslått parkering er vist i 3D-bilde under. Til høgre ved svart markør visar føreslått plassering av parkeringsplassen. Gravplassen ligg til venstre i bilete. Grunna smal veg og helling i terreng, er dette plasseringa som grendelaget meiner er den beste i området rundt gravplassen, sjølv om det er 120 meter mellom gravplassen og p-plassen.*



| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagde friluftslivområder, og plasseringa av parkeringsplassen vil ikkje vera til hinder for utøving av almen ferdsle. Ein parkeringsplass vil derimot gjera området meir tilgjengeleg, både for folk som skal til gravplassen, men og for dei som vil nytta naturen og sjøarealet rundt. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining i dag.<br>Det renn ein bekk/elv gjennom område, det er ein sjanse for at miljøtilstanden på vatnet vert forringa av tiltaket. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Renn ei elv/bekk gjennom område. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 meter frå sjøen, og vil ikkje påverke strandsona negativt. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innanfor området kor det er føreslått parkeringsplass, er det registeret naturressursar som barskog med skogbonitet som er særs høg (datafangst frå 1968). Denne datafangsten er av eldre dato, det er difor uvisst kor reelt dette er i dagens situasjon.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går eit aktsemdområde for flaum i tilknyting til elva. Avbøtande tiltak i høve flaum kan vera aktuelt.<br><br> |
| **Samla vurdering av konsulent før formannskapsmøtet 22.02.2024** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Store delar av området ligg innanfor aktsemdsone for flaum frå elva. Det vart sett på moglegheita for å justere område i høve flaumsone, det er lite areal att etter justeringa.** |
| **Ny vurdering/konklusjon av formannskapet 22.02.2024** | | **Formannskapet har i møte 22.02.2024 konkludert med at innspelet skal inn i planen.** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**  |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 12 |
|---|
| **Innspel nr. 126, Føremål for utsiktshytter i tretoppar – Kubbervik** |

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *43/8* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Utsiktshytter i tretoppar (etablering av næringsområde)* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Tor Erling Lunde* |
| **Grunneigar:** | *Tor Erling Lunde* |

**Skildring**:
*Plasseringa ligg i Kubbervik, om lag 1 km nordvest for Færavåg. Nærområdet til innspelet har vore nytta som gjestgiveri, med overnattingsmoglegheiter. Området ligg fint til i naturen, og strandsona er opparbeida med sandstrand og er tilgjengeleg for ulike brukargrupper. Grunneigar ynskjer å utvida overnattingstilbodet og leggje til rette for fire utsiktshytter montert i tretoppar aust for området, som vist i kartet til høgre. Difor er det ynskjeleg å etablere eit næringsområde nært det som allereie er regulert i gjeldande kommuneplan.*

Området sett frå nord:



Tiltenkte hytter er planlagt på toppen ved den svarte markøren og sørover langs fjellveggen.

Vedlegg i innspelet som viser ynskjeleg plassering av dei fire hyttene:




Kartet viser eksisterande kommuneplan og planlagt arealføremål.




| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Ingen/liten | Innspelet ligg på andre sida av Veslestraumen i forhold til Store Bjørnarøya, som er eit regnskogsområde med svært viktig verdi. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det er vurdert at innspelet ikkje vil påverke regnskogsområdet negativt.<br><br>Kjelder:<br>• MIS-registrering<br>• NGU – marine naturtypar<br>• Miljødirektoratet – naturtyper – hb13<br>• Miljødirektoratet – naturvern<br>• Miljødirektoratet – Vern_naturområder_NiN<br>• Miljødirektoratet – Kartleggingsenheter_NiN<br>• Miljødirektoratet – naturtyper_KUverdi<br>• Miljødirektoratet – Naturtyper – marine – hb19<br>• Miljødirektoratet – naturtyper_nin<br>• Miljødirektoratet – arter av nasjonal forvaltningsinteresse<br>• Miljødirektoratet – Arter og funksjonsområder<br>• Miljødirektoratet – Utvalgte naturtyper<br>• Sensitive artsdata<br>• Artsdatabanken – kart |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | Ingen/liten | Innspelet er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.<br><br>Kjelder:<br>• Sefrak<br>• Askeladden<br>• Miljødirektoratet – verdifulle kulturlandskap |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | Middels negativ konsekvens | Innspelet forringar friluftslivs- og strandsoneverdiar, men dette kan motverkast gjennom materialval, plassering i terrenget, grøn buffer med meir.<br><br>Kjelder:<br>• Kommunens kartlegging<br>• Miljødirektoratet – friluftsliv_statlig_sikret<br>• Ut.no |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | Ingen/liten | - Ikkje registrert grunnforureining<br>- Ikkje registrert støy<br>- Området ligg nært vassførekomsten Søreidvika, som har moderat økologisk tilstand (med god økologisk tilstand som mål)<br>- Vurderast til låg risiko for luftforureining<br><br>Kjelder:<br>• Støysonekart SVV<br>• Miljødirektoratet – grunnforurensning<br>• Miljødirektoratet – TilstandPotensialRisiko |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | Middels negativ konsekvens | Innspelet ligg < 20 meter frå sjøen (vassførekomsten Søreidvika), som har moderat økologisk tilstand (med god økologisk tilstand som mål). Det er mogleg å iverksette avbøtande tiltak, som å oppretthalde kantvegetasjon mot sjøen. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | Middels negativ konsekvens | Innspelet ligg < 20 meter frå sjøen. Tiltaket vil føre til ein privatisering av strandsona. Det er mogleg å iverksette avbøtande tiltak, som å oppretthalde kantvegetasjon mot sjøen, materialval, samt plassere bygg slik at dei ikkje er skjennerande eller har vesentleg fjernverknad mot omkringliggande område. |
| **Jord- og skogbruk** | Ingen/liten | Området er registrert som lauvskog med særs høg bonitet. Området er 2 daa, og vil av den grunn ikkje råka drivverdig skogareal i særleg grad.<br><br>Kjelder:<br>• NIBIO - AR5 |
| **Sosial infrastruktur** | Ikkje relevant | Ikkje relevant for innspelet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | Stor negativ konsekvens | Tiltaket ligg meir enn 3 km frå lokalsenter og nærbutikk, og over 1 km i luftlinje frå kollektivtransport. Ved avbøtande tiltak – som presisering i føresegn om at det berre opnast for maksimalt fire utleigehytter og ikkje etablering av veg, vert temaet gult.<br><br>Kjelder:<br>• Google Maps |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | Middels negativ konsekvens | Næringsformålet ligg langt unna lokalsentra. Formålet er lite i storleik, og gir minimalt med arbeidsplassar. Vert grøn ved presisering i føresegna av at det skal byggjast utleigehytter. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | Middels negativ konsekvens | Området er ikkje registrert som leikeområde for barn. Samtidig har skog/strandsone stort potensiale for bruk. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde**<br>Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | Middels negativ konsekvens | Området ligg under marin grense, men det er ikkje kartlagt om området har marin leire. Området ligg over nivå for flo og havnivåstigning. Området er aktsemdområde for marin leire, men utanfor anna skredområde. Beredskapstid kan potensielt vere lang, grunna tilgang via båt.<br><br>Kjelder:<br>• NGU - løsmasser<br>• Kartverket - Se Havnivå<br>• NVE – aktsomhetskart for jord- og flomskred |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet har totalt sett fleire negative konsekvensar.**<br><br>**Innspelet anbefalast med atterhald om at:**<br><br>- **det etablerast maksimalt fire utleigehytter og ikkje anna næring,**<br>- **området ikkje får tilkomst via veg ,**<br>- **det oppretthaldast kantvegetasjon mot sjøen.**<br>**Skal endringsforslaget tas inn i KPA må dette sikrast i føresegnene.** |

| **Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 03** | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 017_1, Bustad – Landeråen** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *42/2* | Kartutsnitt/foto<br> |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF / LNF spreidd bustad* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 19,5 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Aslaug Paulsen og Britanna L. Rondestvedt* | |
| **Grunneigar:** | *Malvin Ole Landeråen* | |
| **Skildring**:<br>*Føreslått område ligg på Landeråen, og er barndomsheimen til forslagsstillarar. Eigedomen ligg fint til med god utsikt og solforhold. I dag ligg det nokre bygg på eigedomen, men dersom søstrene som legg fram innspelet skal kunne bu der, er det behov for å regulere til bustad, og skilje ut ei tomt til kvar søster. Dei ynskjer og å kunne leggja til rette for fortøying av robåt nede ved sjøen i Gangstø (dette behandlast for seg sjølv som innspel 17_2 (dette er silt ut- og vert ikkje teke med i planen).* | | |

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert trua eller raudlista artar i området. Aust for området, på andre sida av Landeråvegen er det registrert Ask i 2012 som er sårbar. Det innspelte tiltaket er ikkje vurdert å påverka negativt.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kulturminne registrert i, eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Det ligg allereie bygningar på og rundt området i dag, og nye |

| | | |
|---|---|---|
| | | bygningar vil difor ikkje bli ein ny type element som forringar landskapsbilete vesentleg. Området ligg fint til, og bygningane som i dag er etablert på eigedomen er markert med svart markør:  |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit grovmaska kartlagt friluftslivsområde Hålandsneset, kategorisert som viktig nærturterreng. Det er ikkje synlege turstiar på karta innanfor innspelt areal, innspelet er ikkje vurdert å hindra ålmenta tilgang til friluftsliv i nærområdet.  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket i seg sjølv vil ikkje forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området kor terrenget eignar seg for bustadar ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | På eigedomen er det registrert innmarksbeite. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel registreringa frå 1968 er i dagens situasjon.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ved regulering til bustad, vil det vera eit stykke til barne- og ungdomsskule og servicetilbod, det er omlag 10 km til Uggdal skule. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen etablerte leikeplassar nært området. Det innspelte arealet ligg inne i eit område registrert som nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd- eller fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – får føremålet LNF - spreidd bustad**<br><br>**Det er vurdert at det samla sett ikkje er avgjerande konfliktar knyt til innspelet. Delar av det innspelte arealet i aust er sett av til spreidd bustad i gjeldande kommuneplan, det er difor berre snakk om ei mindre utviding mot vest kor det i dag er skog.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 06 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 350 - Politisk bestilling LNF spreidd bustad – Hålandsneset (dette skjemaet gjeld område ved Færavåg)** | |

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 36/3 mfl. | |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | LNF spreidd bustad | |
| **Arealstorleik:** | Ca. 220 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Politisk innspel | |
| **Grunneigar:** | Fleire | |

**Skildring**: Følgjande plassar (sjå vedlagt kart) ønske politisk gruppe KU-vurderingar for spreidd bustad i neste planperiode.

Det er og kommen inn private innspel i det same område på same arealføremål.

*Dette KU-skjemaet gjeld område i nordaust ved Færavåg (sjå sirkel i vedlagt kart til høgre).*

**KU for LNF Spreidd 10-15 bustader totalt**




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innanfor føreslått areal i nordvest er eit område med rik edellauvskog registrert i 2009. Det er registrert observasjon av fuglearten Granmeis som er sårbar, registrering frå 2019. I edellauvskogen nordvest og vest for området er det registrert kystblåfiltlav og gulpærelav samt ask som er nær trua og trua.<br><br>Ein justering av storleik på føreslått område er difor aktuelt for å unngå konflikt med naturmangfaldet. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Delar av området i nord ligg i dagens plan innanfor omsynssone for naustmiljø Færavåg, denne omsynssonen vil ikkje verte teke med vidare i ny plan (viser til kulturminneplan 2020-2030).<br><br>Det er elles nyregistrerte automatisk freda lokalitetar i sørlege del av innspelt område, registrert i samband med ny E 39. Innspelet vil verte justert i høve trase for E 39 og kulturminne. Føresegna vil uansett ikkje tillate bygging av bustad der kor det finst eit registrert kulturminne. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Store delar av arealet ligg innanfor friluftsområde kategorisert som viktig. Det er likevel vurdert at friluftsområdet ikkje vert nemneverdig råka av innspelet. I kartbladet i fylkesatlas står det følgjande om friluftsområde:<br><br>*«Område er mykje brukt til jakt. Ein del merka turstiar. Turen opp til Liavarden er mest populær i nærområdet. Rekkjetunet i Færavåg har vore drive som eit kunst- og kultursenter i Tysnes. Den eldste bygninga kan daterast tilbake til 1599. Rekkjetunet er ope for omvising etter avtale.»*<br><br>Sjølv om arealet med eksisterande bustader ligg innanfor dette svært grovmaska friluftsområdet, har området lite til felles med skildringa av friluftsområdet. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ingen kjend forureining i dag.<br><br>Det er ikkje vurdert fare for at miljøtilstanden i Stølstjørna vert forringa, då føresegna ikkje tillate bygging nærare enn 20 m til vatn/vassdrag. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det ligg eit tjern Stølstjørna, vest i området. Sjå forklaring over. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ein mindre del av området lengst nord hamnar innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Dette er likevel eit område kor det allereie ligg spreidde bustader frå før.<br><br>Ein justering av arealet i høve 100- metersbeltet er aktuelt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Råkar bar – og lauvskog med særs høg bonitet. Råkar mindre areal med fulldyrka jord, overflate dyrka jord og areal med innmarksbeite.<br>Føresegna som omtalar bustader i LNF spreidd vil forhindra bygging av bustader på dyrka mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule og barnehage i krins, har kapasitet. |
| **Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima** | | Avhengig av bil eller kollektivt til skule og servicetilbod pga. store avstandar. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplass innanfor rimeleg rekkevidde. Det er nærturterreng i nærleiken og tilgjengeleg strandsone like ved. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Mindre delar av innspelt område i nord ligg innanfor aktsemdområde for skred.<br><br>Dei delar av innspelet som ligg innanfor aktsemdsone vil ikkje verte teke med i planen. |
| **Samla vurdering** | | **Område vert teke med i planen – men vert justert i høve KU-tema**<br><br>**Det er nokre mindre konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Området vert justert med omsyn til 100-metersbeltet og naturmangfald i nord. Sørlege del av det innspelte området vert og justert i høve trase for nye E 39 samt nyregistrert kulturminne i samband med denne vegplanen.**<br><br>**Endring av arealføremålet frå LNF, til LNF-spreidd bustad, vil gjera situasjonen betre for eksisterande bustader i området, det vil og gi rom for etablering av eit fåtal nye bustader i eit område kor det allereie er tilgjengeleg infrastruktur.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

<table>
<tr><th colspan="3">Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 05</th></tr>
<tr><th colspan="3">Innspel nr. 360 - Politisk bestilling LNF spreidd bustad – Hålandsneset (dette skjemaet gjeld område ved Hillesvik)</th></tr>
<tr><td>Gnr./bnr.:</td><td>38/1 mfl.</td><td rowspan="7">Kartutsnitt/foto<br><br></td></tr>
<tr><td>Dagens arealføremål:</td><td>LNF og LNF spreidd bustad</td></tr>
<tr><td>Foreslått arealføremål:</td><td>LNF spreidd bustad</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik:</td><td>Ca. 55 daa</td></tr>
<tr><td>Forslagsstillar:</td><td>Politisk innspel</td></tr>
<tr><td>Grunneigar:</td><td>Fleire</td></tr>
<tr><td colspan="2">Skildring: Følgjande plassar (sjå vedlagt kart til høgre) ønske politisk gruppe KU-vurderingar for spreidd bustad i neste planperiode.<br><br>Det er og kommen inn fleire private innspel i det same område på same arealføremål.<br><br>Dette KU-skjemaet gjeld område lengst søraust ved Hillesvik (sjå sirkel i vedlagt kart til høgre).</td></tr>
</table>

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen kjende konfliktar til innspelet i kategori naturmangfald. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen kjende konfliktar med temaet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Eit areal i innspelt område ligg dels innanfor eit viktig friluftsområde, men tiltakets art er ikkje vurdert å påverka friluftsområdet negativt i vesentleg grad. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ingen kjend forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje i 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Råkar barskog med høg- og særs høg bonitet. Råkar ikkje dyrka mark og innmarksbeite. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ca. 8 km til skule og barnehage i krins, har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avhengig av bil eller buss til skule og servicetilbod. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplass innanfor rimeleg rekkevidde. Det er nærturterreng og tilgjengeleg strandsone like ved. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området i sør ligg innanfor aktsemdområde for skred.<br>Går elles ein høgspentline i luft gjennom området.<br><br>Arealet må justerast i høve aktsemdsone for skred. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – og får føremålet LNF- spreidd bustad, området vert justert i høve KU-tema.**<br><br>**Det er ingen avgjerande konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Området vert lagt inn i planen, men justert i høve aktsemdområde for skred og bratt terreng, dette vil og gjera at berre mindre delar av arealet vil hamne innanfor avgrensinga til friluftsområdet. Området vert trekt lenger vestover, mens bratte parti lengst aust går ut.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

# LUNDE

-

## IKKJE VIDARE

## Innspel nr. 012_1, Fritidsbusetnad – Solsvika (Om lag 3km nordaust for Lunde)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *121/4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Fritidsbusetnad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 6 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Sigurd Hansen* |
| **Grunneigar:** | *Sigurd Hansen* |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg ved Solsvika, omtrent 3 km nordaust for Lunde. Det ligg eit mindre felt med bustadar vest for det aktuelle området, kvar eit vidare større felt er avsett til spreidd bureising i gjeldande kommuneplan. Forslagsstillar ser føre seg ein fortetting i området, kvar han ynskjer at området skal settast av til fritidsbusetnad, kvar han ser føre seg 3-5 tomter.*



Kartutsnitt/foto



| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Ingen konflikt er kjend. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Det aktuelle området ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde som er kategorisert som viktig.<br><br>Det er etablert skogsveg inn i området, og det er kort avstand til veg og sjø. Strandlinja i området rundt Solsvika er delvis utbygd, og innspelet vil liggja på tilsvarande platå som feltet for bustadar ved sidan av, men i eit noko meir bratt terreng. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | (grøn) | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø i eit område som i liten grad er bygd frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av produktiv skog. Forslagsstillar legg fram at det er planar om å hugge ein del av skogen i tida framover. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Datafangsten er av eldre dato, det uvisst om den er like aktuell i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand til nærbutikk er om lag 3 km.<br>Dei andre kriteria i kategorien er ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg like utanfor aktsemdsområde/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det innspelte arealet er vurdert som lite eigna til føremålet, det er dårlege solforhald, arealet er elles bratt og kupert. Det er heller ikkje tilstrekkeleg infrastruktur i dag.** |

## Innspel nr. 012_2, Rorbu – Solsvika nordaust for Lunde

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *121/4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Rorbu* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Sigurd Hansen* |
| **Grunneigar:** | *Sigurd Hansen* |

Kartutsnitt/foto



**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg ved Solsvika, omtrent 3 km nordaust for Lunde. Arealet som grensar til det aktuelle området er avsett til LNFR og andre typar bustadar og anlegg, med faresone for ras- og skred. Forslagsstillar ynskjer rorbu i området, og ber om at eksisterande naust kan søka bruksendring og byggjast* om.



| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Det er ikkje kjend at innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Det aktuelle området ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde som er kategorisert som viktig. Det er registrert potensiell strandsone med liten til noko helling i området. Ein fortetting er ikkje vurdert å ville hindra tilgang til friluftsområde i særleg stor grad. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | (grøn) | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | (gul) | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i ein strandsone som er dels bygd frå før. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog, kratt og strandsone. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst om datafangsten frå 60- talet er like reel i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima** | | Avstand til nærbutikk er ca. 3 km.<br>Dei andre kriteria i kategorien er ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg like utanfor aktsemdsområde for skred og steinsprang. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen –**<br><br>**Rorbu eller naust bør byggast som fortetting innanfor areala nordvest for innspelet som allereie er sett av til føremålet, der er det framleis god kapasitet.** |

**Innspel nr. 15_1, spreidd bustad – Gripnesvågen**

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *120/13 og 120/2* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 9 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Erling Utne* | |
| **Grunneigar:** | *Erling Utne* | |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg like ved Gripnesvågen, på Synningsneset. Ovanfor det aktuelle området ligg eit utbygd felt for bustadar. Forslagsstillar ynskjer at det aktuelle områder blir avsett til utbygging av spreidd bustad, i direkte tilknyting til eksisterande område med bustadformål. Det aktuelle området ligg også i tilknyting til eksisterande naustmiljø i Synninga. Det er veg fram til området, og det er tilgang til vatn og elektrisitet til tilstøytane område samt etablert ei løysing for kloakk. Forslagsstillar ser føre seg 2 bustadar.*





| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (gul) | Like i grensa på det aktuelle området er det registrert Ask (2008) og Villeple (2008), som begge er sårbare artar på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Innspelet er ikkje kjend å komme i konflikt med kulturminne, kulturmiljø eller prioritert kulturlandskap.<br><br>Like aust for det aktuelle området er det i gjeldande kommuneplan angitt omsynssone for naustmiljø.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området er brattlendt med skrint jordsmonn, og det vil liggja eksisterande bustadar bak ei eventuell utbygging av området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (grøn) | Området er ikkje registrert som eit viktig friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, innanfor eit område som ikkje er bygd frå før, med unntak av enkelte naust i nordaust. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog og kratt. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel datafangsten er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Lunde Barnehage ligg i området og har kapasitet. Skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | 1.-4. klasse må transporterast til Uggdal skule, avstand 16 km. 5.-10. klasse går på Tysnes skule, avstand 10 km. Næraste busshaldeplass ligg om lag 1,5 km unna og butikk ca. 2 km unna. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen dedikerte leikeplassar i området. Om lag 500 m avstand til nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Innspelt område vil legge beslag på elles urørt strandsone og natur. Det vert lagt opp til spreidd bustad i LNF andre stader på Lunde, kor det er areal som ligg nær sjø, men ikkje i strandsona.** |

| Innspel nr. 015_2, Naustmiljø – Gripnesvågen, på Synningsneset | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *120/13 og 120/2* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naustmiljø* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Erling Utne* | |
| **Grunneigar:** | *Erling Utne* | |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg like ved Gripnesvågen, på Synningsneset. Ovanfor det aktuelle området ligg eit utbygd felt for bustadar. Det aktuelle området ligg i nær tilknyting til eksisterande naustmiljø i Synninga. Det er veg fram til området, og det er tilgang til vatn og elektrisitet til tilstøytane område samt etablert ei løysing for kloakk. Forslagsstillar ynskjer at området blir avsett til naustområde, kvar han ser for seg 5-7 naust.*





| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (gul) | Like i grensa på det aktuelle området er det registrert Ask (2008) og Villeple (2008), som begge er sårbare artar på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br><br>Aust for det aktuelle området er det i gjeldande kommuneplan angitt omsynssone for naustmiljø. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (grøn) | Området er ikkje registrert som eit viktig friluftslivområde. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Området er ikkje kjend å vera utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | (grøn) | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, det er ikkje bygd naust på neset frå før, eit tiltak her vil ikkje vera fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg skog, kratt og berg. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel datafangsten frå 60 – talet er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er få konfliktar med ovanfornemnte miljø- og samfunnstema, men tiltaket vil likevel leggje beslag på urørt strandline i LNF - og gjeld ikkje fortetting av eksisterande naustmiljø. Det er eit eksisterande naustmiljø lenger sør ved Kattanes, det vert meir naturleg med ei fortetting der.** |

## Innspel nr. 48, Turisme- og næring – Humlevika (Om lag 1,5 km vest for Lunde)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *108/5* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Turisme- og næring* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 50 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Rolf Inge Jacobsen* |
| **Grunneigar:** | *Rolf Inge Jacobsen* |

Kartutsnitt/foto



**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg i Humlevika, omtrent 1.5 km vest for Lunde. Området strekkjer seg frå Humlevikvegen og ned til sjøkanten. Området grensar til reguleringsplanen «Galanten», kvar arealformålet hovudsakeleg er landbruk, bustad/forretning/kontor og friluftsområde. Det er frådelt to tomter med nausteigedom der ein nausttomt er bebygd. Disse eiger også forslagsstillar. Forslagsstillar ynskjer å få utskilt eigedommen og utvikle næring med spreidd utbygging for turisme og friluftsliv.*

*Innspelet vert ein forlenging av det eksisterande feltet som grensar til området, kvar det er bustad/forretning/kontor og friluftsområde som arealformål.*



| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert at innspelet kjem i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området på land ligg ikkje innanfor eit kartlagt friluftsområde, men i sjø er registrert som eit viktig område for friluftsliv. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. Området i sjø er registrert som eit lokalt viktig gytefelt. Strandsone i det aktuelle område er ikkje bygd i dag og står fram som urørt. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog og kratt. Deler av skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Innspelet gjeld eit område omtrent 1.5 km vest for Lunde, kvar det er eit ynskje om å utvikle næring med spreidd utbygging for turisme og friluftsliv i naturskjønne omgjevnader til sjø, fjell og Lunde. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | I dei austlegaste delane av området ligg det inne eit aktsemdsområde for snøskred.<br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det innspelet område ligg i 100-metersbeltet mot sjø i eit elles ubygd område. Området i sjø er registrert som lokalt gytefelt.** |

## Innspel nr. 087, Parkering/klargjeringsareal for båt, naust og småbåtanlegg – Gripne

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *119/3, 119/29* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF, FFNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Parkering/klargjeringsareal for båt, naust og småbåtanlegg* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 9 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Elise J Tvedt- Per Vermedal* |
| **Grunneigar:** | 119/3: Elise Johanna Tvedt<br><br>119/29: Ingen informasjon |

Kartutsnitt/foto




Inndeling av areala over. Vedlegg til innspelet under




**Skildring**:

*Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for en småbåthamn ved Gripne. Eit flytebryggeanlegg med plass til 10-20 båtar. Parkering/klargjering og lagerhus for anlegget. Arealet ligg i eit område kor det i dag finst naust, småbåthamner og bustadar.*

*Ein naustrekkje med plass til 8-10 naust med kai. Naustrekkja kan komme inn på fylkeskommunen sitt areal. Lage parkeringsplass for bil og klargjerings/parkeringsplass for båt.*



| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I og nær det aktuelle området er det registrert ein sårbar og ein framand art. Sistnemnde ligg i området, og er karplanta Parkslirekne som er kategorisert som «svært høg risiko» (funn i 1995). I 2014 blei dei nær trua fugleartane Ærfugl, Fiskemåke og stær registrert nord for området.<br><br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området sør for Malkenesvegen ligg innanfor registrert friluftslivområde, utfartsområde; Bjørnåsen-Tuvefjellet. Det kan vera positivt å gjera området meir tilgjengeleg, og gi fleire moglegheit til å nytta småbåt på fritida. Innspelet må ikkje hindre allmenn ferdsle, eller forringa kvalitetane som finst her i dag. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje kjend å vera utsett for forureining, men foreslått føremål vil kunne gi noko auke i forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ei elv har sitt utløp direkte vest for det innspelte arealet. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet, det er i dag lite utbygd i strandsona her, tiltaket vil ikkje kunne reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Arealet kor det ut frå teikninga som følgde innspelet er lagerhus , består av fulldyrka mark. Området sør for Malkenesvegen er delvis dekt med innmarksbeite.<br>Innanfor området er det registrert fulldyrka jord, innmarksbeite, skog og open fastmark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare | | Delar av området ligg i aktsemdsområde for flaum. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| • Skytebane | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er vurdert at innspelet vil koma i konflikt med fleire av ovanfornemnte miljø- og samfunnstema. Det er andre småbåthamner og naustmiljø i området som kan verte utvida, i staden for å etablere eit nytt - og leggje beslag på elles tilgjengeleg strandsone.** |

## Innspel nr. 96, Næring i sjø – Ved Heggland, nord på Tysnes

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *I sjø* |
| **Dagens arealføremål:** | *NF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring i sjø* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 75 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Lerøy Sjøtroll* |
| **Grunneigar:** | *I sjø* |

Kartutsnitt/foto






**Skildring**:

*Innspel gjeld å definera eit areal utanfor settefiskanlegg ved Heggland nord på Tysnes til næringsareal i sjø, slik at det er mogleg å søkja inn eit vassbasseng i sjø utan å gå om dispensasjon.*

*«I vedlagt kartutsnitt har vi forslag til endring av fleirbruksareal ved Heggland utafor Skipavika nord på Tysnes, vi har også lagt på posisjonane på dei endringane me føreslår. I tillegg har vi prøvd å grunna endringane vi føreslår.*

*I dette området disponera LV setjefiskanlegget LV avd. Heggland. Dette er eit setjefiskanlegget har tilgang på ferskvatn, dette vatnet kan nyttast til å badebehandle laks og regnbogeaure mot parasittar som lakselus og ulike gjelle parasittar. Ei slik badebehandling er miljøvenleg og blir gjennomført ved at fisken vert pumpa inn i brønnbåt med ferskvatn i brønnen. LS ynskje moglegheit til å fortøya ein ring med presenning i dette området der det i dag ligg ei flytebrygge brukt ved levering av smolt, slik at ein kan fylla den med vatn frå setjefiskanlegget. Dette fører til at brønnbåt kan hente vatnet frå presenningen og gå til ulike lokalitetar i området ved behandling. Dermed får ein kort lastetid, kortare seglas og dermed vert det mindre ressursbruk og meir berekraftig. I dag hentar vi ferskvatn til behandling i vassbasseng på Saltverket nord av Osterøy og ved Sagen i Samnanger. Når ein badebehandlar i Langenuen sparar ein 20 nm i seglas tur retur ved å gå til Heggland vs. I Samnanger. Ved å definera området i sjø som næringsområde, kan vi søkja om å leggja ein ring der i framtida utan å søkja om dispensasjon frå arealplan. I forslaget til areal har vi også tatt med fortøyingane i det aktuelle området.*

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende sårbare eller framande artar i området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller kring området. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det aktuelle området ligg i 2 ulike kartlagde friluftslivområder. I sjø er området hovudsakeleg dekka av Godøyane, som er eit svært viktig friluftslivområde med strandsone og tilhøyrande sjø og vassdrag. Sjøområda nærare land og i sjø i sør inngår i det kartlagde friluftslivområdet Humlevika, som er kategorisert som eit viktig område med strandsone og tilhøyrande sjø og vassdrag.<br><br>Her er og mykje tilgjengeleg strandsone i tilliggjande landareal, som det vil vera uheldig om blir forringa av innspelet.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining.<br>Det er ikkje klart i kor stor grad innspelet i seg sjølv vil føre med seg lys- og lydforureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ikkje aktuelt. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Tiltaket vil kunne påverka nærliggande strandsona og innsegling til nærliggande naust i vika. Tiltaket vil og kunna forringe innseglinga til Lundevågen. |
| **Jord- og skogbruk** | | Ikkje aktuelt. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Det er ikkje bustader i nærleiken og det er anna spreidd næringsverksemd i området. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |

| | | |
|---|---|---|
| • Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er positivt at ein ønsker ein meir berekraftig drift i form av kortare reiseveg.**<br><br>**Det avgjerande for at innspelet ikkje er teke med i planen er valde plassering. Plasseringa vert rekna som uheldig, då den kan forringe innseglinga til Lundevågen, friluftsområda i sjø og nærliggande strandsone med tilhøyrande naust.** |

## Innspel nr. 114_1, Fritidsbustad – Koløyhamn (Om lag 1 km nord-aust for Lunde)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *114/1 og 4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Fritidsbustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 55 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Mikkel Straume* |
| **Grunneigar:** | *Mikkel Straume* |

**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg ved Koløyhamn, omtrent 1 km nord-aust for Lunde. Området som vert spelt inn ligg som LNF i dag, har eit sjøhus som har vore attåtnæring i landbruket, samt ei hytte som vart skilt ut som tomt på 70 talet frå 114/1. Det ligg køyreveg fram, som kan enkelt moderniserast med asfalt. Infrastruktur ligg i området. Forslagsstillar ynskjer at området skal avsettast til område for fritidsbusetnad i ny kommuneplan.*



Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet er ikkje kjend å koma i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioritert kulturlandskap.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg nord-vest vendt og får solnedgang i Bjørnefjorden mot Halhjem/Korsnes. Det er naturleg terrassering og platå i området, |

| | | |
|---|---|---|
| | | slik at ein kan bevara naturen mest mogleg og likevel få gode og privatiserte eigedommar. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området er ikkje registrert som eit viktig friluftslivområde. |
| **Foreureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-foreureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining ut over normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Store delar av området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område som ikkje er bygd frå før.<br><br>Like nordaust for innspelte område, i vika, er ei låsettingsplass for fiske. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av produktiv skog og kratt. Små delar av skogområdet har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ca. 2,5 km til butikk. Dei andre kriteria i kategorien er ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Område ligg i 100- metersbeltet mot sjø, i eit område som stort sett er ubygd frå før. Like nordaust for innspelet, i vika, er ein låsettingsplass for fiske, kor det vil kunne oppstå konflikt med arealføremål fritidsbustader. Det vil vera naturleg for fritidsbustader å nytta dette området til båt og bading, dette er ikkje foreinleg med ein låssettingsplass.** |

**Innspel nr. 114_2, Naust – Koløyhamn (Om lag 1 km nord-aust for Lunde)**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *114/1 og 4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 12 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Mikkel Straume* |
| **Grunneigar:** | *Mikkel Straume* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg ved Koløyhamn, omtrent 1 km nord-aust for Lunde. Forslagsstillar ynskjer å opna opp for å kunne byggja naust i den ikkje- funksjonelle strandsona langs Koløysundet.*

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminner eller kulturmiljø. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området grenser mot eit område registrert som eit svært viktig friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, i eit område som ikkje er bygd frå før. Det er registrert ein låssettingsplass for fiske i sjø, i vika aust for innspelt område. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området består av skråande terreng med skog, berg og kratt. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Innspelet vil direkte råka låsettingsplass, og urørt/ubygd strandsone. Dette kan ikkje reknast som fortetting. Grensar og til friluftsområde kategorisert som særs viktig.** |

## Innspel nr. 114_3, Småbåthamn – Koløyhamn (Om lag 1 km nord-aust for Lunde)

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *114/1 og 4* | |
| **Dagens arealføremål:** | *NF, fiske* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåthamn* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 3,3 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Mikkel Straume* | |
| **Grunneigar:** | *Mikkel Straume* | |

**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg i Koløyhamn, omtrent 1 km nord-aust for Lunde. Koløyhamn er merka som kasteplass for fiske, men forslagsstillar meina det ikkje har vore nytta til dette føremålet på over 50 år. Det ligg ei eldre sjøbu som har vorte nytta som attåtnæring i landbruket med kurs, møter og samlingar. Forslagsstillar ynskjer at området skal bli sett av til småbåthamn i ny kommuneplan.*






| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området er ikkje registrert som eit viktig friluftslivområde. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i sjø i ubygd strandsone. Plasseringa er føreslått innanfor areal registrert som låssettingsplass for fiske. |
| **Jord- og skogbruk** | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Eit småbåtanlegg vil kunne vere eit positivt tiltak for born og unge gjennom auka tilgang til båtar og sjøen. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Innspelet vil direkte råka låsettingsplass, og urørt/ubygd strandsone. Dette kan ikkje reknast som fortetting.** |

# LUNDE

# -

## VIDARE

| Feltnamn/områdenamn i plankart: LS 1 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 23, LNF – spreidd bustad, fritids- og næringsbusetnad – Malkenes** | |
| **Gnr./bnr.:** | *121/5, 121/94, 121/95, 121/04, 121/7* |
| **Dagens arealføremål:** | *Næring, LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Kombinert landbruk/næring/fritids- og turistmål?* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 159 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Inge Malkenes* |
| **Grunneigar:** | *121/5: Inge Malkenes*<br><br>*121/94: Wilhelm Helmer Magnussen*<br><br>*121/95: Wenche S Kise Haugland*<br><br>*121/4: Sigurd Hansen*<br><br>*121/7: Linda Fonnes Lunde & Anders Lunde* |

Kartutsnitt/foto





**Skildring**:

*Området som er føreslått er eit aktivt gardsbruk, der det i dag er utleigekontor, godkjent for 5 personar i deler av løebygningen. Resten er husdyrrom, verksted og lager. Lenger nede på eigedommen er det sirkelsagbruk og båndsagbruk. Området inneholder og ein plassthall, store delar rundt sagtomta er planert.*

*Det dyrka arealet blir i dag slått og beita, og blir grøfta og vedlikeholdt. Grunnen til at det er viktig å få rett kode på dette arealet er eit innovativt bruk, der brukar fokuserer på å tilrettelegge for at gardsbruket kan bli ein arbeidsplass for den som driver bruket. Det er då veldig viktig at det er moglegheiter til å setje i gang nye prosjekt som er i henhold til planverk. Det er gode vegar i området, som bidrar til eit aktivt næringsområde, der det kan vera mogleg med fleire aktivitetar tilknytta tradisjonelt landbruk. Utleigehytter, camping i mindre omfang kan vera nokre moglegheiter her. Men primært næringsområde, der det ikkje er dyrka mark. Området vist i kart med heilstipla linje, er det som er tenkt næring/landbruksområde.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende sårbare eller framande artar innanfor området. |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor registrert friluftslivområde: Malkenes som er eit nærturterreng. Innanfor området finst det og tilgjengeleg strandsone.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining. Det er ikkje kjend at tiltaket vil utgjere fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Føreslått areal ligg innanfor 100-meterbeltet mot sjø, med nokre omkringliggjande bygningar.<br><br>Skal innspelet takast inn i planen bør det justerast i høve 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innanfor området er det felt med fulldyrka jord og skog, kor mindre deler av denne har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Forslagsstillar seier at næringsområde er tiltenkt der det ikkje er dyrka mark. Føresegna for LNF- spreidd vil uansett forhindra nedbygging av dyrka mark.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

<table>
<tr><td>Transportbehov<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport</td><td></td><td>Ikkje aktuelt opp mot føremålet.</td></tr>
<tr><td>Nærings-strategi<br>Rett verksemd på rett plass</td><td></td><td>Det kan vera positivt å leggja til rette for fleire arbeidsplassar som mogleggjer vekst og turistmål i området.</td></tr>
<tr><td>Born og unge sine oppvekstvilkår</td><td></td><td>Ikkje aktuelt opp mot føremålet.</td></tr>
<tr><td>Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane</td><td></td><td>Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde</td></tr>
<tr><td>Samla vurdering</td><td></td><td>Innspelet vert teke inn i planen – det vert justert i storleik og sett av til LNF- spreidd bustad, fritids- og næringsbusetnad<br><br>Det er vurdert at det er ikkje er avgjerande konfliktar knytt til innspelet. Område vert redusert i nord for og ta omsyn til 100-metersbeltet/strandsona, utskilte tomter i nordvest vert teke med. LNF-spreidd vil ha føresegn som ikkje tillate nedbygging av dyrka mark.<br><br>Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:<br></td></tr>
</table>

## Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA 26 og ABA 54 bestemmelsesområde #17

## Innspel nr. 33, Naust, småbåthamn + servicebygg – Gripnesvågen (2 km nord-aust for Lunde)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *121/23, 121/47, 121/54, 121/1* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF (naustmiljø), FFNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust, småbåthamn + servicebygg* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1,8 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Oddvar Lunde* |
| **Grunneigar:** | *Sælen Paul Hans, Lunde Oddvar, Lunde Gunnvor Regine* |

**Skildring**:
*Oddvar Lunde ynskjer å fortetta naustområdet og setje av dette arealet til naust i kommuneplanen. Her ynskjer han også å kunne leggje til rette for to småbåthamner, kor den lengst nord vil ha eit servicebygg.*



Kartutsnitt/foto




Innspel vist med gjeldande kommuneplan i bakgrunn (LNF med naustmiljø)

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen funn i området, men tvers over sundet er det registrert karplanten Villeple i 2008 som er sårbar og Ask i 2008, også sårbar. Tiltaka innspelet legg opp til er ikkje vurdert å ville påverka naturmangfaldet. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | I gjeldande kommuneplan er det omsynssone for naustmiljø på både vest- og austsida av Synningen, desse vert ikkje vidareført i ny plan. Viser til kulturminneplan 2020-2030, som skildrar kva naustmiljø som kan reknast som verneverdig i dagens situasjon og skal takast spesielt omsyn til. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, men i eit område kor det er bygd fleire naust og ligg flytebryggjer frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | I det aktuelle området er det open fastmark og sjø. Området er ikkje i konflikt med dyrka mark.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde.<br>Delar av arealet kan verte råka ved stormflo/havnivåstigning.<br>Naust er bygningar berekna til oppbevaring av båtar og reiskapar tilknytt dette. Det er ikkje bygningar berekna til overnatting eller varig opphald, difor vurdert som grøn. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er dels teke med i planen – det er sett av eit større areal til fortetting med naust (andre typar nærare angitt busetnad og anlegg ) og småbåtanlegg (føresegnsområde) på austsida av Gripnesvågen/Synningen** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Ingen avgjerande konfliktar med omsyn til miljø- og samfunnstema. Det er fleire naust i området frå før. Innspelet kan sjåast i samanheng med innspel 94_3 fremma av Lunde bygdelag.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik, innspelet vil inngå i eit større areal fremma av Lunde bygdelag:**<br><br><br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA 38, SH 8 og P5 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 34, Naust + småbåtanlegg – Ingerviksneset** | |
| **Gnr./bnr.:** | *121/1* |
| **Dagens arealføremål:** | *Framtidig småbåthamn (faresone ras- og skredfare)* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust + småbåtanlegg* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Oddvar Lunde* |
| **Grunneigar:** | *Oddvar Lunde* |

**Skildring**:
*Plasseringa ligg ved Ingerviksneset. Det aktuelle arealet er i gjeldande kommuneplan avsett til framtidig småbåtanlegg. Etter som at arealet ligg på land vil grunneigar ha meir glede av at arealet leggjast om til arealformål naust. Grunneigar informerer om at småbåthamnområdet blei avsett til det av jordskifte i 1975, og at det følgjer med areal til parkering tilknytt denne.*



Kartutsnitt/foto



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert/kjend trua artar i området, men Ærfugl er registrert noko nord i 2019 og 2020, den er nær trua.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i det aktuelle området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg i registrert friluftslivområde; Malkenes eit nærturterreng.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i 100-metersbeltet til sjø, i eit område med ein del bureising og naust i strandsona frø før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er registrert barskog med særs høg bonitet innanfor området (registrering frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg i aktsemdområde for ras- og skred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br><br>Delar av arealet kan verte råka ved stormflo/havnivåstigning. Naust er bygningar berekna til oppbevaring av båtar og reiskapar tilknytt dette. Det er ikkje bygningar berekna til overnatting eller varig opphald. |
| Samla vurdering | | **Innspelet vert teke inn i planen – område på land vert sett av til naust og område i sjø til småbåtanlegg**<br><br>**Det er vurdert at det samla sett ikkje er større konfliktar til innspelet. Området er allereie sett av til framtidig småbåthamn i førre kommuneplan, det finst naust i området frå før, både nord og sør for innspelet. Det vert dessutan lagt opp til parkering, og det er veg inn til området frå før, som er positivt. I kommuneplanen ligg området i faresone for ras- og skred, eventuelle tiltak må setjast i verk.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

## Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 15

## Innspel nr. 41_1, Bustad - spreidd – Humlevika (1,5 km vest for Lunde)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *106/4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *LNF – spreidd bustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 34 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Roger Heggland* |
| **Grunneigar:** | *Roger Heggland* |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg i Humlevika, omtrent 1.5 km vest for Lunde. Området grensar til reguleringsplanen «Galanten», kvar arealformålet hovudsakeleg er landbruk, bustad/forretning/kontor og friluftsområde. Forslagsstillar ynskjer at det aktuelle området skal bli sett av til spreidd bustad i ny kommuneplan.*



Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor eit kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 -metersbeltet mot sjø. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av produktiv skog. Deler av skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Lunde barnehage har kapasitet. Skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 3,5 km køyredistanse til nærbutikk på Lunde. 1.-4. klassingar må transporterast til Uggdal skule, avstand 10 km. 5.-10. klassingar går på Tysnes skule, avstand 5 km. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen eksisterande leikeplassar i området. Ikkje noko registrert nærturterreng i nærleiken, men det er nærleik til potensielt tilgjengeleg strandsone og sjø. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet LNF- spreidd bustad**<br><br>**Ingen avgjerande konfliktar med miljø- og samfunnstema. Området ligg fint til, det er vestvend med gode solforhald og det er nærleik til sjø, men området ligg utanfor 100- metersbeltet.**<br><br>**Innspelet skal sjåast i samanheng med innspel 41_2 og 41_3, det vert stilt plankrav/samla plan.**<br><br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 07 |
|---|
| **Innspel nr. 41_2, Næring – Humlevika (Om lag 1,5km vest for Lunde)** |

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *106/4* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1,8 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Roger Heggland* | |
| **Grunneigar:** | *Roger Heggland* | |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg i Humlevika, omtrent 1.5 km vest for Lunde. Forslagsstillar ynskjer tilleggsnæring til gardsdrift med utleige av 2 rorbuer, med tilhøyrande brygge.*








| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området i sjø er kartlagt som eit viktig friluftslivområde. Området ligg innanfor ei potensiell tilgjengeleg strandsone med liten til noko helling. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, i eit område kor det ikkje er bygd frå før. Område i sjø er elles registrert som gytefelt for fisk, det har fiske som arealformål i gjeldande kommuneplan. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog, kratt og strandsone. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Innspelet gjeld eit mindre område for tilleggsnæring til gardsdrifta, med potensial for utleige av hytte/rorbu, området ligg fint til ved sjø og vil vera særs attraktivt for turistar med interesse for fiske. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet næring**<br><br>**Innspelet vil komma i konflikt med KU-tema strandsone ved sjø. Det er elles mange positive verknader av innspelet og få negative. Området ligg fint til ved sjø og vil vera særs attraktivt for turistar med interesse for fiske. Innspelet må sjåast i samanheng med innspel 41_1 og 41_3, det vert stilt krav om reguleringsplan/samla plan.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA 25 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 41_3, Naust – Humlevika (Om lag 1,5km vest for Lunde)** | |
| **Gnr./bnr.:** | *106/4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1,3 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Roger Heggland* |
| **Grunneigar:** | *Roger Heggland* |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg i Humlevika, omtrent 1.5 km vest for Lunde. Det aktuelle området ligg ved sjøkanten i Humlevika, bak Galanteholmen. Sør for det aktuelle området ligg det eit eksisterande naustmiljø. Forslagsstillar ynskjer å oppføre 2 naust til båt, og eit naust for reiskap då son er fiskar og treng plass til reiskap. Han ynskjer også tilhøyrande kai og flytebryggje.*

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Ingen kjend konflikt. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Området i sjø er kartlagt som eit viktig friluftslivområde, i tillegg til gytefelt for fisk. Området ligg innanfor ei potensiell tilgjengeleg strandsone med liten til noko helling. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | (grøn) | Råkar ikkje vatn/ vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | (raud) | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, på eit areal kor det ikkje er bygd frå før. Området i sjø har fiske som arealformål i gjeldande kommuneplan, det er registrert som eit gytefelt. |
| **Jord- og skogbruk** | (gul) | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog, kratt og strandsone. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | (grå) | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Områder er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – og får føremålet andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust)**<br><br>**Innspelet vil komma i konflikt med KU-tema strandsone ved sjø. Det er likevel vurdert at det er fleire positive verknader en negative. Innspelet må sjåast i samanheng med innspel 41_1 og 41_2, det vert stilt krav om reguleringsplan/samla plan.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br><br> |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: Bestemmelsesområde #32**

**Innspel nr. 57, Småbåtanlegg – Apalvika i Lunde**

**(innspel 60, 61 og 71 er identisk, vert difor berre laga ein KU)**

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *113/139* |  |
| **Dagens arealføremål:** | *FFNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåtanlegg* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Eva Johanne Tomter* | |
| **Grunneigar:** | *Sæbjørg Hageberg Kjeka* | |
| **Skildring**:<br>*Det aktuelle området ligg i Apalvika i Lunde. Tilhøyrande ligg reguleringsplanen «Lundehagen», med bustad og annet kombinert formål er hovudformålet. Det aktuelle området ligg i sjø, utanfor ei naustrekkje. Forslagsstillar har grunna vanskelege vêrforhold laga ei flytebrygge som fungerer som le for båten, og ligger på innsida av brygga. Forslagsstillar ynskjer at området skal bli sett av til småbåthamn i ny kommuneplan.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert at innspelet kjem i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området i sjø er registrert som viktig friluftsområde, eit småbåtanlegg er likevel ikkje vurdert å hindre ålmentas tilgang til friluftsområdet, området vert alt nytta til båt i dag. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining.<br><br>Det er allereie naust her og båt vert nytta i samband med desse. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i sjø, det er utbygd med naust i strandsona frå før. Område i sjø er registrert som eit lokalt viktig gytefelt.  Forslagsstillar har laga flytebrygge i forbindelse med nausta. Forslagsstillar legg fram at flytebrygga er spesielt utforma, slik at rullestolbrukarar kan kome ut i båt. |
| **Jord- og skogbruk** | | råkar ikkje jord- eller skogbruk. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – som småbåtanlegg (bestemmelseområde 32)**<br><br>**Innspelet gjeld eit område kor det allereie ligg naust og flytebryggje i strandsona frå før. Det er registrert lite konflikt med miljø- og samfunnstema.**<br><br>**Innspelet er identisk med innspel 60,61 og 71 – vert difor berre laga ein KU.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | | #32<br>#15 |

| **Feltnamn/områdenamn i nytt plankart: FTU 5** | |
|---|---|
| **Innspel nr. 94_2, Bubilparkering (fritids- og turistføremål) – Vassbakken** | |
| **Gnr./bnr.:** | *116/4* |
| **Dagens arealføremål:** | *Idrett + høyspentanlegg (inkl høyspentkabler)* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bubilparkering (Fritids og turistføremål)* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 3 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Lunde Bygdelag* |
| **Grunneigar:** | *Lundegrend idrettslag* |

**Skildring**:
*Området Vassbakken Idrettsplass som i gjeldande kommuneplan er sett av til idrett, gir i tillegg status (næring) slik at det kan etablerast permanent bubil parkering:*

***Begrunnelse:***

*1. Kommunen mangler tilrettelagte bobilparkeringer*

*2. Bobiltrafikken øker*

*3. Plassering Vassbakken kan kople parkeringen med mange andre aktiviteter, se under*

*4. Grunnlag for næringsvirksomhet Andre innspill/detaljer:*

*1. Parkeringsområdet til Vassbakken Idrettsplass oppgraderes med dekke og drenering for permanent og godkjent Bobil camping.*

*2. Tilrettelegges med tømmestasjon, koplet til eksisterende avløpssystem fra Kattalandsfeltet.*

*3. Lekeplass ved Kattalandfeltet utvikles med leke apparater og Tuftepark (treningsapparater ute)*

*4. Vassbakken idrettspark oppgraderes med nye aktiviteter som må planlegges (eks minigolf, golf utslag, ride aktiviteter, mini-fotballbane, løpebane) med tanke på kombinert bruk med opparbeidet bobiloppstilling.*

*5. Klubbhus kan benyttes til fasiliteter som bobilcamping vil kunne trenge.*

*6. Det hele koples sammen med eksisterende og planlagt turruter under prosjektet 5690*

Kartutsnitt/foto







| | |
|---|---|
| *7. Eget driftsselskap bør etableres med ansvar for drift* | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen kjende konfliktar i området. Området ligg mellom to felt for storfugl, men desse er livskraftige. Aust for området er den sterkt trua karplanten Soleigro registrert i 1992. Avstanden til tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg.  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i, eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at område er utsett for ureining i dag utover at mindre delar av området ligg innanfor gul støysone frå Vevatnevegen.<br><br>Eit nytt tiltaket som bubilparkering/turistføremål vil kunne utgjere noko meir fare for forureining i form av støy, boss mm. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | På området er det registrert fastmark, og skog i ytterkanten. Innspelet hamnar ikkje i konflikt med dyrka mark.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 700 meter til nærbutikk i Lundegrend. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Plasseringa av tiltaket ville ha vore godt eigna visst det ikkje hadde vore for idrettsanlegget. Det er vurdert at det kan oppstå konflikt både i høve støy men og i høve parkering. Då tiltaket vil føre til at området som idrettsanlegget kan nytte til parkering ikkje lenger vil vera tilgjengeleg. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Område born nyttar i dag (idrettsbana) kan verte noko omfatta. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Arealet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br> |
| **Samla vurdering av konsulent før formannskapsmøtet 22.02.2024** | | **Innspelet er ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Jamfør ovanfornemnte miljø- og samfunnstema er det nokon konfliktar knytt til innspelet. Det avgjerande for at innspelet ikkje er teke med i planen er at bubilparkering/turistføremål og aktivitetar knyt til dette er vurdert som lite foreinleg med idrettsanlegg. Idrettsanlegget vil dessutan ha behov for parkeringsplassen til sine besøkande.** |
| **Ny vurdering/konklusjon av formannskapet 22.02.2024** | | **Etter møtet i formannskapet 22.02.2024 er det vurdert at området skal inn i planen – det får føremålet fritids - og turistføremål**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

**Feltnamn/områdenamn i feltkart: ABA 26, 27 og 29 + bestemmelsesområde i sjø # 17, 18 og 20**

**Innspel nr. 94_3 (Same som innspel 085), Naust / bryggeformål – Gripnevågen strandlinje**

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | Samling av fleire grunneigarar |   |
| **Dagens arealføremål:** | LNF + FFNF + omsynssone naustmiljø x 2 | |
| **Foreslått arealføremål:** | Naust / bryggeformål | |
| **Arealstorleik:** | Ca 70 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Lunde Bygdelag | |
| **Grunneigar:** | Samling av fleire grunneigarar | |

***Skildring*:**

*Gripnevågen strandlinje: Strekket Synningo (begge sider), Østre side: Svena, Dalheim, Lyrasteinen til Gripne omgjøres helt eller delvis fra LNF til sammenhengende naust og bryggeformål*

*Begrunnelse:*

*1. Området er preget av spredte naust og brygger, men ingen planløsning. I lys av politiske signaler om liberalisering av bruk av strandsonen i distriktene, er dette et område som kan egne seg til fortetting og utbygging.*

*2. Lundegrend har behov for båtplasser, det kan være grunneiere som ønsker å bygge ut båtplasser.*

*3. Det er kompliserte parkering- og adkomstforhold i deler av området som må avklares.*

*4. Grunneiere møter i dag motstand mot de minste tiltak i strandsonen, f.eks. brygger, så lenge kommuneplanen viser LNF.*

*5. Dette innspillet er ikke presentert for alle grunneiere, men de fem som er forespurt er udelt positive til en slik planendring.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Nær områda det er aktuelt å etablere naust og brygger er det registrert sårbare og framande artar. Nord i området er det registreringar frå 2008 som viser Ask og Villeple, begge kategorisert som sårbare. Sør i området blei det i 2014 registrert 3 artar, som alle er kategorisert som nær trua: Stær, Fiskemåke og Ærfugl.<br><br>Her er også framandarta Parkslirekne registrert i 1995, den er kategorisert som «svært høy risiko». |

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>Skal det etablerast naust i området må ein ta omsyn til naturmangfaldet.


</td>
</tr>
<tr>
<td>Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap</td>
<td></td>
<td>Det er eit kulturminne vest for Kattanesvegen, men dette ligg med avstand til innspelsområdet. I gjeldande kommuneplan er det to område lengst nord i innspelt område med omsynssone kulturmiljø, desse omsynsonene vert ikkje vidareført i nytt plankart (sjå kulturminneplan 2020-2030).


</td>
</tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | <br><br>I området finst mykje potensiell tilgjengeleg strandsone. Område ligg ikkje i, men grensar mot registrert friluftslivområde: Bjørnåsen – Tuvefjellet.<br><br>Det kan vera positivt om strandsona gjerast meir tilgjengeleg for lokalbefolkninga ved at det etablerast brygger og naust. Likevel må almen ferdsle oppretthaldast, og strandsona må framleis kunne nyttast av andre besøkande i området kring Gripnesvågen.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Naust og brygger finns allereie i landskapsbilete i dag. Området er nær etablert veg, og føreslått tiltak vil ikkje utgjera sårbarheit i landskapet i dette området. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det finst ei elv som har sitt utløp heilt i sør av det innspelte arealet. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet.<br>Delar av området har spreidd bureising frå før, medan delar er å betrakte som meir urørt. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området består for det meste av skog, heilt sør i området finst det fulldyrka jord. Dette området bør ikkje råkast. |

| | | |
|---|---|---|
| | |   |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ein del av dei bratte områda ned mot sjø i sørleg del av innspelet ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred.<br><br>Delar av arealet kan verte råka ved stormflo/havnivåstigning. Naust er bygningar berekna til oppbevaring av båtar og reiskapar tilknytt dette. Det er ikkje bygningar berekna til overnatting eller varig opphald. |

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>
</td>
</tr>
<tr>
<td>Samla vurdering</td>
<td></td>
<td>Innspelet er teke inn i planen – det vert justert i høve KU-tema og sett av til andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust) og bestemmelseområde (i sjø)<br><br>Innspelet vert teke med, men er justert i storleik. Det ligg fleire naust i området frå før, særleg i innspelt areal i vest og nordaust. Innspelt areal i sør er særs bratt, det ligg innanfor aktsemdområde for skred, og det er dyrka mark her. Dette arealet står dessutan fram som ubygd i dag, området i sør går difor ut. På austsida vert det sett av eit større areal, slik at det er moglegheit til fortetting med fleire naust i området.<br><br>Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:<br>
</td>
</tr>
</table>

| Feltnamn/områdenamn i kart: IDR 02 |
| --- |
| **Innspel nr. 94_4, Idrett, hestebane – Malkenes** |

| | |
| --- | --- |
| **Gnr./bnr.:** | *121/8, 121/6* |
| **Dagens arealføremål:** | *Næring* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Idrett, hestebane* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 67 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Lunde Bygdelag* |
| **Grunneigar:** | *121/8: John Are Malkenes*<br><br>*121/6: Einar Wathne* |

Kartutsnitt/foto





**Skildring**:
Hesteaktiviteter Lunde eller Malkenes. Tilpassing slik at eksisterende område for næring på Malkenes sør for fylkesveien slik at området muliggjør etablering av hestesenter med innendørsridebane og stallmuligheter.

**Begrunnelse:**
1. Bygda har tradisjon for hestesport og har flere aktive hesteeiere og private staller i dag.

2. Bygda mangler turveier for ridning, og ryttere blir tvunget til å bruke kommunale og fylkeseide asfalterte veier som ikke er trafikksikre og der det kan være konflikter om bruk

3. Bygda mangler og godkjent ridebane, selv om det finnes noen små private. Det er også ønskelig med innendørs ridebane

4. Bygda har mange barn som er i en alder at hestesport kan bli attraktivt om få år, og bedre forhold kan holde barn i bygda

5. Det er to alternativer som peker seg ut, der styret i bygdalaget tilslutter seg alternativ b

a. Området Vassbakken, i kommuneplanen idrett. Ulempe er liten tilgang til rideveier.

b. Malkenes, sørsiden av fylkesveien, i forlengelse av ny parkeringsplass. Området er i kommuneplanen næring. Her er grunneier positiv både til tomt for bane og opparbeidelse av eksiterende skogsvei og nye rideveier.

6. Bygda kan med et slikt anlegg ta på seg ansvar for hele kommunen. Ridesenter bør etableres som eget selskap med profesjonell drift.

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend at innspelet vil råka:<br>• verneområde<br>• utvalde naturtypar<br>• prioriterte artar<br>• artar av stor/særleg stor nasjonal forvaltnings- interesse (raudlisteartar). |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg fint til nær skog og sjø. Ligg i tilknyting veg med nokre få tilgrensande bygningar i vest og nord-aust. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ligg innanfor eit grovmaska kartlagd friluftsområde Bjørnåsen – Tuvefjellet. Tiltaket vil ikkje hindre tilgang til populære turstiar som Kyrkjefjellet, som ligg mykje lenger sør.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Delar av området som grensar mot Fv. 549 (Sundavegen) ligg i gul støysone frå veg. Det er mogleg å gjere avbøtande tiltak i form av støyskjerming. Avbøtande tiltak i høve elv som ligg i området er mogleg å iverksette. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det renn ei elv i austre del av det innspelte arealet. Elva kjem frå sør, og har sitt utløp i Solsvika nordaust for området. Avbøtande tiltak i høve elva er mogleg å iverksette. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Ikkje i konflikt med dyrka mark. Ligg innanfor barskog med høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det vil vera eit positivt aktivitetstilbod for born og unge i området. Arealet ligg knyt til veg og har god tilkomst, det er og nærleik til skog. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke med i planen – vert sett av til idrettsanlegg**<br><br>**Det er ingen store konfliktar registrert med omsyn til miljø- og samfunnstema. Området er allereie regulert til næring i dag. Plassering og topografi er vurdert som godt eigna for det innspelte tiltaket.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 08 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 94_5, Næring – Hegglandsmarka** | |
| **Gnr./bnr.:** | *104/1, 108/3* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 65 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Lunde Bygdelag* |
| **Grunneigar:** | *104/1: Jostein Myking Kjærefjord*<br>*108/3: Tore Atle Humlevik* |

**Skildring**:
Næringsområde Hegglandsmarka. Ved behandling av steinbrot/masseuttak i Hegglandsmarka, bør det i plansammenheng tas med at dette kan bli eit utmerket næringsområde som etterbruk.

**Begrunnelse:**
1. Lundabygda har ikkje klargjorte næringsområde.

2. Plasseringen i Hegglandsmarka er en god lokalisering.

3. Næringstomter som etterbruk for steinbrudd, vil ha lave opparbeidingskostnader.

4. Næringsområde sikrar etterbruk

Kartutsnitt/foto





| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Ingen kjende funn av trua artar i eller nær området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Ingen kjende funn i eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg for seg sjølv, i lett skråande terreng langs FV49. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (grøn) | Ligg ikkje i kartlagt friluftsområde. Området ligg avsides til, og er ikkje i konflikt med folkehelse. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. | (gul) | Delar av området som grensar mot Fv549 (Humlevikvegen) ligg i gul støysone frå veg, dette vil ha lite å sei med tanke på kva aktivitetar som er tenkt på staden, som i seg sjølv kan skapa støy. Det vil vere mogleg å iverksette avbøtande tiltak i form av støyskjerming mot omgjevnader ved behov. |
| **Vatn og vassdrag** | (grøn) | Påverkar ikkje vatn/vassdrag |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Arealet ligg ikkje innanfor 100- metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Jamfør AR5 er området registrert med barskog med særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Dette er ikkje lenger gjeldande i dagens situasjon. Berre ein mindre del av det innspelte arealet i sør har i dag barskog, potensielt med høg bonitet. Resten av skogen er fjerna i dagens situasjon (sjå kart under).<br><br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tiltakets plassering står fram som godt eigna til næringsføremål. Det er ingen større bustadfelt/tett busetting i nærleiken. Dette er positivt med tanke på konfliktar som kan oppstå knytt til potensielt støy uønskt lukt- eller lysforureining. Området ligg elles i nær tilknyting eksisterande veg. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og vert sett av som framtidig næring**<br><br>**Det er vurdert at det ikkje er avgjerande konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Positivt å leggja til rette for næring langs fylkesveg.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 06 |
|---|
| **Innspel nr. 94_6a, Bustad – Kattaland** |

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *117/5, 117/9, 117/4, 117/16, 117/17* | |
| **Dagens arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 36 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Lunde Bygdelag* | |
| **Grunneigar:** | *117/5: Lars L Vik*<br>*117/9: Lars L Vik*<br>*117/4: Trond Magne Hestad, Marianne Paasche*<br>*117/16: Benedicte Lind*<br>*117/17: Benedicte Lind* | |





***Skildring**:*
*2 område for bustadfelt: A. Område aust for eksisterande byggefelt på Kattaland. B. Område vestover for eksisterande bustadfelt i Lundehagen.*

***Skildring/forklaring:***
*1.Sjølv om det er tomter igjen på Kattaland, reknar bygdelaget at talet på tomter i byggjefelt ikkje er tilstrekkeleg til å dekkja etterspurnad i ein kommande ti års periode.*

*2. Ut frå kvar tomter har vorte selde i siste ti-årsperiode er dei aller fleste selde i planlagde felt sentralt i bygda. Av den grunn trur me at dette er behovet i kommande periode*

*3. Desse innspela er ikkje diskuterte med grunneigarar, men bygda ber kommunen starta vurderingar av kvalifikasjonar, og evt. dialog med grunneigarar.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend/registrert framande eller sårbare artar innanfor sjølve området, men nord for område – tilknytt Malkenesvegen er det registrert Myrrikse som er ein trua fugl (reg. i 2018) og Stær som er nær trua (2007). Her er også 2 funn av den framande arta Hagelupin som er kategorisert som «svært høg risiko» (reg. i 2018). Evt. utbygging må ta omsyn til naturmangfaldet. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn/registreringar i, eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ligg ikkje innanfor kartlagte/prioriterte friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Delar av området som grensar mot Fv549 (Malkenesvegen) ligg i gul støysone frå veg. Det vil vere mogleg å gjere avbøtande tiltak i form av støyskjerming. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet er ikkje nærmare enn 100-m til sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet er ikkje i konflikt med dyrka mark. I området er det registrert skog, av typen barskog med middels bonitet. Ein mindre del av området er registrert som skog som har særs høg bonitet (2008, verifisert 2021).<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Lunde barnehage ligg i området og har kapasitet. Skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 500 m til nærbutikk og barnehage. Når det gjeld skular så må 1.-4. klassingar transporterast til Uggdal skule, avstand 14 km. 5.-10. klassingar går på Tysnes skule, avstand 8 km. Vurdert som gul pga. avstand til skule. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er regulert inn felles leikeareal på Kattaland, 300m vest for området. Nærturterreng er registrert både nord og vest for området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke inn i planen – som bustadfelt**<br><br>**Det er vurdert at det ikkje er registrert avgjerande konfliktar til innspelet. Tiltaket kan reknast som fortetting av eksisterande bustadfelt. Plasseringa eignar seg godt til bustad. Det er kort veg til det meste ein treng i kvardagen, som gjer at ein ikkje må nytta bil til alt. Det er kollektivtransporttilbod i nærleiken, kort veg til arbeidsplassar, barnehage og butikk.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: T 1 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 94_7 – Offentleg eller privat tenesteyting – Bakka i Lunde sentrum** | |
| **Gnr./bnr.:** | *A: 115/3, 115/1*<br>*B: 113* |
| **Dagens arealføremål:** | *A: LNF*<br>*B: Næringsvirksomhet, kraftledning, reguleringsplan skal fremdeles gjelde (detaljeringssone)* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Privat og offentleg tenesteyting* |
| **Arealstorleik:** | *A: Ca 2,2 daa*<br>*B: Ca 6,3 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Lunde Bygdelag* |
| **Grunneigar:** | *115/3: Guro Fjeldet Lunde*<br>*115/1: Randi Elin Bakke*<br>*113. øyvind Lunde* |

Kartutsnitt/foto




**A:**



**Skildring**:

*1. Bygda manglar planer for eldrebustader*

*2. Eldrebustader må ligge sentralt i bygda*

*3. Innspel er kommen på to moglege plasseringar som begge har gode kvalitetar for eldrebustader.*

*4. Innspela er ikkje diskutert med grunneigar men bygda ber kommunen starte vurderingar og evt. dialog med grunneigarar.*

***Plassering:***

*A: Plasseringa ligg tvers ovanfor Lunde senter, på ein bakke tilknytt vegen.*

*B: Plasseringa ligg i krysset Nedra Lunde X Lundevegen.*

| | |
|---|---|
| | **B:**  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert sårbare eller framande artar i dei aktuelle områda. Det er registrert fiskemåke i området i 2010 og 2014, som er nær trua.  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller kring dei aktuelle områda. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | A<br>B | Deler av område A ligg innanfor kartlagt friluftslivområde ved Gjensmyra, som er eit nærturterreng.   Område B ligg ikkje innanfor friluftslivsområde. |

<table>
<tr><td>Forureining<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7</td><td>A og B</td><td>Delar av områda som grensar mot Fv549 (Lundavegen) ligg i gul støysone frå veg. Det vil vere mogleg å gjere avbøtande tiltak i form av støyskjerming.</td></tr>
<tr><td>Vatn og vassdrag</td><td>A<br><br>B</td><td>Område A råkar ikkje vassdrag.<br><br>Det går ei elv direkte vest for område B. Denne vil kunne takast omsyn til ved detaljregulering.</td></tr>
<tr><td>Strandsone ved sjø,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona.</td><td></td><td>Ingen av dei to områda ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø</td></tr>
<tr><td>Jord- og skogbruk</td><td></td><td>A: I område A er det registrert lauvskog med særs høg bonitet, samt fulldyrka jord i austleg ende av føreslått område.


B: I område B er det registrert lauvskog med impediment bonitet, samt fulldyrka mark i aust.
</td></tr>
<tr><td>Sosial infrastruktur</td><td></td><td>Lite aktuelt opp mot føremålet.</td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Kort veg til kollektivtransport, butikk og andre relevante servicetilbod. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Lite aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | A<br><br>B | Område A er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde.<br><br>Område B ligg innanfor aktsemdsområde for flaum frå elva. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er dels teke inn i planen – området lengst aust (A) vert lagt inn som offentleg eller privat tenesteyting, medan området i vest (B) er del av ein gjeldande reguleringsplan som vert vidareført**<br><br>**Det er vurdert at det ikkje er avgjerande konfliktar med tanke på miljø- og samfunnstema. Plasseringa er vurdert som godt eigna til føremålet. Lokasjonen ligg sentralt til, med kort avstand til mellom anna butikk. Det er fleire blågrøne kvalitetar i området, som kan vera til glede for bebuarar og besøkjande.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

## Feltnamn/områdenamn i nytt plankart: SH 21

## Innspel nr. 94_8, Marina / Småbåtanlegg – Humlevikjo

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *108/25 + Samling av fleire grunneigarar* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF, naust* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Marina / Småbåtanlegg* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 31 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Lunde Bygdelag* |
| **Grunneigar:** | *Samling av fleire grunneigarar* |

Kartutsnitt/foto





**Skildring**:
*Marina Humlevikjo. Bygdelaget er kjent med privat innspel om etablering av marina i Humlevikjo. Dette initiativet støttes.*

*Arealet ligg i ei vik, og det finst allereie naust her i dag. Vegen ligg nær på, og det er registrert eit reguleringsplanforslag kor vegen føres ned frå Humlevikvegen til det aktuelle området.*

***Begrunnelse:***
*1. Bygda mangler båtplasser*

*2. Humlevikjo vil være ein god plass for lokalisering av ein større marina.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Ingen kjende funn i eller nær området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Ingen kjende funn i eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (raud) | Sjøarealet i området ligg innanfor kartlagt friluftslivområde; Humlevika som er ei viktig strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| | | I vika er det og registrert tilgjengeleg strandsone.<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg i 100-metersbeltet mot sjø, i eit område som er lite bygd frå før. Tiltaket kan ikkje reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området er ikkje i konflikt med dyrka mark. Innanfor området er det registrert barskog av særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon.<br><br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Auka tilgang til sjøen og fritidsaktivitetar kan vere eit positivt tiltak for born og unge. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område ligg innanfor aktsemdsområde for snøras og lausmasseskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering av konsulent før møte i formannskapet 22.02.2024.** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen –**<br><br>**Samla sett er det fleire konfliktar knytt til både miljø- og samfunnstema. Området ligg dessutan i det som kan reknast som (i stor grad) urørt natur. Like nord for innspelt område ligg planid: 2006-04, kor det er område sett av til føremålet. Samlokalisering er ønskeleg, det er naturleg med ei utviding av eit areal allereie sett av til føremålet, framfor nedbygging av eit nytt urørt område.** |
| **Ny vurdering/konklusjon gjort av formannskapet 22.02.2024** | | **Etter ei vurdering av formannskapet i møte 22.02.2024, vart det konkludert med at innspelet skal inn i planen. Arealet vert avsett til småbåthamn i ny KPA.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i kart: ABA 27 og 29 + bestemmelsesområde i sjø #18 og #20 |
|---|
| **Innspel nr. 101, Naustområde – Gripnesvågen** |

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *120/4, 23,26,36,37,2,8* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF/FFNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naustområde* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 7 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Øystein Flakke* | |
| **Grunneigar:** | *Øystein Flakke* | |




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg like ved Gripnesvågen, på Synningseneset. I det aktuelle området er det angitt omsynssone for naustmiljø, Kattenes. Synninga er eit gamalt naustområde med isfri hamn. På vegne av alle grunneigarane på vestsida av Synninga, ber forslagsstillar om at kommuneplanen vert oppdatert med naustområde i kartet, slik at dei som grunneigarar kan disponere området til å koma til sjø utan å måtte dispensere kvar gang.*



| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (gul) | Like i grensa på det aktuelle området er det registrert Ask (2008) og Villeple (2008), som begge er sårbare artar på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Ingen kjende konfliktar. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Området er ikkje registrert som eit viktig friluftslivområde. Delar av området er registrert som potensiell tilgjengeleg strandsone. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Området er ikkje kjend å vera utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining ut over normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | (grøn) | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | (gul) | Området ligg innanfor 100 -metersbeltet mot sjø, men i eit område som allereie er dels utbygd med naust. |
| **Jord- og skogbruk** | (gul) | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog og kratt. Skogen i området har særs |

| | | |
|---|---|---|
| | | høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde.<br><br>Delar av arealet kan verte råka ved stormflo/havnivåstigning.<br><br>Naust er bygningar berekna til oppbevaring av båtar og reiskapar tilknytt dette. Det er ikkje bygningar berekna til overnatting eller varig opphald, difor vurdert som grøn. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er dels teke med i planen – og vert sett av til andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust) og det vert lagt inn eit bestemmelseområde i sjø.**<br><br>**Det er registrert nokre konfliktar med miljø- og samfunnstema, heile arealet vert difor ikkje aktuelt å sette av til naust. Det er vurdert at dei best eigna areala til naust alt er bygd i dette området, medan resterande tilgjengeleg areal til fortetting mellom nausta er veldig bratt og lite eigna til føremålet. Arealet kor det alt er bygd naust vert difor sett av til føremålet.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 05 og HOS 02**

**Innspel nr. 104_1, Næringsføremål, Hamn/næring, hamn/ferdsel – Mot Malkenes båtkai**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 121/7, 121/12, 121/13, 121/20, 121/1 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF, Næringsføremål, Annan typar bygningar og anlegg, kombinert føremål i sjø med eller utan strandsone |
| **Foreslått arealføremål:** | Næringsføremål, Hamn/næring, hamn/ferdsel |
| **Arealstorleik:** | 19 daa |
| **Forslagsstillar:** | Alsaker Fjordbruk / Meidell |
| **Grunneigar:** | *121/7: Anders Lunde, Linda Fonnes Lunde*<br>*121/12: Frode Sørbye Øystein*<br>*121/13: Alsaker Brygge AS*<br>*121/20: Kommunal veg v. Tysnes kommune*<br>*121/1: Oddvar Lunde* |

**Skildring**:
*Område som forslagsstillar ynskjer til næringsføremål/hamn/ferdsle ligg mot eit eksisterande næringsområde/Malkenes båtkai. Elles grensar arealet mot fleire bustadar og fritidsbustadar i Solvika. I same hamn er det avsett sjøareal til småbåthamn. Innspelt område består i dag av skog og kaiområde, og har eit areal på omtrent 19 daa inkludert foreslått areal i sjø. Planområdet ligg omtrent 3 km frå Lundegrend.*

Kartutsnitt/foto

Innspelt areal 2020




Oppdatert innspelt areal 2023:




| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrerte artar både innanfor og i nærleiken av innspelt område. Ærfugl, som er nær trua er registrert i Vikavegen om lag 30 meter vest for planområdet (funndato: 25. mars 2019). Elles er det ved sjøen registrert livskraftige artar som Knoppsvane (funndato: 25. mars og 19. mai 2019). I skogen er det registrert følgande sommarfuglar; Variabelt båndfly (funndato: 27. juli 2009) og Furufly (funndato: 15. april 2009). |

| | | |
|---|---|---|
| | |   |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ca 50 meter nord for planområdet er det registrert eit kulturminne (gravminne) med namn Malkenes – Fetts – fk. 1, Jektaneset. Gravminnet har vore verna sidan 1988, og er truleg frå bronse-/jernalder.<br><br>Røysa måler 20 m NO-SV og 17,5 m O-V og er opp til 1,5 m høg i SO.<br> <br><br>Det er terrengforskjell mellom kulturminnet og føreslått utviding av næringsareal. Mellom kulturminnet og innspelet er det etablert bustader, slik at tiltak som vert oppført i forbindelse med planområdet ikkje vert direkte tilgrensande eller kjem i direkte kontakt med kulturminnet.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Eksisterande næringsareal og føreslått utviding av området grensar til fritidsbustadar og bustadar. Hamna som området ligg i er forma slik at tiltaket vil verta synleg for andre bygningar tilknytt Solsvika. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Planområdet ligg innanfor det kartlagde friluftsområdet Malkenes, som er registrert som eit friluftsområde av typen nærturterreng.<br><br>Området er ikkje registeret med tilgjengeleg strandsone, men det er derimot resterande sjøareal i Solsvika (sør og aust i bukta).<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Delar av arealet ligg i gul støysone frå veg.<br>Dette er likevel vurdert å ha lite å sei for eit allereie etablert næringsområde, som truleg i seg sjølv kan skapa noko støy.<br>Avbøtande tiltak med tanke på støy kan vera aktuelt å iverksette. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, men er allereie i stor grad utbygd i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med jordbruksareal. Øvre del av området består av skog, medan nedre del består av fastmark og næringsområde (kaiområde).<br><br>Deler av føreslått planområde i nord kan koma i konflikt med skog som er klassifisert som «gammal skog». |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande næringsområde, området er difor allereie i stor grad utbygd i dag. Området ligg ikkje nær tett busetting/større bustadområde, men det ligg spreidde bustader i nærleiken. Det vert rekna som positivt at eksisterande næringsområde vert utvida, framfor at ein etablerer næring ein stad det ikkje er bygd før. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ved sjøen går det eit aktsemdområde for stormflo.<br>Avbøtande tiltak vil vera mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke inn i planen – det får føremålet næring og hamn, men vert noko justert i storleik**<br><br>**Det er registrert noko konflikt med miljø- og samfunnstema, men dette er ikkje vurdert som avgjerande. Store delar av arealet på land er allereie regulert til næringsføremål i dag. Det er ikkje registrert større konfliktar med tanke på areala i sjø. Innspelt område vert likevel redusert i sjø for å ta omsyn til svaberg. Innspelet er dessutan lite konkret på bruk av området i sjø. Det** |

| | | |
|---|---|---|
| | | vert behaldt ein grøn buffer på land mot nærliggjande bustader vest og aust for innspelet.<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 14**

**Innspel nr. 105, Bustad, spreidd – Gripnesvågen**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *120/4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad - spreidd* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 7,5 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Øystein Flakke* |
| **Grunneigar:** | *Øystein Flakke* |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg like ved Gripnesvågen, og har eit areal på omtrent 7,5 daa. Forslagsstillar ynskjer å utvida bustadfeltet i Skåthaugen med inntil 4 nye tomter. Dette tenkt aust og sør for feltet. I aust inntil 50 meter mot Synninga, og i sør området ned mot Gnr 120/13 og 120/8. Han tenkjer å bruke same vegen som bustadfeltet brukar. Han ynskjer å koble det saman med grunneigar på 120/13 sitt areal kvar han også søkjer om bustadformål. Dette området kan også brukast til å innbefatte parkeringsplass til bruk for naustområde i Synninga. Det vil då bli knyta gangveg ned til naustområde.*

Kartutsnitt/foto






| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ved grensa til det aktuelle området er det registrert Ask (2008) og Villeple (2008), som begge er sårbare artar på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br><br>Aust for det aktuelle området er det i gjeldande kommuneplan angitt omsynssone for naustmiljø.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Innspelet er ei forlenging av det eksisterande bustadfeltet, og det vil derfor ikkje skapa ein stor kontrast i landskapet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området er ikkje registrert som eit viktig friluftsområde. |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område med noko bureising frå før. Ei justering i høve 100-metersbeltet er mogleg. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet vil ikkje koma i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog og kratt. Deler av skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Lunde Barnehage ligg i området og har kapasitet. Skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Området ligg omtrent 2 km frå Lunde sentrum med nærbutikk og barnehage, innspelet vert ei forlenging av det eksisterande bustadfeltet på Synningneset. Det er ca. 1,5 km til busshaldeplass.<br><br>Når det gjeld skuletilgong må 1.-4. klassingar transporterast til Uggdal skule, avstand 16 km. 5.-10. klassingar går på Tysnes skule, avstand 10 km. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen eksisterande leikeplassar i området. Nærturterreng finst eit lite stykke vest for området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – men vert justert og tilpassa terrenget og 100- metersbeltet mot sjø**<br><br>**Det er noko mindre konfliktar med miljø- og samfunnstema, som i stor grad kan løysast med avbøtande tiltak. Området mot sjø i sør vil verte kutta ut for å ta omsyn til 100- metersbeltet, terrenget her er uansett bratt og lite eigna til føremålet. Innspelet vert utvida mot eksisterande bustader i vest.**<br><br>**Arealets utstrekking vert slik i nytt plankart:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: FTU3 og føresegnsområde # 54 - Krav om reguleringsplan |
|---|

| Innspel nr. 114_4 – Turist og fritidsføremål |
|---|

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *114/1 og 4* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | Næring og LNF – spreidd næring |
| **Arealstorleik:** | *Ca 40 daa.* |
| **Forslagsstillar:** | *Mikkel Straume* |
| **Grunneigar:** | *Mikkel Straume mfl.* |

**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg i Koløyhamn, omtrent 1 km nord-aust for Lunde. Koløyhamn er merka som kasteplass for fiske, men forslagsstillar meiner det ikkje har vore nytta til dette føremålet på over 50 år. Det ligg ei eldre sjøbu på eigedommen som har vorte nytta som attåtnæring i landbruket med kurs, møter og samlingar.*

*Forslagsstillar ynskjer at området markert i kartet til høgre (kulepenn- skravur) skal bli sett av til næring i ny kommuneplan. Det er planlagt å flytte eit verneverdig bygg frå Bjørnafjorden til Koløyhamn (Håkastova). Ein ynskjer å renovere sjøbua som står på eigedommen frå før, for på sikt å kunne drive med turisme/kursing eller liknande. Kundane er tenkt via sjøvegen.*

*Det er i tillegg ønskeleg med 5 «vikingstover» til hytteutleige, desse skal tilpassast terrenget. Dei er tenkt plassert innanfor området markert med rosa tusj på vedlagt kart til høgre.*

Kartutsnitt/foto

Kartutklipp frå kommunekart – viser områdets plassering




Kart frå forslagsstillar



| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend registrering av naturmangfald (artar/naturtypar etc.) i området som kan komme i konflikt med innspelet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Mindre delar av arealet i nord er registrert som eit viktig friluftslivområde, men eit fåtal spreidde hytter er ikkje vurdert å ville påverka dette i særleg grad.<br><br>Store delar av området ligg innanfor areal registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, men mykje av arealet nærmast sjø, særleg i nord-nordvest og nordaust er veldig bratt og kan difor likevel ikkje reknast som særleg tilgjengeleg. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Arealet ligg i 100 metersbeltet i eit område som er noko bygd frå før. Arealet i sjø mot aust er registrert som låssettingsplass for fiske, forslagsstillar meiner at hamna ikkje har vore nytta til fiske på over 50 år. Registreringa av låssettingsplassen for sild vart oppdatert sist i 2006.<br><br>Vurderingar (og potensielt avbøtande tiltak) kring låsettingsplass/fiske bør gjerast i reguleringsplan. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark eller innmarksbeite. Det er ein del skog i området, denne er registrert med høg bonitet. Registreringa er frå 1968, og det er uvisst kor reelt dette er i dagens situasjon.<br><br>Tiltaket legg opp til «vikingstover» hytteutleige (5 stk.) spreidd over eit større areal, desse skal i følgje forslagsstillar tilpassast terrenget. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Området ligg naturskjønt til ved Koløyhamn ved Lunde og vil truleg vera ein ettertrakta plass å halde kurs/samlingar og ldrive med hytteutleige ol. I området er det moglegheit for friluftsliv og aktivitetar knytt til sjø og båt. Det er lite busetting i nærleiken som er rekna som positivt for denne typen tiltak. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde.<br>Mindre delar av arealet nærmast sjø kan vera utsett ved stormflo/stigning av havnivå, men ingen av dei planlagde hyttene på vedlagt kart, ligg innanfor dette arealet. Det vil uansett vere krav i TEK 17 som må følgjast i høve dette. |

| | | |
|---|---|---|
| • Skytebane | | |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen og får føremålet turist og fritidsføremål - det vert stilt krav om reguleringsplan.**<br><br>**Samla sett er det ingen avgjerande konfliktar knytt til innspelet. Strandsone ved sjø er sett til raud ettersom tiltaket er i 100-metersbeltet og det er registrert ei låsettingsplass i sjø, vurderingar (og potensielt avbøtande tiltak) kring låsettingsplass/fiske bør gjerast i detaljregulering.**<br><br>**Områdets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: B 02**

**Innspel nr. 310 - Kommune innspel på møte 05.09.23 - bustadfelt – Lynghaugane på Lundegrend**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *117/1 mfl.* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF spreidd bustad (noverande)* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 18 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Kommunen* |
| **Grunneigar:** | *Fleire* |

***Skildring****: Endre arealføremål frå LNF-spreidd bustad til bustadføremål. Området vil verte ei forlenging av bustadføremålet i vest, slik at det vert moglegheit for fortetting på sikt.*

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Om lag 100 m sør for området er det gjort observasjonar av karplanten Baldellia repens, som er sterkt trua.<br><br>Det er ikkje vurdert at ei endring frå spreidd bustad til reint bustad føremål vil påverka naturmangfaldet utanfor området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje kjend kulturminne/kulturmiljø eller kulturlandskap innanfor området eller i nærleiken. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Arealet ligg ikkje i kartlagt friluftslivsområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend forureining i området, og tiltaket i seg sjølv vert ikkje rekna å ville forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Vatn/vassdrag vert ikkje råka. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Påverkar ikkje dyrka mark. Skogen har middels- til høg bonitet, det er likevel eit mindre skogsområde inneklemt mellom eksisterande bustader, og kan i liten grad reknast som særleg drivverdig i dagens situasjon. |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Skule i skulekrins har kapasitet.<br>Det er kapasitet i barnehage innanfor 15 km |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Nærbutikk ligg ca. 1 km unna, busshaldeplass ca. 500 m unna, medan Tysnes skule ligg 9 km unna. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Idrettsbane og turområde ligg like ved. Ligg leikeplass ca. 1 km unna ved Lunde barnehage, det er og regulert inn eit leikeområde i reguleringsplanen til naboområda. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område ligg ikkje innanfor aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen i sin heilheit som bustadføremål**<br><br>**Det er få og ingen avgjerande konfliktar med miljø- og samfunnstema. Området ligg sentralt til på Lunde og vil verte ei forlenging av bustadområde i vest. Det er elles infrastruktur i området frå før.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

# ONARHEIM

# -

## IKKJE VIDARE

**Innspel nr. 53_1, Naust + bustad – Flakkavågen (2km sør-vest for Onarheim)**

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *154/1* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust + bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 24 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Nils Flakke* | |
| **Grunneigar:** | *Nils Flakke* | |

**Skildring**:
*Innspelet gjeld eit område ved Flakkavågen, omtrent 2 km sør-vest frå Onarheim. Arealet i sjøen ved området har i kommuneplanen fiske som arealformål. Forslagsstillar ønsker å legga ein langsiktig plan for bruk og vern av eigedommen sin. Det er eit ønske om å leggja til rette for omtrent 8-10 naust på eit konkret samla område. Innanfor området har forslagsstillar ei frådelt byggjetuft som ønskast realisert. Her er det også ønske om ei ekstra byggjetuft til.*






| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert at innspelet kjem i konflikt med viktige naturtypar eller verna områder etter naturvernlova.<br><br>Omtrent 100 meter nord for området er det gjort to funn av Kystskoddelav, som er ein sårbar og trua art på norsk raudliste for artar. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i det innspelte området, eller i nærleiken.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg ved sjøkanten, og vil vera synleg i landskapet då området strekkjer seg frå sjøkanten til høgare i terrenget. Det er heller ingen andre bureisingar synleg i landskapet bak, som gjer at ei eventuell utbygging vil væra synleg. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde rangert som viktig. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Arealet ligg naturskjønt til med nærleik og tilgang til naturområdet og sjø. Det er likevel ikkje vurdert at innspelet vil hindra tilgang til friluftsliv. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | To elver har sitt utløp inne i det innspelte arealet, sjå kart. Det ligg eit vatn om lag 200 m nord for området, men avstanden er såpass stor at innspelet ikkje er venta å påverke dette vatnet.   |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område som er lite bygd frå før.<br><br>Arealet i sjø har i kommuneplanen fiske som arealformål og er registrert som ei mykje nytta låssettingsplass (2006). Området i sjø er også registrert som gytefelt for torsk. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i direkte konflikt med dyrka mark. Det aktuelle området består hovudsakeleg av produktiv skog. Mesteparten av skogen er registrert med høg bonitet, medan ein mindre del er registrert med særs høg bonitet (datafangst frå 1968). |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins i området har kapasitet. Barnehage i Onarheim har og kapasitet. Køyreavstand til skule og barnehage er om lag 2,5 km. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 2,5km køyreavstand til Onarheim sentrum. Det finst busstopp langs fylkesvegen, om lag 300m frå det innspelte arealet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen definerte nærturterreng i området eller leikeplassar i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er registrert faresone for høgspenningsanlegg gjennom øvre del av innspelet.<br><br>Området ligg innanfor aktsemdområde for flaum. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Årsaka til at innspelet ikkje vert teke med i planen er at det er fleire avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Tiltaka vil leggje beslag på forhaldsvis mykje urørt strandsone, området i sjø er registrert som mykje nytta låssettingsplass. Området ligg dessutan innan kartlagt friluftsområde og kjem i konflikt med høgspentline og aktsemdområde for flaum.** |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 13**

**Innspel nr. 053_2, Bustad/fritidsbustad/naust – Flakkavågen, 2 km sørvest for Onarheim**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *154/1* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og LNF-spreidd bustad* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad/fritidsbustad/naust* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 90 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Nils Flakke* |
| **Grunneigar:** | *Nils Flakke* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Innspelet gjeld eit område ved Flakkavågen, omtrent 2 km sør-vest frå Onarheim. Det ligg to stykk fritidshus m/naust (154/16 og 154/17) i området. Vest-delen av området er i kommuneplanens arealdel avsett til LNF område, kvar austsida er avsett til spreidd bustadreising. Forslagsstillar ønskjer å leggja til rette for fortetting i delen av strandsona med nokre bustadar eller fritidsbustadar m/naust, samt godkjent spreidd bureising aust i området. Det er også eit ønskje om å opna opp for tilgang til småbåtanlegg.*



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kan koma i konflikt med viktige naturtypar, då det er registrert Ask og skogfredløs aust i planområdet. Ask er på norsk raudliste for artar registrert som ein trua og sårbar art, mens skogfredløs er registrert som ein  |

| | | |
|---|---|---|
| | | nær trua art. I dette området er det også registrert fleire livskraftige artar. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i, eller i nærleik av innspelt område.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området strekkjer seg frå sjøkanten og opp i terrenget mot aust. Ei eventuell utbygging vil væra synleg i landskapet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde av Tysnes kommune, rangert som viktig. Innspelet er likevel ikkje vurdert hindre bruk av friluftsområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø. Området i sjø er og registrert som gytefelt for torsk. Det er nokre eksisterande bygg i strandsona, men ikkje nok til at innspelet kan reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området består hovudsakeleg av skog med middels til høg bonitet, samt eit mindre areal med fulldyrka jord nord i området. Om lag 3 daa av jordbruksområdet ligg innanfor det innspelte arealet.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins i området har kapasitet. Barnehage i Onarheim har og kapasitet. Køyreavstand til skule og barnehage er rett under 4 km. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 4 km inn til Onarheim sentrum. Om lag 2,5 km avstand til busstopp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant for føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området ligg inne i eit viktig friluftslivsområde registrert som nærturterreng. Ingen registrerte leikeplassar i området, men det vil bli krav om dette ved utbygging ab bustader. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er registrert faresone for høgspenningsanlegg gjennom området. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Innspelet er i konflikt med 100- metersbeltet mot sjø og gytefelt for torsk. Det er elles registrert konflikt med dyrka mark og naturmangfald.**<br><br>**Eksisterande arealføremål LNF og LNF-spreidd frå førre planperiode vert vidareført.** |

## Innspel nr. 62_2, Turisme og næring – 5km nord-aust for Onarheim

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 134/4 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Turisme- og næring |
| **Arealstorleik:** | Ca 1,6 daa |
| **Forslagsstillar:** | Åge Mæland |
| **Grunneigar:** | Åge Mæland |

**Skildring**:
*Området ligg omtrent 5 km nord-aust for Onarheim, og har eit areal på ca. 1,6 daa. Området er avsett til LNF område i kommuneplanen, kvar eit større område nord for innspelet er avsett til fritidsbustadar. Forslagsstillar ønskjer at arealet skal nyttast til næring/fritids- og turistføremål. Dette vert lokalisert ved eit gamalt kraftverk. Forslagsstillar meiner arealet si sjønære plassering og variert landskap er godt eigna for fritids- og turistføremål med store moglegheiter i basisturisme, enkel overnatting og rike opplevingar for unge og vaksne.*

Kartutsnitt/foto



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Karplanta ask er registrert ved elva inne på området, denne har status som sterkt truga.<br><br>Omtrent 100 meter vest for planområdet i sjøen er det registrert fleire artar på norsk raudliste. Her er det registrert Vipe og makrellterne som er sterkt trua. Det er også registrert teist, ærfugl, gulvspurv, taksvale, fiskemåke, gergirisk, stær og sivspurv som er nær trua artar. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre verneinteresser i direkte konflikt med området.<br><br>Like nord for området er det registrert eit teknisk/industrielt minne i form av ei bru. Kulturminnet er ikkje freda. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Område ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde av Tysnes kommune, som er rangert som svært viktig. Tiltaket er ikkje vurdert å ville hindra tilgang til friluftsområdet. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Deler av føreslått område ligg ved Liaelva. Dette vil kunne takast omsyn til ved detaljregulering. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, i eit område kor det er lite bygd i strandsona frå før. Området ligg likevel tilbaketrekt i høve til strandlinja, lengst inn i vika, noko skjult av omliggjande terreng og bergformasjon i aust. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt me dyrka mark, området består av skog. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand til butikk på Onarheim er ca. 5 km.<br>Dei andre kriteria i kategorien er mindre relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Plasseringa av føremålet verkar å vera mindre godt eigna med tanke på dei topografiske utfordringane som ligg i området. Det er likevel ein fordel at tiltak knytt til turisme ligg naturskjønt til , og nær andre fritidsføremål, framfor til dømes tett på eit større bustadfelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg like aust for ei elv, og er innanfor aktsemdområde for flaum. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Årsaka til dette er ein samla vurdering av fleire omsyn. Det er vurdert at det er mange konfliktar med tanke på miljø- og samfunnstema. Arealet er dessutan svært bratt, spesielt i aust. Området mot elva i vest ligg innanfor aktsemdområde for flaum, og transport inn til området vil truleg vera problematisk. Området vert rekna som lite eigna til føremålet.** |

**Innspel nr. 62_3, Naust/næring/fiske – 5km nord-aust for Onarheim**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 134/4 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Naust/næring/fiske |
| **Arealstorleik:** | Ca. 3 daa |
| **Forslagsstillar:** | Åge Mæland |
| **Grunneigar:** | Åge Mæland |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Området ligg omtrent 5 km nord-aust for Onarheim, og har eit areal på ca. 3 daa. Eit større areal med naust ligg vest for området. Området i sjø er avsett til «kombinert formål i sjø og vassdrag utan tilhøyrande strandsone» i kommuneplanen. Forslagsstillar ønskjer at området skal kunne bli nytta som ein kombinasjon av naust, næring og fiske. Utanfor arealet er det lagt inn areal for hamn. Arealet ligg i nær relasjon til Korsavika med lange maritime tradisjonar, og arealbruken vil stå fram som sams områda i mellom.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i direkte konflikt med kjende prioriterte eller truga artar og utvalde naturtypar på land.<br><br>I sjøområdet utanfor innspelt område er det registrert fleire artar på norsk raudliste. Her er det registrert Vipe og makrellterne som er sterkt truga. Det er også registrert teist, ærfugl, gulvspurv, taksvale, fiskemåke, gergirisk, stær og sivspurv som er  nær trua artar.<br><br>Ettersom innspelet legg opp til ei utvida bruk og aktivitet i sjø og strandsone i form av næring/fiske vert denne kategorien vurdert som gul. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre verneinteresser i direkte konflikt med innspelt område. Tre av dei nærliggande nausta er SEFRAK-registrert, nye tiltak i strandsone og sjø kan forringe synsinntrykket/heilskapen i eit eldre naustmiljø.<br><br>Omtrent 70 meter nordvest for området er det registeret eit større freda område, kor det er gjort funn av fire gravrøyser truleg frå jernalder. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Område ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde av Tysnes kommune, som er rangert som svært viktig. |
| **Forureining** | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining pr. i dag |

| | | |
|---|---|---|
| Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ved nye tiltak knyt til næring vil det alltid vera ein fare for noko forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råker ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 metersbeltet mot sjø, det er ikkje bygd her frå før, tiltaket kan difor ikkje reknast som fortetting. Det ligg eit naustområde lenger vest.<br><br>Området ligg ved sjøkanten, og har ingen dominerande topografiske element. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt me dyrka mark, området består av skog og berg. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Det er fleire naust like vest for område frå før og spreidd bureising nær området generelt. Det kan oppstå ein konflikt med eksisterande naust om ein ønsker å nytte delar av arealet til næring. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er vurdert at tiltaka vert for inngripande i strandsona. Ein bør heller satse på fortetting med naust i gjeldande naustområde.** |

| **Innspel nr. 62_4, Molo/bølgedempar – 5km nord-aust for Onarheim** | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 134/4 |
| **Dagens arealføremål:** | AFFNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Molo/bølgedempar |
| **Arealstorleik:** | Ca 0,42 daa |
| **Forslagsstillar:** | Åge Mæland |
| **Grunneigar:** | Åge Mæland |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:

*Området ligg omtrent 5 km nord-aust for Onarheim, og har eit mindre areal på ca. 0,43 daa. Eit større areal med naust ligg i tilknyting til området. Forslagsstillar ønskjer eit areal for molo/bølgedempar til Korsavika, plassert langs ein naturleg rygg som går frå landsida og held fram vidare under vatn. Moloen skal fungera som ein bølgedempar for dei eksisterande nausta i Korsavika.*

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (gul) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med prioriterte eller truga artar og utvalde naturtypar på land.<br><br>I sjøområdet utanfor det innspelte område er det registrert fleire artar på norsk raudliste. Her er det registrert Vipe og makrellterne som er sterkt trua. Det er også registrert teist, ærfugl, gulvspurv, taksvale, fiskemåke, gergirisk, stær og sivspurv som er nær trua artar.<br><br>Ettersom innspelet legg opp til ei utvida bruk og aktivitet i sjø og strandsone vert denne kategorien vurdert som gul. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (gul) | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre verneinteresser i direkte konflikt med innspelt område. Tre av dei nærliggande nausta er SEFRAK-registrert, nye tiltak i strandsone og sjø kan forringe synsinntrykket/heilskapen i eit eldre naustmiljø.<br><br>Omtrent 70 meter nordvest for området er det registeret eit større freda område, kor det er gjort funn av fire gravrøyser truleg frå jernalder. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Område ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde av Tysnes kommune, som er rangert som svært viktig. Tiltaket vil likevel ikkje hindra tilgang til friluftsområde. |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg ved og i sjø, men i eit område som allereie er dels utbygd i strandsona. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt me dyrka mark, då er i sjø. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br>**Det er vurdert at tiltaka vert for inngripande i strandsona i eit område med sårbart naturmangfald i sjø og fleire SEFRAK-registrerte bygg i strandsona. Innspelet kan sjåast i samanheng med innspel 62_2 og 62_3.** |

## Innspel nr. 66_1, Naustområde – Tveitneset (7km frå Onarheim)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 130/2 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Naustområde |
| **Arealstorleik:** | Ca 2 daa |
| **Forslagsstillar:** | Jens Rasmus Tveit |
| **Grunneigar:** | Jens Rasmus Tveit |

**Skildring**:
*Området er lokalisert på tveitneset, omtrent 7 km frå Onarheim. Området er i kommuneplanen avsett til LNF område, kvar arealet sør for det aktuelle området har småbåthamn som arealformål i kommuneplanen. Området ligg sør for ei nyleg frådelt hyttetomt. Forslagsstillar ønsker å nytta arealet til naust.*

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I ein rekkevidde på 200 meter frå innspelet er det registrert pusleblom som er ein trua og sårbar art på norsk raudliste for artar. I same rekkevidde er det også registrert Landøyda, som er ein livskraftig art.<br><br>I området i sjø ved Tveitaneset er det registrert beiteområde/oppvekst for fisk.<br><br>Det er ikkje vurdert at tiltaket vil komma i konflikt med naturmangfaldet. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor sjølve området. Det er registrert fleire lausfunn i dyrka mark i form av draktutstyr frå jernalder. Funna er gjort nord og nordvest for innspelt område. Funna utgjer ei uavklart arkeologisk lokalitet.<br><br>Like nord for det aktuelle arealet er det registrert eit automatisk freda kulturminne i form av ei gravrøys, synleg over markoverflata. Det er ikkje usannsynleg at det kan vera fleire gravar i området. |



| | | |
|---|---|---|
| | | Gravrøysa var nok meint å vera synleg ved innseglinga til området, og kan ha vore ein eigedomsmarkør eller statusmarkør for den slekta som ein gong levde her.<br><br>Eit naustområde i nær tilknyting gravrøysa kan påverka og forringe både inn- og utsyn til og frå området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg rett ved sjøfronten, arealet rundt består for det meste av fulldyrka jord og spreidd bureising. Ei utbygging av naust ved sjøkanten vil vera synleg i landskapet, spesielt frå sjø.<br><br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det aktuelle innspelet ligg innanfor eit område kartlagt som friluftsområde rangert som viktig.<br><br>Innspelet kan koma i konflikt med ålmentas tilgang til og langs sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, i eit område med noko spreidd bureising frå før, men ikkje i ein slik grad at tiltaket kan reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området ligg på open fastmark ved sjøkanten. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Lokalisering av arbeidsplassar | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen-**<br><br>**Tiltaket er vurdert å koma i konflikt med fleire miljøtema og vil leggje beslag på strandline i eit område kor det elles i er lite bygd i dag.** |

**Innspel nr. 88, Blanda formål: Næring/landbruk/fritidsbustader, friluftsområde, kai og småbåtanlegg i sjø – Vardavika på Årbakka**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 134/3 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Blanda formål: Næring/landbruk/fritidsbustader, friluftsområde, kai og småbåtanlegg i sjø |
| **Arealstorleik:** | Ca 8 daa |
| **Forslagsstillar:** | Trond Nødland |
| **Grunneigar:** | Edvin Martin Meland / Tron Nødland |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Det aktuelle området består i dag av skog og open fastmark, og ligg ved Vardavika på Årbakka. Området er på omtrent 8 daa, og ligg 5 km nord-aust for Onarheim. Aust for området ligg det ein eksisterande fritidsbustad, samt eit område avsett til andre typar bureising og anlegg i kommuneplanen. Vest for området ligg det eit naustområde som er avsett til aktsemdsone for naustmiljø, handel- og dampskipanløp i kommuneplanen. Forslagsstillar ønskjer å etablere eit kombinert føremål med naust, lager, småbåthamn og fritidsbustader samt tilhøyrande friluftsområde. Ønskje om lager/reiskapshus for båt tilhøyrande bruket og ei hamn for småbåtar som går parallelt med land.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (gul) | Det er ikkje registrert at innspelet kjem i direkte konflikt med verna eller viktige naturmangfald.<br><br>I sjø sør for området er det registrert makrellterne og fiskemåke som er trua og sårbare artar på norsk raudliste. Ettersom tiltaket legg opp til kai og småbåthamn i sjø vert konsekvens vurdert som gul. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (raud) |   Området kjem i direkte konflikt med eit automatisk freda kulturminne. Det arkeologiske minnet er ei gravrøys frå bronsealder-jernalder. Minnet ligg omtrent midt i det aktuelle området.<br><br>Gravrøysa var nok meint å vera synleg ved innseglinga til området, og kan ha vore ein eigedomsmarkør eller statusmarkør for den slekta som ein gong levde her. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Utbygging i strandsona og i sjø kan påverka og forringe både inn- og utsyn til og frå den automatisk freda lokaliteten.<br><br>Omtrent 100 meter vest frå planområdet er det lokalisert eit større freda område, kor det ligg fleire gravhaugar og bautasteinar, truleg frå jernalder.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Landskapet i området rundt består for det meste av dyrka mark, produktiv skog og spreidd busetnad. Eit eventuell utbyggingsalternativ nær sjøen vil vera synleg i landskapet. Spesielt då området ligg på ein høgde i landskapet.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Område ligg innanfor eit areal kartlagt som friluftsområde av Tysnes kommune, rangert som svært viktig. Tiltaket er likevel ikkje vurdert å ville hindra ålmenta tilgang til friluftsliv i særleg grad. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at område er utsett for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område kor det ikkje er bygd i strandsona i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Kjem ikkje i konflikt med jordbruksinteresser. Øvre del av området består hovedsakelig av skog, mens nedre del er åpen fastmark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det er ca. 5 km til nærbutikk på Onarheim.<br>Dei andre kriteria i kategorien er lite aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Plasseringa med tanke på turisme og friluftsliv vil vere godt eigna. Tiltaket vil ikkje liggja tett på større bustadfelt, som er positivt. Området ligg naturskjønt til og vil grensa til naustområde utan å komma for tett på. Likevel er terrenget svært kupert og bratt, noko som kan gjera tiltaka vanskeleg å gjennomføra utan store terrenginngrep. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Småbåtanlegg kan vera positivt for born og unge i nærområde. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare | | Ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br>**Det er vurdert at tiltaka vil koma i konflikt med fleire miljøtema mellom anna kulturminne, 100-metersbeltet/strandsone. Område er ubygd i dag og er vurdert å vera lite eigna til føremålet ettersom terrenget er svært kupert og bratt.** |

| Innspel nr. 104_4, Bustad – Onarheim sentrum | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 152/5 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad | |
| **Arealstorleik:** | Ca. 22 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Alsaker Fjordbruk/Meidell | |
| **Grunneigar:** | Gerhard Meidell Alsaker | |
| **Skildring**:<br>*Området er lokalisert i Onarheim sentrum, og har eit areal på omtrent 22 daa. Arealet utgjer eit ubudd tun som ligg midt i sentrumskjerna av Onarheim. Arealet har gangavstand til skule, barnehage, handelstilbod, offentleg transport og arbeidsplassar. Forslagsstillar ønskjer at arealet skal nyttast som bustadføremål, han legg vekt på styrking av fortettinga innanfor etablert bygdalag, og trekk fram at ei eventuell utbygging kan avbøtast med reetablering av matjord.* | |  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend konfliktar knytt til innspelet.<br>Sør for området er det registrert hasselrurlav og taksvale, som er registrert som nær trua på norsk raudliste. Med tanke på avstand til dette er ikkje føremålet vurdert å påverka naturmangfaldet negativt. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem i konflikt med eit kulturmiljø. Innanfor den sørlege delen av området er det registrert eit større kulturmiljø. Her ligg Onarheim kyrkjestad, og det er gjort funn av gjenstandar datert til vikingtid. Området er erklært som automatisk freda kulturminne av Riksantikvaren. Dei to bygningane i området er SEFRAK-registrert (meldepliktig jamfør Kml. §25).<br><br>Det var tidlegare ein automatisk freda lokalitet frå bronsealder/jernalder like nordvest for innspelt område. Denne vart undersøkt/utgrave i 2022 og har no status som fjerna i kulturminnedatabasen Askeladden. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg på eit platå i landskapet, og ligg i sentrumskjernen av Onarheim. Terrenget innanfor området er relativt flatt. Landskapet rundt bærer preg av fleire bureisingar. Ein eventuell utbygging i området vil derfor ikkje skapa stor kontrast i området.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor det innspelte arealet. Det er kort avstand til friluftsområde i fjell og langs sjø. Innspelet kjem ikkje i konflikt med ålmentas tilgang til friluftsliv. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Områda som grensar til Fjellvegen i aust er innanfor gul støysone frå veg. Dette vil kunne tas omsyn til i ein detaljregulering. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området kjem ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem i konflikt med fulldyrka jord og overflatedyrka jord. Det fulldyrka arealet (oransje på kartet) sør for husa er på totalt 6,4 daa, noko over 5 daa av dette ligg innanfor område.<br>Det fulldyrka arealet nord for husa er på totalt 22,3 daa, men her er det berre om lag 3 daa som ligg innanfor det innspelte arealet. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Innmarksbeite (lys gul) er på 4,3 daa, her kjem brorparten av arealet akkurat utanfor det innspelte arealet.<br>I vestre del av område er det overflatedyrka jord (gul), dette er på totalt 9,6 daa, medan om lag 4 daa av dette ligg innanfor det innspelte arealet.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins og barnehage ligg i nærleiken og har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Arealet har gangavstand til skule, barnehage, handelstilbod, offentleg transport og arbeidsplassar.<br>Styrking og fortetting innanfor etablert bygdelag. Utbygging i sentrumsområde vil kunne legge til rette for ein reduksjon i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er regulert inn eit område til leik om lag 300 meter nord-aust for området. Det vil uansett kome krav om etablering av nye leikeareal ved fortetting i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg like aust for Onarheimselva, og mindre delar av området er derfor omfatta av aktsemdområde for flaum.<br>Delar av området er omfatta av aktsemdsområde for skred, då område er utløpsområde for snøskred.<br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br>**Det er vurdert at regulering av arealet til bustad vil føre til at for mykje samanhengande dyrka mark går tapt. Innspelet er i konflikt med automatisk freda kulturmiljø, og vil medføre ein større endring av kulturlandskapet i området.** |

| Innspel nr. 104_5, Bustad – Onarheim sentrum | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 152/5 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad | |
| **Arealstorleik:** | Ca 18,7 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Alsaker Fjordbruk/Meidell | |
| **Grunneigar:** | Gerhard Meidell Alsaker | |
| **Skildring**:<br>*Området er lokalisert i Onarheim sentrum, og har eit areal på omtrent 22 daa. Arealet har gangavstand til skule, barnehage, handelstilbod, offentleg transport og arbeidsplassar. Arealet ligg i nær relasjon til det utbygde bustadfeltet Hagareset/Eikene. Forslagsstillar ønskjer utlegging av eit bustadområde plassert mellom eksisterande busetnad i LNF-område. Legg også til at kommunen bør samstundes vurdere samankopling av føreslått areal med regulerte areal i aust.* | |  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registeret biologisk mangfald med stor verdi i, eller i nærleiken av området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i, eller i nærleiken av området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br><br>Området er svært bratt og kupert. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Den nordlegaste delen av området ligg innanfor eit registrert friluftsområde av Tysnes kommune med områdetype nærturterreng.<br><br>Innspelet kjem ikkje i konflikt med almen tilgang til friluftsliv langs sjø og fjell.<br><br>Området ligg i sentrumskjernen av Onarheim, med kort avstand til fjell og sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100- metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området består av produktiv skog. Deler av skogområdet har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins og barnehage ligg i nærleiken og har kapasitet. Om lag 500 meter luftlinje til Onarheim skule og om lag 900 meter gangdistanse. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Arealet har gangavstand til skule, barnehage, handelstilbod, offentleg transport og arbeidsplassar.<br><br>Styrking og fortetting innanfor etablert bygdelag. Utgjer ein samankopling av areal som allereie er nytta til bustadføremål. Utbygging i sentrumsområde vil kunne legge til rette for ein reduksjon i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er regulert inn leikeområde om lag 300 meter aust for innspelet. Det vil uansett vera krav om etablering av nye leikeareal ved fortetting i området. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er registrert faresone for høgspentanlegg gjennom området. Store delar av området er råka av skredfaresone, utløpsområde for steinsprang og snøskred. Avbøtande tiltak vil ha avgrensa/liten effekt.<br><br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Primært på grunn av konflikt med aktsemdområde for ras/skred og høgspentanlegg som går gjennom området. Området ligg i svært bratt terreng, som er vurdert som mindre eigna til føremålet. Det er større avstand til sentrum sett opp mot andre bustadinnspel som ligg nærare Onarheim sentrum**. |

| Innspel nr. 112_2, LNF-areal for spreidde bustader eller fritidsbygningar – Flakkavågen | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *155/1, 155/7* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og Veg, med detaljsone om at reguleringsplan framleis skal gjelde* |
| **Foreslått arealføremål:** | *LNF-areal for spreidde bustader eller fritidsbygningar* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 3,6 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Ola Skaten* |
| **Grunneigar:** | *Ola Møllerup Skaten* |

Kartutsnitt/foto






**Skildring**:

*Innspelet gjeld eit område ved Flakkavågen, omtrent 2 km sør-vest frå Onarheim. Arealet er sett av til LNF og veg i gjeldande kommuneplan. Her er det også ei detaljsone om at reguleringsplanen framleis skal gjelde.*

*Skaten ynskjer å fortette eit areal som er ubygd mellom fleire eksisterande bustadar.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende funn i området, eller i nærleiken. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i eller i nærleiken av innspelt område.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg på austsida av Flakkavågvegen, mellom eksisterande bustadar. Terrenget på vestsida er bratt som vist i 3D-bilete over. Dette gjer at det er utfordrande å fortette bustadområdet vest for vegen.<br><br>Det kan hende at ei eventuell fortetting vil bli skjerma av vegetasjonen langs vegen, men vil bli synleg frå sjøen. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit friluftsområde som er kartlagt som «Flakkavågen» (vist i rødt). Det er kategorisert som eit viktig friluftsområde med strandsone med tilliggjande sjø og vassdrag.<br><br>Det finst ei strand sør for området, men tilkomstvegen som går mellom denne og føreslått område fungerer som eit naturleg skilje mellom desse, slik at eventuell utbygging ikkje vil forringe tilgangen til stranda.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det renn ein bekk igjennom det aktuelle området.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Av omsyn til terrenget blir det naustsynt å ta i bruk areal på austsida for å kunne etablere fleire hus i området. Føreslått areal blir difor liggjande innanfor 100-metersbeltet mot sjøen.<br><br>I sjøen sør for planområdet er det registrert låssettingsplassar for makrell, sild og sei. Det er i 2006 registrert ein merknad som opplyser om at denne kaste- og låssettingsplassen er mykje brukt.<br><br> |
| **Jord- og skogbruk** | | Innanfor området røyrer ein mindre del av arealet ved registrert overflatedyrka jord.<br><br>Føreslått avgrensing røyrer ved den austlegaste delen av det gule feltet som er vist med raud markør:<br><br><br><br>Det er registrert lauvskog av særs høg bonitet på området, i tillegg til overflatedyrka jord. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins i området har kapasitet. Barnehage i Onarheim har og kapasitet. Køyreavstand til skule og barnehage er om lag 2,6 km. Onarheim barnehage med 42 plassar ligg i same bygning som skulen. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Onarheim sentrum ligg 2,6 km unna området (4 min med bil, 11 med sykkel og 33 min gonge). Om lag 300m til busstopp langs Flakkavågsvegen. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Nærturterreng og viktig friluftsområde er registrert nær det innspelte arealet. Det er ikkje leikeplassar i nærleiken. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred | | Det innspelte arealet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred og for flaum. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| • Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen –**<br><br>**Arealet vert rekna som lite eigna til føremålet då det er bratt og arealet ligg i aktsemdområde for flaum og skred. Området vil også hamna innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område med lite bureising i dagens situasjon. Området vil dessutan komma svært tett på planlagt ny fylkesveg.** |

**Innspel. 300 - politisk bestilling , LNF spreidd bustad ved Flakkavågen**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 157/8 mfl. |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | LNF spreidd bustad |
| **Arealstorleik:** | |
| **Forslagsstillar:** | Politisk bestilling |
| **Grunneigar:** | Fleire |

**Skildring**:

**Politisk bestilling**

Det var eit ønske frå politisk hald jamfør protokoll frå arealplangruppa 4. oktober 2022, at ein skulle sjå på heile Flakkavågen for å vurdera eit større område for spreidd bustad i kommande arealplan.

I gjeldande plan ligg det i dag eit ubygd område sett av til LNF spreidd bustad, på austsida av Flakkavågen ved Sletteskogvegen. Området ligg forhaldvis nært Onarheim sentrum, det er tilkomst til området via Sletteskogvegen, arealet har ein god vestvend plassering.

I denne KU-en vil ein utviding av føremålet i retning nord og sør verte vurdert, jamfør vedlagt kart til høgre.

Kartutsnitt/foto

Området det er gjort KU for med gjeldande kommuneplan i bakgrunnen.



| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I det tiltenkte området er det registrert lågurtfuruskog (mørk oransje) i nordlege del, som er vurdert å ha høg KU-verdi, registrert i 2019. I sørlege del er registrert frisk lågurtedellauvskog (lys oransje) med middels verdi. Det er og registrert ask som er ei trua art, sør for tiltenkt område. |

| | | |
|---|---|---|
| | |   |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor området eller i nærleiken.<br><br>I skildring av friluftsområde i Sletteskogen vert det i områdeskildringa trekt fram at det ligg restar etter kalkomnar og kalkverksemd i området, kor dette ligg vert ikkje nemnd. Verksemda er kjend frå 1300- talet fram til nyare tid (etterreformatorisk tid). Det ligg ingen automatisk freda kalkomn-anlegg i kulturminnedatabasen Askeladden. Eit kommunalt listeført omnanlegg frå 1800- talet er restaurert på Flakka på vestsida av Flakkavågen. Området ligg langt unna føreslått areal for bustader spreidd i LNF.<br><br>I Askeladden vert det og nemnt at det skal ligge rester etter anlegg ved Sletteskogsjøen og ved Barmalio, truleg og frå nyare tid. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Heile arealet ligg innanfor eit grovmaska friluftsområde klassifisert som nærturterreng.<br><br>I områdeskildringa av friluftsområde står det jamfør faktaark i www.fylkesatlas.no: *«Skogsveg opp til Barmehovda som vert ein del nytta. Går gjennom furuskog. Ikkje skilta. Mykje kristtorn langs vegen i austleg del av området. Restar av kalkomnar. Kalkverksemd har vore svært viktig for Tysnes».* |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det er vurdert at ei utviding av spreidd bustad i LNF i liten grad vil hindra tilkomst til Barmehovda. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ingen kjend forureining i området og tiltaket er sjølv ikkje vurdert å ville forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ingen kjend konflikt med vatn og vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Føreslått areal for utviding av LNF spreidd bustad ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Skog med høg- og særs høg bonitet. Ingen konflikt med dyrka mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule i skulekrins har kapasitet.<br>Det er kapasitet i barnehage innanfor 15 km |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | 3 km til butikk på Onarheim, 16 km til skule på Uggdal og 20 km til skule på Våge. Det er ca. 2 km til busstopp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplassar i området, området har nærturterreng. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ingen fareområde kjend. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Årsaka til dette er at det er avgjerande konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema, då spesielt naturmangfald. I området som er best eigna topografisk for ei utviding, er det i nordlege del registrert lågurtfuruskog, som er vurdert å ha høg KU-verdi (registrert i 2019). I sørlege del er det registrert frisk lågurtedellauvskog med middels KU-verdi. Det er elles myr fleire stader i området. Det er dessutan registrert ask som er ei trua art like sør for tiltenkt område.**<br><br>**Området for spreidd bustad i LNF i gjeldande plan vert teke med vidare og vert noko utvida i sør jamfør innspel 053_2. Området i gjeldande plan er ubygd i dag, og har plass til ein god del bustader.** |

# ONARHEIM

## -

## VIDARE

## Feltnamn/områdenamn i plankart: B 01

## Innspel nr. 8_1, Bustad og/eller fritidsbusetnad – Aalund

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 133/3 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad og/eller fritidsbusetnad |
| **Arealstorleik:** | 10 daa |
| **Forslagsstillar:** | Harald Aarbakke m.fl. |
| **Grunneigar:** | Harald, Aarbakke, Johannes Aarbakke, Kari Aarbakke, Anna Aarbakke Hovdenes, Jorunn Onarheim. |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Eigedommen er ein landbrukseigedom og består i dag av for det meste produktiv skog og kratt. Området ligg sør for hovudvegen, og er på omtrent 10 daa. Området er lokalisert omtrent 5 km nord-aust for Onarheim. Området sør-aust for teiga har i gjeldande kommuneplan fritidsbusetnad som arealformål. Forslagsstillar ønsker å lage ein privat reguleringsplan for området på Aalund, kvar formålet er bustad og-/eller fritidsbusetnad.*

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registeret at innspelet kjem i konflikt med viktige naturtypar eller områder verna etter naturvernlova. Det er heller ikkje registrert viktige artar rundt området.<br><br>Det aktuelle området ligg omtrent 50 meter aust frå ein gammal edellauvskog, ein lågurt eikeskog og hula eiker med lokal verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap innanfor innspelt område.<br><br>Sør-vest for området ligg det ein automatisk freda lokalitet, i form av eit gravfelt frå jernalderen, med fleire gravhaugar og bautasteinar.<br><br>Innanfor området er det registrert SEFRAK-bygg, men desse er fjerna.<br><br>Omtrent 80 meter sør for området er det registrert eit teknisk/industrielt minne iform av ei bru laga av bautasteinar. Minnet er ikkje freda.<br><br>Med tanke på avstand og høgdeforskjell er det ikkje vurdert at tiltaket vil komma in konflikt med kulturminna. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br><br>**Landskapsbilete:**<br>Eit eventuell utbygging av området vil vera synleg i landskapet, då området ligg på ein høgde i landskapet som skrår bratt ned mot bekken i aust. Området ligg mellom spreidd bureising, og vil ikkje utgjere ein stor kontrast til dette.<br><br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Teiga ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde av Tysnes kommune, som er rangert som svært viktig.<br><br>Innspelet vil ikkje hindra ålmenta tilgang til sjø eller fjell. Det er ikkje registrert at innspelet vil kome i konflikt med prinsippet om god folkehelse. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Området grenser mot Liaelva i aust. Dette vil kunne takast omsyn til ved detaljregulering. Med omsyn til elva tillate dessutan ikkje føresegna bygging tett på vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Grensa i sør-aust som er nærast sjøen ligg om lag 160 meter frå havet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med jordbruksinteresser. Landskapet i området rundt består for det meste av produktiv skog og spreidd busetnad. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Ettersom datafangsten er frå 1968, er det uvisst om denne er like aktuell i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Både skule (1.-7. trinn) og barnehage i Onarheim har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Området ligg 8 minuttar med bil frå bygda Onarheim (6km), kor det er barneskule, barnehage og butikk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er etablert felles leikeareal ved Årbakkaheio eit lite stykke nord-aust for området. Det vil uansett vere krav opparbeiding av nye leikeareal ved utbygging. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, då Liaelva går langs austsida av området. |
| **Samla vurdering** | | **Innspel vert teke med i planen – og får føremålet bustad, men vert noko justert.**<br><br>**Det er registrert noko konflikt med miljø- og samfunnstema, men ingen avgjerande konfliktar. Området ligg innanfor prioritert friluftsområde, men innspelet er ikkje vurdert å ville hindra ålmenta tilgang til sjø eller fjell. Innspelet ligg i eit område med skog, som registrert med høg bonitet, ettersom datafangsten er gamal er det uvisst kor reelt dette er i dagens situasjon. Ved ein detaljregulering må aktsemdsone for flaum utgreiast nærare.**<br><br>**Arealet i innspelet vert elles tilpassa terreng og topografi og vil difor verte trekt noko lenger vekk frå elva.**<br><br>**Utstrekkinga på området vil i nytt plankart verte slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| **Feltnamn/områdenamn i plankart : LSF 01** | |
|---|---|
| **Innspel nr. 62_1, Fritidsbusetnad – 5km nordaust for Onarheim** | |
| **Gnr./bnr.:** | 134/4 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbusetnad |
| **Arealstorleik:** | Ca. 6 daa |
| **Forslagsstillar:** | Åge Mæland |
| **Grunneigar:** | Åge Mæland |

**Skildring**:

*Området ligg omtrent 5 km nord-aust for Onarheim, og har eit areal på ca. 14 daa. Området er ubygd, og består av skog. Like sør for området ligg ein fritidsbustad, og vidare eit større naustområde. Forslagsstillar ønskjer at arealet skal bli nytta som eit område for fritidsbusetnad. Arealet har tilkomst frå eksisterande veg i vest, og består av to hovudplatå kvar det er tenkt at bureisinga etablerast utanfor den funksjonelle strandsona.*

Kartutsnitt/foto



| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrerte prioriterte eller trua artar og utvalde naturtypar. Det kan likevel vera trua artar som ikkje er registrerte. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre verneinteresser i direkte konflikt med området.<br><br>Like sør for området er det registrert eit større freda område, kvar det er gjort funn av fire gravrøyser datert tilbake til jernalderen. |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Landskapsbilete:**<br>Innspelet ligg på to hovudplatå på ein høgde i landskapet. Området er plassert i relasjon til annan fritidsbusetnad i området.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Område ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde av Tysnes kommune, rangert som svært viktig. Tilgang til friområde er likevel ikkje vurdert å verte hindra.<br><br>Innspelet kjem ikkje i konflikt med ålmentas tilgang til og langs sjø, då innspelet er tenkt etablert utanfor funksjonell strandsone.<br><br>Det er ikkje registrert at innspelet kjem i konflikt med prinsippet om god folkehelse. |
| **Foruréining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-foruréining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Tiltaket ligg i 100 - metersbeltet, men på eit høgdedrag 20 meter over strandlina – utanfor funksjonell strandsone. Tiltaket er vurdert å ikkje hindra ålmenta tilgang til strandsona. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt me dyrka mark, då området består av skog. Deler av skogen har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne datafangsten er gamal og det er usikkert om denne representerer kva som er tilfelle i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand til barnehage og skule er ikkje relevant, men avstand til butikk er relevant for føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – men som LNF-spreidd fritidsbusetnad, området vert justert med omsyn til KU-tema**<br><br>**Område vert justert ned i storleik, med omsyn til 100-metersbeltet. Det er eit friluftsområde her, men innspelet er vurdert å ikkje komme i konflikt med ålmentas tilgang til området. Det er registrert skog med høg bonitet i 1968, men det er usikkert kor aktuell denne registreringa er i dagens situasjon. Det er elles få konfliktar med tanke på miljø- og samfunnstema.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br><br><br>*Innspel 62_2, 3 og 4 – er ikkje teke inn i planen.* |

## Feltnamn/områdenamn i plankart: FB 02

## Innspel nr. 075, Fritidsbusetnad, framtidig – Nyborg

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 166/4 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF / Fritidsbustad |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbusetnad – framtidig |
| **Arealstorleik:** | Ca 180 daa |
| **Forslagsstillar:** | Ove Lien |
| **Grunneigar:** | Ove Lien |

**Skildring**:
*Eigendomen som innspelet gjeld for er lokalisert ved Nyborg. Eigedomen har i dag arealformål LNF-område og fritidsbustad. Det er skilt ut hytteeigedomar i nord/senter av eigedomen, og den er utbygd med naust i nord. Grunneigar fremmer innspel om nytt hyttefelt på eigedomen, som ein utviding av eksisterande hytteområde.*



Kartutsnitt/foto



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innanfor eigedommen er det registrert funn av tåresopp (funnet 20.09.86). I nær avstand til eigedommen mot vest er det registrert steinsopp (funnet 13.09.2020), og blåmeis i øst for eigedommen ved Grønevika (funnet 30.01.11). Alle desse artane er kategorisert som livskraftige.   Det er ingen områder verna etter naturmangfoldloven. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje kjende kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap på eigedommen, eller i nærleiken. **Landskapsbilete:** Området er omkransa av skog i nord, øst og vest, men grensar mot naust og sjø i nord. Eigedomen er oppført med fritidsbustadar jamt fordelt utover området, men er ikkje bygd ut i sør. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Den sørlege delen av eigedomen ligg innanfor «Sletteskogen», som er kartlagt som eit viktig friluftsområde, med områdetype nærturterreng. Det er likevel vurdert at tiltaket ikkje vil vera til hinder for tilgang til område for ålmenta. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det renn ei bekk/elv gjennom eigedomen på langs. Avbøtande tiltak kan vera aktuelt. Føresegna tillate ikkje bygging for tett på vassdrag.<br> |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Deler av innspelet, ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, det er eit allereie etablert hyttefelt nord for innspelet som ligg godt innanfor 100-metersbeltet. Innspelet er ei utviding av hyttefeltet men i retning sør, vekk frå sjø, og kan reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då eigedomen hovudsakeleg består av utmark/skog der det ikkje er bygningar. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand til skule og barnehage er ikkje aktuelt for føremålet. Men avstand til butikk er aktuelt. Næraste butikk finn ein i Onarheim. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Innspelt område ligg ikkje innanfor fare-/aktsemdsone |

| | | |
|---|---|---|
| Samla vurdering | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet fritidsbusetnad**<br><br>**Det er allereie infrastruktur i området og hyttefeltet kan reknast som ei utviding/fortetting av eksisterande hyttefelt. Nye hyttetomter vil ligge lenger vekk frå sjø enn ved det etablerte feltet, men er likevel i nær tilknyting sjø. Dette er positivt for ivareta 100-metersbeltet. Det er registrert eit viktig friluftsområde her, det er vurdert at tiltaket ikkje vil påverka ålmentas tilgang til området. Det er elles ingen kjende avgjerande konfliktar knyt til innspelet. Det innspelte arealet vil verte noko tilpassa terreng og topografi.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 03 |
|---|
| **Innspel nr. 102_1, Bustad – På Onarheim, like ved sentrum** |

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 152/9 | |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad | |
| **Arealstorleik:** | Ca 2,4 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Aleksander Nordal | |
| **Grunneigar:** | Aleksander Nordal | |




**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg på Onarheim, like ved sentrum. Området ligg mellom to eksisterande reguleringsplanar. Nord-aust for planområdet ligg ein eldre reguleringsplan for eit utbygd bustadfelt. Sør-vest for det aktuelle området ligg reguleringsplanen for Onarheim sentrum. Forslagsstillar ønskjer eit bustadområde, tiltenkt to bustadtomter.*



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert at innspelet kjem i konflikt med verna eller viktige naturmangfald<br><br>Innanfor ein rekkevidde på 200 meter frå det aktuelle området er det registrert skogfredløs, kjøttkraterlav, alm og liten ramsløkflue som er trua og sårbare artar på norsk raudliste for artar<br><br>Omtrent 200 meter aust for det aktuelle området er det registrert Vipe, som er ein sterkt trua art som er på norsk raudliste for artar. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert at området kjem i direkte konflikt med kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br><br>Like sør-vest for det aktuelle området var det tidlegare eit automatisk freda kulturminne datert til eldre bronsealder og eldre jernalder. Lokaliteten vart undersøkt/utgrave i 2022 og har no status som fjerna.<br><br>Det er sannsynleg at ein kan forventa krav om arkeologiske forundersøkingar på det aktuelle område i samband med ei detaljregulering.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Ei utbygging av området vil væra synleg i landskapet, spesielt då området bak er open og dyrka mark. Likevel vil ei eventuell utbygging ikkje virka alt for drastisk då bustadane vil liggja som ein forlenging av det eksisterande bustadfeltet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet er ikkje til hinder for friluftsliv i området. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Det aktuelle området ligg sør på eit større område av eigedommen beståande av fulldyrka jord. Gardskart visar at jordbruksarealet har ein helling mellom 1:5 og 1:3 i øvre del av området.   |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule og barnehage i Onarheim har kapasitet og ligg i nærleiken. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ligg i sentral på Onarheim, nært skule, barnehage, butikk, busshaldeplass og anna. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området ligg ved eit areal som er regulert til leikeareal, dette vert rekna som positivt. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen - som bustadføremål**<br><br>**Området står fram som attraktivt, ligg tett på sentrum, samstundes er det funne få negative konsekvensar knytt til utbygging i området. Arealet vil og verte ei naturleg avslutning på eksisterande bustadfelt, og kan nytta seg av eksisterande infrastruktur i området.**<br><br>**Det vart vidare vurdert å inkludere heile området ned mot fylkesvegen avsett til bustader, sjå kart under.** |






Kart over viser korleis arealet vert i nytt plankart.

**Feltnamn/områdenamn i plankart: HOS 01, NÆ 02 + RU2**

**Innspel nr. 104_10, Næringsføremål og hamneområde i sjø – sør i Espevik**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 167/1, 50 m.fl. |
| **Dagens arealføremål:** | LNF og fiske |
| **Foreslått arealføremål:** | Næringsføremål og hamneområde i sjø. |
| **Arealstorleik:** | 40 daa |
| **Forslagsstillar:** | Alsaker Fjordbruk/ Meidell |
| **Grunneigar:** | 167/50: Gerhard Meidell Alsaker, 167/28: Ronny Espevik |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:

*Innspelet ligg sør i Espevik, kvar området består av to etablerte kaier, vegtilkomst og eit mindre utplanert areal. Forslagsstillar ynskjer å nytte arealet som base for havbrukslokaliteten Flornes, og foreslår at arealet blir avsett til næringsformål med moglegheiter for ei utfylling i sjø og avretting av kailiner. Forslagsstillar meiner dette vil gje gode hamnetilhøve og naudsynt næringsareal på landsida. Utanfor dette arealet ynskjer forslagsstillar lagt ut hamneområde i sjø for å kunne ivareta behova som følgjer med eit sjøretta næringsareal. Dette vil sikra Flornes separat base og landingsplass, og bidra til å forenkle arbeidsoperasjonar og bidra til å styrka smittemessig avskilte tilhøve mellom Flornes og Skorpo.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert eller kjend viktige eller trua artar innanfor det aktuelle området.<br><br>Vest for området er det registrert fleire sårbare og truga artar som ask, stortrollurt og alm (2019-2020). Nord for området er det registrert funn av spansk kjørvel, som er ein framand art kategorisert som svært høy risiko (2020).<br><br>Delar av området i den sørlege delen av sjøområdet er registrert som gyteområde. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området eller i nærleiken. |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Landskapsbilete:**<br>Området ligg mellom sjø og eksisterande bustadar, som gjer at innspelet kan hindra utsikten til nokre eksisterande bustadar.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde, men er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.<br><br>Å etablere eit næringsområde på arealet kan hindra ålmenta tilgang og utøving av friluftsliv fram til og langs sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området i dag er utsett for forureining.<br><br>Ved etablering av nye næringsareal er det alltid ein risiko for noko forureining. Det er i den samanheng mogleg med avbøtande tiltak. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, i eit område som er lite bygd i dag. Innspelet kan koma i konflikt med ålmentas tilgang til sjø.<br><br>Området i sjø er og registrert som låssettingsplass. |
| **Jord- og skogbruk** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tiltaket vil liggja for seg sjølv, noko skjerma på Espevik, som kan vera ein godt eigna plass for denne typen verksemd. Det er få bustader og ingen annan næringsverksemd i området. Det er difor truleg ikkje særlege konfliktar med tanke på areal, støy, lys osv. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap | | Det går høgspenningsanlegg over delar av området i sjø i dag, men dette vert etter planen utfasa. |

| | | |
|---|---|---|
| • Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ein mindre del av området er råka av aktsemdområde for steinsprang og snøskred. Avbøtande tiltak vil vera mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – får føremålet næring og hamneområde i sjø samt råstoffutvinning**<br><br>**Det er stor etterspurnad etter næringsareal ved/i sjø.**<br>**Det er registrert konfliktar med miljø- og samfunnstema som mellom anna strandsone ved sjø og friluftsliv og mindre konflikt med naturmangfald, det er og registrert aktsemdområde for steinsprang og snøskred. Avbøtande tiltak må vurderast ved reguleringsplan.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: RU 1 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 104_11, Masseuttak – Onarheimsvatnet** | |
| **Gnr./bnr.:** | 152/4 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | *Masseuttak* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 20 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Alsaker Fjordbruk / Meidell* |
| **Grunneigar:** | *Gerhard Meidell Alsaker* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:

Forslagsstillar melder om at bedrifta stadig har behov for steinmassar og murstein. Dei har sett føre seg ei tomt som også kan yta samfunnsnytte etter steinuttak. Her er det i dag ein uoversiktleg veg langs eit vatn og Onarheimselva. Ved å nytta arealet langs vegen som masseuttak, kan vegen stå som han er fram til det er tatt ut stein av resten av arealet, og det til slutt vert mogleg å utbetra vegen når arealet er utnytta. Området ligg ikkje nær andre bygningar, og uttaka kan gå føre seg utan å vera forringande for folk i nærleiken.



Tiltenkt område er «utstikkaren» som vegen i dag må slyngje seg rundt. Ved ferdig uttak av steinmassar, vil det på eit seinare tidspunkt verta mogleg å retta ut og forbetra vegen igjennom arealet som i dette innspelet blir føreslått som masseuttak.

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende truga arter i, eller i umiddelbar nærleik til innspelet. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende kulturminne/kulturmiljø, prioriterte kulturlandskap innanfor eller i nærleiken av innspelet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det finns ingen kartlagde friluftsområde innanfor innspelt område, men det grensar mot Onarheimsvatnet i vest. Vatnet er registrert med områdeverdi: «svært viktig naturterreng».   |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining i dag. Tiltaket kan medføre noko støy og svevestøv, det er difor positivt at det ikkje ligg tett på bustadområde. Avbøtande tiltak i høve støy er truleg ikkje naudsynt med tanke på plasseringa av tiltaket. Avbøtande tiltak i høve Onarheimsvatnet og elva må vurderast nærare ved detaljregulering. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det aktuelle området ligg tett på Onarheimsvatnet og Onarheimselva. Avbøtande tiltak mot vatnet og elva må vurderast nærare ved detaljregulering. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Råkar ikkje strandsona. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet har områder med barskog av særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne registreringa er gamal og det er mogleg at den ikkje er like reel i dagens situasjon.<br><br>Hovudbergarten her er Metagabbro – som eignar seg godt for uttak av pukkmasse, singel og liknande. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Området ligg for seg sjølv med lite busetnad i nærleiken, dette er positivt med take på støy og svevestøv. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Deler av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum ved Onarheimsvatnet- og elva.<br>Deler av området er og innafor aktsemdområde for skred i bratt terreng.<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet råstoffutvinning**<br><br>**Det er vurdert at det samla konfliktnivået er lågt. Staden er godt eigna for tiltaket, området ligg for seg sjølv med lite busetnad i nærleiken, som er positivt med tanke på støy og svevestøv.**<br><br>**Hovudbergarten her er Metagabbro – som eignar seg godt for uttak av pukkmasse, singel og liknande. Det er dessutan eit behov for areal til masseuttak og deponi.**<br><br>**Det er positivt at tiltaket vil gjere det lettare med utbetring av vegen på sikt.**<br><br>**Avbøtande tiltak i høve flaum og vatn/vassdrag må vurderast ved detaljregulering. Avbøtande tiltak i høve støy er truleg ikkje naudsynt med tanke på plasseringa av tiltaket.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: HOS 03 + NÆ 03 og NÆ10 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 104_2 - Utviding av eksisterande Næringsareal og hamneområde – Nedrevågen** | |
| **Gnr./bnr.:** | 137/1, 137/8, 136/1 |
| **Dagens arealføremål:** | Planområde er avsett til arealformål næringsverksemd, hamn, fiske og LNF-område |
| **Foreslått arealføremål:** | Føreligger regplan «**Næringsområde nedre våge**, 2003» med planID: 2003-02<br>137/8: regulert til industri, hamneområde sjø<br>136/1: regulert til jord- og skogbruk |
| **Arealstorleik:** | 18 daa |
| **Forslagsstillar:** | Kristian Rasberg v. Alksaker Fjordbruk / Meidell |
| **Grunneigar:** | 137/1: Hogne Nedrevåge Røssland<br>137/8: Tysnes Brygge AS<br>136/1: Torgeir Kleppe Pollestad |
| **Skildring**: *Det aktuelle området ligg i tilknyting til eksisterande næringsareal om lag 4 km frå Onarheim ved Nedrevågen. Foreslått utviding av eksisterande næring- og hamneområde utgjer om lag 18 daa når areal på land og i sjø er tatt med. Området består i hovudsak av eit ubygd hamneområde som er fylt ut i sjø, og areal med vegetasjon i bratt skråning mot vegen Lierstrando vest for planområdet. Foreslått område omkransast av Nordre Vågen, Fv78 og nokre bustadar i nord.* Forslagsstillar ønsker å utvide eksisterande næringsareal ved å fylle ut sjøarealet vest for hamna, og utvida hamneområdet i sjø lenger sør. | |

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Vest for området vart det i 2008 registrert fuglen Sjøorre, som er kategorisert som sårbar. Her er det også registrert Ærfugl (funnet 2009, kategorisert som nær trua), Bergirisk (2009, nær trua), svartand (2008 nær trua).<br>Like nord for planområdet vart det i 1978 registrert fleire tresortar som er sårbare. Derunder Ask, Alm, Myrtelg. Fagerrorgn og |

<table>
<tr>
<td></td>
<td></td>
<td>Skogfredløs ble registrert i same år, og er kategorisert som nær trua.<br><br>Aust for næringsområdet er det registrert at Vågsnes har vegetasjon av gammal fattig edellauvskog, men tiltaka som forslaget opnar for er ikkje vurdert å forringa skogen.<br><br>
<br><br>Om lag 1 km nord-aust for planområdet er det registrert fleire fuglar i 1980-1982 som er kategorisert trua, nær trua og sårbare, derunder: Vipe, Marellterne, Teist, Ærfugl, Gulspurv, Taksvale, Gjøk, Fiskemåke, Bergirisk, Stær, Sivspurv og Lirype.<br><br>
<br><br>Det er vurdert som lite sannsynleg at naturmangfaldet vert noko meir påverka enn det er i dag ved ei utviding i sjø, ettersom store delar av område allereie er bygd/nytta til næring frå før.</td>
</tr>
<tr>
<td>Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap</td>
<td></td>
<td>Det finst eit automatisk freda kulturminne i nærleiken av området. Dette er ei freda kolgrop, datert til vikingtid.<br><br>Elles er nausta i Nordre Vågen eldre enn 1900-talet (frå 1800-talet) og oppførte i SEFRAK-registeret. Tiltaket er likevel ikkje vurdert å påverka kulturminna noko meir negativt enn dagens situasjon, då</td>
</tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | | store delar av område allereie er utbygd i dag.<br><br><br>**Landskapsbilete:**<br>Terrenget er også slik at området er synleg for bustadane som er oppførte nordover for området, og nye tiltak kan difor påverka utsikten til desse.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor Årbakka friluftsområde, som er karakterisert som svært viktig nærturterreng. Strandsona ligg også registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. Tiltaket er likevel ikkje vurdert å hindra tilgang til friluftsområde for ålmenta i nokon større grad enn i dag. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, men ved utviding av næringsområde er det alltid ein fare for noko forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ei elv har sitt utløp til sjøen lengst vest i det innspelte området. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit allereie eksisterande nærings/industriområde. Det er registrert låssettingsplass i austlege del av området. Område vil i sør hamna |

| | | |
|---|---|---|
| | | dels innanfor bilei. Området kan justerast i høve bilei.<br> |
| **Jord- og skogbruk** | | Området kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Det er registrert eit mindre areal med skog med høg bonitet i området. Men dette er i dag ikkje rekna som drivverdig skog og arealet er lite. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tiltaket gjeld ei utviding av eksisterande næringsområde, dette er rekna som positivt framfor å etablere det ein ny stad som gjerne er mindre eigna til føremålet og som ikkje er bygd i dag. Det er ikkje registrert konflikt med anna næringsverksemd. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Arealet ligg innanfor utløpsområde steinsprang og snøskred, samt aktsemdområde for jord og flaumskred.<br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke med i planen – og får føremålet næring og hamneområde i sjø**<br><br>**Tilgrensande område er allereie nytta til næring i dag, og gjeldande reguleringsplan skal halde fram. Det er difor snakk om ei utviding av eit eksisterande næringsområde. Sjølv om området ligg innanfor 100-metersbeltet og eit friluftsområde, er dette areal som i liten grad vert nytta som dette i dag. Naturmangfald er vurdert som gul kategori, det er ingen observasjonar innanfor sjølve næringsområde. Vurderinga er basert på observasjonar i tilgrensande område. Det er likevel vurdert som lite sannsynleg at naturmangfaldet vert noko meir påverka enn det er i dag ved ei utviding i sjø, ettersom område allereie er bygd frå før.**<br><br>**Det er positivt med utviding av eit eksisterande næringsområde, framfor nedbygging av urørt natur og strandsone i eit anna område.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br><br> |

## Feltnamn/områdenamn i plankart: SF 2 og FRI 01

## Innspel nr. 104_3,  – sentrumsføremål Onarheim

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *152/4*<br>*Eigedom/veg for foreslått fortau: 152/88* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF*<br>*Grav og urnelund*<br>*Angitt omsynssone: kulturmiljø* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Sentrumsformål/kombinert formål*<br>*Badeplass/park/idrett*<br>*Gangvegar i Onarheimvegen* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 3 daa + 1,5 daa + 0,8daa*<br>*(=ca 5,3 daa) + gangvegar* |
| **Forslagsstillar:** | *Alsaker Fjordbruk / Meidell* |
| **Grunneigar:** | *152/4 Gerhard Meidell Alsaker*<br><br>*Eigedom/veg for foreslått fortau: 152/88* |

**Skildring**:

*Området som innspelet omhandlar grensar til detaljreguleringsplan for Onarheim sentrum planid: 2010-4. Innspelet føreslår å regulera dei to felta i nord til sentrumsføremål/kombinert føremål, og forslagsstillar ynskjer å regulere feltet i sør til badeplass/park/idrett. Mellom felta føreslår forslagsstillar å sette av areal til gangveg i Onarheimsvegen som binder saman felta i nord ned feltet i sør.*

*Området ligg midt i Onarheim sentrum, og felta består i dag av gras og er ubygd. Badeplassområdet ligg i dag ved sida av nokre nyoppførte bygningar frå 2019, tilhøyrande Onarheim Bruk AS (oppdrettsanlegg for sjømat).*

Kartutsnitt/foto




Dei to felta i nord er føreslått til sentrumsføremål / kombinert føremål, medan feltet i sør er foreslått som badeplass/park/idrett.

Mellom felta i nord og sør er det føreslått ein gangveg som kan skapa ein sikker forbindelse mellom desse i Onarheim sentrum.

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det finns ingen artar registrert innanfor føreslått felt, men fuglen Taksvale er registrert like sør for det eine feltet som framgår av innspelet. Denne er funnet i 2017 og er kategorisert som nær trua. |

| | | |
|---|---|---|
| | | I sjøen rundt føreslått badeplass er det registrert fleire algeartar som er livskraftige.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Eit større areal rundt Onarheim kyrkje inngår i sikringssone for automatisk freda kulturminne registrert med namn «Onarheim tingstad og gildestad». Delar av det innspelte arealet i sør som ligg på land inngår i sikringssona til Onarheim tingstad. Det største feltet i nord ligg ikkje innanfor sikringssona, men grensar likevel mot denne. Elles finst Onarheim mellomalderkyrkjegard i nærleiken av felta. Det står og fleire SEFRAK-registrert bygg i område (vist som trekanta på vedlagt kart), desse har ingen formell vernestatus.<br><br>Området har ei rik kulturarv som må tas omsyn til.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Det aktuelle området ligg i sentrum av Onarheim, som er omfatta av ein detaljreguleringsplan for sentrum, med unntak av areala som fremmast i dette innspelet. Som følgje av sentral plassering i sentrum er det venta høgare utnytting her enn andre stader i kommunen. Områda og eigendomane rundt dei aktuelle felta er |

| | | |
|---|---|---|
| | | bygd på, både av mindre og større bygningar (deriblant Onarheim kyrkje, næringsbygg, bustadar og sjøhus.<br><br>Felta i innspelet består i dag av gras. Likevel er felta si plassering såpass sentral at dei kan vere meir egna for å byggast ut med sentrumsformål kontra beitemark.<br><br><br><br>Innspelet opnar for å bygge tiltak som vil påverka landskapet. Tatt felta sine plasseringar i betraktning, er det forventa å fortette i eit såpass sentralt område. Sjølv om felta er ubygde i dag har dei omkringliggande bygningar av ulik storleik. Difor vil ikkje konsekvensane av innspelet utgjera sårbarheit i landskapsbilete, eller medføra konsekvensar som kan kategoriserast som avgjerande for området. Det vil likevel vere viktig med nærare vurderingar kring bygningsutforming. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ligg ikkje innanfor kartlagde friluftsområde.<br><br>Etablering av gangveg vil vera ein kvalitet som bidrar til å betre tilgjengelegheita i bygda, og å «sy» sentrum meir saman.<br><br>Føreslått badeplass/park ligg innanfor område markert som tilgjengeleg strandsone i grønt. Ein badeplass/park kan vera eit positivt tiltak for friluftsliv.<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Delar av innspelet som grensar mot Onarheimsvegen og Fjellvegen har gul sone for støy frå trafikk. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Føreslått område ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit område or det er bygd i strandsona frå før.<br><br>Det nordvestlege arealet ligg ovanom vegen, og kjem dermed ikkje direkte i strandsona.<br><br>På det nordaustlege arealet finst det i dag eit naust. Arealet framstår som dels opent, men det er likevel så bratt at det etter alt å døme vert lite nytta av offentlegheita i dag. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Innspelet vil kunne opne opp strandlina for fleire bueiningar til heilårsføremål, og på denne måten vil situasjonen verte betre enn i dag.<br><br><br>*Figur 1: Det nordaustlege arealet, sett mot sørvest* |
| **Jord- og skogbruk** | | Den nordvestlege delen av det innspelte arealet består av fulldyrka jord, jordbruksarealet er totalt berre 1,9 daa stort.<br>Det nordaustlege området består i stor grad av open fastmark.<br><br>Hovudparten av det innspelte arealet i sør ligg i sjø, men for delane på land er det registrert open fastmark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins og barnehage ligg i nærleiken og har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Knytt opp mot fortetting i knutepunkta så er lokasjonen svært positiv. Det er kort avstand til butikk, skule og busshaldeplass, og utbygging i sentrumsområde vil kunne legge til rette for ein reduksjon i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Sentrumsføremål kan og inkludera næring. Det er positivt med sentrale arbeidsplassar, som kan forkorte reiseveg og holda liv i sentrum. Skal næring etablerast i sentrum, kor det og er fleire bustader, bør det vera næring som ikkje skapar mykje støy. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Etablering av gangveg i sentrum vil betra tilgjengelegheita i området, betra tryggleik og styrka universell utforming i sentrum. Ein badeplass vil bidra til betre folkehelse og fungere som ein kvalitet for bebuarane og besøkande i området. Både ved å fungera som ein opphaldsplass og uteområde, men også ved å gjera sjøen og strandsona meir tilgjengeleg. Føreslått arealformål hjelmar ei rekke ulike tiltak som kan betre folkehelsa og miljøet i sentrum for ulike alder- og brukargrupper. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |

| | | |
|---|---|---|
| • Skytebane | | |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – det får sentrumsføremål og føremål friområde**<br><br>**Fortetting i sentrum er eit positivt tiltak, og er i tråd med overordna retningsliner knytt til fortetting. I forhald til kulturminne må det setjast krav til nøye vurdering av utforming ved detaljregulering. For å få ein heilskap i sentrum er det teke med eit større areal enn det innspelet tilseier.**<br><br>**Det har kommen inn fleire innspel på sentrumsføremål i Onarheim sentrum. For innspela som har blitt teke med vidare er det ønskeleg med ein samla reguleringsplan, for å få gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br><br><br> |

## Reguleringsplan skal framleis gjelde

## Innspel nr. 104_6, Utvida hamneområde i sjø, utvida næringsareal, naustområde og internveg – Elsåker (sentralt på Onarheim)

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 151/1, 153/9 |
| **Dagens arealføremål:** | Kombinert føremål i sjø og vassdrag, hamn, Friluftsområde, LNF, bustadområde |
| **Foreslått arealføremål:** | Utvida hamneområde i sjø, utvida næringsareal, naustområde og internveg. |
| **Arealstorleik:** | Hamneområde ca 115 daa, næringsareal ca 13 daa, naustområde ca 7 daa + veg.<br>Totalt ca 135 daa. |
| **Forslagsstillar:** | Alsaker Fjordbruk / Meidell v. Kristian Rasberg |
| **Grunneigar:** | 153/1: Gerhard Meidell Alsaker<br><br>153/9: Alsaker Brygge AS |

Kartutsnitt/foto



*Innspelet føreslår utviding av sjøarealet ut mot aust, utviding av næringsføremålet i senter av skissa. Naustområde er ønskeleg i sør, og langs denne er det foreslått ein tilkomstveg til naustaarealet frå næringsarealet like nord for det*

**Skildring**:
*Innspelet gjeld for området Elsåker, som ligg sentralt til på Onarheim. Forslagsstillar ønsker at eigedommane 151/1 152 og 153/1 sjåast på i ein samanheng for vidareutvikling og planlegging, der fellesnemnaren er næringsområde og hamneområde i sjø. I hovudsak ønskes eksisterande arealformål for hamn og næring utvida i areal, men det er også ønskeleg å etablere internveg og eit naustområde på 153/9.*

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I Elsåkervågen er det registrert eit rikt artsmangfald, men det er ikkje gjort registreringar av sårbart naturmangfald innanfor innspelt område.<br><br>I nærleiken er det registeret funn av Sjøorre i sjøen (2011) som er kategorisert som sårbar. Taksvale som er kategorisert som nær trua er registrert i 2017. Ask, Barlind, Alm og Stortrollurt som er sårbar finst vest for arealet kor det er føreslått naust i forslaget (2011).<br><br>Artsmangfald: |




Området i sjø ligger innanfor gytefelt for torsk men er kategorisert som mindre viktig. Ligg også innanfor Elsåkervågen gytefelt for saltvantsfisk.

Jamfør planskildringa til planen er det er gjennomført ny naturkartlegging for sjøområda i planområdet (STIM 2022). Det vart ikkje observert sårbare naturtypar eller artar ved kartlegginga.



| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Tilknytt Onarheim kyrkje er det registrert kulturminne og kulturmiljø.<br><br>Her finst ein del naust i SEFRAK-registeret frå 1800-tallet som er verna. Onarheim kyrkje, Onarheim tingstad og gildestad er verna. Elsåker stølshaug ligg sør-vest for området, og er datert til jernalder – middelalder av riksantikvaren. Forøvrig finst eldre bygningar, gårdsbygg og naust i området som er registrert i SEFRAK (jamfør vedlagt kart over).<br><br>**Landskapsbilete:**<br><br>Foreslått bruk finst allereie i område, slik at utviding av føremålet ikkje presenterer noko nytt føremål i området. Utvidinga vil likevel medføre endringar i landskapet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Områda ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde «Onarheimsfjorden», kategorisert som viktig friluftsområde av typen «strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». Delar av området har tilgjengeleg strandsone, og bør haldast tilgjengeleg for ålmenta. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br>I nærområdet er det registrert potensielt tilgjengeleg strandsone. Området som det er føreslått naust ved opplevast ikkje tilgjengeleg i dag grunna terrengforskjeller og vegen som fungerer som ein barriere. Dersom endring av arealformål, samt tilrettelegging av veg kan bidra til tiltak som vil gjera området meir attraktivt og tilgjengeleg for bebuarar og besøkande, vil det vera positivt. Tiltaket må ikkje forringa området og strandsona, slik at nyoppføring av bygg og installasjonar medfører uønskt konsekvensar for folkehelsa i området. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelt område ligg i 100 - metersbeltet mot sjø, men i eit område kor det alt er dels utbygd. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark eller skog med høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tiltaket er positivt med tanke på samlokalisering av funksjonar. Utviding av eksisterande næringsområde på ein sentral plass, |

| | | |
|---|---|---|
| | | framfor nedbygging av strandsone i eit ubygd område. Tiltaket vert alt i alt vurdert som positivt i høve næringsstrategi. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er omfatta av aktsemdområde for skred, då område er utløpsområde for steinsprang og snøskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette ved detaljregulering. |
| **Samla vurdering** | | **Det innspelte arealet vert omfatta av ei gjeldande reguleringsplan som vart vedteke i 2023. Planen er vedteke etter at det var send innspel til kommuneplanens arealdel. Reguleringsplanen skal framleis gjelde.**<br><br>**I gjeldande plan er det innspelte naustføremålet teke ut.**<br><br>**Gjeldande plan ser slik ut:**<br><br> |

## Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 06

## Innspel nr. 104_7, Teknisk infrastruktur – Elsåker, ved Onarheimselva

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *153/2* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF-område<br>Omsynssone:<br>Høgspentanlegg* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Teknisk infrastruktur* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 4 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Alsaker Fjordbruk / Meidell v. Kristian Rasberg* |
| **Grunneigar:** | *153/2: Karl Olav Kjerland* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg på eit areal langs Onarheimselva der Alsaker Fjordbruk AS har langsiktig leigeavtale fram til 2082. Dei meiner arealet kan nyttast til infrastruktur og installasjonar, med nær relasjon til vassdragskonsesjon frå NVE og postsmoltanlegget på Alsaker Brygge Sør. Innspelet føreslår dermed teknisk infrastruktur, med omsyn til leigeavtala og planlagt bruk.*

*Etter kontakt med forslagsstillar vart det avklart at dei med teknisk infrastruktur meiner vassrøyr og tilkomst.*





| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert sårbart/trua naturmangfald innanfor det innspelte arealet. I nærleiken er det i 1978 registrert Hasselrurlav, som er nær trua, på den austlege sida av elva. Elles er det registrert taksvale ved Onarheim kyrkje (nær trua) i 2017. Naturmangfaldet ligg såpass langt unna tiltaket at det ikkje er vurdert å ha særleg påverknad. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Store delar av Onarheim vart dessutan kartlagt i høve naturtypar i 2019, men det vart ikkje gjort funn i dette området.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Delar av det innspelte arealet vil i sør hamne innanfor avgrensinga til eit automatisk freda kulturminne (id 222600). Dette er eit område som kan ha vore ein tingstad/gildestad i mellomalder. Onarheim kyrkjestad ligg og like ved. Det er likevel allereie ein vedteke reguleringsplan langs elva (Plan.id 2003-03), tiltaket vil vera ein mindre utviding knytt til same verksemd. Tiltaket er dessutan avgrensa til vestsida av elva, og ligg heilt i ytterkant av kulturminnets avgrensing.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Inngrep i føreslått område kan vera synleg frå vegen Fv78, og frå Onarheim kyrkje utanfor vekstsesong då trea slepp blader. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det er ikkje registrert friluftsområde her.<br><br>Området ligg i skog som potensielt kan fungera som turområde for bebuarar og besøkande i Onarheim, men området er særs bratt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket er ikkje vurdert å utgjere fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Arealet ligg mindre enn 50 m frå Onarheimselva, men grensar likevel til ein allereie vedteke reguleringsplan (Plan.id 2003-03) som skal vidareførast. Tiltaket kan reknast som ei mindre utviding. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Området ligg innanfor barskog med særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne registreringa er gamal, det er difor usikkert om registreringa gjenspeilar dagens situasjon.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tiltaket vil vera positivt for eksisterande næringsverksemd. Det er ikkje kjend at det er konflikt med anna næring/arealføremål. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg innanfor aktsemdsone flaum i tilknyting elva.<br>Dette vil ha mindre å sei for denne typen tiltak.<br>Avbøtande tiltak kan vera aktuelt. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet næring, men vert noko justert ned i storleik.**<br><br>**Det er ikkje vurdert at det er avgjerande konfliktar knytt til innspelet. Tiltaket vil vera ei mindre utviding av eksisterande** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **næring/reguleringsplan (Plan.id 2003-03) som framleis skal gjelde.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br><br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 11 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 110_1, Bustad – 1,5km nord-aust for Onarheim sentrum** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 152/34, 152/49 151/15 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad | |
| **Arealstorleik:** | Ca 8 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Morten Nordal | |
| **Grunneigar:** | **152/34:** Morten Nordal og Heidi Renate Røssland<br><br>**152/49:** Kjell Frode Magnussen<br><br>**151/15:** Olav Nygård | |




**Skildring**:

*Området ligg omtrent 1.5 km nord-aust for Onarheim sentrum, og har eit areal på ca. 8 daa. Innspelet gjeld tre ulike eigedommar, kvar det i dag står tre einebustadar. Området er i dag avsett til LNF-område i kommuneplanen. Forslagsstillar ønskjer å avsette området til bustad. Eit større område sør for innspelet er i kommuneplanen avsett til framtidig bustad, kor det også er satt inn faresone for ras- og skred. Her ligg reguleringsplanen «Henningshagen».*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet er ikkje kjend å koma i konflikt med utvalde naturtypar eller raudlista artar.<br><br>Omtrent 100 meter sør for planområdet er det registrert Ask og skogsfredløs, som er trua og sårbar på norsk raudliste. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil ha negativ påverknad på desse. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i, eller i nærleiken av innspelet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området kjem ikkje i konflikt med kartlagt friluftsområde. Innspelet vil ikkje koma i konflikt med ålmentas tilgang til sjø eller friluftsliv, då området allereie er bygd. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining ut over normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100- metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området kjem ikkje i direkte konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg er utbygd med einebustadar med tilhøyrande garasje ol. Deler av skogområdet har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne datafangsten er gamal og det er uvisst om den er like reel i dagens situasjon, skogen vert uansett ikkje rekna som drivverdig. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins og barnehage i området har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 1,5 km gangavstand til Onarheim skule samt nærbutikken. Busshaldeplass ligg nært området. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området er allereie utbygd og det er regulert inn ein leikeplass direkte sør for området i tilknyting reguleringsplan Henningshagen. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er omfatta av aktsemdsområde for skred, då område er utløpsområde for snøskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet verte teke med i planen – får føremålet bustad**<br><br>**Det er registrert få og ingen avgjerande konfliktar med KU-tema. Området vert teke med i planen som bustadområde. Det grensar til allereie utbygd bustadfelt og vert rekna som fortetting. Området vert justert og avgrensa til eigedomsgrense. Avbøtande tiltak med tanke på skred er mogleg å iverksette i samband med ei detaljregulering.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |



## Feltnamn/områdenamn i nytt plankart: B 42

## Innspel nr. 110_2, Fritidsbusetnad – 1,5 km nord-aust for Onarheim sentrum

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *152/15, 152/86, 152/34* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Fritidsbusetnad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca. 7,6 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Morten Nordal* |
| **Grunneigar:** | ***152/34:** Morten Nordal og Heidi Renate Røssland*<br><br>***152/15:** Terje Nordal*<br><br>***152/86:** Øyvind Nordal* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Området ligg omtrent 1,5 km nord-aust for Onarheim sentrum, og har eit areal på ca. 7,6 daa. Innspelet råkar tre ulike eigedommar. Området er i dag avsett til LNF område i kommuneplanen, kvar det ligg ein eksisterande fritidsbustad. Eit større område vest for innspelet er i kommuneplanen avsett til framtidig bustad, kvar det også er satt inn faresone for ras- og skred. Her ligg også reguleringsplanen Henningshagen. Forslagsstillar ønskjer at arealet skal bli nytta som eit område for fritidsbusetnad.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend at innspelet vil ikkje koma i konflikt med viktige naturtypar eller verna artar.<br><br>Omtrent 100 meter aust for planområdet er det registrert Ask og skogsfredløs, som er trua og sårbar på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø eller kulturlandskap i, eller i nærleiken av innspelt område.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Innspelet vil vera synleg i landskapet, då området ligg på ein høgde i terrenget. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området kjem ikkje i konflikt med kartlagt friluftsområde. Innspelet vil ikkje koma i konflikt med almen tilgang til sjø eller friluftsliv. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 -  metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området kjem ikkje i direkte konflikt med dyrka mark, då området består av skog og eksisterande fritidsbustad. Deler av skogområdet har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i høve dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Området er i nær tilknyting til Onarheim, og ligg i eit allereie utbygd område. Skulekrins og barnehage i området har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Kort avstand til skule, butikk og kollektivt. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er ingen nærleikeplass i området i dag og det er meir enn 100 m til registrert nærturterreng. Det er likevel registrert potensiell tilgjengeleg strandsone i nærleiken og ein reguleringsplan vil dessutan fordra utbygging av leikeplass. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området er omfatta av aktsemdsområde for skred, då område er utløpsområde for snøskred. |
| **Samla vurdering av konsulent før formannskapsmøte 22.02.2024** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er ingen avgjerande konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Avgjersla går på at området elles består av** |

<table>
<tr><td></td><td></td><td>bustadfelt, som ikkje er foreinleg med fritidsbustader. Det kan lett oppstå konflikt.</td></tr>
<tr><td>Ny vurdering/konklusjon gjort av formannskapet på møte 22.02.2024</td><td></td><td>Innspelt areal vert teke inn i planen – men får føremålet bustader, området vert dermed ei mindre utviding av eit areal allereie avsett til bustadfelt.<br><br>Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:<br><br></td></tr>
</table>

| Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA 20 og bestemmelseområde #33 |
|---|
| **Innspel nr. 112_1, Andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust) – Flakkavågen** |

| **Gnr./bnr.:** | *155/1* |
|---|---|
| **Dagens arealføremål:** | *LNF på land*<br>*Kombinert formål i sjø (Ferdsle/fiske/natur- og friluftsområde)* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Andre typer bebyggelse og anlegg (Naust),*<br>*LNF- areal for spreidde bustader eller fritidsbygningar* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 0,65 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Ola Skaten* |
| **Grunneigar:** | *Ola Skaten* |

Kartutsnitt/foto







**Skildring**:
*Innspelet gjeld eit område ved Flakkavågen, omtrent 2 km sør-vest frå Onarheim. Arealet i sjøen ved området har i kommuneplanen kombinert arealformål (ferdsle/fiske/natur – og friluftsområde), medan grunnen har arealformål LNF-område. Innspelet foreslår etablering av 2 naust, i forlenging av eksisterande areal avsett til formål naust- og småbåtanlegg.*

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen funn i området, eller i nærleiken.<br><br>Det er kartlagt eit område sør-vest for innspelet, som vert kalla «Kalkomnen ved Flakka» med naturtype skrotemark, som har verdi «lokalt viktig».  |

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i planområdet, heller ikkje i nærleik av planområdet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit svært grovmaska friluftsområde «Flakkavågen» (vist i raud). Område er rangert som eit viktig friluftsområde med strandsone og tilliggjande sjø og vassdrag.<br><br>Det er ikkje vurdert at fortetting med naust i dette området vil forhindre ålmenta tilgang til friluftsområde.  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Innspelet gjeld fortetting i eit etablert naustområde, og ikkje etablering av eit nytt ved urørt natur/strandsone. |
| **Jord- og skogbruk** | | Føreslått plassering for nye naust ligg sør for dyrka mark. Dersom tilkomst vert via eksisterande veg til etablerte naust, vil ikkje fortetting medføra vesentleg ulempe for tilliggjande dyrka mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, og på randsona av aktsemdområde for steinsprang. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – får føremålet andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust) område i sjø vert bestemmelseområde.**<br><br>**Innspelet vert rekna som fortetting av eksisterande naustområde. Det er vurdert at det er ingen avgjerande konfliktar med KU-tema.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: SF 2 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 260_2 - Kommune/administrativt innspel, utviding sentrumsføremål, Onarheim** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 152/6 og 152/29 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Sentrumsføremål | |
| **Arealstorleik:** | Ca. 4 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Kommunen | |
| **Grunneigar:** | Torleif Onarheim mfl. | |
| **Skildring**:<br><br>Originalt innspel i 260_1 er området som ein ser til venstre på vedlagt innspelskart. Denne KU-en gjeld ei utviding av dette området, slik at også det turkise området lengst til høgre på vedlagt innspelskart (sjå raud sirkel i vedlagt kart til høgre) får sentrumsføremål i ny KPA.<br><br>Det er eit ønske frå kommunen sin side om ein samla heilskapleg plan for Onarheim sentrum. | |  |



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjend konflikt. Store delar av Onarheim vart dessutan kartlagt i høve naturtypar i 2019, det var då ikkje gjort funn innanfor det vurderte området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjend konflikt innanfor sjølve området. Det ligg 3 bygningar registrert i Sefrak-registeret i vika ca. 25-30 m aust-nordaust for innspelet. Dette må takast omsyn til ved ein reguleringsplan. |

| | | |
|---|---|---|
| | |   |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Onarheimsfjorden er registrert som eit viktig friluftsområde i sjø.<br><br>Det er ikkje vurdert at å setje området av til sentrumsføremål vil ha nokon negativ innverknad på friluftsområde i sjø. Det innspelte området verkar i dag privatisert, ein omgjering til sentrumsføremål vil gjere strandlina tilgjengeleg for fleire brukare enn i dagens situasjon. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Mindre delar av området i nord ligg innanfor gul støysone frå fylkesvegen. Avbøtande tiltak er mogleg å setja i verk ved regulering. |
| **Vatn og vassdrag** | | Vil ikkje påverka vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet, det er dels utbygd i dag, men verkar privatisert i dagens situasjon. Ein omgjering til sentrumsføremål vil truleg bety noko meir utbygging på sikt, men vil og gjere området tilgjengeleg for fleire brukare enn i dagens situasjon. |
| **Jord- og skogbruk** | | Påverkar ikkje dyrka mark eller skog med høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule i skulekrins har kapasitet.<br>Det er kapasitet i barnehage i nærleiken. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Området ligg sentralt og nært det meste av servicetilbod i Onarheim. Kort veg til barnehage, skule, butikk og buss. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Sentrumsføremål kan og inkludera næring. Det er positivt med sentrale arbeidsplassar, som kan forkorte reiseveg og holda liv i sentrum. Skal næring etablerast i sentrum, kor det og er fleire bustader, bør det vera næring som ikkje skapar mykje støy. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ein omgjering til sentrumsføremål vil gjere strandsona tilgjengeleg for fleire. Området ligg nær Onarheim skule, med fasilitetar og leikeplass tilrettelagt for born. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ein mindre del av området ved sjø ligg innanfor stormflo-sone. Krav i Tek 17 må uansett følgjast. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – og sett av til sentrumsføremål**<br><br>**Det er vurdert at det er ingen avgjerande konfliktar knytt til innspelet. Avbøtande tiltak på reguleringsplannivå vil vera tilstrekkeleg. Omgjering til sentrumsføremål vil gjere eit i dag privatisert område tilgjengeleg for fleire brukare.**<br><br>**Det har kommen inn fleire innspel på sentrumsføremål i Onarheim. For innspela som har blitt teke inn i planen er det ønskeleg med ein samla reguleringsplan, for å få gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum.**<br><br>**Arealets utstrekking vert slik i nytt plankart:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: SF 2 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 260 - Kommune/administrativt innspel, sentrumsføremål, Onarheim sentrum** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 152/43 mfl. | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Sentrumsføremål | |
| **Arealstorleik:** | Ca. 2 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Kommunen | |
| **Grunneigar:** | Helge Mandius Nesse mfl. | |
| **Skildring**: *Eit ønske om ein heilskapleg plan for Onarheim sentrum*. | | |




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjend konflikt. Store delar av Onarheim vart dessutan kartlagt i høve naturtypar i 2019, men det vart ikkje gjort funn i dette området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjend registrering innanfor området. Grensar til eit Sefrak-registrert naust i aust. Dette må evt. takast omsyn til ved ein reguleringsplan. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Grensar til eit viktig friluftsområde i sjø.<br>Det er ikkje vurdert at å setje området av til sentrumsføremål vil ha nokon negativ innverking på friluftsområde i sjø. Det innspelte område verkar i dag privatisert, ein omgjering til sentrumsføremål vil gjere strandlina tilgjengeleg for fleire brukare. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ingen kjend forureining i området i dag, og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å ville forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Vil ikkje påverka vatn/vassdrag |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet, det er dels utbygd i dag, men verkar privatisert. Ein omgjering til sentrumsføremål vil truleg bety noko meir utbygging på sikt, men vil og gjere området tilgjengeleg for fleire brukare enn i dagens situasjon. |
| **Jord- og skogbruk** | | Påverkar ikkje dyrka mark eller skog med høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule i skulekrins har kapasitet.<br>Det er kapasitet i barnehage innanfor 15 km. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Området ligg sentralt og nært det meste av servicetilbod i Onarheim. Kort veg til barnehage, skule, butikk og buss. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Sentrumsføremål kan og inkludera næring. Det er positivt med sentrale arbeidsplassar, som kan forkorte reiseveg og holda liv i sentrum. Skal næring etablerast i sentrum, kor det og er fleire bustader, bør det vera næring som ikkje skapar mykje støy. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ein omgjering til sentrumsføremål vil gjere strandsona tilgjengeleg for fleire. Området ligg nær Onarheim skule, med fasilitetar og leikeplass tilrettelagt for born. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ein mindre del av området ved vatnet ligg innanfor stormflo-sone. Avbøtande tiltak kan setjast i verk ved reguleringsplan. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – og sett av til sentrumsføremål**<br><br>**Det er vurdert at det er få, og ingen avgjerande konfliktar knytt til innspelet. Avbøtande tiltak vil vera tilstrekkeleg. Ein omgjering til sentrumsføremål vil gjere eit privatisert område tilgjengeleg for fleire brukare enn i dagens situasjon.**<br><br>**Det har kommen inn fleire innspel på sentrumsføremål i Onarheim. For innspela som har blitt teke med vidare er det ønskeleg med ein samla reguleringsplan, for å få gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum.**<br><br>**Arealets utstrekking vert slik i nytt plankart:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: SF 2**

**Innspel 270 – Politisk bestilling, sentrumsføremål/fleirbruk – Onarheim sentrum**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 152/22 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF/ |
| **Foreslått arealføremål:** | Sentrumsføremål/Fleirbruk |
| **Arealstorleik:** | 2,5 daa + 1,2 daa |
| **Forslagsstillar:** | Politisk bestilling |
| **Grunneigar:** | Øydvin Turid Onarheim |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:

*Det aktuelle arealet utgjer eit særs sentraltliggjande areal midt i Onarheim sentrum, med kort avstand til skule, barnehage, kyrkja, arbeidsplassar og OnarTun med butikk, treningssenter, kafé mm.*

*Når OnarTun no er realisert ser me på dette arealet som eitt av dei neste i høve til at bygda skal kunne vidareutviklast der ein kan tilby leilegheiter ved sjøen med umiddelbar nærleik til tenestetilbod.*

*Innspelet vil ikkje råke dyrka eller dyrkbar mark, og vera ei fortetting innanfor allereie etablert sentrumskjerne. Føreslått sentrumsføremål på eigedomen er i samsvar med føringane i Statlege planretningslinjer for samordne bustad-, areal- og transportpolitikk, og fortettinga ved sjøen er også i samsvar med Statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning pkt 10 og samfunnsdelen 2.4.3 nr 1 d. Vil opne opp ei i dag privatisert strandline for fleire bueiningar til heilårsføremål. Innspelet er også i samsvar med nedfelt strategi i samfunnsdelen 2.4.3, jf særleg punkta som gjeld vidareutvikling av etablerte bygdesenter innanfor gangavstand til handelstilbod.*

*Innspelet inneber leilegheiter med attraktiv plassering ved sjøen, midt i bygda, med gangavstand til sentrumsfunksjonar. Som kommunen kjenner til er det ein sterkt aukande etterspurnad etter leilegheiter på bygdene, og ein forventar at denne transformasjonen vil halde fram med styrke i åra som kjem. I tillegg har Onarheim som andre bygder ei generelt eldre bygningsmasse, som med tida må erstattast - gjerne gjennom fortetting. Det kan ein få til i Kyrkjavika på 152/22, samstundes som ein tek omsyn til nasjonale føringar i høve til sentrumsnær lokalisering - og etablerer tiltak i strandsona i område kor det allereie er gjort inngrep.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrerte viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. Område vart kartlagt i høve naturtypar i 2019, men det vart ikkje gjort funn. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det ligg ikkje registrerte kulturminne/kulturmiljø/prioriterte kulturlandskap i, eller i nærleiken av området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området på land kjem ikkje i konflikt med grønstruktur eller friluftsområde. Området i sjø ligg innanfor kartlagd viktig friluftslivsområde av typen strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Likevel vil eit sentrumsføremål kunne opne strandsona for fleire brukare enn i dagens situasjon. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Den delen av området som ligg nærast Onarheimsvegen er innanfor gul støysone frå veg.<br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn eller vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg nærare sjøen enn 100 meter, som mykje gjer i Onarheim. Strandsona verkar i dag privatisert, innspelet vil kunne opne opp strandlina for fleire bueiningar til heilårsføremål. Dette er vurdert å gjere situasjonen betre samanlikna med slik det er i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området har skog registrert med høg bonitet (1968), skogen kan ikkje reknast som drivverdig. Råkar ikkje dyrka- eller dyrkbar mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins og barnehage ligg i nærleiken og har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Knytt til fortetting i knutepunkta så er lokasjonen svært positiv. Det er kort avstand til butikk, skule og busshaldeplass, og utbygging i sentrumsområdet vil kunne legge til rette for ein reduksjon i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Sentrumsføremål kan og inkludera næring. Det er positivt med sentrale arbeidsplassar, som kan forkorte reiseveg og holda liv i sentrum. Skal næring etablerast i sentrum, kor det og er fleire bustader, bør det vera næring som ikkje skapar mykje støy. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området ligg nær Onarheim skule, med fasilitetar og leikeplass tilrettelagt for born. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke inn i planen - og vert sett av til sentrumsføremål**<br><br>**Fortetting i sentrum er i tråd med overordna retningsliner. Det er funne få negative konsekvensar knytt til innspelet. Allmenn tilkomst til sjø må ivaretakast ved realisering av reguleringsplan.** |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det har kommen inn fleire innspel på sentrumsføremål i Onarheim. For innspela som har blitt teke med vidare er det ønskeleg med ein samla reguleringsplan, for å få gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum.<br><br>Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:<br><br> |

| **Feltnamn/områdenamn i plankart: B 05** | |
|---|---|
| **Innspel nr.280 - sentrumsføremål, bustad og turisme – Onarheim** | |

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | Delar av 151/1 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad/sentrum/turisme |
| **Arealstorleik:** | 16,5 daa |
| **Forslagsstillar:** | Alsaker fjordbruk |
| **Grunneigar:** | Onartun AS |

**Skildring**:

*Parsellen rommar 5,5 daa anna markslag/bygd areal, 5,9 daa dyrka mark og elles uproduktivt skogsareal.*

*Den registrert dyrka marka er under sterk attgroing, og berre 2 dekar har vore slått dei seinare åra. Arealet er skildra som blautt, og lite eigna for hausting i moderne landbruk. Heile parsellen er elles prega av attgroingsartar, og utgjer små, inneklemde parsellar.*

*Kombinertføremål:*
*Bustader*
*Sentrum*
*Turisme*

*Naust føremål i sør kor det ligg eit naust.*

Kartutsnitt/foto



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | <br>Jamfør Artsdatabanken er det registrert fleire trua, sterkt trua og nær trua artar vest for område. |

<table>
<tr><td></td><td></td><td>

Ein liten del av området i vest ligg innanfor eit skogsareal for lågurtedellauvskog vurdert til å ha stor KU-verdi (miljødirektoratet). Innspelsområdet skal ha vore kartlagt i høve naturtypar i 2019, men det er ikkje gjort andre funn i området.</td></tr>
<tr><td>Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap</td><td></td><td>Det ligg ingen kjende automatisk freda kulturminne innanfor området eller i nærleiken. Men det ligg fleire bygg registrert i SEFRAK-registeret kor av tre med raud farge (mellom anna naustet i sør) og tre med gul farge. Bygg med raud-fargekode er meldepliktige ved riving/ombygging.</td></tr>
<tr><td>Friluftsliv og grønstruktur</td><td></td><td>Innanfor sjølve området er ingen registrerte friluftsområde, men området i sjø er registrert som viktig friluftsområde i strandsone/sjø. Ved å opne for bygging av fleire bustader, sentrumsformål og turisme vil ein gjere strandsona tilgjengeleg for fleire/ålmenta, samanlikna med ei privat bruk av strandlina.</td></tr>
<tr><td>Forureining<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7</td><td></td><td>Ein mindre del av området i vest ligg innanfor gul støysone til Onarheimsvegen. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.</td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | |   |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn og vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbeltet, som mye gjer i Onarheim.<br><br>Ved å opne for bygging av fleire bustader, sentrumsformål og turisme vil ein gjere strandsona tilgjengeleg for fleire, samanlikna med ein privat bruk av strandlina. |
| **Jord- og skogbruk** | | Skog med lav bonitet, lauvskog dominerer. Den registrerte dyrka marka er under sterk attgroing, og berre 2 dekar har vore slått dei seinare åra. Arealet er blautt, og lite eigna for hausting i moderne landbruk. Heile parsellen er elles prega av attgroingsartar, og utgjer små, inneklemde parsellar. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins og barnehage ligg i nærleiken og har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Knytt opp mot fortetting i knutepunkta så er lokasjonen svært positiv. Det er kort avstand til butikk, skule, barnehage og busshaldeplass. Utbygging i sentrumsområde vil kunne legge til rette for ein reduksjon i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området ligg nær Onarheim skule, med fasilitetar og leikeplass tilrettelagt for born. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Arealet i nord ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred. Store delar av arealet ligg og innanfor aktsemdområde for snøskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Området vert teke inn i planen – men vert sett av til bustadføremål**<br><br>**Det er vurdert at det samla sett ikkje er avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Området er sentrumsnært, som er i tråd med overordna retningsliner knyt til fortetting i sentrumsnære områder. Forslaget vert lagt inn som bustadområde med byggegrense mot sjø og veg. Rekkefølgjekrav med tanke på utbetring av veg i samband med reguleringsplan må vurderast.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: SF 2 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 290 - Kommune/administrativt innspel, sentrumsføremål, Onarheim sentrum** | |
| **Gnr./bnr.:** | 152/4 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Sentrumsføremål |
| **Arealstorleik:** | Ca. 1 daa |
| **Forslagsstillar:** | Kommunen |
| **Grunneigar:** | |
| **Skildring**: *Eit ønske om ein heilskapleg plan for Onarheim sentrum.* | |

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende konfliktar. Store delar av Onarheim vart dessutan kartlagt i høve naturtypar i 2019, men det vart ikkje gjort funn i dette området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn innanfor området, men det grensar i vest til den store automatisk freda lokaliteten Onarheim tingstad/gildestad. Det innspelte område er allereie utbygd frå før og ein omgjering til sentrumsføremål er ikkje vurdert å påverka negativt. Det bør likevel setjast krav til nøye vurdering av utforming ved detaljregulering. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Delar av området ligg i vest innanfor gul støysone frå veg.<br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg innanfor 100-metersbeltet (ca. 70 m frå sjø) området er alt bygd ut. Arealet som ligg sør for innspelt areal, og som ligg nærare strandsona er og bygd ut. Ein omgjering til sentrumsføremål er difor ikkje vurdert å påverka strandsona negativt, då den allereie er bygd ut. |
| **Jord- og skogbruk** | | Påverkar ikkje dyrka mark og skog med høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule i skulekrins har kapasitet.<br>Det er kapasitet i barnehage innanfor 15 km. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Område ligg sentralt nær alle servicetilboda i Onarheim sentrum.<br>Kort veg til barnehage, skule, busshaldeplass og butikk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Sentrumsføremål kan og inkludera næring. Det er positivt med sentrale arbeidsplassar, som kan forkorte reiseveg og holda liv i sentrum. Skal næring etablerast i sentrum, kor det og er fleire bustader, bør det vera næring som ikkje skapar mykje støy. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området ligg nær Onarheim skule, med fasilitetar og leikeplass tilrettelagt for born. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg | | Ligg ikkje innanfor aktsemd-/fareområde |

| | | |
|---|---|---|
| • Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – og sett av til sentrumsføremål**<br><br>**Det er få, og ingen avgjerande konfliktar knytt til innspelt område. Avbøtande tiltak vil vera tilstrekkeleg. I forhald til nærliggjande kulturminne må det setjast krav til nøye vurdering av utforming ved detaljregulering.**<br><br>**Det har kommen inn fleire innspel på sentrumsføremål i Onarheim sentrum. For innspela som har blitt teke med vidare er det ønskeleg med ein samla reguleringsplan, for å få gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart ser slik ut:**<br> |

# REKSTEREN

-

## IKKJE VIDARE

## Innspel nr. 2, Bustad – Kaldafoss ved Svarvhell

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *75/3* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 64 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Svein Erik Våmartveit* | |
| **Grunneigar:** | *Svein Erik Våmartveit* | |



**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg ved eit område som i gjeldande kommuneplan er sett av til felt for fritidsbusetnad. Området ligg på Kaldafoss ved Svarvhella. Forslagsstillar ynskjer at området skal settast av til felt for bustadar, kvar han ser for seg omtrent 15 bustadtomter som ein forlenging av feltet for fritidsbusetnad.*

Innspelet gjeld ei forlenging av eksisterande felt for fritidsbusetnad, kvar forslagsstillar ynskjer eit felt for bustad.

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Like i grensa til det aktuelle området i sør er det registrert fleire funn av Sitkagran (2020) som er ein framand art med svært høy risiko. Det er også registrert Rykerose (2020), som også er ein art med svært høy risiko på norsk svarteliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelt område.  Innanfor feltet for fritidsbusetnad  like nord for området er eit krigsminne frå andre verdskrig. Enkeltminna er spreidd over eit større areal som vist på vedlagt kartutsnitt. Det er bygd fritidsbustadar på 4 av kanonbrønnane.   |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Vegen som går langs det aktuelle området (like aust for området) er kartlagt som eit viktig friluftslivområde «Kaldefoss- Svarvehella». |

| | | |
|---|---|---|
| | | Dette vil bety nærliggande turmoglegheiter for bebuarar. Tiltaket er ikkje vurdert å hindra ålmenta frå å bruke friluftsområde/turveg, men kan likevel forringe opplevinga av landskapet og utsikta for dei som går tur.   |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Den nordvestlege delen av området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø i eit område som ikkje er bygd i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av produktiv skog og eit mindre område med myr. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule i skulekrins har kapasitet, men det finst verken skule eller barnehagar før Uggdal, som ligg 30 km vegdistanse unna. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Stor avstand til butikk, lokalsenter og skular. Mykje av transport vil måtte arrangerast med bil, dette vil føre til ein auke i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen definerte nærturterreng eller leikeplassar i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg | | Den vestlege delen av Krokhaugen er råka av aktsemdssone for skred og ras i bratt terreng. Den sørlege delen av området er noko råka av aktsemdssone for flaum. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| • Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Konflikt med nyare tids kulturminne, det er ikkje tilstrekkeleg infrastruktur, lang veg til skule, barnehage og andre servicetilbod. Området er elles veldig bratt/kupert. Fritidsbustadfelt og bustadfelt i same område er heller ikkje optimalt.** |

## Innspel nr. 020, Småbåthamn – Aust for Gjøvågsvegen i Vågen

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *73/2* |
| **Dagens arealføremål:** | *Friluftsområde* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåthamn* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 0,6 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Anny Gjøvåg* |
| **Grunneigar:** | *73/2: Selmer Harald Gjøvåg* |

**Skildring:**

*Det aktuelle området ligg aust for Gjøvågsvegen i Vågen. Lenger ut vest i Vågen er det angitt hensynssone for naustmmiljø og handelstad, Gjøvåg. Det ligg eksisterande småbåthamn aust for Gjøvågsvegen. Forslagsstillar ynskjer å utvida småbåthamna vidare inn i Vågen. Forslagsstillar påpeikar at det er eit stort behov for å få ei betre lending og fleire plassar for småbåtar i Gjøvåg. Mange av båtane er fortøyde i ei ur som dannar foten av fylkesvegen, der det er vanskeleg å ta seg fram på store og glatte steinar. Etter at fylkesvegen vart utvida, vart steinmassar frå vegen dumpa på nordsida av vegen på begge sider av bru-festet som held brua som går over Vågen i Gjøvåg. Her vart det nærast som ei ur på nordsida av vegen der fleire av småbåtane ligg fortøyde. Det er derfor sterkt ynskjeleg med ei opprydding og ei utviding i småbåthamna i Gjøvåg.*

Innspelet gjeld å utvida eksisterande småbåthamn innover Vågen på sikt. Ynskje om å utvida småbåthamna i Gjøvåg vart også sendt inn førre gong arealplan vært revidert, men vart ikkje teken med. Forslagsstillar meiner det er behov for ei betre lending og fleire plasser for småbåtar i Gjøvåg.

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det aktuelle området ligg innanfor eit større areal kvar det er registrert fiskemåke (2016) som er ein nær truga art på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det aktuelle arealet ligg innanfor eit registrert friluftslivområde kategorisert som viktig. Det går ein tursti like nord for innspelt småbåtanlegg, det er likevel ikkje vurdert at eit mindre småbåtanlegg i sundet vil hindra ålmenta tilgang til turstiar som |

| | | |
|---|---|---|
| | | denne. Kartet under synar sundet kor anlegget er tenkt og tursti som ligg nord for dette.   |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Deler av området ligg innanfor gul støysone frå veg, men dette er mindre aktuelt opp mot føremålet. Tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ei elv har utløpet sitt i vågen ved eksisterande småbåthamn. Elva må takast omsyn til i detaljreguleringa. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg i sjø, og gjeld småbåthamn. Området vest for innspelet vert nytta til båtplassar i dag, men er ikkje regulert til dette. Ei tilrettelagt småbåthamn vil kunne gjere situasjonen tryggare og betre enn kva som er tilfelle i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark eller skog med høg bonitet, då området ligg i sjø. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ei småbåthamn vil vere positivt for born og vaksne som nyttar båt i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Dette vil ha mindre betydning for ein småbåthamn samanlikna med til dømes eit bustadfelt. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Området innspelet gjeld for vert rekna som lite eigna til føremålet. Det er grunt, veldig smal passering frå sundet og ut, samt er det svært låg klaring under brua som må passerast for å få båt inn og ut.** |

## Innspel nr. 44, Bustad – Frøkjedal

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *48/1* |  |
| **Dagens arealføremål:** | *Spreidd bustadreising* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 19 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Linn Larsæther Frøkedal* | |
| **Grunneigar:** | *48/1: Linn Larsæther Frøkedal*<br><br>*48/4: Judith og Odin Størksen* | |
| **Skildring**:<br>*Det aktuelle området ligg innanfor feltet LNFB2 for Spreidd bustadbeising på Frøkjedal. Området ligg vest for Frøkedalvegen. Innanfor området ligg eigedommen 48/4, kvar det litt ein eksisterande bustad med garasje. Forslagsstillar ynskjer at området skal bli sett av til bustadfelt.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi.<br><br>Vest for det aktuelle området på Furehaugen er det registrert Gul pærelav (2020) som er ein nær truga art på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området er relativt flatt, med ein høgde sør i det aktuelle området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit grovmaska kartlagt friluftsområde kategorisert som viktig. Rundt Frøkjedalsvatnet aust for innspelt areal går ein lengre tursti. Innspelet er ikkje vurdert å hindra ålmentas tilgang til denne. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går ei elv i det innspelte arealet i nord-austre randsone. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av skog og kratt, samt eit større område med myr. Det ligg ein eksisterande bustad i nord i området.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet, men større avstand til begge. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 400 meter avstand til busshaldeplass. Det finst ikkje butikk eller lokalsenter i nærleiken, og avstandar til desse blir relativt store. Om lag 18 km til Uggdal skule, om lag 23 km avstand til Tysnes skule. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen dedikerte leikeplassar i nærleiken. Det går tursti rundt Frøkjedalsvatnet som ligg like i nærleiken. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området er råka av aktsemdssone for flaum. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.,<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Vert vurdert at det på noverande tidspunkt ikkje er behov for eit bustadfelt i området. Området ligg dessutan langt frå det meste - skule, barnehage og servicetilbod. Det er ikkje tilrettelagt med tanke på infrastruktur, eller leikemoglegheiter.** |

| Innspel nr. 052, Industri/næring – Nord for Frøkjedalsvatnet | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *47/1, 48/1, 48/2* | Kartutsnitt/foto<br> |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF + LNF spreidd bustad (Faresone ras- og skredfare)* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Industri / Næring* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 93 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Linn Larsæther Frøkedal* | |
| **Grunneigar:** | *47/1: Arvik Evan Akselsen*<br>*48/1: Linn Larsssæther Frøkedal*<br>*48/2: Alf Inge Kleppe* | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar beskriver kort at ho ynskjer føreslått område avsett til næring / industri.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrert Gul pærelav i 2020 to stader i området, denne er kategorisert som nær trua. I Frøkjedalsvatnet sør for føreslått område er det registrert Ål i 1989, denne er sårbar.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i, eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Arealet ligg på ei høgde i terrenget, slik at bygging på eigedomen kan verta synleg frå omkringliggande område. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br>Det er ikkje nemnd kva slags industri det er planlagt på eigedomen, men tomta grensar i dag mot bustadar og gardsbruk i aust. Det vil vera uheldig om landskapsbilete endrar seg for tilliggjande eigedomar som følgje av at det etablerast næring/industri som forringar landskapet for naboane.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor Gjøvågsfjellet – Dalstuva, som er kategorisert som eit viktig friluftslivområde for utfart. I vest vil området røyra ved tursti som går rundt Frøkjedalsvatnet. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje nemnd kva slags næring som er tenkt i området, men dersom naboar vert plaga av støy- ,lys-, og luftforureining eller liknande vil detta vera negativt for folkehelsa. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ligg like aust for Frøkjedalsvatnet. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er registrert lauvskog med særs høg skogbonitet på området. To stadar er det registrert fulldyrka jord innanfor området (sør-aust |

| | | |
|---|---|---|
| | | og aust):<br><br><br>Arealet grensar mot fulldyrka mark i aust, og det vil vera uheldig om tiltaket kjem i konflikt med dette (Innspelet røyrer ved to områder med fulldyrka jord i bilete under):<br><br><br>Området ligg omtrent 20 meter frå Frøkjedalsvatnet som ligg sør for eigedomen. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ettersom innspelet ikkje nemnar kva næring og industri som er tenkt, vert det vanskeleg å vurdera. Ettersom plasseringa er nær vatn og tursti, tiltaket vil råka dyrka mark og det kan vera potensielt støy til omkringliggjande bustader, vert tiltaket vurdert som lite eigna i dette område. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Grensar til aktsemdområde for flaum i sørvest, men ligg ikkje innanfor. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er vurdert at det er fleire konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Innspelet gir heller ikkje informasjon om kva type næringsverksemd som er tenkt, som gjer det vanskeleg å vurdere innverknad på miljø- og samfunn.** |

| Innspel nr.107 , Fritidsbusetnad – Vernøy på Reksteren | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 77/16 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbusetnad | |
| **Arealstorleik:** | Ca 10 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Tor Geir Wernø | |
| **Grunneigar:** | Tor Geir Wernø | |
| **Skildring**:<br>*Det aktuelle området ligger på Vernøy, Kuvågen 3. Eigedommen ligg på eit nes med naturleg avgrensing mot naboeigedom gnr 77 bnr 2 som er ein del av same LNF-område. Eigendommen har vært nytta som fritidseigedom sidan 1967. I opprinneleg skjøte er eigar av eigedommen pålagt gjerdeplikt for å halde beitedyr ute frå eigedommen, noko som er bakgrunnen for inngjerding tvers over neset. Forslagsstillar ynskjer at eigedommen skal omregulerast til område for fritidsbusetnad.* | |  |



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert at innspelet kjem i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde kategorisert som svært viktig. Kan ikkje sjå at det er turstiar på eigedommen, men tiltaket vil på sikt kunne påverka ålmentas tilgang til sjø om området vert utbygd. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje kjend å vera utsett for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn eller vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg innanfor 100-metersbeltet, i eit område som er lite bygd. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då neset hovudsakleg består av produktiv skog og kratt. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Stor avstand til butikk.<br>Andre kriteria ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje i fare- eller aktsemdområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen-**<br><br>**Årsaka til avslaget er: Vert det opna for å setje av eigedommen til føremålet fritidsbustad, opnar ein og for moglegheita til å bygge fleire hytter/hyttefelt på eigedommen, dette er ikkje ønskeleg. Eigedommen ligg 300-400 m frå næraste veg, innanfor 100-metersbeltet, og området er rekna som eit viktig friluftsområde. Det er ikkje uvanleg at fritidsbustader ligg i område regulert til LNF.** |

| Innspel nr. 111, LNF - spreidd bustad – Nord for Haukafærvågen på Reksteren | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *52/1* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *LNF- spreidd bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca. 10 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Magne Andersland* | |
| **Grunneigar:** | *Magne Andersland mfl.* | |
| **Skildring**: *Det aktuelle området ligg ved Haukafærvågen sørvest på Reksteren, kor det i dag ligg spreidde bustadar. Forslagsstillar ynskjer å utvide med opp til 6 nye bustadtomter i eit område som i dag ligg som LNF.* | |  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende konfliktar. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende konfliktar. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. | | Ingen forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ingen konfliktar. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 -metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Område kjem ikkje i konflikt med dyrka mark.<br><br>Føreslått utviding ligg i eit område med lauvskog av høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Meir enn 15 km til barnehage og skule med kapasitet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det er ikkje mogleg å gå til skule som ligg meir enn 15 km unna. Busstopp ligg ca. 500 m frå område. Det er stor avstand til butikk og andre servicetilbod. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen leikeplassar eller nærturterreng i området. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg innanfor aktsemdområde for skred.<br><br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er konfliktar med både miljø- og samfunnstema.**<br>**Innspelt område ligg i eit svært bratt terreng som er skredutsett.**<br>**Terrenget er vurdert som lite eigna til føremålet, større terrenginngrep må til for ei evt. tilpassing av området.** |

## Innspel nr.113_2 , Småbåtanlegg– Sør for Reksteren kyrkje

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *82/9* |
| **Dagens arealføremål:** | *AFFNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåtanlegg* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1,3 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Hans Bruntveit* |
| **Grunneigar:** | *Hans Bruntveit* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*På eigedommen står det 2 bygningar, ein bustad, ein garasje og eit naust. Dei 2 gamle bygningane som var naust tidlegare er revet og eit nytt naust blei bygd i 2015. Forslagsstillar legg frem at han tidlegare har fått godkjent flytebryggje hos kommunen, men som fylkesmannen har avslått. Han ynskjer derfor at arealplanen opnar for ei flytebryggje i Likvika, slik at dei kan få tilkomst til naustet frå sjøen. Legg også frem at Likvika er ein badeplass for folket på Reksteren, og at det derfor er ynskje om flytebryggje slik at båt ikkje kjem i konflikt med dei som badar i området.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktig naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det aktuelle områder ligg 120 m søraust for Reksteren kyrkje, som er ei listeført kyrkje. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde.<br><br>Innspelet gjeld å få til ei flytebryggje, for å kunne få tilgang til naust frå sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område som er lite bygd frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då innspelet gjeld eit område i sjø. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Forslagsstillar ynskjer å få til ei flytebrygge til naustet sitt i Likvika, slik at dei kan få tilkomst til naust frå sjø. Likvika er ein populær badeplass i Reksteren. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Innspelet skal sjåast i samanheng med innspel 113_1 spreidd bustad, dette innspelet er silt ut politisk.** |

| Innspel nr. 123_1, Bustad – Like nord for Raftåsen | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *81/1* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 32,6 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Simen Bruntveit* |
| **Grunneigar:** | *Simen Bruntveit* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg like nord for Raftåsen. Området strekkjer seg frå Snurpehola og vestover. Nord for området ligg det ein eksisterande fritidsbustad. Søraust for det aktuelle arealet ligg det tre fritidsbusetnadar i klynge. Forslagsstillar ynskjer at det aktuelle området skal be sett av til bustadområde.*

Forslagsstillar legg frem at Reksteren treng fleire bustadområde, og ynskjer derfor å få det aktuelle området med i ny plan for bustad.

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrerte viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Det er ikkje registrert kulturminner eller kulturmiljø i området.<br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg nordaust for Raftåsen. Delar av området rundt er utbygd. Det aktuelle området har ein høgde i vest, kvar det fell ned mot Snurpehola i aust. Det ligg eit «søkk» i sør, kvar det er myr. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (grøn) | Området ligg ikkje innanfor eit kartlagt friluftslivområde, men det innspelte arealet grensar mot sjø. Sjøen er registrert som eit svært viktig friluftslivsområde av typen «strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». Det er berre ein liten del av området som grensar til sjø, tiltaket er difor ikkje vurdert å forhindra tilgang til sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket vil i seg sjølv heller ikkje forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | (grøn) | Påverkar ikkje vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | (raud) | Delar av området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område som er lite utbygd i dag. Deler av området nærast sjø ligg og innanfor potensielt tilgjengeleg strandsone. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Området består hovudsakeleg av produktiv skog, og ein mindre del med myr.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet, men det er om lag 23 km til begge. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Store avstandar til tenester. Om lag 23 km til lokalsenter i Uggdal med skule, tenester og butikk. Bustader her legg dermed opp til auka bilbruk og medfølgande auke i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen etablerte leikeplassar i området. Det ligg eit friluftsområde av typen utfartsområde om lag 1 km vest for området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen -**<br><br>**Delar av området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, det finst ikkje tilkomst/infrastruktur til området i dag. Det er store avstandar til skule, barnehage og andre servicetilbod. Det finst heller ikkje tilrettelagte lekemoglegheiter for born i nærleiken.** |

## Innspel nr. 123_2, Bustad – Båtavika

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *81/1* | Kartutsnitt/foto  |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og Spreidd bustadreising* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 26,7 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Simen Bruntveit* | |
| **Grunneigar:** | *Simen Bruntveit* | |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg ved Båtavika, og har eit areal på omtrent 26,7 daa. Den sørlege delen av det aktuelle området ligg innanfor eit areal som er avsett til framtidig spreidd bustadreising i gjeldande kommuneplan. Den nordlege delen av området er avsett til LNF. Det går høgspentlinje på langs gjennom området. Forslagsstillar ynskjer at heile området skal bli sett av til bustader.*

Forslagsstillar legg frem at Reksteren treng fleire bustadområde.

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området.<br>**Landskapsbilete:**<br>Det aktuelle området består av to høgdar, ein i nord og ein i sør. Det er eksisterande spreidd bureising både på begge sider av området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (raud) | Området ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde kategorisert som viktig. Eit bustadfelt heilt ned til sjø, vil kunne vera til hinder for ålmentas tilgang til sjø i eit område som er lite bygd frå før. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (gul) | Område nærast veg ligg innanfor gul støysone frå veg.<br>Tiltaket i seg sjølv vil ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | (gul) | Det går ei elv direkte vest for det innspelte arealet, denne følgjer plangrensa i nordvestleg retning før den går ut i Storavatnet. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | (raud) | Delar av innspelet ligg i nord innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område som ikkje er bygd i dag. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Området består hovudsakeleg av produktiv skog. Skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon.<br><br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet, men det er om lag 23 km til begge. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Store avstandar til tenester. Om lag 23 km til lokalsenter i Uggdal med skule, tenester og butikk. Bustader her legg dermed opp til auka bilbruk og medfølgande auke i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen etablerte leikeplassar i området, dette bør etablerast ved utbygging. Område ligg i eit friluftslivsområde av typen utfartsområde. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ein mindre del langs vestsida av det aktuelle området er råka av aktsemdssone for flaum for elv.<br><br>Det går og ei høgspentline rett gjennom planområdet. Det går høgspentlinje på langs gjennom området. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| Samla vurdering | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er allereie eit større felt i område sett av til spreidde bustader i LNF – kor det er plass til fleire bustader. Føreslått areal ligg innanfor 100-metersbeltet, det går og høgspent i luft på langs av innspelt område, området ligg dessutan innanfor kartlagt friluftsområde. Det er elles store avstandar til skule, barnehage og servicetilbod.** |

**Innspel nr. 123_3, Næring/industri – nord for Raftåsen**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *81/1* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNFB3 – Spreidd bustadreising* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring/industri* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 42,7 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Simen Bruntveit* |
| **Grunneigar:** | *Simen Bruntveit* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg nord for Raftåsen. Området er avsett til spreidd bustadreising LNFB3 i gjeldande kommuneplan. Forslagsstillar ynskjer å få inn eit område for næringsverksemd (industri). Forslagsstillar driv sjølv i anleggsbransjen, og ynskjer ein plass til massedeponi/lagring og etter kvart eit bygg på industriområde.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registreringar av viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. Det er registrert djup myr med skog i dalsøkket gjennom området.   kjelde: kilden.nibio.no |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor eit kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining i dag. Ved etablering av ny næring er det alltid er ein viss fare for forureining. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Det går nokre bekkar i området, men jamfør kart går ikkje desse direkte gjennom området. Registrering av myrområde tydar på at det er mykje vatn i området. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ein liten del av området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Området består hovudsakeleg av produktiv skog og myr. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Plasseringa vert rekna som godt eigna, det ligg ikkje tett på større bustadområde, slik at det er mindre sannsyn for at det vil oppstå konflikt med tanke på støy og evt. svevestøv. Det ligg og andre næringsverksemder i nærleiken.<br><br>Likevel er topografien mindre eigna til tiltaket, området i aust er svært kupert, medan det er myr i området i vest. Plasser for massehandtering er betre eigna i områder kor det ikkje er myr. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | <br>Det aktuelle området har ein høgde i aust, kvar det fell ned mot eit større område med myr i vest, her samlar det seg mykje vatn. Den vestlege delane av området er råka av aktsemdssone for flaum i samband med at det renn ei elv med utløp til sjø i sør, og myra i området truleg er med på å drenere vatn frå denne. Avbøtande tiltak vil vera naudsynt. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Innspelet gjeld tilrettelegging for massedeponi og framtidig arbeidsbygg for ein entreprenør i området. Det er kort avstand til andre næringsverksemder i området. Arealet i aust er likevel svært kupert/bratt, og verkar difor lite eigna til føremålet. Arealet i vest er flatare, men her er det djup myr og område er råka av aktsemdsone for flaum. På bakgrunn av dette er området vurdert som lite eigna til det innspelte tiltaket.** |

## Innspel nr. 150 , Næring i LNF – Vernøy nord på Reksteren

| | |
|---|---|
| **sGnr./bnr.:** | *77/2, 77/5 og 77/6* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring/turisme i LNF* |
| **Arealstorleik:** | |
| **Forslagsstillar:** | *Ruth Julie Aase Hope* |
| **Grunneigar:** | *Ruth Julie Aase Hope* |

**Skildring**:

*Innspelet gjeld å få med eit område for næring/utleige/turisme i LNF.*

*For å oppretthalde busetting på Vernøy, meine forslagsstillar det er viktig med anna næring enn jordbruk, skogdrift og fiske.*

*Det vert peikt på at området grensar til eksisterande veg og næring.*

Kartutsnitt frå innspel

**Vedlegg 2 : Kart innspel LNF næring**




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert trua eller nær trua artar i eller i nærleiken av området. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø eller prioritere kulturlandskap i området eller i nærleiken. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ligg innanfor friluftsområde Vernøyane-Hopssundet som er kategorisert som svært viktig og mykje nytta. Området er og registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone (sjå vedlagt kart). |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining. Nye tiltak i form av næring/turismeverksemd kan føre til noko forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Område ligg i 100-metersbeltet mot sjø, i eit område som elles er lite bygd. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er ikkje registrert dyrka mark eller innmarksbeite i området, men store delar av arealet er registrert som barskog med særs høg bonitet (grønt areal).<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Det er uvisst kva type næring som er tenkt her. Plassering nær anna næring og kort avstand til etablert veg er positivt. Få bustader i nærleiken kan vera positiv med tanke på potensielt støy. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Området ligg i 100-metersbeltet i eit område som elles er lite bygd. Det er registrert som eit viktig område for friluftsliv og har potensielt tilgjengeleg strandsone. Innspelet seier lite om kva som er tenkt her, det gjer det vanskeleg å vurdera påverknad på miljø og samfunn.** |

## Innspel nr.16_3 , naust – nordaust på Reksteren

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 78/4 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Naust |
| **Arealstorleik:** | Ca. 2,3 daa |
| **Forslagsstillar:** | *Vestlandske Granitfelter AS* |
| **Grunneigar:** | *Vestlandske Granitfelter AS* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg nordaust på Reksteren, og består av fleire skogkledde kollar/forhøgningar i terrenget, sjølinje og vassdraget Tuftavatnet som er delt i to mindre vatn. Dei to aktuelle areala ligg ved sjøkanten, kvar det i begge areala i dag ligger eit eksisterande naust. Forslagsstillar legg frem at det i samband med innspel 16_1 og 16_2 (fritidsbustadar og bustadar) vil vera naturleg å leggje til rette for naust og mindre båtanlegg. Kartutsnitt viser moglege plasseringar for slike anlegg. Forslagsstillar meiner også at det også kan tenke seg eit større felles anlegg og gjerne med eit felles båthus/naust.*

***Tiltaket er ikkje KU-vurdert då forslagsstillar skriv at innspelet er knyt til innspel 16_1 og 16_2 (fritidsbustader og bustader) som begge er silt ut politisk.***

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. | | |
| **Vatn og vassdrag** | | |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | |
| **Sosial infrastruktur** | | |
| **Teknisk infrastruktur**<br>(Veg) | | |
| **Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima** | | |
| **Nærings-strategi**<br>Lokalisering av arbeidsplassar | | |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | |
| **Samla vurdering** | | **Tiltaket vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Tiltaket er ikkje KU-vurdert då forslagsstillar skriv at innspelet er knyt til innspel 16_1 og 16_2 (fritidsbustader og bustader) som begge er silt ut politisk**. |

| **Innspel nr.64 , Naust – Vernøy på Reksteren** | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *77/2* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2.3 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Ingeborg Hope på vegne av Ruth Hope* | |
| **Grunneigar:** | *Ruth Hope* | |
| ***Skildring**:*<br>*Det aktuelle området ligg i en vik ved Klubbstøa. Det ligg to eksisterande naust innanfor arealet. Forslagsstillar ynskjer ein fortetting av naust i eksisterande naustområde på Vernøy.*<br><br>*Området er ikkje nytta som badevik, fiske eller småbåtturisme. For å gjera minst mogleg inngrep foreslår forslagsstillar felles båt- og kai løysingar i naustområda.* | | <br>Området vist med gul skravur |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne og kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br><br>**Landskap:** Naustområdet ligg skjerma til for ver og vind, og ligg trekt tilbake i forhold tilpassing i landskapsbiletet generelt. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det aktuelle området ligg innanfor eit kartlagt friluftsområde kategorisert som svært viktig. Det går likevel ikkje turstiar innanfor det innspelte arealet og tiltaket vil ikkje i særleg grad forhindra ålmentas tilgang på sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining og tiltaket vil ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Kjem ikkje i konflikt med vatn og vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelt areal ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, kor det i dag ligg to naust i LNF, å sette av eit nytt område til naustføremål kan ikkje reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Lite aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje i aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det finst ikkje veg til naustområde eller parkeringsmoglegheiter, dette vil gjera tilkomst til området vanskeleg.**<br>**Området i sjø er dessutan registrert som svært viktig friluftsområde.** |

**Innspel nr. 79 , Naust– Gjøvåg på Reksteren**

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 73/2 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *Andre typar bygningar og anlegg, Naust* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Andre typar bygningar og anlegg, Naust* | |
| **Arealstorleik:** | Ca. 1,6 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Anny Gjøvåg | |
| **Grunneigar:** | | |

**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg i areal avsett til naustareal i Gjøvåg. Forslagsstillar ynskjer arealformålet vidareført i den nye kommuneplanen.*




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Området ligg i nordlege del innanfor eit sårbart felt for fiskemåke som er nær trua. Dette vart registrert i 2016.  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø i området. Områdets nordlege del ligg dels innanfor omsynssone for bevaring av eldre naustmiljø og handelsstad Gjøvåg i gjeldande plan, dette er ein omsynssnoe som ikkje vil verte vidareført ved rulleringa (viser til kulturminneplan 2020-2030). |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ligg ikkje i kartlagt friluftsområde, men er registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining og tiltaket er ikkje vurdert å ville forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Vil ikkje råka vatn og vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg innanfor 100-metersbeltet, i eit område som står fram som urørt i dagens situasjon. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet råkar ikkje dyrka mark eller skog med høg bonitet. Området ligg i mark registrert som innmarksbeite. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Arealformål vert ikkje vidareført:**<br>**Området har ingen naust i dag, realisering av tiltaket vil bety nedbygging av urørt natur/tilgjengeleg strandsone. Det er ikkje veg ned til området eller kjende parkeringsmoglegheiter. Området vil og råka mark registrert som innmarksbeite.** |

**Innspel nr. 89_4, Råstoffutvinning (massedeponi) – Gjøvågsveien ved Bjørnakletten**

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *78/1* |  |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Råstoffutvinning (Massedeponi)* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 37 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Harald Frøkedal* | |
| **Grunneigar:** | *Harald Frøkedal* | |
| **Skildring**: *Føreslått område ligg på sørsida av Gjøvågsveien ved Bjørnakletten. Området er i dag sett av som LNF område i gjeldande kommuneplan, men innspelet ynskjer at området gjerast om til massedeponi i forbindelse med utbygging av E39 i dei komande åra.* | | |

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (raud) | Det er registrert sårbare artar sør og aust i området. Frå vest er det registrert: Kystkorallav (funnet i 2009, nær trua), Gul pærelav (funnet i 2009, nær trua), Kystskifterlav (funnet i 2013, sårbar), Kystvortelav (funnet 2013, sårbar), Kort trollskjegg (funnet 2013, nær trua).<br><br>Utanfor føreslått område i aust er arten Kystbendellav registrert i 1984, og denne er kategorisert som **kritisk trua**.<br><br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Ingen registrerte funn i eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Føreslått plassering er tenkt på arealet «i svingen» mellom vegen og mot fjellet i bilete under (sett frå nord mot sør). Landskapet her er flatt ved vegen, med bratte høgdar mot sør. |

| | | |
|---|---|---|
| | |   Området ligg avsides til, og plassen har potensiale for massedeponi i forbindelse med utbygging av E39 med omsyn til landskapsbilete. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Mesteparten av området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde, men området er omkransa av friluftsliv i sør og nord. I Nord ligg Eldholmsmarka, som er karakterisert som viktig friluftsområde av typen nærturterreng. Sør for området ligg det kartlagde friluftsområde Gjøgvågsfjellet – Dalstua, som er kategorisert som eit viktig friluftsområde av typen utfartsområde. Delar av føreslått areal hamnar innanfor sistnemnde friluftsområde i sør.<br><br>Ein kan likevel ikkje sjå at tiltaket vil vera til særleg hinder for ålmentas tilgang til friluftsliv, då det ikkje er tursti innanfor innspelt areal.<br><br>  |

| | | |
|---|---|---|
| **Foruréining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Føreslått område ligg utanfor eksisterande bustadområde, slik at føremålet ikkje vil vera til sjenanse for nærliggande bygningar. Det vil framleis kunne støye og skape svevestøv frå masser som vert flytta til og frå området. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er ikkje registrert dyrka mark her. Det er registrert skog i området, av typen lauvskog med høg skogsbonitet, her er også registrert myr. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tiltaket ligg ikkje i tettbygd strøk, som kan vera positivt med tanke på støy og svevestøv som potensielt ville kunne plage naboar. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Større deler av det innspelte arealet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, medan ein mindre del av område og ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang. Avbøtande tiltak er mogleg.<br><br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er vurdert at det er fleire konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema, då spesielt naturmangfald. Om ein skal ta omsyn til myr, er det lite areal som gjenstår til deponering av massar.** |

## Innspel nr. 92 – Naust og bustad

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *52/8* | |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad og naust* | |
| **Arealstorleik:** | | |
| **Forslagsstillar:** | *Jorunn og Terje Grahl* | |
| **Grunneigar:** | *Jorunn og Terje Grahl* | |

**Skildring**:
Eigedommen ligg ved Haukafærvågen på Reksteren. Forslagstillar ønsker bygging av naust og bustader, inntil 9 einingar.
Raude firkanta på vedlagte kart til høgre viser kor einingar for naust og bustad er tenkt.







| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I området i sør ved Mjølkevika er det registrert fattig boreonemoral regnskog (2014) registrert som viktig. Det er registrert tilfelle av kystskriftlav og gul pærelav registrert som høvesvis sårbar og nær trua (2014). Medan det er ei registrering av kystblåfiltlav like sør for det innspelte arealet lengst Nord, denne er registrert som nær trua (1967). |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området eller i nærleiken. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området i sjø ligg innanfor eit grovmaska registrert friluftsområde «Bårdsund», registrert som viktig utfartsområde. Det meste av strandsona er registrert som potensiell tilgjengeleg strandsone. Det er likevel ikkje vurdert at tiltaket vil hindre tilgang til friluftsområdet. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. Området i nord er dels utbygd frå før, medan området i sør ved Mjølkevika er ubygd i dagens situasjon. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Skogen i sør ved Mjølkevika er registrert som barskog med høg bonitet (registrering 1968). Registreringa er av eldre dato, det er uvisst kor reelt dette er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet, men større avstand til begge. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Større avstand til butikk, skule, barnehage og kollektiv tilbod. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst ingen dedikerte leikeplassar i nærleiken. Området har likevel friluftsområde og potensielt tilgjengeleg strandsone som kan nyttast som tur- og lekemoglegheit. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Store delar av det innspelte arealet i nord er råka av aktsemdområde for snøskred.<br><br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er vurdert at det ikkje er behov for eit lite bustadfelt i området. Området ligg langt frå det meste - skule, barnehage og servicetilbod. Område i nord ligg særs bratt til og i aktsemdområde for snøskred. Når det gjeld naustføremål er det i dagens situasjon ingen naustområde ved Mjølkevika og det går ikkje veg inn til området i dag, tiltaket vil betyr større inngrep i urørd strandsone og natur. Det er dessutan registrert større konflikt med naturmangfald i sør.** |

# REKSTEREN

## -

## VIDARE

**Feltnamn/områdenamn i plankart: SH 1**

**Innspel nr. 35, Småbåthamn – Bruntveit Kai**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *82/3 og i sjø* |
| **Dagens arealføremål:** | *AFFNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåthamn* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2,5 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Reksteren Øylag v. Torbjørn Brun* |
| **Grunneigar:** | *Karl Johan Bruntveit* |

**Skildring**:
*Reksteren Øylag har eit sterkt ønske om å etablere ein båthamn ved Bruntveit kai, for å lette på behovet som dei har for båtplass samt tilkomst til butikken.*



Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen registrerte/kjende konfliktar. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller nær området.<br>**Landskapsbilete:**<br>Føreslått område grensar til eit etablert kaiområde, så det vil ikkje vera unaturleg å etablera småbåtanlegg ved Bruntveit kai.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje i kartlagt friluftsområde, og ligg ikkje til areal registrert med tilgjengeleg strandsone.<br><br>Det er ikkje registrert tilgjengeleg strandsone kor småbåtanlegget skal festast, og det er allereie eit kaiområde her i dag. Betre tilkomst og tilgjengelegheit til butikken frå sjø vil vera positivt.<br><br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining.<br>Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Tiltaket ligg i sjø ved etablert kai. Det går hurtigbåt aust for innspelt areal eit par gonger i døgnet, plasseringa av småbåtanlegget synar ikkje å koma i konflikt med denne. Jamfør hurtigbåtselskapet Rødne fjordcruise si nettside, går båten nordaust for innspelet, på nordsida av Sørvågsholmen (sjå vedlagt kart).<br><br>Tiltaket vil gjere båtliv og sjø tilgjengeleg for fleire brukarar i eit område med allereie etablert kai og tilgjengeleg infrastruktur.<br><br> |
| **Jord- og skogbruk** | | Ingen konflikt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Eit småbåtanlegg vil kunne vere eit positivt tiltak for born og unge gjennom auka tilgang til båtar og sjøliv. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er ikkje registrert fareområde/aktsemdområde innanfor innspelt areal. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – men får føremålet småbåthamn**<br><br>**Det er ingen avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Det går ein hurtigbåt i område, plasseringa av småbåthamna synar ikkje å komma i konflikt med denne. Plasseringa er elles rekna som godt eigna, det er tilgjengeleg infrastruktur/veg inn til området i dag.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: Bestemmelsesområde #28 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 50, Småbåtanlegg – Mjelkevika** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *45/9* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *NF, Natur og friluftsområde i sjø* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåtanlegg* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 0,5 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Linn Larsæther Frøkedal* | |
| **Grunneigar:** | *Linn Larsæther Frøkedal* | |
| **Skildring**: *Forslagsstillar ynskjer småbåthamn i vist område. Området ligg i tilknyting eigedomen 45/9 i Mjelkevika.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ein sårbar art registrert litt over 100 meter vest for planområdet, men ingenting i eller i rett ved føreslått område. Dette er Kystkorallav som vert registrert i 2012, kategorisert som nær trua. Avstanden til arten er rekna som tilstrekkeleg.  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller ved området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ein mindre del av hamna kjem innanfor kartlagt friluftslivområde i sør. Bårdsund er eit svært viktig friluftslivområde av typen utfartsområde. Eit småbåtanlegg er likevel ikkje vurdert å påverka utfart negativt, snarare tvert imot. Området ligg ikkje innanfor kartlagt potensielt tilgjengeleg strandsone. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i sjø, ved ei strandsone som er bygd frå før. Det er elles ikkje registrert konfliktar med tema som ligg under strandsone.<br><br>Tiltaket er vurdert å vera positivt for tilgjenge på sjø for fleire båteigarar, og vil i svært liten grad påverka ålmentas tilgjenge i strandsona, då det alt er bygd her frå før. Ålmenta kan ferdast kring naust. |
| **Jord- og skogbruk** | | Ingen konflikt. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspel vert teke inn i planen – og vert sett av som bestemmelseområde i plankart**<br><br>**Det er vurdert at det er ingen avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Innspel 50 (småbåtanlegg) og 51 (naust) vert** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **sett i samanheng. Området er vurdert som godt eigna til føremålet, fortetting med naust og ein liten felles småbåthamn med moglegheit for fleire å ha båtar. Det går veg ned til området i dag og det ligg allereie fleire naust i strandsona.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA24 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 51, Fritidsbustad og naust – Sunda, Mjelkevika** | |
| **Gnr./bnr.:** | *45/9* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Fritidsbustad og naust.* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2,6 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Linn Larsæther Frøkedal* |
| **Grunneigar:** | *45/9: Linn Larsæther Frøkedal*<br>*45/1: Rune Ove Forland*<br>*45/10: Bjarte Sandtorv og Eva Elisabeth Sandtorv*<br>*m.fl.* |

Kartutsnitt/foto



**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg på Sunda, ved sjøkanten ved Mjelkevika. I det aktuelle området ligg det omtrent 5 eksisterande naust. Nord for området ligg 2 fritidsbustadar. Forslagsstillar ynskjer at arealet skal bli sett av til fritidsbustad/naust i ny kommuneplan.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Det aktuelle området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Området er allereie etablert med kai og det ligg fleire naust her frå før. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark eller skog med høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde**<br>Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke med i planen – med føremål andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust)**<br><br>**Innspel 50 (småbåtanlegg) og 51 (naust) vert sett i samanheng.**<br><br>**Det er vurdert at det ikkje er større konfliktar med miljø- og samfunns tema knyt til innspelet. Innspelet kan reknast som fortetting i eit område kor det allereie ligg fleire naust. Fortetting innanfor området vil gjelde for naust og ikkje fritidsbustader.**<br><br> |

| **Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 01** |
|---|
| **Innspel nr. 58_1, Næring/turisme – Vernøy (KU-skjema gjeld området på land med raud skravur på vedlagt kart, området med blå skravur vert vurdert i eiget KU-skjema)** |

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *77/1* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Turisme/Næring og fritidsbusetnad.* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 12,2 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Ole Johan Vernøy* | |
| **Grunneigar:** | *Ole Johan Vernøy* | |

**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg på vestsida av Vernøya. Arealet tilhøyrar eit nedlagt småbruk, som ikkje har vært i drift på 20 år. Det aktuelle området ligg i nær tilknyting til dagens bureising på bruket, og har direkte tilkomst frå bilveg. Forslagsstillar ynskjer at området kan setjast av til næring/turisme/fritidsbustadar.*

*Området er småkupert oppover før det flater meir ut på ein høgde ovanfor. Området er i dag prega av gjengroing med busk og trevekstar. Innanfor foreslått område ligg den tidlegare driftsbygningen til garden, i dag mangelfullt vedlikehald og under forfall. Forslagsstillar legg fram at denne kan potensielt utviklast til anna formål.*




I denne KU-en er det området på land med raud skravur på vedlagt kart som vert vurdert.

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Området kjem ikkje i konflikt med registrerte/kjende viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligger i nær liknyting til sjø, med gode sol- og utsiktsforhold. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit kartlagt men svært grovmaska friluftslivområde kategorisert som svært viktig. Tiltaket er ikkje vurdert å hindre ålmenta tilgang til friluftsområdet. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket vil ikkje i seg sjølv forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området tiltenkt næring/fritidsbusetnad ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø i eit område kor det er lite bygd i dag. Tiltaket vil likevel kunne gjere strandsona tilgjengeleg for fleire brukare enn i dagens situasjon, då det i dag er nytta som privat eigedom. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Store delar av området er registrert som innmarksbeite. Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark.   |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | I forhold til turisme/næring og utleige til turistar som vil oppleve natur og båt/sjøliv, er dette rekna som ein veleigna plass. Ingen kjende konfliktar. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |

| | | |
|---|---|---|
| Samla vurdering | | **Innspelet vert teke inn i planen – får føremålet næring**<br><br>**Det er vurdert at det er ingen avgjerande konfliktar med tanke på miljø- og samfunnstema.**<br><br>**Positiv med turisme/næring, det er lite overnattingsmoglegheiter for turistar i området. Ved å opne for turisme/overnatting versus private fritidsbustader, opnar ein og opp for ein bruk som gagnar fleire enn berre eit par familiar.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: SH 3**

**Innspel nr. 58_2, Småbåthamn – Vestsida av Vernøya**

**(Denne KU-en gjeld for området med blå skravur på vedlagt kart, området med raud skravur vert vurdert i eiget KU-skjema)**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *77/1* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåthamn* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1,5 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Ole Johan Vernøy* |
| **Grunneigar:** | *Ole Johan Vernøy* |

**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg på vestsida av Vernøya. Arealet tilhøyrar eit nedlagt småbruk, som ikkje har vært i drift på 20 år. Det aktuelle området ligg på «Holmen». Forslagsstillar ynskjer at området ved sjøen kan utvidast av dagens båthamn, etablering av fleire båtplassar/gjestebrygge. Ved Holmen er det i dag etablert både naust og flytebryggje.*

Forslagsstillar ynskjer ein utviding av dagens båthamn, ved etablering av fleire båtplassar/gjestebygge i le bak moloen «Holmen». Forslagsstillar legg frem at det i dag er behov for fleire båtplassar. Eksisterande flytebryggje er utleid pr. i dag av hyttenaboar. Holmen er også ein god plass å fiske frå land. Forslagsstillar legg frem at det også kan vera mogleg å etablere felles badestrand innerst i vika.

Kartutsnitt/foto




I dette skjemaet vil området med blå skravur på vedlagt kart verte vurdert.

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Området kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit kartlagt men grovmaska friluftslivområde kategorisert som svært viktig. Tiltaket vil ikkje vera til hinder for ålmentas tilgang til friluftsområdet. |
| **Foreureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i sjø/ved strandsone, kor det ikkje er småbåthamn/bygd frå før.<br><br>Tiltaket er likevel vurdert som positivt for tilgjenge til båtliv og sjø, i eit område kor det er lite småbåthamner frå før. Tiltaket er knytt til innspel 58_1, der ein ønsker moglegheit for å bygge fritidsbustader til utleige for turistar. Såleis vil område verte opna opp for fleire brukare enn i dagens situasjon, då det i dag vert nytta til privat bruk. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremål småbåthamn. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Staden vert rekna som vel eigna for utleige av fritidsbustad og båtplassar. Det er lite overnattings/utleigemoglegheiter i området i dag og dårleg tilgang på leige av båtplass i nærleiken. Ingen kjende konfliktar. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Eit småbåtanlegg vil kunne vere eit positivt tiltak for born og unge gjennom auka tilgang til båtar og sjøen. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – får føremål småbåthamn**<br><br>**Ingen avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema.**<br><br>**Innspelet må sjåast i samanheng med innspel 58_1 som og er teke inn i planen. Innspel 58_1 og 2 vert rekna som positivt for eit område med lite moglegheit for å leige båt- og overnatting. Innspelet vil opna for at fleire kan ha glede av området, framfor privat bruk som i dagens situasjon.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA 23 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr.109 , Naust - Haukafærvågen** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *51/1, 52/3, 52/28, 52/50, 52/27, 52/32, 52/53.* | Kartutsnitt/foto<br>Gjeldande område for innspel markert med raud skravur i aust |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |  |
| **Foreslått arealføremål:** | Naust | |
| **Arealstorleik:** | 4,5 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Solveig Andersland | |
| **Grunneigar:** | Fleire | |
| **Skildring**:<br>*Den aktuelle plasseringa ligg i Haukafærvågen, ved eit etablert naustområde. Området er i dag avsett til LNF-område. Forslagsstillar ynskjer å forlenge det eksisterande naustområdet som finst i dagens kommuneplan mot aust.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Sentralt i det eksisterande området er det registrert funn av kystblåfiltlav (1967), som er ein nær trua art på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende konfliktar til innspelet.<br><br>*Omsynssone naustmiljø som ein kan sjå på utklippet øvst til høgre i innspelskartet, vert ikkje vidareført i nytt plankart. Viser til kommunens kulturminneplan 2020-2030, kor verneverdige/prioriterte naustmiljø er lista opp.* |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Forslaget grensar til eit friluftsområde i sjø kategorisert som svært viktig. Tiltaket er likevel ikkje vurdert å påverka tilgang til friluftsområde i sjø. Strandsona har allereie naustrekkje og det er lagt opp til småbåtanlegg allereie. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Utvidinga vil ikkje råka vatn og vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, men gjeld fortetting/utviding av eksisterande naustområde. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er registrert skog i området, av typen barskog med særs høg bonitet. Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området lengst aust ligg innanfor aktsemdområde for snøskred og steinsprang og er elles særs bratt.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – men justert i storleik i høve konflikt med KU-tema.**<br><br>**Innspelet får føremål andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust) og eit mindre areal i sjø vert sett av til småbåtanlegg (bestemmelseområde).**<br><br>**Arealet vert justert og avgrensa til allereie oppførte naust i søraust. Området lengst aust går ut, dette ligg innanfor aktsemdsone for skred og steinsprang og er elles særs bratt.**<br><br>**Sjå og innspel 117.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA 22 |
|---|
| **Innspel nr. 115_1, Naust – Tangen/Hopssund** |

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *79/8 og 9* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 0,8 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Laila Jane Hope* |
| **Grunneigar:** | *Laila Jane Hope og Johan Fredrik Kayser.* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg i et etablert naustområde Tangen/Hopssund. Forslagsstillar har stor interesse for byggeskikk og bygnings verk, og har stått for restaurering av det gamle grindverknøstet i Verno, Naustvika på Vernøy. Forslagsstillar ynskjer ein fortetting av naust innanfor etablert naustområde. Ynskjer å få oppført «grindverksbygg» med formål naust. Grindverksbygning er ein gammal byggeskikktradisjon på Vestlandet, men er i dag lite brukt.*

Forslagsstillar ynskjer å få inn ei fortetting av naust ved eksisterande naustområde. Naustområdet ligg skjerma til for vær og vind, og ligg trekt tilbake i forhold til tilpassing i landskapsbilde generelt. Området er lite nytta til bading, fiske eller småbåtturisme.

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konse kvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Sør for det aktuelle området er det registrert olivenfiltlav (2013), ask (2012), gul pærelav (2012), kystkorallav (2012), kystprikklav (2012) som er truga eller sårbare artar på norsk raudliste. Det er likevel vurdert at avstand er tilstrekkeleg og tiltakets art ikkje vil påverka naturmangfaldet negativt. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br><br>Innerst i Sagvågen er det registrert eit brukarminne, Hopesaga, det er avstand til det innspelte området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Terrenget i det aktuelle området er ikkje særskilt bratt, det er difor ikkje naudsynt med større terrenginngrep for å oppføre grindverksbygningar. Det spesielle for grindverksbygg er dessutan at konstruksjonen blir lagt rett på terrenget, bygningen blir tilpassa terrenget og ikkje omvendt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Nausta vil grense til eit friluftsområde i sjø, men det er ikkje vurdert at dei vil vera til hinder for ålmentas tilgang til friluftsområdet. Ein skal kunne vandra fritt i naustområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Det aktuelle området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område kor det ligg spreidde naust frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark eller skog av høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – får føremålet andre typar nærare angitt busetting og anlegg (naust), og det vert stilt krav om reguleringsplan**<br><br>**Det er vurdert at det samla sett er få, og ingen avgjerande konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Plassering er vurdert som godt eigna til føremålet, området ligg skjerma og det er spreidde naust her frå før, det går og veg nesten fram til området i dag.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |



| Feltnamn/områdenamn i plankart: ABA 23 og bestemmelsesområde #29 |
|---|
| **Innspel nr. 117_1 og 2 - Naust og småbåthamn – Haukafærvågen** |

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *52/8 ml.f* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust og småbåthamn* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 12,2 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Magne Andersland* |
| **Grunneigar:** | *52/8: Jorunn Vonheim Grahl og Terje Grahl*<br><br>*52/1: Kenneth og Hege Haukefær*<br><br>*52/3: Marie Haukefær* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg i Haukafærvågen. Det aktuelle området ligg som ein forlenging av eksisterande naustmiljø både vest og aust. Her ligg det fleire naust, med angitt hensynssone for naustmiljø Haukafærvågen. Her er det også angitt aktsemdssone for ras- og skredfare. Forslagsstillar ynskjer å utvida det eksisterande naustområde i aust for å også innbefatte allereie bygde naust i aust. Foreslår også at naustområde utvidast i sørleg retning mot Åsvågen. Forslagsstillar ynskjer også at det vert rom for framtidig utviding av eksisterande flytebryggeanlegg med utliggarar. Ramme for bryggelengde i innverande plan aukast frå 20 meter til 60 meter.*

*Innspelet gjeld ei forlenging av eksisterande naustmiljø både i aust og i sør i Haukafærvågen. Forslagsstillar ynskjer også ei utviding av eksisterande flytebryggeanlegg.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Sentralt i det eksisterande området er det registrert funn av kystblåfiltlav (1967), som er ein nær trua art på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende konfliktar.<br><br>*Omsynssone naustmiljø som ein kan sjå på utklippet øvst til høgre i innspelskartet, vert ikkje vidareført i nytt plankart. Viser til kommunens kulturminneplan 2020-2030, kor verneverdige/prioriterte naustmiljø er lista opp.*<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Innspelet gjeld ei forlenging av eksisterande naustmiljø med småbåthamn i Haukafærvågen. |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området i sjø er kartlagt som friluftslivområde kategorisert som svært viktig. Ettersom innspelet vil opna for utviding av flytebryggje samt eit småbåtanlegg i sjø vert det vurdert at dette kan påverka friluftsliv i mindre grad. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det er ei elv som har sitt utløp inst i vågen. Ettersom innspelet ligg nedfor elva, er det ikkje vurdert å påverka negativt. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, men gjeld fortetting i eit eksisterande naustområde. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er registrert skog i området, av typen barskog med særs høg bonitet. Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det aktuelle området ligg innanfor aktsemdssone for skred og ras i bratt terreng.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen- men justert i høve KU-tema**<br><br>**Innspelet får føremål andre typar nærare angitt busetnad og anlegg (naust) og areal i sjø vert sett av til småbåtanlegg (bestemmelseområde).**<br><br>**Innspelet er nesten likt innspel 109, men omfattar eit større areal, også i retning vest, samt utviding av småbåtanlegget. Innspelet kan reknast som utviding av eksisterande naustområde med** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **småbåthamn. Arealet vert avgrensa i aust til og gjelde området kor det allereie er oppført naust. Lengst aust i det innspelte området er det aktsemdsone for skred og steinsprang, dette arealet vil difor gå ut. Foreslått utviding i vest/sørvest vert ikkje teke med.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 04 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 127, Næring/kontor – Smievoll/Flygansværvågen** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *49/1* | Kartutsnitt/foto<br>Området er om lag 1,5 daa.<br><br>Området ligg under arealformål LNF / NF i gjeldande kommuneplan:<br> |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF, NF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring / kontor* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1,5 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Marit Bruntveit Vatne og Dagfinn Vatne* | |
| **Grunneigar:** | *Marit Bruntveit Vatne og Dagfinn Vatne* | |
| **Skildring**:<br>I dag blir plassen nytta for eigen gardsdrift /materiallager. Dagfinn Vatne og Tor Erling Lunde driv Bårdsund Sjø og Landtjenester AS med bl.a. utleie av små anleggsmaskiner og sjølekter m.m. og Kubbervik nyttar staden som transportutgangspunkt. Smievoll Kraft AS ynskjer å inngå leigeavtale om kraftverksutbygging samt anna næring (nye forretningsidéar).<br><br>I innspelet ynskjer dei å etablera eit lite vasskraftverk, etablere kontorlokale til eige rådgiving, utleige av kontorplass og leggje til rette for lokalt grunderfellesskap med tilgjengeleg overnattingstilbod. Av framtidsplanar ynskjer dei å tilby: Vestlandets første ladestasjon for fritidsbåtar, tenester for fritidsbåtar, Seilkurs og seilferie, Microbryggeri og Teambuilding Kubbervik. | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Usikker konsekvens | Like nord og vest for det innspelte arealet, ligg det to område med naturtypen regnskog, verdi viktig. Det er ingen artar registrert i sjølve det innspelte området, men kring området er det funn av fleire sårbare artar, deriblant: Ask x 4 (sårbar, funn 2020), Kystfiltlav x 2 (nær trua, funn 2020), Kystblåfiltlav (nær trua, 2020), Kystprikklav (sårbar, 2020), Gul pærelav x 3 (nær trua, 2020).  |

| | | |
|---|---|---|
| | | Ettersom det innspelte område ligg sør og aust for dette, og det ikkje er lagt opp til tiltak innanfor desse sårbare områda, er det vurdert at tiltaka som innspelet legg opp til ikkje vil påverka naturmangfaldet i desse områda negativt i nokon grad.<br><br>Området ligg nedstraums for Frøkjedalsvatnet, som delvis er registrert som naturtype med lokalt viktig verdi. Det er uvisst om det er vandring av fisk i vassdraget. Kraftutbygging kan potensielt forringe moglegheitene for vandring av fisk i vassdraget – men dette må avklarast ytterlegare i reguleringsplan. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | Ingen/liten | Ingen kjende funn i eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området ligg fint til i Årvika. Omkring finns det bustadar og eksisterande vegar, og veg ned til området.<br><br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | Liten negativ | Området ligg innanfor eit svært grovmaska kartlagt friluftslivområde med namn Bårdsund, kategorisert som svært viktig. Tiltaka er ikkje vurdert å vera til hinder for ålmentas tilgang til friluftsområde samanlikna med dagens situasjon. Samtidig vil |

| | | |
|---|---|---|
| | | tiltaket ha ein privatiserande verknad på omgjevnadane. Kategori for konsekvens vert difor vurdert til liten negativ.   |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | Ingen/liten | Området er ikkje utsett for kjend forureining. Etablering av ny næringsverksemd kan auka risikoen for noko meir forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | Usikker konsekvens | Ei elv og ei bekk har sitt utløp i Årvika inne på det innspelte arealet. Det må takast omsyn til at desse ikkje vert forringa av tiltaka.   |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | Middels negativ | Området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Området er ikkje registrert med tilgjengeleg strandsone i dag. Føreslått tiltak vil difor ikkje forringe bade – og turmoglegheiter i strandsona. |
| **Jord- og skogbruk** | Ingen/liten | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Området består i hovudsak av skog, sjø og open fastmark. Skogen består av barskog med høg bonitet. Denne vil i svært låg grad verte påverka i tiltaket. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | Ingen/liten | Innspelet føreslår mellom anna eit mindre kraftverk, kor berre 15% av energien går til eige forbruk og resten vert eksportert til lokalnett. Eit slik tiltak vil difor vera positivt for miljøet og |

| | | |
|---|---|---|
| | | nærområdet. Tilrettelegging av elbåtladar vil vera eit framoverretta tiltak, positivt for miljøet og båtturistar i området. Tiltaket vil og skapa nye arbeidsplassar. Lokaliseringa vert rekna som vel eigna for dei aktivitetar som er tenkt i område. Det er ikkje kjend potensielle konfliktar med eksisterande arealbruk. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | Ingen/liten | Nye tilbod om aktivitetar knytt til mellom anna friluftsliv vil kunne vera positivt for born og unge i nærområdet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | Middels negativ | Delar av området ligg i aktsemdområde for flaum og snøskred.<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Samla sett har innspelet få negative konsekvensar. Innspelet anbefalast, med atterhold om at det i føresegnene må stillast krav til skredfarevurdering og at avbøtande tiltak vert lagt inn som rekkefølgjekrav i reguleringsplanen. Reguleringsplanen må også avklare konsekvensar for vassdrag og fisk.** |

| Feltnamn/områdenamn: AFFNF 4 |
|---|
| Innspel 99_1 - Akvakultur Reksteren, nord for litle Vernøya |

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | Areal i sjø | Kartutsnitt/foto-<br>Innspelt areal |
| **Dagens arealføremål:** | FFNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Akvakultur | |
| **Arealstorleik:** | | |
| **Forslagsstillar:** | Lerøy sjøtroll | |
| **Grunneigar:** | Areal i sjø | |

**Skildring**:
*Ønsker areal avsett til AK-område nord av Litla Vernøy, det er planlagd 12 ringar fordelt på to rekkjer. Må likevel setjast av større areal enn til dei 12 ringane, slik at ein kan plassera anlegget på best mogleg stad i forhold til botn, bølgje og straum.*







| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje gjort funn innanfor innspelt areal, men det er gjort to artsobservasjonar i nærleiken av det innspelte arealet, blå lange som er sterkt trua (2022) funn er ikkje verifisert. Det er og registrert observasjon av fiskemåke som er rekna som sårbar art. Sjå vedlagt kart, oransje og gult punkt i sjø nordaust og nordvest for Bergsholmen. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Foruereining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining.<br>Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend forureining i området i dag, ein må likevel sjå til at ikkje tiltaket ikkje vil påverka nærliggjande område negativt i form av lys eller lydforureining. Ettersom det ikkje ligg bustader i nærleiken er det nok mindre sannsynleg at dette vert eit problem. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø,**<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i sjø, innanfor areal registrert som fiskeplass. Området kan hamne i konflikt med farleiareal. |
| **Jord- og skogbruk** | | Vert ikkje råka ettersom tiltaket er i sjø. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Områdets plassering verkar godt eigna til føremålet. Det ligg ikkje tett på bustader eller fritidsbustader, det verkar difor mindre sannsynleg at det vil oppstå nokon konflikt med andre arealføremål. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er ikkje registrert fareområde/aktsemdområde innanfor innspelt areal. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet AFFNF**<br><br>**Det vert vurdert at det samla sett ikkje er større konfliktar knytt til innspelet. Innspelt areal vert noko justert i høve til farlei, og vert flytta noko lenger ut i sjø i retning nord, for å tilpassast innspelt NF- område (natur- og friluftsområde) mellom det innspelte anlegget og land.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br><br> |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: AFFNF 1**

**Innspel 99_2 - Akvakultur Reksteren**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | Areal i sjø |
| **Dagens arealføremål:** | Kombinert føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone |
| **Foreslått arealføremål:** | Akvakultur |
| **Arealstorleik:** | |
| **Forslagsstillar:** | Lerøy vest AS |
| **Grunneigar:** | Areal i sjø |

**Skildring**:

*Lerøy vest AS - utviding av anlegg i sjø søraust for Vernaneset på Reksteren frå 6 til 7 merdar.*

*Vedlagt skisse (bilete øvst til høgre) viser planlagt tiltak.*

*Bilete nedst til høgre viser dagens situasjon.*

*Tiltaket vert ei mindre utviding av eksisterande anlegg.*

Kartutsnitt/foto






| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjend konflikt. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjend konflikt. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit grovmaska kartlagt friluftsområde i sjø - Vernøyane- Hopssundet, området er kategorisert som svært viktig. Innspelet gjeld ei mindre utviding av eksisterande anlegg. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining.<br>Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend forureining i området i dag, det er ikkje vurdert at ei mindre utviding av anlegget vil forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Område i sjø ligg dels innanfor eit område registrert som fiskeplass, nytta av lokale fiskarar og andre. Lerøy Vest har allereie eit anlegg her, og det er snakk om ei mindre utviding av dette. |
| **Jord- og skogbruk** | | Vert ikkje råka ettersom tiltaket er i sjø. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tiltaket er ei mindre utviding av eit anlegg som allereie vert nytta til føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er ikkje registrert fareområde/aktsemdområde innanfor innspelt areal. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet AFFNF (kombinert føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone, med tilhøyrande føresegn som tillate utvidinga av tiltaket)**<br><br>**Innspelet er ei mindre utviding av eksisterande anlegg. Det er ingen avgjerande konfliktar knytt til innspelet.** |

SKORPO/HODNANES

-

IKKJE VIDARE

<table>
<tr><th colspan="3">Innspel nr. 26, Fritidsbustad og naust/rorbu – Skorpo</th></tr>
<tr><td>Gnr./bnr.:</td><td>164/1</td><td rowspan="7">Kartutsnitt/foto<br></td></tr>
<tr><td>Dagens arealføremål:</td><td>LNF</td></tr>
<tr><td>Foreslått arealføremål:</td><td>Fritidsbustad og naust/rorbu</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik:</td><td>26,5 daa</td></tr>
<tr><td>Forslagsstillar:</td><td>Bjørg Haukanes Meland</td></tr>
<tr><td>Grunneigar:</td><td>Bjørg Haukanes Meland</td></tr>
<tr><td colspan="2">Skildring:<br>I dag er det ikkje oppført bygningar i det aktuelle området, men det er etablert ein veg frå Skorpevegen og ned til sjøen. Forslagsstillar ynskjer å gjera utskissert område om til arealformål fritidsbustad, og etablere hytte for familie med naust/rorbu, samt etablere utleigehytter som attåtnæring for gardsbruket.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><th>TEMA Datagrunnlag/</th><th>Konse kvens</th><th>Kunnskapsgrunnlag/vurdering</th></tr>
<tr><td>Naturmangfald</td><td>(gul)</td><td>Innanfor innspelt område er det gjort funn av ein sårbar art i 2009. Dette gjeld soppen Vranglodnetunge, som er kategorisert som sårbar.<br><br>Sjøarealet som grensar til foreslått område er registrert som gytefelt for saltvasssfisk, oppdatert 20.02.2002, og er eit regionalt viktig gytefelt for torsk:<br></td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | I søraustre randsone av det innspelte arealet er det registrert eit kulturminne, i form av ein heller-buplass, som er automatisk freda.<br><br><br>**Landskapsbilete:**<br>Føreslått område ligg i eit landskap der det finst nokre bygningar i dag. Mellom Skorpevegen og føreslått område er det heving i terrenget, slik at hyttene og nausta ikkje vil verta vesentleg synleg frå land. Frå sjøen vil utbygging som følgje av forslaget verta synleg, og endre Skorpeneset (kor det på sjølve neset ikkje ber preg av å vera bygd)<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket vil i seg sjølv ikkje forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 metersbeltet mot sjø. Det er og markert at større delar av området ligg innanfor tilgjengeleg strandsone. Bygningar som hindrar almen ferdsle i området, og derav bergensar bademoglegheitene for folk som nyttar plassen vil dermed vera uheldig. Det er ikkje bygd noko særleg i området frå før.  |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er registrert innmarksbeite i området, og eit lite areal med fulldyrka jord hamner innanfor området, det er og lauvskog av høy bonitet innanfor området.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Mindre aktuelt opp mot fritidsbusetnad som føremål, men avstand til butikk/nærsenter vil vera aktuelt. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Mindre aktuelt opp møte føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Området ligg innanfor 100-metersbeltet i eit område som stort sett er ubygd/urørt i dag. Innspelet vil leggje beslag på strandsone og vil råka dyrka mark.** |

## Innspel nr. 030, Bustad – Vest for Hodnanes ferjekai

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *161 / 1* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustadområde* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 80 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Andreas Johannes Matre* | |
| **Grunneigar:** | *Andreas Johannes Matre* | |

**Skildring**:
*Forslagsstillar ynskjer å etablera bustadar innanfor markert område, vest for Hodnanes ferjekai.*





| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I sørvestre del av det innspelte arealet er det registrert eit område med naturtypen rik berglendt mark (høg verdi) Der er ingen sårbare eller framande artar registrert innanfor planområdet.<br><br>Nord for planområdet er det registrert sommerbakkestøtte (som er nær trua) i 1919. Sør for planområdet er det registrert funn av ask frå 2009 og 2008, som er kategorisert som sårbar. Her er det på same sted gjort funn av Skogfredløs frå 2008, kategorisert som nær trua. |



| | | |
|---|---|---|
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn av kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området eller i umiddelbar nærleik.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Føreslått område ligg tilknytt veg og ferjekai, i nokså kupert terreng. Området er avgrensa av ein nokså trafikkert veg i nord, og av ferjekai og sjø i sør. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Deler av området ligg innanfor gul og raud støysone frå veg,<br>Det vil vere mogleg å unngå bygging i sonene med mest støy.<br>Tiltaket vil i seg sjølv ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø. Ligg og i område med mykje registrert tilgjengeleg strandsone. Terrenget er nokså bratt, slik at bading kan vera vanskeleg frå området som vert føreslått i innspelet. Det er elles lite bygd i området og det står fram som tilgjengeleg i dagens situasjon.<br> |
| **Jord- og skogbruk** | | Ikkje i konflikt med dyrka mark. Ligg i barskog kategorisert som særs høg (datafangst frå 1968). Datafangsten er av eldre dato, det er uvisst kor reel denne er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima** | | Om lag 8 km til Onarheim skule, lokalsenter og nærbutikk. Større avstandar vil føre til ein auke i klimagassutslepp sidan bilen gjerne vert det naturlege framkomstmiddelet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen etablert leikeplassar i området og ingen registrerte nærturterreng i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap | | Deler av det innspelte arealet ligg innanfor aktsemdområde for snøras. Det går og to ulike høgspentliner inne på området. |

| | | |
|---|---|---|
| • Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Området ligg i 100-metersbeltet mot sjø, og vil vera eit heilt nytt større bustadfelt, bustadfelt bør liggja meir sentrumsnært. Området er dessutan kupert og har eit utfordrande terreng. Området ligg i aktsemdområde for ras og høgspent i luft.** |

## Innspel nr. 036, Naustområde og småbåthamn – Skjellandsholmen nord for Skorpo

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *157/14* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF-område* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naustområde og småbåthamn* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Oddvar Helland* |
| **Grunneigar:** | *Oddvar Helland* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:

*Oddvar Helland melder om stor maritim aktivitet i området, og ynskjer å fremja innspel om utlegging av naust og småbåthamn på ein del av 157/14. Han meiner naustområdet er avgrensa i høve til terrengmessige forhold på plassen, og plassert innafor eit område kor det har føregått maritim aktivitet. Området har tidlegare vore vinterhamn for skøyter m.m. grunna gunstige straumforhold som hindrar isdanning.*

*Skjellandholmen er i dag utan bygningar, men det ligg ei kai og ei bru kopla til holmen.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen registrerte viktige naturtypar, eller registrerte artar i området.<br><br>Området ligg sør for Flakkavågen gytefelt for torsk, men status som middels viktig.  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i området.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Skjellandholmen ligg innanfor det kartlagde friluftområdet Flakkavågen, med områdeverdi «Viktig friluftslivsområde» og områdetype «strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket vil i seg sjølv ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | |  Området ligg naturleg nok i 100- metersbeltet på ei holme kor strandsona i dag fremstår som urørt. Ligg innanfor registrert tilgjengeleg strandsone, med liten til stor helling 3-25 grader gjer at denne for det meste ikkje er tilgjengeleg. |
| **Jord- og skogbruk** | | Kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Det er registrert blandingsskog på holmen, med skogbonitet impediment. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Lokalisering av arbeidsplassar | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Eit småbåtanlegg vil kunne vere eit positivt tiltak for born og unge gjennom auka tilgang til båtar og sjøen. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Plasseringa er usentral og det er ingen parkeringsmoglegheit. Området ligg i eit kartlagt friluftsområde som er rekna som viktig og arealet verkar meir eller mindre urørt/ubygd i dag.** |

## Innspel nr. 83_3, Fritidsbusetnad – Laukhammar

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 163/1, 163/2, 163/3, 163/10 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbusetnad | |
| **Arealstorleik:** | Ca 34 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Anders Laukhammar | |
| **Grunneigar:** | ***163/1 + 2:*** *Anders Laukhammar*<br><br>***163/3:*** *Evy Karin Oppegaard*<br><br>***163/10:*** *Ernst Olav Haukaas* | |
| **Skildring**:<br>*Området er lokalisert på Laukhammar, er har eit areal på omtrent 34 daa.  Nord i området ligg det to eksisterande fritidsbustadar. Sør i området ligg det to eksisterande naust ved sjøen. Forslagsstillar ønskjer at området skal nyttast til eit område for fritidsbusetnad.* | | |




| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kan koma i konflikt med biologisk mangfald med stor verdi. Det er registrert Ormetunge, barlind,  alm, ask og stortrollurt som er sårbare artar på norsk raudliste. Det er også registrert skogfredlaus, som er ein nær trua art.<br><br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor området. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Omtrent 100 meter sør for området er det registrert to arkeologiske minner i form av gravrøys frå bronsealder/jernalder. Det eine minnet er registrert som automatisk freda.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området skrår ned mot sjøkanten i aust.<br><br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen.. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg hovudsakeleg innanfor 100- metersbeltet mot sjø, i eit område som elles er lite bygd. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området består av areal med fulldyrka jord (oransje), overflatedyrka jord (gul), innmarksbeite (lys gul) og skog med høg bonitet (grøn). |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand med tanke på nærbutikk/senter. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Er omfatta av aktsemdområde for steinsprang og snøskred. Det er og registrert tre aktsemdområde from flaum i området. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit område som elles er lite bygd. Det kjem elles i konflikt med dyrka mark og naturmangfald. Det er og fleire aktsemdområde innanfor det innspelte arealet.** |

| **Innspel nr. 84, Bustad – Nord på Skorpo** | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *158/2* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og spreidd bustadområde* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustadføremål* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 15 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Per Christian Skorpetveit* | |
| **Grunneigar:** | *Per Christian Skorpetveit* | |
| **Skildring**:<br>*Føreslått område ligg heilt nord på Skorpo. Området er i dag avsett til LNF og spreidd bustadområde, med eit areal på ca 15 daa (forslaget er oppført i kart som punkt, og tiltenkt areal kan derfor fråvike). Forslag om oppføring av to einebustadar er 1 av 2 innspel frå Skorpetveit. Det andre forslaget gjeld oppføring av hytter tiltenkt turisme, og flytebrygger i tilknyting til desse.* | | |

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det innspelte arealet overlappar noko med eit område med naturtypen rik edellauvskog (viktig verdi) i nordvest.  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn kartlagt innanfor planområdet.<br>**Landskapsbilete:**<br>Ligg i eit område med spreidde bustader.  |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Føreslått einebustad i nord ligg delvis innanfor kartlagt friluftslivområde av typen «strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag», av type viktig friluftlivsområde.<br><br>Same bustadområde ligg og innanfor tilgjengeleg strandsone, sjølv om noko av denne har nokså mykje helling frå tiltenkt område, ned til stranda:<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsatt for forureining, og tiltaket vil i seg sjøl ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går ei elv gjennom den austre randsona av planen. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø, i eit område som er lite bygd i dag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Det sørlegaste området vil komma i konflikt med fulldyrka mark (oransje felt). Føreslått bustadområde lengst nord ligg i registrert lauvskog av særs høg skogbonitet (grønt felt).<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 5 km til Onarheim lokalsenter med blant anna skule og nærbutikk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen etablert leikeplassar i området. Heller ingen registrerte nærturterreng i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Vert ikkje råka av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Innspelt areal ligg i 100-metersbeltet mot sjø, det er elles større konfliktar knyt til naturmangfald og dyrka mark**. |

| Innspel nr. 84_2, Fritidsbustad + småbåtanlegg/flytebrygge – Nord på Skorpo | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *158/2* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | *Fritidsbustad + småbåtanlegg/flytebrygge* | |
| **Arealstorleik:** | *Fritidsbustad: Ca 15 daa*<br>*Småbåtanlegg: ca 0,4 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Per Christian Skorpetveit* | |
| **Grunneigar:** | *Per Christian Skorpetveit* | |
| **Skildring**:<br>*Føreslått område ligg heilt nord på Skorpo. Området er i dag avsett til LNF, kor det i innspelet er føreslått eit areal på ca 15,4 daa til saman (forslaget er oppført i kart som punkt, og tiltenkt areal kan derfor fråvike). Forslag om oppføring av hytter og småbåtanlegg er 1 av 2 innspel frå Skorpetveit. Det andre forslaget gjeld oppføring av to einebustadar.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen registrerte funn av trua/sårbare artar kartlagt innanfor innspelt område eller i nærleiken. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn kartlagt innanfor området eller i nærleiken. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg i aust delvis innanfor kartlagt friluftsområde av typen «strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag», rekna som viktig.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br>Det er elles registrert potensielt tilgjengeleg strandsone i området. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsatt for kjend forureining, og tiltaket vil i seg sjøl ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går ei elv gjennom den nordre randsona av det innspelte arealet. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området hamnar innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit område kor strandsona opplevast som tilgjengeleg og lite bygd i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i direkte konflikt med dyrka, det er registrert barskog med høg bonitet.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand til nærbutikk/senter |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Vert ikkje råka av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit område med lite utbygging frå før. Innspelt areal ligg og innanfor viktig friluftsområde kartlagt som «strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». Området er elles registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.** |

## Innspel nr. 129, Fritidsbustad (rorbuer) – 1 km nord for Hodnanes ferjeleie

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 161/4 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbusetnad (rorbuer) | |
| **Arealstorleik:** | Ca 57 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Ronny Bakkane | |
| **Grunneigar:** | Ronny Bakkane | |

**Skildring**:

*Plasseringa av området ligg om lag 1 km nord for Hodnanes ferjeleie. Området er i dag sett av som LNF-område i gjeldande kommuneplan, men det er ynskjeleg å gjera arealet om til fritidsbusetnad for å opne for inndeling av tomter til rorbuer. Det går i dag ei høgspentlinje over området, men denne skal fjernast ila året, då det vil bli etablert ny leidning oppe ved fjellet.*




| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | I området er det registeret både sårbare og framande artar. Nord for det aktuelle området finns det fire registreringar av framandarta Bulkemispel (karplante) som blei registrert i 2019, kategorisert med svært høy risiko. Sør for desse er det funn av rød sturlav (registrert i 1987, kategorisert som sårbar).<br><br>Nord-vest for området er det registrert makrellterne i 1972, som er sterkt trua.<br><br>Sør for området er det to funn av ask i frå 2019, denne er sårbar.  |

| | | |
|---|---|---|
| | | Vest for Hodnanesvegen er det to naturtypefelt som er registrert. Lengst vest finns eit felt for kystfuruskog med viktig verdi, og nærmast Hognanesvegen er det registrert eit felt med rik sump- og kildeskog. Dette feltet har verdi lokalt viktig.  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen funn i det aktuelle området, men sør for eigedomen er det registrert eit funnstad for trinnøks frå eldre steinalder. Denne har vernetype ikkje freda, og er registrert av Vestland fylkeskommune.   |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Landskapsbilete:**<br>Området er relativt flatt og ligg som ein arm med landareal ute i Selvågen.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø, i eit område kor det ikkje er bygd frå før.<br><br>Området ligg naturskjønt til, og etablering av fritidsbustad/rorbuer vil gjera området meir tilgjengeleg for dei med tilknyting til dei. Det er registrert tilgjengeleg strandsone her med lite helling.<br><br>Ei utbygging av rorbuer må ikkje forringe ålmenta si moglegheit til å ferdast og driva friluftsliv i området.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Området består for det meste av skog med høg bonitet, med mindre innslag av skog med særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er ikkje dyrka mark her. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand til nærbutikk/senter |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går i dag ei høgspentline over området, men denne skal fjernast, det vil bli etablert ny leidning oppe ved fjellet. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen -**<br><br>**Ingen tilkomstveg i dag, urørt natur/ingen utbygging pr. i dag. Ligg i 100-metersbeltet mot sjø og det er registrert konflikt med naturmangfald.** |

# SKORPO/HODNANES

## -

## VIDARE

| Feltnamn/områdenamn i plankart: FB 01 og ABA 28 |
|---|
| **Innspel nr. 22, Fritidsbustader – Kalvavika** |

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 160/5 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbustad | |
| **Arealstorleik:** | Ca 20 daa | |
| **Forslagsstillar:** | FanArgo på vegne av Einar Skjellevik | |
| **Grunneigar:** | Einar Skjellevik | |

**Skildring**:

*Det aktuelle arealet ligger langs Hodnanesvegen, i Kalvavika på søraustsida av Tysnes. Totalt er arealet på vel 20 daa. Siktsoner langs Hodnanesvegen kommer i tillegg på ca. 5 daa. Området består av et eldre småbruk som nyttast som feriestad, samt nyare fritidsbustadar og naust. Stadet brukas i dag kun til fritidsbustad som formål. Bygningane til det tidlegare småbruket ligg plassert midt i området. Fritidsbusetnad og naust ligg nord i området. Vest i området er det stup mot ein stor kolle som skjermar området frå Fylkesvegen. Forslagsstillar har eit ønske om å nytte arealet til eit område for fritidsbusetnad. Gardsdrifta er nedlagt for lang tid tilbake, og arealet blir i dag brukt som fritidsbusetnad. Det er opparbeida ein liten badestrand i vik i nord, kvar forslagsstillar ønsker å også opparbeide badestrand i sør. Det er eit ønske om å byggja ca. 5 fritidsbustadar utanom dei to eksisterande i planområdet. Forslagsstillar legg fram at det er for lite innmark til at ein kan sjå nokon produksjonspotensiale lenger, og at området vil bli best heldt i hevd ved utbygging av eit mindre område for fritidsbusetnad med aktivitetar i mot og i sjø.*




Kjelde: FanArgo AS

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrert raud stuvlav like utanfor eigedomsgrensa sør i området. Raud Stuvlav er ein sårbar naturtype som er på norsk raudliste.<br><br>Omtrent 100 meter nord for planområdet er det registrert fleire raudlista artar. I dette området er det blant anna registrert skogfredløs og raud stuvlav, i tillegg til andre livskraftige artar. Tiltakets art er ikkje vurdert å påverka naturmangfaldet negativt.<br><br>Området i sjø er registrert som gytefelt for torsk og saltvassfisk |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i eller nær området. |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Landskapsbilete:**<br>Området ligg på ei langstrakt «hylle» på eit nes. I vest går det bratt oppover mot ei høg kolle. I aust går terrenget bratt ned mot sjø. I nordområdet er det eit litt slakare parti med ei lita vik og ein odde kvar det er eit naust. I sør er det nokre små vikar.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med friluftsområde kartlagt av kommunen. Store delar av innspelt areal i sør er kartlagt som potensielt tilgjengeleg strandsone.<br><br>Dette arealet kan likevel helt elles dels takast ut av området.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, området er dels bygd i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Mindre delar av området består av overflatedyrka jord. Forutan dei eksisterande bygningane, består området hovudsakleg av skog med høg bonitet til uproduktiv skog. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand til skule og kollektivtransport vil vera mindre aktuelt for føremålet. Avstand til butikk/senter er meir aktuelt, denne er ca. 3 km. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er registrert faresone for høgspenningsanlegg gjennom området, men denne skal sanerast.<br><br>Området ligg elles innanfor aktsemdområde for snøskred (utløpsområde). Avbøtande tiltak mogleg ved reguleringsplan. |
| **Samla vurdering** | | **Området vert teke med i planen – som felt for fritidsbusetnad og eit mindre areal som andre typar nærare angitt busetting og anlegg (naust)**<br><br>**Eigedommen er alt dels bygd og vert nytta til føremålet i dag. Det er vegforbindelse inn til eigedommen. Innspelet vert justert i høve KU-tema, slik at store delar av potensielt tilgjengeleg strandsone i sør vert teke ut av området. Område i sjø i nord vert heller ikkje teke med vidare.**<br><br>**Det vil bli stilt plankrav og byggegrense mot sjø vert satt til 10 m. Ingen anlegg vert tillèt i sjø.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

## Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 54

## Innspel nr. 83_1 og 2, Laukhammar - Næring og vidareføring av eit mindre areal med LNF - som vil fungera som ein grøn buffer mellom næring og nærliggjande fritidsbustader

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 163/1 og 163/2 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Næring og friområde |
| **Arealstorleik:** | Ca 65 daa |
| **Forslagsstillar:** | Anders Laukhammar |
| **Grunneigar:** | Anders Laukhammar |

**Skildring**:

***83_1:*** *Området er lokalisert på Laukhammar, og har eit areal på omtrent 61 daa. Området er ubygd , ligg ved sjøen og består hovudsakeleg av skog. Forslagsstillar ønskjer at området skal nyttast til næringsareal (landbasert og sjø tilknytt akvakultur, lager og administrasjon). Forslagsstillar påpeikar at Huglosambandet vil krevje større terrenginngrep, og at det vil minska konsekvens med å setta av tiltenkt næringsareal slik innspelet blir foreslått.*

*Innspelet gjeld næringsområde på land, tilknytt sjø. Forslagsstillar ønskjer å skape nye arbeidsplassar og aktivitet i Tysnes kommune.*

***83_2:*** *Området er lokalisert på Laukhammar, er har eit areal på omtrent 3,6 daa. Området er ubygd, ligg ved sjøen og består hovudsakeleg av skog. Forslagsstillar ønskjer at området skal nyttast til friområde, som skal fungera som ei støysone mellom dei eksisterande fritidsbustadane og det ønskja næringsområdet frå førre innspel (over). Forslagsstillar ser også på området som ein tilgang for ålmenta frå hovudveg og ned til sjø.*

Kartutsnitt/foto

**83_1 foreslått til næring:**




**83_2 foreslått til FRI-område:**



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kan koma i konflikt med fleire viktige artar med stor forvaltningsinteresse. Det er registrert følgande truga artar oppførte i Norsk raudliste:<br><br>Sårbar: Stortrollurt, barlind, alm og villeple<br><br>Nær trua: Skogfredløs<br><br>Det er og registrert naturtypen rik edellauvskog (svært viktig verdi i område), samt eit overlappande område med svært viktig KU-verdi merka som «frisk lågurtedellauvskog»<br><br>Området i sjø er registrert som gytefelt for torsk og saltvassfisk.   |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor området.<br><br>Like vest for området er det lokalisert eit krigsminne: Trodlaholo/Russahålo frå andre verdskrig.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Området skrår ned mot sjøkanten i aust. Det er relativt lite bureising langs austsida av Laukhammar, forutan to fritidsbustadar sør for området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining i dag.<br>Ved nye næringsverksemder er det alltids fare for noko forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går ei elv gjennom nordre del av området, frå aust til vest.<br>Avbøtande tiltak mogleg å iverksette ved detaljregulering. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, i eit område som ikkje er bygd frå før. Området i sjø er registrert som gytefelt for torsk og saltvassfisk. |
| **Jord- og skogbruk** | | Den vestlege delen av området består av skog, mens austre del er registrert som innmarksbeite. Deler av skogområdet har særs høg |

| | | |
|---|---|---|
| | | bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Lokaliteten vert rekna som vel eigna for det ønska næringstiltaket. Det ligg ikkje tett på større bustadfelt slik at konflikt med tanke på eventuell støy, lys, lukt ol. truleg ikkje vil vera eit større problem. Innspelet legg dessutan opp til grøn buffer mellom næring og fritidsbustader i sør. Ei sjøtilknytt næring kan skapa fleire nye lokale arbeidsplassar på Skorpo, i eit område kor det i dag elles er lite næring. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot formålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er omfatta av aktsemdsområde for steinsprang og snøskred. Avbøtande tiltak ved detaljregulering. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke med i planen – det vert stilt plankrav**<br><br>**Ei sjøtilknytt næring kan skapa fleire nye lokale arbeidsplassar på Skorpo, i eit område kor det i dag elles er lite næring.**<br>**Det er likevel registrert konflikt med naturmangfald på land og gytefelt for torsk i sjø, og mindre konflikt med KU-tema som jord- og skogbruk og vatn/vassdrag og området ligg i aktsemdområde for snøskred og steinsprang. Det vert stilt plankrav, avbøtande tiltak må setjast i verk i samband med detaljregulering, for å finne best mogleg løysing for området.**<br><br>**Forslagsstillar har og eit ønske om å setje av eit areal sør for næringsarealet til friområde, som kan fungera som ein grøn buffer mellom næringsarealet og nærliggjande fritidsbustader i sør. Området vert ikkje sett av som friområde, men vert vidareført som LNF, då dette vil ha same verknaden.** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Arealets utstrekking i nyt plankart vert slik:**<br><br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: FB 24 (noverande) | |
|---|---|
| **Innspel nr. 83_5, vidareføring fritidsbustader – Laukhammar** | |
| **Gnr./bnr.:** | 163/1 |
| **Dagens arealføremål:** | Fritidsbustad (noverande) |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbustad |
| **Arealstorleik:** | Ca 8,3 daa |
| **Forslagsstillar:** | Anders Laukhammar |
| **Grunneigar:** | Anders Laukhammar |

**Skildring**:
*Området er lokalisert på Laukhammar, og har eit areal på omtrent 8,3 daa. Det ligg to eksisterande fritidsbustadar og naust innanfor området. Forslagsstillar ønskjer at det resterande området som allereie er godkjent til fritidsbusetnad, blir verande med same arealformål i framtid.*

Kartutsnitt/foto




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med biologisk mangfald med stor verdi/trua.<br><br>Et stykke vest for området er det registrert stortrollurt og villeple som er sårbare artar. Det er også registrert indigorødspore, som nær trua art på norsk raudliste.<br><br>Det er ikkje vurdert at innspelet vil påverka naturmangfaldet i tilgrensande område negativt. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br><br>Nord for området er det registrert to arkeologiske minner i form av gravrøys frå bronsealder/jernalder. Det eine minnet er registrert som automatisk freda.<br><br>Avstand til kulturminna er vurdert som tilstrekkeleg, området er dessutan allereie dels bygd i dag |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde. |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Råkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100- metersbeltet, men er allereie dels utbygd, området er i gjeldande kommuneplan sett av til same føremålet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Forutan dei eksisterande bureisingane i området, er det registrert ein mindre del med fulldyrka jord og innmarksbeite. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt, forslaget omhandlar vidareføring av fritidsbusetnad som føremål. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Grunna kriteriet avstand til butikk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt, forslaget omhandlar vidareføring av fritidsbusetnad som føremål. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt, forslaget omhandlar vidareføring av fritidsbusetnad som føremål. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ned mot sjø ligg i aktsemdområde for stormflo. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – arealet vert vidareført med same føremål**<br><br>**Arealet er ei vidareføring av same føremål.**<br>**Det er ingen avgjerande konfliktar knytt til innspelet.**<br>**Avbøtande tiltak vil kunne vera aktuelt ved ei reguleringsplan.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

# TYSNESBYGDA

# -

## IKKJE VIDARE

| Innspel nr. 007_3, Bubilcamping - Sør-aust for Kvernavika | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 98/5 | Kartutsnitt/foto<br><br> |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bubilcamping | |
| **Arealstorleik:** | Ca 10 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Torleif Solheim | |
| **Grunneigar:** | Torleif og Inger Solheim | |
| **Skildring**:<br>*Det aktuelle området ligg omtrent 2 km aust for Våge. Forslagsstillar ynskjer moglegheiter for bubilparkering på nedsida av Godsøyundvegen mot Hegglandsvatnet.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br>**Om landskapet:**<br>Det aktuelle området ligg i eit noko kupert terreng som skrår ned mot Hegglandsvatnet.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Arealet er ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. Ein eventuell parkeringsmoglegheit for bubilar vil ikkje koma i konflikt med almen tilgang til og langs sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Innspelt område ligg tett på Hegglandsvatnet og kan påverka vatnet i nokon grad. Avbøtande tiltak vil kunne vera mogleg. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Påverkar ikkje strandsona. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i direkte kontakt med dyrka mark, areala består av produktiv skog og kratt. Skogområdet har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne datafangsten er av eldre dato og er moglegvis ikkje like relevant i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje relevant for formålet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant for formålet. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Det er ikkje registrert konflikt med anna næringsverksemd eller anna arealbruk, men områdets plassering, terrenget, vegtilkomst og områdets storleik er vurdert som lite eigna for føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje relevant for formålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Den austlege delen av området ligg innanfor aktsemdområde for flaum frå Hegglandsvatnet. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering** | | **Ikkje teke med i planen -**<br><br>**Det er nokre mindre konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Avgjersla går på ei heilskapsvurdering av områdets terreng, vegtilkomst og storleik som er vurdert som lite eigna for føremålet.** |

| Innspel nr. 14_3, Naust – Gjersvikvågen | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 98/9 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | Offentleg friområde |  |
| **Foreslått arealføremål:** | Naust | |
| **Arealstorleik:** | Ca 2 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Kjetil Totland | |
| **Grunneigar:** | Kjetil og Elisabeth Totland | |
| **Skildring**:<br>*Innspelet er lokalisert ved sjøfronten i det eksisterande feltet for fritidsbusetnad, omtrent 2 km aust for Våge sentrum. I området ligg den eksisterande reguleringsplanen «Gjersvikvågen» med fritidsbusetnad og offentleg friområde som reguleringsformål. Det ligg eit eksisterande naustområde innanfor området, som er regulert til «annet byggeområde». Forslagsstillar ynskjer ei utviding av det eksisterande naustområde, kvar han ser for seg 10 nye naust.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området i sjø er kartlagt som eit viktig friluftsområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av området ligg innanfor 100 metersbeltet mot sjø.<br><br>Terrenget langs sjøen er relativt bratt og kupert, og almen tilgang til sjø er derfor redusert. Ein eventuell forlenging av naustområdet kan vera med på å gjera strandsona meir tilgjengeleg, og slikt vere eit positivt tiltak. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området består av produktiv skog og kratt. Skogområdet har særs høg bonitet. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov** | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant for formålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Terrenget langs sjøen er relativt bratt og kupert, og almen tilgang til sjø er derfor redusert. Ein eventuell forlenging av naustområde kan vera med på å gjera strandsona meir tilgjengeleg, også for born og unge. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av det aktuelle området ligg innanfor aktsemdssone for ras- og skredfare. Avbøtande tiltak eg mogleg å iverksette.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen-**<br><br>**Det er noko konflikt med miljø- og samfunnstema som vist over. Årsaka til at innspelet ikkje er med vidare er ein heilskapsvurdering. Terrenget er veldig bratt, det ligg i aktsemdsone for ras. Det er ein gjeldande reguleringsplan for naust like aust for området, ein bør heller satsa på fortetting innanfor eksisterande naustområde**. |

**Innspel nr. 46_7, Næring – Dalland**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 93/3, 60/3 og 93/1 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF og Næring |
| **Foreslått arealføremål:** | Næring |
| **Arealstorleik:** | Ca. 312 daa |
| **Forslagsstillar:** | Bjørn Lande m.fl. |
| **Grunneigar:** | *93/3: Brynjulf Dalland*<br>*60/3: Leif Hollekim*<br>*93/1: Anders Dalland* |

Kartutsnitt/foto




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg omtrent 1 km sør for Våge sentrum. Området er hovudsakeleg avsett til LNF område i gjelande kommuneplan, med ein mindre del som er avsett til næring. Her ligg også reguleringsplanen for næringsområde Dalland. Forslagsstillar ynskjer at heile området skal bli sett av til næring i kommuneplanens arealdel.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Råkar ikkje kjende fornminne, verna eller freda bygningar eller kulturmiljø. Heilt nord i det aktuelle området ligg det eit brukarminne i form av ein skytebane med vollgrav på 300 meter, dette må takast omsyn til ved ein eventuell reguleringsplan. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor eit kartlagt friluftslivområde. Det kan ikkje sjåast at innspelet kjem i konflikt med utøving av friluftsliv. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området ligg tett på eksisterande Rv549, og kjem derfor innanfor støysona frå denne vegen. Området som grenser mot vegen har raud støysone, men krav om avstand til vegen gjer at tiltaka nok vil kome utanfor den raude sona. Det vil vere mogleg å gjere avbøtande tiltak i form av støyskjerming. Dette må ev. vurderast nærare ved ei detaljregulering. Ettersom det er næringsverksemd som er tenkt er det ikkje sikkert dette vil ha noko å sei, då næringsverksemder ofte sjølv kan skapa noko støy. Det er ein viss fare for forureining frå næringsverksemder, det er vanskeleg å ta stilling til dette når ein ikkje veit kva verksemd som er tenkt her. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Det finst ei elv som går gjennom området dels i nord-sør-gåande retning. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, området består av produktiv skog, myr og innmarksbeite. Innmarksbeitet er på om lag 20 dekar og ligg tett på Rv.549. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot arealformålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstand frå midten av området opp til Våge sentrum er på om lag 1,5 km. Vurderast å ha god nærleik til eksisterande sentrumsområde og bustader, positivt sett opp mot klima/miljøperspektivet.<br><br>Det finst fleire busstopp langs Fv. 549. Vegen manglar i dag fortau, dette kan gjere det utfordrande å gå/sykle til området. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Positiv lokalisering med omsyn til at det er nærleik til veg og Våge sentrum. Likevel ikkje så sentralt at det vil bli konflikt med større bustadområde. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot arealformålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg delvis innanfor aktsemdssone for stein og snøskred, samt aktsemdssone for flaum frå elv som går dels på langs av området. Det går i tillegg høgspentliner gjennom området.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br>**Det er konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema, mellom anna er område i vesentleg grad påverka av aktsemd- og faresoner. Gjeldande reguleringsplan i området er ikkje realisert, innspelet ligg i same område og omfattar eit mykje større næringsareal.** |

## Innspel nr. 120, naust – Midtvika

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 99/89 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Naust | |
| **Arealstorleik:** | 1,5 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Edvard Tysnes | |
| **Grunneigar:** | Edvard Tysnes | |

**Skildring**:

*Ingen notata frå innspelet, men har likevel vorte utført ei vurdering av området.*




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend at innspelet kjem i konflikt med naturmangfald. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området i sjø er registrert som eit viktig friluftslivsområde av typen utfartsområde. Nausta vil i liten grad påverka utfart.   |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ligg i gul støysone for vegen nord for området, dette er likevel vurdert som lite relevant for bygg utan varig opphald. Elles ikkje kjend anna forureining og tiltaket i seg sjølv er ikkje vurdert å forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Austre del av det innspelte arealet ligg innanfor område registrert som potensiell tilgjengeleg strandsone, her er terrenget likevel svært kupert. Det er elles lite bygd i strandsona frå før, tiltaket kan ikkje reknast som fortetting i eksisterande naustmiljø. Innspelet vil bety nedbygging av strandsone som har lite bygg pr. i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Skogen i området er registrert med svært høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er usikkert om denne datafangsten er like relevant i dagens situasjon.<br><br>Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark.   |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt for føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det er lite informasjon i innspelet, men det er lagt opp til parkeringsplass, som sannsynleggjer at brukare av nausta er tenkt å komme køyrande. |
| **Nærings-strategi**<br>Lokalisering av arbeidsplassar | | Ikkje aktuelt for føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt for føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen –**<br><br>**Området har veldig bratt terreng, det vil krevja skjeringar på 6-7 meter og utfordrande vegbygging. Tiltaket vil leggja til rette for etablering av naust i eit område kor det ikkje er naustføremål frå før. Ein ønsker heller fortetting i område som allereie er sett av til naust.** |

| Innspel nr. 4, Fritidsbusetnad – Godøysund | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *101/1 m.fl.* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og næringsverksemd (Plannamn: Godøysund Gnr. 101, Bnr.01.)* |  |
| **Foreslått arealføremål:** | Fritidsbusetnad og småbåthamn | |
| **Arealstorleik:** | 173 daa | |
| **Forslagsstillar:** | *Godøysund AS* | |
| **Grunneigar:** | *Godøysund AS m.fl.* | |
| **Skildring**: *Godøysund er lokalisert omtrent 2,5 km nordaust for Våge. Det aktuelle arealet er to øyar som utgjer Godøysund, inkludert nokre holmar. Det er vegsamband frå fastlandet via bru frå Fv80 Godsøysundvegen, og bruer mellom øyane. Dagens arealbruk er friområde med nokon bygg nytta til sjø- og fritidsbruk. I gjeldande kommuneplan er området avsett til eksisterande næringsverksemd på nordre øy, og LNF på dei andre øyane. Området som heilskap er omfatta av omsynssone 2008-1 «Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde». Gjeldande reguleringsplan omfattar hovudsakeleg hotell/bevertning tenkt til leilegheitshotell og utleigehytter. Resten av området for fritidsbusetnad og kombinert fritidsbustadar og utleige. Forslagsstillar ynskjer at det skal leggast til rette for føremål for fritidsbusetnad på begge Godøysundøyane, med tilhøyrande anlegg på land og i sjø. I sjø ser han føre seg å kunne etablere småbåtanlegg tilsvarande det som ligg i gjeldande reguleringsplan.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | Særs stor negativ konsekvens | Miljøfaglig Utredning AS har vurdert verknadene på naturmangfaldet av ei planlagt utbygging av fritidsbustader på Godøysund i Tysnes kommune. Det vart påvist 5 verdifulle naturtypelokaliteter, to boreonemorale regnskogar utan bartredominans, to lågurtfuruskogar og ein lågurtalm-lind-hasselskog. Tre har stor verdi og to har fått særs stor verdi. I alt 8 raudlisteartar vart samtidig påvist, to karplanter, fem lav og ein sopp. Tre av lavene er sårbare (alle er regnskogslav), mens ein av karplanteartane (eit ungt asketre) er sterkt trua. Med grunnlag i mottatt kart som viser detaljplanane for tiltaket er det vurdert at dette gir alvorleg miljøskade på 4 av 5 naturtypelokaliteter, mens det vert ubetydeleg skade på den siste. Også tiltaket som heilheit vurderast som følgje av dette å gi alvorleg miljøskade på naturmangfaldet. Tiltaket vil samtidig auke den samla belastninga på dei tre påviste naturtypane, der boreonemoral regnskog er mest utsett regionalt sett. Feltarbeidet i 2022 forbedra kunnskapsgrunnlaget vesentleg. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Tiltaket som heilheit vurderast å gi alvorleg miljøskade på naturmangfaldet. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | Middels eller usikker negativ konsekvens | På nordre øy ved Godøysund fjordhotell er det registrert fleire kulturminne. Her ligg Godøysund hamneområde, kvar det er gjort diverse lausfunn frå 1700-talet. Dei fleste av desse ligg i sjø. Ein utbygging som ikkje råkar sjøområda kor kulturminna ligg, samt sikringssonene for desse, vil vere avbøtande tiltak.<br><br><br>Kjelder:<br>•Sefrak<br>•Askeladden<br>•Miljødirektoratet – verdifulle kulturlandskap |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | Særs stor negativ konsekvens | Planområdet inngår som del av Godøysundøyane, eit kartlagt friluftslivområde over alle øyane i området, verdsett til svært viktig. Områdetype er strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 . | Middels eller usikker negativ konsekvens | Området er ikkje utsett for forureining, men småbåthamn kan vere ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | Middels eller usikker negativ konsekvens | Påverkar ikkje vassdrag, men legg til rette for småbåthamn i sjø – som i dag har dårleg kjemisk tilstand. Tiltaket kan potensielt vere forureinande for sjøen. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | Særs stor negativ konsekvens | Området ligg innanfor 100 metersbeltet mot sjø.<br><br>Strandsone på Godøysund har lenge vore ein destinasjon for opphald, friluftsliv og rekreasjon. Det er fleire turstiar rundt om på øya, og staden er eit attraktivt reisemål for båtturistar. |
| **Jord- og skogbruk** | Middels eller usikker negativ konsekvens | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då øya for det meste består av skog. Ein del av skogsareala har særs høg bonitet, vert derfor vurdert som gul kategori (datafangst frå 1968). |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | Middels eller usikker negativ konsekvens | Mindre aktuelt opp mot fritidsbusetnad som formål. Innspelet vil likevel kunne føre til noko auke i klimagassutslepp, gjennom auka antal fritidsbusetnader med tilhøyrande infrastruktur og transportbehov. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde**<br>Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | Middels eller usikker negativ konsekvens | Det går aktsemdssone for høgspentline gjennom området. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet har samla sett store negative konsekvensar.**<br><br>**Innspelet vert ikkje teke med i planen.** |

# TYSNESBYGDA

-

VIDARE

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 09 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 14_1, Bustad – Sæbergvegen, 2 km aust for Våge sentrum** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 98/9 | Kartutsnitt/foto<br> |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad | |
| **Arealstorleik:** | 2,1 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Kjetil Totland | |
| **Grunneigar:** | Kjetil og Elisabeth Totland | |
| **Skildring**:<br>*Området er lokalisert mellom eksisterande busetnad i Sæbergvegen, omtrent 2 km aust for Våge sentrum. Forslagsstillar ser for seg ei fortetting av bustadar i Sæbergvegen, kvar han ynskjer at arealet skal bli sett av til bustadar.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje kjend kulturminne , kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br>**Om landskapet:**<br>Innspelet er ei fortetting innanfor eit allereie etablert bustadfelt, og vil difor ikkje skapa ein stor kontrast i landskapet.<br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde, og vil ikkje koma i konflikt med almen tilgang og utøving av friluftsliv fram til- og langs sjø. |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av området ligg innanfor 100 metersbeltet mot sjø. Tiltaket er likevel vurdert å ikkje ville få noko innverknad på ålmenta si tilgang på sjø vurdert mot dagens situasjon. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området består av produktiv skog. Deler av skogen i området var registrert med høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne registreringa er gamal, skogen reknast ikkje som drivverdig i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins i området har kapasitet. Barnehagar innanfor 15km har og kapasitet. |
| **Transportbehov** | | Det ligg busstopp langs Hegglandsvegen, om lag 400m frå området. Om lag 1km avstand til Tysnes skule, 1,5km til Våge sentrum. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen kvartalsleikeplassar i området. Det vil vere krav om etablering av leikeplassar ved utbygging. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen- og får føremålet bustad**<br><br>**Lite konflikt med KU-tema for miljø og samfunn. Ein mindre del av området ligg innanfor 100-metersbeltet, men i akseptabel avstand, tiltaket vil ikkje få noko innverknad på ålmenta si tilgang på sjø. Tiltaket vil fungere som ei fortetting av eksisterande bustadfelt som ligg sentralt med nærleik til Våge sentrum.**<br><br>**Slik vert utstrekkinga av området i nytt plankart:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 08 |
|---|

| Innspel nr. 28 - Bustad – Indre Vee (like nord for Våge sentrum) |
|---|

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 90/1 |  |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad | |
| **Arealstorleik:** | 1,2 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Erling Gurvin | |
| **Grunneigar:** | Erling Gurvin | |
| **Skildring**:<br>*Innspelet gjeld eit areal på Indre Vee like ved Våge sentrum. Området består i dag av produktiv skog, og ligg i samanheng med utbygd område som har bustadformål i gjelande kommuneplan. Forslagsstillar ynskjer at det aktuelle arealet blir sett av til bustadområde i revidert kommuneplan.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med trua biologisk mangfald og naturtypar med høg verdi. Arealet ligg innanfor kartlagt område for hjort.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Sjølv om arealet ligg på ein forhøgning i terrenget, ligg det som ein forlenging av dei eksisterande bustadane. Det er også tett med bustadar mellom arealet og sjøkanten, som gjer at innspelet vil utgjer ein stor kontrast i det eksisterande landskapet.<br><br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø som kjem i konflikt med innspelet.<br><br>Nord for det aktuelle området er det registrert to brukarminne; Prestegard og Peratunet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Arealet ligg i eit allereie utbygd område med hovudsakeleg einebustadar i kort avstand til Våge sentrum. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn og vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Skogområdet er frå gammalt av registrert med høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne registreringa er utdatert, skogen er ikkje drivverdig i dag. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins i området har kapasitet. Barnehagar innanfor 15km har og kapasitet. Styrking og fortetting skjer innanfor etablert bygdelag. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 750m gangavstand til offentleg transport, nærbutikkar og arbeidsplassar i Våge sentrum.<br>Om lag 1,5 km gangavstand til Tysnes skule. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det viser ingen leikeplassar i området på satellittfoto, men i reguleringsplan for arealet aust for innspelsområdet er det regulert inn ein eigen leikeplass.<br>Er elles god tilgang på opne areal samt skog vest for området, dette er registrert som eit utfartsområde. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde**<br>Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen –**<br><br>**Innspelet gjeld ei mindre utviding av eit eksisterande bustadområde som ligg sentralt til på Våge. Det er vurdert at det ikkje er konfliktar knyt til ovannemnte miljø- og samfunnstema i samband med denne utvidinga.**<br><br>**Kartutklipp frå nytt plankart:** |



| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 07 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 39 - Bustad – Gjerstad** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 96/2 | *Kartskisse – innspelsområde* |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |  |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad | |
| **Arealstorleik:** | 34 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Andersland Bygg AS | |
| **Grunneigar:** | Erling Langballe, Ann K. Nesse Langballe | |
| **Skildring:**<br><br>*Innspelet gjeld eit område på Gjerstad, ned mot Kalvatrædneset like vest for Våge. Forslagsstillar ynskjer området omgjort til bustad som formål. Innspelet gjeld hovudsakeleg delar av eigedom 96/2, i tillegg til at det ønskes at eigedommane 96/3, 96/4, 96/6, 96/10, 96/12, 96/13, 96/17, 96/23 og 96/43 innlemmast i området for bustad. Området er i kommuneplanen i hovudsak avsett til LNF, men kor ein mindre del sørvest i området er avsett til næringsverksemd. Her ligg og delar av reguleringsplanen «Småbåthavn Gjersvika- gnr. 94 bnr 2 mf.l.»* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend/registrert konflikt med biologisk mangfald og naturtypar med høg verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ikkje kjend kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Vest for innspelt område er det registrert ein dyrkingsflate som er automatisk freda, men som ikkje vil bli rørt av planforslaget. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Arealet ligg ikkje innanfor kartlagt viktig friluftslivområde, delar av arealet i nord ligg innanfor kartlagt potensiell tilgjengeleg strandsone, ettersom innspelet legg opp til ein grøn buffer i form av friområde nord for bustader i retning sjø, vert ikkje dette eit problem. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Deler av området som grensar mot veg ligg innanfor gul støysone frå trafikkstøy. Det aktuelle arealet er likevel for det meste allereie bygd ut, og området der det er aktuelt å bygge ligg utanfor støysona.<br><br>Ikkje kjend med anna forureining i området, og tiltaket vil ikkje sjølv forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av innspelet ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. Det er lagt opp til ein grøn sone/friområde i nord mot sjø på ca. 50 m breidde. Dette vil sei at utbygginga vert trekt minimum 50 m unna strandsona. Strandsona vil difor vere tilgjengeleg for ålmenta. Delar av strandsona i aust er allereie utbygd i dag. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området kvar det er ynskjeleg å legga til rette for nye bustadar er ein del av ein eldre gard, som ikkje lenger er i drift. Det er opplyst at det ikkje er aktuelt å overføre arealet til andre gardsbruk, delvis grunna plassering og topografi.<br><br>Innspelet kjem i konflikt med eit mindre område med fulldyrka mark. Resten av arealet i området består av innmarksbeite og produktiv skog, i tillegg til dei eksisterande bustadane.<br><br><br><br>Det er opplyst om at område 1 og 2 er skrint beiteland. Område 3 er dyrka mark, men har dårleg tilkomst for maskinar og er ikkje heldt dei siste åra. |
| **Sosial infrastruktur** | | Føreslått utbyggingsområde ligg nær Tysnes skule, fleirbrukshall, butikkar og båthamn. Skulekrinsane i området har kapasitet. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Vågsmarka barnehage er den næraste barnehagen, denne har i dag høg utnyttingsgrad og lange ventelister. Det er likevel god kapasitet i dei andre barnehagane, t.d. ved Stjernereiso barnehage i Uggdal. |
| **Transportbehov** | | Mindre enn 500 m til kollektivtransport. Om lag 15 minuttar å gå til Våge sentrum med lokalsenter/nærbutikk. Planområdet ligg nær Tysnes skule (for 5.-10. klassingar).<br><br>Innspelet er ei fortetting og ligg i relasjon til allereie etablerte bustadar. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ligg i eit område med god tilgang til turterreng og leikeplassar. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går ein høgspentleidning over planområdet i vest, med tilhøyrande sikringssone/aktsemdsone på 8 meter på kvar side av traseen.<br><br>Området ligg innanfor aktsemdssone for skred i bratt terreng. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen- og får føremålet bustad, men vert noko justert**<br><br>**Innspelet legg opp til bustader i eit sentrumsnært område, det er planlagt leikeplass og ny tilkomstvei. Det er elles kort avstand til sentrum, skule, butikkar og barnehage.**<br><br>**Det er registrert nokre mindre konfliktar med KU-tema. Innspelet ligg dels innanfor aktsemd-/faresone for ras og høgspent, som må takast omsyn til ved detaljregulering. Innspelet kjem i konflikt med eit mindre område registrert som fulldyrka jord, dette område har ikkje vore heldt dei siste åra grunn vanskeleg tilkomst. Deler av området ligg innanfor 100-metersbeltet, men det er ønskeleg frå forslagstillar at det vert lagt opp til friområde mot strandsona i nord. Dette området er lagt inn som LNF-område i plankartet. Strandsone nordaust og nordvest for innspelet er allereie utbygd i dag. Tiltaket kan reknast som fortetting i eit sentrumsnært område.**<br><br>**Slik vert utstrekkinga på området i nytt plankart:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |


© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som rettighetshaver ikke medvirker i.
Friområde/
strandsone
Areal: 8,78 daa
Kalvatræaneset
renseanlegg
slamavskiller
Friområde/
strandsone
Areal: 4,6 daa
renseanlegg
slamavskiller
Friområde/
strandsone
Areal: 1,57 daa
Hensynssone/faresone
høyspenningsanlegg
Boligbebyggelse
22,9 daa
Gjerstad
Risdalen
96/2
96/3
96/53
96/56
Boligbebyggelse
Næringsvirksomhet
nåværende
Friområde/strandsone
MESTERGRUPPEN ARKITEKTER
Medlem
ANDERSLAND BYGG AS
96/2
Gjerstad
Tysnes
Forslag til feltinndeling
A3
1 : 1000
Innspill til kommuneplans arealdel
20200298
28.08.20
SB
U10-04




**Illustrasjonsplan**

Foreslåtte arealformål i revidert kommuneplan er boligbebyggelse, samt videreføring av nåværende næringsbebyggelse og LNFR areal, i form av friareal mot strandsonen.

Illustrasjonsplan Planforslaget som presenteres legger opp til eneboliger, nærlekeplass, ny tilkomstvei og offentlig friområde mot strandsone. Forslaget forholder seg til de føringene som ligger inne i gjeldene kommuneplan med tanke på %BYA, antall parkeringsplasser, og krav til felles uteoppholdsareal og nærlekeplass. Endelig antall boliger, tomtestørrelse og byggegrenser vil bli definert i detaljregulering av området. Det er et ønske om også å innlemme de eksisterende boligene i sør, opp mot Hegglandsvegen, inn i feltet for boligbebyggelse.

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 41 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 46_1, Bustad – Like vest for Våge sentrum** | |
| **Gnr./bnr.:** | 91/1 m.fl. |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad |
| **Arealstorleik:** | Ca 90 daa |
| **Forslagsstillar:** | *Bjørn Lande m.fl.* |
| **Grunneigar:** | *91/1: Åse Karin Egeland* |

*Kartskisse – innspelsområde markert med raudt*



**Skildring**:

*Innspelet gjeld eit større område like ved Våge sentrum, ovanfor allereie etablerte bustadar. Forslagsstillar tenkjer at store delar av dette området kan eigna seg godt til nye bustadar. Skogsbilvegen på Lande er bygd etter vegklasse 3, og kan enkelt rustast opp til eigna veg for biltrafikk med gangveg. Vatn vil nok krevje høgdebasseng for store delar av område. Avløpsnettverk må tilretteleggjast.*



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioritert kulturlandskap.<br><br>Aust for det aktuelle område er det registrert to brukarminner; Ura-tunet på Lande og Laftastove på Lande. Det er også registrert eit område med dyrkingsspor, samt fleire gravminne og eit gravfelt. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br>**Landskapsbilete:**<br>Innspelet er ei fortetting ved Våge sentrum. Ei eventuell utbygging vil vera synleg i landskapet, då området ligg på ein høgde i terrenget utan andre bustadar i same høgde. Likevel er området framfor arealet utbygd med einebustadar, som gjer at innspelet ikkje vil vera i for stor kontrast til landskapet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde, og vil ikkje koma i konflikt med almen tilgang og utøving av friluftsliv fram til og langs sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining og tiltaket vil ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet er ikkje innanfor 100 -metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då området hovudsakeleg består av produktiv skog. Delar av området har lauvskog med særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Dette er ein eldre kartlegging som moglegvis ikkje gjenspeiler dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skular og barnehage har ekstra kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det er kort avstand til skule, barnehage, busshaldeplass og andre fasilitetar i sentrum. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er regulert inn ein leikeplass om lag 400m nordaust for området, ingen kjende leikeplassar utanom denne. Det vil etter alt å døme vere krav om etablering av ny leikeplass ved ein eventuell utbygging i området. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området ligg innanfor aktsemdområde for snøskred.<br><br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering av konsulent før møte i formannskapet 22.02.2024** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen-**<br><br>**Det er ingen avgjerande konfliktar med miljø- og samfunnstema. Avgjersla går på ein heilskapsvurdering om kor godt eigna arealet er til føremålet. Terrenget er bratt, med ugunstig/utilstrekkeleg tilkomst via skogsveg.** |
| **Formannskapets konklusjon i møte 22.02.2024** | | **Innspelet vert dels teke inn i planen-**<br><br>**Etter ein gjennomgang i formannskapet er det vurdert at den nordlege delen av innspelet skal inn i planen.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: IDR 12 | |
|---|---|
| **Innspel nr. 046_2 , Skule /offentleg eller privat tenesteyting - Tysnesbygda** | |
| **Gnr./bnr.:** | 96/2 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF-område / offentleg eller privat tenesteyting |
| **Foreslått arealføremål:** | Skule / offentleg eller privat tenesteyting |
| **Arealstorleik:** | Ca. 15 daa |
| **Forslagsstillar:** | Bjørn Lande m.fl. |
| **Grunneigar:** | Erling og Ann K Langballe |
| **Skildring**: *Innspelet gjeld «Langballe jorda», like ved Tysnes Skule i Våge. Forslagsstillar meinar at Tysnes skule treng meir areal, og meiner arealet burde bli avsett til framtidig utviding av Tysnes Skule.* | |



| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med trua/nær trua naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem i direkte konflikt med fleire automatisk freda kulturminne. Store delar av det aktuelle området er eit større freda busetjing/aktivitetsområde , kvar det er registrert to gravminne datert til bronsealder. Her ligg også to mindre områder med førhistoriske busettingsspor.   |

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Innspelet ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde, og vil ikkje koma i konflikt med almen tilgang og utøving av friluftsliv fram til og langs sjø. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining.<br>Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Mindre deler av området nært fylkesvegen ligg innanfor gul støysone frå trafikkstøy. Det vil vere mogleg å gjere avbøtande tiltak i form av støyskjerming. Dette må ev. vurderast nærare ved detaljregulering.<br>Ikkje kjend med anna forureining i området, og tiltaket vil ikkje sjølv forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, | | Området ligg ikkje innanfor 100- metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem i direkte konflikt me dyrka mark, då heile området er registrert som fulldyrka jord. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ligg ved eksisterande skule. Positivt å kunne utvide i same område. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg | | Mindre enn 500 m til kollektivtransport. Ligg ved skule med gangavstand til lokalsenter/nærbutikk. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Lokaliseringa er godt eigna til skole, ingen kjende konfliktar med eksisterande arealbruk (støy, lukt, arealbehov) |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Utandørs idrettsbane, symjehall og Tysnes hallen ligg like ved. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåsti gning.<br>• Høgspennings- anlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området er råka av aktsemdssone for snø- og steinsprang.<br><br>Det går aktsemdssone for høgspent gjennom området. Dette vil kunne takast omsyn til ved detaljregulering. |
| **Samla vurdering av konsulent før møte i formannskapet 22.02.2024 :** | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Innspelt område kjem i direkte konflikt med fleire automatisk freda kulturminne og dyrka mark. Det går og høgspentlinje i luft i området. Skulen vart dessutan nyleg utvida/bygd på, og Tysnes kommune sin skulebruksplan vurderer tilgjengeleg kapasitet på skulen som god.** | |
| **Formannskapets konklusjon i møte 22.02.2024** | **Formannskapets vurdering i møte 22.02.2024 er at det innspelte arealet aust for skulen ikkje skal inn i planen, men dei vil setje av eit areal sørvest for skulen til idrett. Dette arealet kjem ikkje i konflikt med kulturminne eller høgspent, og vil ikkje hamne innanfor gul støysone frå fylkesveg slik som tidlegare innspelt areal, det er heller ikkje registrert konflikt med jordbruk.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:** | |

| | |
|---|---|
| |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | **Nytt område sørvest for skulen vil ikkje hamne i konflikt med kjende kulturminne** |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | **Nytt område sørvest for skulen vil ikkje hamne innanfor gul støysone** |
| **Jord- og skogbruk** | **Det er registrert skog med høg- og særs høg bonitet, men denne er ikkje vurdert som særleg drivverdig, då arealet er dels inneklemt i eit område med bustader, skule og idrettsbane samt dyrka mark vest for området.** |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåsti gning.<br>• Høgspennings- anlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | **Nytt område sørvest for skulen kjem ikkje i konflikt med høgspent.** |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 04 |
|---|

| Innspel nr. 46_3, Bustad – Sør for Vågsmarka i Våge |
|---|

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 94/4 og 94/6 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad |
| **Arealstorleik:** | *Ca 52 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Bjørn Lande m.fl.* |
| **Grunneigar:** | *94/4: Tysnes kommune*<br><br>*94/6: Hildegrunn Knutsen, Anne Elisabeth Waage, Inge Olav Waage, Lars Henrik Waage* |

**Skildring**:
*Innspelet gjeld eit areal sør for Vågsmarka i Våge. Området nord for arealet er i gjeldande kommuneplan sett av til bustadreising, kvar det ligg eit etablert bustadfelt med reguleringsplan «Vågsmarka». Den nordlege delen av arealet er råka av reguleringsplanen, med park som reguleringsformål. Forslagsstillar tenkjer at bustadfeltet i Vågsmarka kan utvidast mot Gjerstad, og litt opp i område.*



*Kartskisse – innspelsområde markert med raudt*







| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrert viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Aust for området er det registrert ask (1908), som er ein sårbar art på norsk raudliste. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Innspelet er forlenging av det allereie etablerte bustadfeltet, og vil derfor ikkje skapa ein stor kontrast i landskapet. Likevel vil innspelet vera noko synleg i landskapet, då området ligg på ein høgde i terrenget utan bureisingar på same platå. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | I den søraustlege delen av området er eit kartlagt friluftsområde kategorisert som svært viktig. Kartlegginga er likevel generelt svært grovmaska og ikkje detaljert til enkeltområde. Lokal kunnskap tilseier at dette er eit friområde som er lite nytta til føremålet.<br><br><br>Den nordlege delen av arealet er regulert til park. Parkområde kan erstattast /vidareførast ved detaljregulering. |
| **Foreureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining.<br>Det er eit høgdebasseng for vassforsyning i området.<br>Innspelet ligg i god avstand til dette. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i direkte konflikt me dyrka mark, då området hovudsakeleg består av produktiv skog.  Delar av skogen i området har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Dette er ein eldre registrering, den er ikkje nødvendigvis like aktuell i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skule og barnehagar i området har kapasitet og ligg innanfor grøn rekkevidde. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Innspelet er ei fortetting av bygdesamfunnet i Våge, ved ei utviding av eksisterande bustadfelt med nærleik til skule og andre fasilitetar. Kort gangavstand til det meste. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Eksisterande bustadfelt har leikeplassar og god tilgang til nærturterreng sør for det innspelte arealet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området er råka av aktsemdssone for snø- og steinsprang.<br><br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – og får føremålet bustadføremål**<br><br>**Innspelet gjeld fortetting/utviding av eksisterande bustadfelt i området, det vil ligga sentralt og nært tilboda i sentrum, samt nær barnehage og skule. Innspelet passar godt med kommunens bustadstrategi.**<br><br>**Delar av det innspelte området ligg innanfor aktsemdsone for snø og steinsprang, avbøtande tiltak er mogleg å iverksette ved reguleringsplan. Det er elles registrert skog med høg bonitet i delar av området, registreringa er frå 1968, det er difor uvisst kor reelt dette er i dagens situasjon. I søraustlege del av innspelt område ligg eit friluftsområde, utifrå lokalkunnskap veit ein at dette området er lite nytta til føremålet. Innspelt område vert noko justert og tilpassa landskap/topografi.**<br><br>**Slik vert utstrekkinga av området i nytt plankart:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

**Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 12**

**Innspel nr. 49, Spreidd bustad – Kyrkjestølen**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 99/8 |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Spreidd bustad |
| **Arealstorleik:** | 73 daa |
| **Forslagsstillar:** | Harald Vindenes |
| **Grunneigar:** | Harald Vindenes |

*Kartskisse – innspelsområde markert med raudt*




**Skildring**:

*Det aktuelle området ligg på Kyrkjestølen, det er ein større eigedom med eit gardstun med einebustad. Arealet strekkjer seg frå Tysnesvegen og nord ned mot Gunnarsvika. Forslagsstillar ynskjer at eigedommen skal takast ut av LNF området, med sikte på framtidig bustadbygging.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med biologisk mangfald og naturtypar med høg verdi.<br><br>Utanfor området er det registrert Vestamerikansk hemlokk, som er ein framand art med svært høg risiko (2018). Dette må omsyn takast. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet er ikkje kjend å komme i konflikt med registrerte kulturminne, kulturmiljø eller prioritert kulturlandskap.<br><br>**Landskap:**<br>Området rundt består hovudsakeleg av skog og dyrka mark, men noko spreidd bureising. Ei eventuell etablering av bustadar på eigedommen vil derfor væra synleg i landskapet. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Arealet ligg ikkje innanfor kartlagt viktig friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |

| | | |
|---|---|---|
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av eigedommen i nord ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, i eit område som ikkje er bygd frå før. Delar av arealet i nord ligg og innanfor kartlagt potensielt tilgjengeleg strandsone.<br><br>Skal innspelet vera med vidare må strandsoneinteresser takast omsyn til. |
| **Jord- og skogbruk** | | Delar av innspelet kjem i konflikt med dyrka mark. Området består hovudsakeleg av produktiv skog, og mindre areal med fulldyrka jord og innmarksbeite.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins i området har kapasitet. Barnehagar innanfor 15km har og kapasitet. |
| **Transportbehov** | | Om lag 5 km avstand til skule og nærbutikkar i Våge sentrum. 2,5 km avstand til busshaldeplass. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ingen kvartalsleikeplassar i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde |

| | | |
|---|---|---|
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet LNF – spreidd bustad, men vert betrakteleg redusert i storleik i høve påverka KU-tema.**<br><br>**Innspelet er med vidare, men vil verte justert i høve 100-metersbeltet mot sjø. Areal med fulldyrka mark i aust vert og teke ut. Innspelet vert og justert i høve terreng og topografi.**<br><br>**Slik vert utstrekkinga av område i nytt plankart:**<br><br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 12 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 69, LNF – spreidd bustad – Kyrkjestølen** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 99/2 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | LNF -Spreidd bustadreising | |
| **Arealstorleik:** | 30 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Helge og Tone Sandvik | |
| **Grunneigar:** | Helge og Tone Sandvik | |

**Skildring**:

*Forslagsstillar ynskjer endring av garden sitt huskrullområde slik det ligg føre i dag, kvar det er ynskjeleg å byte ut eit område i søraust med eit område i nord. Huskrullområdet er i gjeldande kommuneplan avsett til spreidd bureising. Forslagsstillar ynskjer å byte ut «lilla» areal, men «grønt» areal for bustadar. Dette fordi det vil gagna landbruksføremåla mykje betre, i og med at «lilla» areal består av ein del dyrka mark og beite. Området i nord, kvar det er ynskje om å forlenge huskrullen, eigner seg betre til bustadreising. Dette området inneheld ikkje dyrka mark, og bil difor ikkje påverka drifta av garden negativt.*

*Den nordlege delen grensar til ein eigedom med fritidsbustad, anneks og naust. Sør for det nordlege området er det i dag bustadhus med tilhøyrande garasje og utestove.*

*Forslagsstillar meiner området lenger nord på eigedommen er betre eigna for bustadbygging, då dette er eit lite tilgjengeleg utmarksområde (kupert terreng, tett vokse til med brake, lyng og furu) som ikkje i dag vert aktivt utnytta av garden i praksis.*




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med biologisk mangfald og naturtypar med høg verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne/kulturmiljø eller prioritert kulturlandskap.<br><br>Eit stykke sør for det aktuelle området er det registrert fleire kulturminne (sjå kart). kulturminna er vurdert å ikkje verte påverka av tiltaket. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Arealet ligg ikkje innanfor kartlagt viktig friluftsområde, og innspelet vil ikkje koma i konflikt med almen tilgang og utøving av friluftsliv fram til og med sjøen då området er lite tilgjengeleg og overgrodd utmarksområde med kupert terreng. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer heller ikkje sjølv ein fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn og vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av det nordlege området ligg i 100 metersbeltet, likevel er dette området utilgjengeleg for ålmenta frå sjø (er 8-12 meter høge fjellveggar langs heile vestsida av området), og i praksis også frå land. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, då innspelet gjeld å flytte bustadformål frå området med dyrka mark, til område utan dyrka mark. Dette vil gagna landbruksføremåla mykje betre. |
| **Sosial infrastruktur** | | Skulekrins i området har kapasitet. Barnehagar innanfor 15km har og kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 5 km avstand til skule og nærbutikkar i Våge sentrum, og det er ca. 2,5 km avstand til busshaldeplass. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Å byte om på områda vil ikkje medføre endringar for born og unge sine vilkår. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – får føremålet LNF – spreidd bustad.**<br><br>**Tiltaket vil vera positivt for landbruk, då innspelet gjeld å flytte spreidd bustad frå eit området med dyrka mark, til eit område utan dyrka mark. Det innspelte arealet vert justert i forhald til 100-metersbeltet mot sjø og i forhald til terreng og topografi.**<br><br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: Samferdselslinje (gang/sykkelveg) | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 70, Gang- og sykkelveg– Distansen Våge til Reiso** | | |
| **Gnr./bnr.:** | Fleire | *Kartskisse – innspelsområde*  |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Gang-/sykkelveg/teknisk anlegg | |
| **Arealstorleik:** | X | |
| **Forslagsstillar:** | Magne Skartveit | |
| **Grunneigar:** | Magne Skartveit | |
| **Skildring**:<br>Forslaggssillar ynskjer at gangveg/sykkelveg frå Våge til Reiso vert tatt med i arealplan. Det er viktig å sikra arealet som grunnlag for å få planarbeid i gang. Dagens forhold for gåande og syklande mellom Våge og Reiso er i dag svært dårleg. Det vil opplagt verta mykje auka anleggstrafikk når Hordfastprosjektet skal realiserast, og sikring av mjuke trafikantar vil vera avgjerande. Det må tillatelegast for at tekniske anlegg (som elkablar, breiband, vatn/kloakk) kan utbyggast i samband av med gang- og sykkelveg. | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Langs vegen mellom Våge og Reiso er det registrert eit tilfelle av Hagelupin (2018), som er ein framand art med svært høg risiko. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området er ikkje registrert som eit viktig friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. | | Området ligg innanfor raud luftforureining- og støysone eller registrert forureining ved Hollekjevegen. Dette er å vente, då forslaget med ny gang-/sykkelveg vil bli knytta tett til eksisterande veg. Avbøtande tiltak i form av støyskjerming vil vere mogleg. |
| **Vatn og vassdrag** | | Midtpunktet på Hollekjevegen går om lag 40m vest for Reisetjørna på det næraste. Eit gang-/sykkelfelt på vestre sida av Hollekjevegen vil i større grad kunne påverke Reisatjørna kontra eit g-/s-felt på austre side av vegen.<br>Det går og fleire elver i og nær den aktuelle strekningen. Avbøtande tiltak må vurderast. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Arealet som grensar til vegen mellom Våge og Reiso består hovudsakeleg av produktiv skog, dyrka jord, innmarksbeite og busetnadar. Satt som raudt jf. vurderingskriteria (>10 daa samanhengande jordbruksareal vil kunne verte råka). |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Tiltaket kan føre til at fleire vel å gå/sykle framfor å køyre, og vil på den måten legge til rette for ein reduksjon i klimagassutslepp. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er i dag ikkje ein trygg veg for syklande og gåande mellom Våge og Reiso. Det vil verta auka anleggstrafikk i åra framover, og det er derfor viktig å sikra dei mjuke trafikantane. Innspelet vil bidra til at born, unge og vaksne får ein tryggare veg mellom dei to bygdene.<br><br>Område born nyttar til leik i dag vert ikkje omfatta. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av strekningen ligg innanfor aktsemdsområde for flaum og snøskred, samt mindre område med fare for steinsprang (sjå aktuelle areal nært vegen på vedlagt kart).<br><br>Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| Samla vurdering | | **Vert teke med i planen som samferdselslinje på austsida av vegen – men med enkelte forbehald.**<br><br>**Det største konfliktpunktet vil vera dyrka mark, her må avbøtande tiltak vurderast i samband med reguleringsplan. Plan for dyrkbar/dyrka mark i form av flytting av massar til andre område som kan dyrkast eller tilsvarande, må utarbeidast ved regulering.**<br><br>**Samferdselslinja vert i plankartet plassert på austsida av eksisterande vegsamband, for å unngå konflikt med Reisetjørna og andre mindre elvar/bekkar.**<br><br>**Ved å setje av areal til gang- og sykkelveg opnar ein for moglegheita for ein reguleringsplan på sikt. Dagens forhold for gåande og syklande mellom Våge og Reiso er ikkje særleg bra. Det vil verte ein auke anleggstrafikk når Hordfastprosjektet skal realiserast, og sikring av mjuke trafikantar er rekna som særs viktig.**<br><br>**Utstrekkinga av gang- og sykkelveg i nytt plankart vert slik:** |


Våge
Framtidig
gang/sykkelveg
mellom Våge og Reiso
Uggdal

**Feltnamn/områdenamn i plankart: B43**

**Innspel 210 Politisk innspel - Bustader – Aust for Vågsmarka**

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 95/1, 95/3, 95/4 m.fl. |
| **Dagens arealføremål:** | LNF |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustad |
| **Arealstorleik:** | |
| **Forslagsstillar:** | Politisk bestilling |
| **Grunneigar:** | Arne Gjerstad, Tore Økland, Arild Gjerstad m.fl. |

Kartutsnitt/foto



**Skildring**:

*Området ligg sentralt til i Tysnesbygda, mellom bustadområdet i Vågsmarka og Tysnes skule. Nord for området ligg Tysnes kyrkje og Rv549 (Hegglandsvegen) Arealet rundt skulen er avsett til offentleg og privat tenesteyting samt idrett i gjeldande kommuneplan.*

*KU har blitt laga basert på ei politisk bestilling om å undersøke moglegheit for å utvide eksisterande bustadfelt lenger aust.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje kjend konflikt. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er registrerte fleire kulturminne i nærområdet, men desse ligg eit godt stykke nord for det innspelte arealet. Om lag 20 meter aust for kyrkja er det funne restar av busetting frå steinalderen samt busetting frå eldre bronsealder. Nordvest for området er det gjort funn frå yngre steinalder.<br><br>Det er og registrert eit brukarminne i form av ein minnestein direkte vest for kyrkja.<br><br>Alle kjende kulturminne ligg utanfor det innspelte arealet.<br><br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Sør for området ligg det inne eit areal registrert som eit svært viktig friluftslivområde av typen nærturterreng. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det finst og eit område søraust for det innspelte arealet som er registrert som eit parkareal (2005).   Det innspelte bustadarealet vil liggja utanfor friluftsområde, men i nær tilknyting, som vil vera svært positivt for dei som busette seg her. Ei utviding av bustadfeltet vil ikkje hindre ålmentas tilgang til friluftsliv. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer sjølv ikkje fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det finst to elver som går gjennom området, desse har sitt utløp nord for området, i Vågen. Avbøtande tiltak vil vere mogleg å iverksette i detaljreguleringa.   |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ingen kjende konfliktar. |
| **Jord- og skogbruk** | | Deler av skogen har særs høg bonitet, men datafangsten er frå 1968, og det kan dermed tenkast at denne ikkje utgjer noko godt bilete av dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skulekrins i området har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det innspelte arealet ligg sentralt til i Våge, med nærleik til dei fleste tilboda som finst i området. Frå midten av området er det om lag 1km til nærbutikk og lokalsenter i Våge. Det finst og busstopp ved Fv549, tett på området. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Tiltaket er ei fortetting for Våge, og vil kunne bidra til å redusere totale klimagassutslepp. Den sentrale plasseringa vil her bety at folk kan ha moglegheit til å droppe bilen til arbeid, skule og andre tenester. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området er ikkje oppbygd i dag, og det finst derfor ikkje etablerte leikeplassar i området. Det vil uansett vere krav om dette ved utbygging. Nærturterreng finst direkte sør for det innspelte arealet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det er aktsemdområde for flaum knyta til dei to elvene som renn gjennom område. Det går og ei høgspentline gjennom område. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette ved reguleringsplan.<br><br> |
| **Ny vurdering/konklusjon i formannskapsmøtet 22.02.2024** | | **Dette innspelet vart i utgangspunktet silt ut i utsilingsprossesen, men er vurdert på nytt i formannskapsmøtet 22.02.2024, men då med ei mindre omfattande og mindre konfliktfylt utstrekking enn tidlegare. Det er denne utstrekkinga som er vurdert i dette skjemaet.**<br><br>**Som det går fram av skjema, er det ingen avgjerande konfliktar knytt til det innspelte arealet. Området vert ein utviding av eit eksisterande bustadfelt som ligg sentralt til på Tysnes. Arealet er justert for å ta omsyn til miljø- og samfunnstema. Der ein kan sjå mindre konfliktar knytt til miljø og samfunn, er det mogleg å iverksette avbøtande tiltak i samband med detaljregulering.**<br><br>**Arealet vert teke inn i planen og arealets utstrekking i nytt plankart vert som innspelt av formannskapet 22.02.2024:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 08 | | |
|---|---|---|
| **Innspel 230 - Politisk bestilling , bustader – Vest for Våge sentrum** | | |
| **Gnr./bnr.:** | Fleire små | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Bustader | |
| **Arealstorleik:** | Om lag 250 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Politisk bestilling | |
| **Grunneigar:** | Fleire | |
| **Skildring**:<br>*Området ligg sentralt til, direkte vest for Våge sentrum.*<br><br>*Denne KUen er basert på ei politisk bestilling, kor det var ønskeleg å undersøkje moglegheit for å utvide eksisterande bustadfelt lenger vest inn i åsen.* | | |




| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | (grøn) | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrerte viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | (grøn) | Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap i området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | (gul) | Det ligg eit areal i vestre randsone av området som er registrert som eit viktig friluftsareal av typen utfartsområde. Kategorien vert sett til gul, då friluftsområde kan verte noko påverka av tiltaket. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | (grøn) | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket vil ikkje i seg sjølv forureine. |
| **Vatn og vassdrag** | (gul) | Det går ei elv gjennom den austre delen av området, denne har sitt utløp i sundet, nord for det innspelte arealet.<br><br>Skal denne liggje i bustadområde må ein vurdere avbøtande tiltak på reguleringsplannivå.  |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | (grøn) | Påverkar ikkje strandsona. |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Jord- og skogbruk** | | Område med overflatedyrka jord (gul farge) er om lag 17,7 daa stort. Områda med fulldyrka jord er på til saman 22 daa, men desse områda er separate, og fleire av enkeltområda er ned mot 1-3 daa. Innspelt område kan tilpassast/justerast slik at dyrka mark i minst mogleg grad vert påverka.<br><br>Skogen i området har særs høg bonitet, men datafangsten er frå 1968, det er uvisst om registreringa viser eit korrekt bilete av dagens situasjon.<br><br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skulekrins i området har kapasitet og innanfor grøn rekkevidde. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Det innspelte arealet ligg sentralt til i Våge, med nærleik til dei fleste tilboda som finst i området. Frå midten av området er det om lag 500 m til nærbutikk og lokalsenter i Våge. Næraste busstopp ligg i sentrum. Det er elles kort veg til barnehage og skule.<br><br>Tiltaket er ei fortetting for Våge, og kan sjåast som eit tiltak for å redusere totale klimagassutslepp. Den sentrale plasseringa vil her bety at folk kan ha moglegheit til å droppe bilen til arbeid, skule og andre tenester. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Området er ikkje oppbygd i dag, og det finst difor ikkje etablert leikeplassar i området. Det vil uansett vere krav om dette ved utbygging av bustader, vert difor sett til grøn.<br><br>Det finst ikkje noko registrert nærturterreng rundt det innspelte arealet, men det finst eit utfartsområde i nærleiken der det blant anna går ein veg opp til fjellet i aust. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Større delar av arealet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Det går og ei høgspentline gjennom område.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen - men justert i høve konfliktar med KU-tema**<br><br>**Det er vurdert at austlege del av område som er minst kupert er best eigna til bustadføremål. Dette arealet ligg opp mot allereie eksisterande bustadfelt og infrastruktur.**<br><br>**Ei nedjustering av innspelt areal vil bety at dyrka mark i mykje mindre grad vert påverka. Området vil og i mindre grad verte påverka av aktsemd-/faresone for skred og høgspent, og vil dessutan hamna utanfor friluftsområdet.**<br><br>**Det er ikkje veg inn til område i dag, men ved ei utbygging vert det naturleg å utvide infrastruktur frå eksisterande bustadfelt.**<br><br>**Slik vert utstrekkinga på området i nytt plankart:** |



| Feltnamn/områdenamn i plankart: SH 2 og P 1 | | |
|---|---|---|
| **Innspel 240 - Utviding småbåthamn og parkering – Gjerdsvika** | | |
| **Gnr./bnr.:** | 95/4 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | Fiske | |
| **Foreslått arealføremål:** | Småbåthamn og parkering | |
| **Arealstorleik:** | Om lag 2 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Båtlaget v/ Magnar Solheim | |
| **Grunneigar:** | Arild Teigland Gjerstad | |
| **Skildring**:<br>*Det innspelte arealet ligg i Gjerdsvika, 1km aust for Våge sentrum.*<br><br>*Det er eit ønskje om å etablere fleire båtplassar som ei forlenging av eksisterande småbåthamn, samt utviding av talet på tilhøyrande parkeringsplassar.* | | <br>*1 Kartet visar gjeldande reguleringsplan for Gjerdsvika småbåthamn, og mørkeblå felt viser areal der det er ynskjeleg å etablere fleire båtplassar og parkeringsplassar. Kjelde: kommunekart.com* |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med biologisk mangfald og naturtypar med høg verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kulturminne eller kulturmiljø. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området i sjø er registrert som eit viktig friluftslivsområde av typen utfartsområde. Tiltaket vil likevel ikkje vera til hinder for framleis utfart. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer helle ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn eller vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-metergrensa mot sjø men i eit område kor det allereie er etablert småbåthamn, tiltaket gjeld ei mindre utviding av dette.<br>Det er elles fleire etablerte naust langs strandsona i området, strandsona er difor ikkje urørt/ubygd. Tiltaket er ikkje vurdert å påverka strandsona negativt utifrå dagens situasjon. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området på land er registrert som «open grunnlendt fastmark». Innspelet kjem derfor ikkje i konflikt med dyrka mark. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ein småbåthamn vil kunne vere eit positivt tiltak for born og unge gjennom auka tilgang til båtar og sjøen. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Administrativ vurdering:**<br><br>**Innspelet vert teke med i planen – får føremålet småbåthamn og parkering**<br><br>**Positivt innspel - fellesanlegg er ønska - utviding av eksisterande anlegg er positivt framfor nytt tiltak i urørt strandsone.**<br><br>**Områdets utstrekking i nytt plankart:**<br><br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 09 | |
|---|---|
| **Innspel 250 – Politisk bestilling - Haaheim Gaard** | |

| | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | 63/1 | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | LNF | |
| **Foreslått arealføremål:** | Næringsareal/turisme | |
| **Arealstorleik:** | Ca 47,5 daa | |
| **Forslagsstillar:** | Politisk bestilling | |
| **Grunneigar:** | Torstein Hatlevik | |




**Skildring**:

*Politisk bestilling:*

*Utviding av tilbodet på Haaheim gard.*

*Føremål: Næringsareal, eller turisme, eller hotell-servering, eventuelt off. og privat tenesteyting.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrert gjauk tett på vegen og hovudbygga, denne arten har status som nær trua. Ingen andre kjende funn/registreringar i eller nær området. Kategorien er vurdert som grøn då området er allereie utbygd, og det er næringsaktivitet i området i dag. Innspelet handlar om å endre formålet i KPA slik at det samsvarer med dagens bruk. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn innanfor området. Om lag 150 m sørvest for området er det registrert eit gravminne frå vikingtida. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt viktig friluftslivsområde. Arealet ved Dalsvegen, 20-40 m sør for det innspelte området er registrert som eit svært viktig friluftslivsområde av typen utfartsområde. |
| **Forureining** Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og vil i seg sjølv ikkje forureine utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det finst tre mindre området med fulldyrka jord inne på det innspelte arealet, til saman opptar desse om lag 5 daa. Utover dette er det eit større, samanhengande areal på 14,8 daa med innmarksbeite, 1,4 daa med open jorddekt fastmark (sjå kart under). Dyrka mark rundt bygga er ivareteke i hageanlegg og vil truleg ikkje verte særleg råka av eit endra arealføremål.<br><br>Deler av området elles består av barskog registrert med høg bonitet (sjå kart under).<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje relevant for føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Området ligg ikkje sentralt, men er allereie etablert. Dette er ikkje eit bustadområde – varelevering, gjester og dei som har sitt arbeid her køyrer eigne bilar eller bussar. Plassen er uansett ein stad ein besøker ved spesielle anledningar eller i samband med ferie, så at det ligg mindre sentralt vil ikkje ha mykje å sei. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Plasseringa av Haaheim gard som overnattingsstad, restaurant, selskapslokale og rekrasjonsstad er vurdert som vel eigna. Noko av kvaliteten med staden er å være nært på naturen, stillheit og ro. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje relevant for føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går ei høgspentline gjennom område lengst i søraust, sjå kart. Det er ingen bygningar i dette området.<br><br>Det er ikkje registrert aktsemdområde for ras/skred/flaum innanfor det innspelte arealet.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke inn i planen – det får føremålet næring**<br><br>**Ingen store konfliktar med miljø og samfunnstema.**<br>**Tiltaket er bra for turismenæringa på Tysnes. Det er få overnattings- og restauranttilbod for turistar på Tysnes pr. i dag, med unntak av restaurant på Våge. Tilbodet på Haaheim gard er dessutan og ein viktig del av tilbodet til lokale innbyggjarar på Tysnes - med restaurant/kafé og selskapslokale mm. Verksemda er opptekne av berekraft og er ei miljøfyrtårn-verksemd. Arealet vert satt av til næring med nærare skildring i føresegna.**<br><br>**Slik vert utstrekkinga av arealet i nytt plankart:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

# UGGDAL

## -

## IKKJE VIDARE

<table>
<tr><th colspan="3">Innspel nr. 18, Fritidsbustader med tilhøyrande parkering – Heningen/Hallgjerdsvika</th></tr>
<tr><td>Gnr./bnr.:</td><td>66/4,5,86,98,99</td><td rowspan="7">Kartutsnitt/foto<br><br></td></tr>
<tr><td>Dagens arealføremål:</td><td>Naustområde på land, hensynssone naustmiljø for Halgjerdsvik</td></tr>
<tr><td>Foreslått arealføremål:</td><td>Fritidsbustader med tilhøyrande parkering</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik:</td><td>Ca 1,2 daa</td></tr>
<tr><td>Forslagsstillar:</td><td>Harald Fosshagen m.fl.</td></tr>
<tr><td>Grunneigar:</td><td>Anna Margrete Sunde, Harald Fosshagen, Edel Reiso, Asbjørn Myklestad, Kristen Vines og Gunnar Myklestad</td></tr>
<tr><td colspan="2">Skildring:<br>Det aktuelle området ligg i Heningen/Hallgjerdsvika. Forslagsstillarane ønsker å endre området avsett til naust til fritidsbustader slik at dei kan bygge om 3 eksisterande naust og føre opp 2 nye fritidsbustader. Det er tenkt ny felles parkeringsplass og gangveg ned til fritidsbustadane.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><th>TEMA Datagrunnlag/</th><th>Konse kvens</th><th>Kunnskapsgrunnlag/vurdering</th></tr>
<tr><td>Naturmangfald</td><td></td><td>Det er registrert makrellterne som er raudlista og sterkt trua i Hallgjerdsvika. Det er også registrert hettemåke, rødlista som sårbar og fleire andre fuglelag som ikkje er rødlista.</td></tr>
<tr><td>Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap</td><td></td><td>Det ligg ei automatisk freda gravrøys på haugen sør for naustområdet og føreslått parkeringsplass.<br><br></td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området Søreidsvika-Beltestad er kartlagt som eit viktig friluftslivområde i sjø. Myklestadskogen er kartlagt som svært viktig friluftsområde. Området ved sjø inst i vika er nytta til bading.<br><br>Ei endring av føremål til fritidsbustad vil endre karakteren til vika noko, det vil og verte fleire vegar og eit meir opparbeidd område ved parkeringsplassen. Innspelet gir noko mindre tilgjengeleg strandsone, då fritidsbustader opptar strandsona på ein annan måte enn naust. Det vil vere vanskeleg med universell tilgjenge til heile området. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100 - meterbeltet mot sjø, det ligg naust her frå før. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i kontakt med dyrka mark, men området med parkeringsplass består av produktiv skog av særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot innspelet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot innspelet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området er omfatta av aktsemdsone for snøskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br><br>**Det er vurdert at det er fleire avgjerande konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Fritidsbustader vil gjera strandsona meir «privatisert» enn naustføremål.** |

## Innspel nr. 042, Fritidsbustad, naust, småbåtanlegg og næring – 7 km sør for Uggdal

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *28/12* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF, FFNF, Fritidsbustad* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Fritidsbustad, naust, småbåtanlegg og næring* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 4,5 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Ola Hope* |
| **Grunneigar:** | *Ola Hope* |

Kartutsnitt/foto

Tolking/inndeling av felt i innspelet sitt vedlegg (som vist i nedste bilete):




**Skildring:**

*Ola Hope ynskjer å utvida arealet avsett til fritidsbustad i dagens kommuneplan. Han ynskjer å leggja til rette for naust og småbåtanlegg. Nord for dette ynskjer han å setje av eit areal til næring.*

Eigedomen ligg om lag 7 km sør for Uggdal, og areala som omfattast av innspelet er i dag avsett som LNF og FFNF område i kommuneplanen.



Vedlegg i innspel frå forslagsstillar:




| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen artar registrert innanfor området, men noko vest for området er det i 2007 gjort funn Kranshinnelav, som er kategorisert som sårbar. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller nær området.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Landskapet her er allereie bygd, slik at naust eller nye bygningar ikkje vil forringe landskapet i vesentleg grad. Næring er derimot ikkje sterkt representert i dagens landskapsbilete, og etablering av dette føremålet må difor vurderast mot omkringliggande bygningar og landskap.<br><br>Terrenget det er snakk om å byggje i er i stor grad svært bratt, difor truleg lite allmenn ferdsel i området. Arealet kor det er føreslått næring har noko mindre helling og er kanskje meir nytta. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftslivområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Det er ikkje kjend forureining i dag, nye tiltak i form av etablering av næring og småbåtanlegg kan potensielt føre til noko meir forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, i eit område med noko bureising i strandsona. Tiltaket vil likevel ikkje kunne reknast som fortetting. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det finst ikkje dyrka mark innanfor sjølve eigedomen, og felta som er føreslått kjem difor ikkje i direkte konflikt. Likevel er det registrert felt med fulldyrka jord lags Neshamnvegen, og nødvendig infrastruktur i tilknyting til nye tiltak kan likevel hamna innanfor dyrka mark.<br><br>Innanfor området er det kartlagt arealtypar som skog, derunder lauvskog av særs høg skogsbonitet (datafangst frå 1968) og open fastmark. Det er uvisst kor reel registreringa frå 68 er i dagens situasjon. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremåla. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremåla. |
| **Nærings-strategi** Lokalisering av arbeidsplassar | | Ikkje aktuelt opp mot føremåla. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Småbåtanlegg vil kunne vere positivt for born og unge gjennom auka tilgang til båt og sjøliv. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje innanfor registrerte aktsemd-/fareområde |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er ikkje teke med i planen – og føremålet fritidsbustad vil ikkje verte vidareført**<br><br>**Områdets topografi vert rekna som lite eigna, det er svært bratt, tiltaka vil difor krevje store terrenginngrep og inngrep i natur. Det er ikkje etablert infrastruktur i området i dag. Det har heller ikkje skjedd noko med tanke på fritidsbustadføremålet sidan førre rullering, ingenting er bygd. Det ligg eit småbåtanlegg noko lenger nord, utviding av eksisterande anlegg er rekna som eit betre alternativ.** |

| Innspel nr. 72_2, Småbåtanlegg – 1km aust for Uggdal | | |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *66/2 og 66/3* | Kartutsnitt/foto<br> |
| **Dagens arealføremål:** | *Småbåtanlegg* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Småbåtanlegg* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 8 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Kristen Vines* | |
| **Grunneigar:** | *Kristen Vines eig begge eigedomane* | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar har i gjeldande kommuneplan fått avsett eit område til småbåthamn. Dette området har han konkrete planar for, og ynskjer difor å vidareføra arealet i ny kommuneplan.*<br> | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Arealet som ligg på land hamnar innanfor eit hjortefelt registrert i 2003.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i sjølve innspelsområdet. Det ligg eit automatisk freda kulturminne i form av nausttuftar frå jernalder om lag 100 m sør for området. Tuftene er framleis synleg i overflata i form av vollar og nedsenkingar i terrenget. Kulturminne vil ikkje verte direkte råka av tiltaket, men kan verte indirekte råka. |

| | | |
|---|---|---|
| | | <br> |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området hamnar både innanfor kartlagt friluftslivområde Myklestadskogen, men også Søreidsvika – Beltestad som er eit svært viktig friluftslivområde av typen strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag.<br><br>Etablering av kai vil være til stor glede for dei som nyttar den. Utforminga bør likevel ikkje hindra almen ferdsle til strandsona, dersom dette er eit område nærbefolkninga nyttar til bading. Området er ikkje bygd i dagens situasjon. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining i dag.<br>Utbygging av urørt strandsone til småbåtanlegg, vil kunne føre til noko meir forureining enn i dag. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg i sjø innanfor eit areal som elles står fram som urørt natur. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Innanfor området er det registrert barskog med særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Det er uvisst kor reel registreringa er i dagens situasjon. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Lokalisering av arbeidsplassar | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Eit småbåtanlegg vil kunne vere eit positivt tiltak for born og unge gjennom auka tilgang til båt og sjøliv. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen – føremålet vert ikkje vidareført**<br><br>**Årsaka til dette er samansett, det går ingen veg inn, området står fram som urørt natur pr. i dag, og ligg dessutan langt frå alt. Det har ikkje skjedd noko med arealet på 10 år, sjølv om det er sett av til småbåtanlegg i gjeldande plan. Det er dessutan småbåtanlegg lenger søraust med moglegheit for utviding.** |

## Innspel nr. 73, Massehåndtering – Mellom Uggdal og Våge

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *66/2, 66/3 og 66/5* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Areal for å handtera masse i samband med infrastrukturprosjekt* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 60 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Kristen Vines* |
| **Grunneigar:** | *66/2 og 66/3: Kristen Vines*<br>*66/5: Kristen Vines og Asbjørn Myklestad* |

**Skildring**:

*Innspelet foreslår å nytta arealet til planeringsfelt for handtering av masser og mottak av overskotsmasser frå jordbruksføremål. Arealet er om lag 60 daa men kan ved behov utvidast.*

*Området vart nytta som felles beite på Myklestad fram til utskiftinga midt på 60-tallet, men det er no tilvakse med lauvskog. Med tilførte masser meiner forslagsstillar at det kan opparbeidast om lag 50 dekar med fulldyrka jord og overflatedyrka jord, med steinuttak og ifylling av dei to haugane i området kan heile området dyrkast.*

*Området ligg sentralt mellom Våge og Uggdal med tilkomst og avkøyrsle på den gamle bygdevegen som tek frå R49 like nedafor Tysnes Industrier. Området ligg usjenert til frå bustadar med tanke på eventuell framtidig støy.*

Kartutsnitt/foto






| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi.<br>Fuglearten Vannrikse er registrert ved vatnet nokre hundre meter sør for det innspelte arealet, denne arten har status som sårbar. Tiltaket er ikkje vurdert å påverka denne. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit svært grovmaska kartlagt friluftslivområde Myklestad – Heie, som er eit viktig nærturterreng. Det er ein del stiar og tråkk innanfor innspelt område, ettersom område ligg nært skulen er det nærliggande å tru at det er ein del nytta av borna/skulen.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for forureining, men tiltaket vil i seg sjølv kunne generere støy frå anleggsmaskinar. Området ligg ikkje tett på bustadar, som er positivt med tanke på potensielt støy og støv til omgjevnadene. Forureining/degradering av vasskvalitet kan og vera eit potensielt problem knytt til denne typen tiltak, ettersom det ligg tett på vassdrag. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det renn ei elv langs det innspelte arealet i aust, som endar ved vatnet i sør. Avbøtande tiltak vil vera naudsynt. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje i 100- metersbeltet mot sjø. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | <br>Innanfor det aktuelle området er det registrert skog og innmarksbeite. Forslagsstillar informerer om at det tidlegare har vore mark her, men at denne har grodd igjen av lauvtre. Tiltaket vil bli dyrka mark på sikt, som er positivt. Med tilførte masser meiner forslagsstillar at det kan opparbeidast om lag 50 dekar med fulldyrka jord og overflatedyrka jord, med steinuttak og ifylling av dei to haugane i området kan heile området dyrkast. Vert tiltaket gjennomført som tenkt vil ein dermed sitte igjen med eit stort areal dyrka mark til slutt. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Tenkt areal er svært stort, kor skal alle massane komma frå?<br><br>Ettersom tiltaket kan føra til at ein til slutt sitt igjen med ca. 50 daa potensielt dyrkbar mark som ikkje er der i dag, kan tiltaket reknast som positivt for lokalt landbruk. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Dei austlegaste delane av området ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Dette kan likevel ha mindre å sei viss ein på sikt ser for seg at dette skal vera dyrka mark. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er vurdert at innspelet har stort omfang utan å vise til konkrete planar. Kor skal alle massane komma frå? Er det eit reelt behov for dette arealet?**<br><br>**Det er registrert konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema, som friluftsliv. Det er ein del stiar og tråkk i området i dag - området ligg dessutan med kort avstand til skulen, som truleg nyttar området til rekreasjon. Sjølv om området er tenkt å verte dyrka mark på sikt, som er positivt, vil tiltaket likevel kunne skapa ein del støy til omgjevnadene i perioden det er nytta som deponi/massehandteringsplass. Det er også vurdert som problematisk med omsyn til potensiell forureining av vatn, at det er eit vassdrag like ved det innspelte arealet.** |

# UGGDAL

-

## VIDARE

| **Feltnamn/områdenamn i plankart: B 10** | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 001, Bustad – 350 m sør for Uggdalseidet ved Jensvoll** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *17/134* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |   |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 9,5 daa/ 5,7 daa aust for tunnel* | |
| **Forslagsstillar:** | *Reidar Aarskog* | |
| **Grunneigar:** | *Reidar Aarskog* | |
| **Skildring**:<br>*Det aktuelle området ligg omtrent 350 meter sør for Uggdalseidet ved Jensvoll. Nord og aust for området er det bygd fleire bustader der dette er tillate gjennom reguleringsplan og spreidd bustadutbygging i kommuneplanen. Forslagsstillar kjem med innspel for at det skal bli tilrettelagt for fortetting med 3 bustadar på eigedommen. Eigedomen er frå før utbygd med ein bustad. Tilkomst vil løysast med forlenging av eksisterande veg som går til bustad.* | | |

| **TEMA Datagrunnlag/** | **Konsekvens** | **Kunnskapsgrunnlag/vurdering** |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet er ikkje kjend å koma i konflikt med viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioritert kulturlandskap.<br>**Landskapsbilete:**<br>Ei eventuell utbygging vil ikkje vera ein stor kontrast i landskapet, då området er utbygd med bustad frå før. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ikkje registreringar i kartbasar, og det er ikkje kjend at det er stiar eller friluftsinteresser i området. Strandlina er til dels utbygd i dag. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Deler av området ligg innanfor støysone frå veg, avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. Tiltaket er ikkje vurdert å medføra forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Arealet for bustader ligg innanfor 100 - metersbeltet mot sjø, det vil vere mogleg med ei plassering kor det er 70-80 meter avstand til sjø. Tiltaket kan reknast som fortetting i eit område kor det allereie er bustader. |

| | | |
|---|---|---|
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i direkte kontakt med dyrka mark. Arealet ligg på eit mindre område med produktiv skog. Deler av skogen har særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne registreringa er av gamal dato og truleg ikkje like reel i dagens situasjon. Området kor skogen ligg er bratt og skogen vert ikkje rekna som drivverdig.<br><br><br><br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har ledig kapasitet og ligg i nærleiken. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Innspelet gjeld areal til fortetting i området. Frå hovudvegen er det fortau og g-/s-veg til barneskule. Avstanden er ca. 1,6 km til både skule og barnehage. Det går fortau langs Fv549 (Uggdalsvegen) heile vegen bort til Uggdal skule og lokalsenter. Det finst og busstopp om lag 250 m i luftline frå området. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant for føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det finst nærturterreng eit lite stykke aust for området. Ingen synleg etablerte leikeplassar i området, men det finst eit areal regulert til offentleg friområde nordaust for det innspelte arealet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Arealet ligg innanfor aktsemdsone for snøskred, utløysings- og utløpsområde.<br><br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke inn i planen – men justert**<br><br>**Det er få konfliktar knytt til innspelet, avbøtande tiltak er vurdert som tilstrekkeleg og er mogleg å iverksette ved ein reguleringsplan. Innspelet vert justert i høve tunell og bratt terreng i vest som er mindre eigna til føremålet.**<br>**Det er fleire innspel som går på bustadføremål i dette området. I plankartet er det difor lagt inn eit nytt større bustadfelt på Jensvoll som fordrar ein samla reguleringsplan.**<br><br>**Arealet (raud sirkel i kart) vert ein del av eit større areal med føremål bustad, utstrekkinga av bustadføremålet i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i nytt plankart: ABA 55 med bestemmelsesområde i sjø | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 13, Naust og småbåtanlegg – Drangsvågen** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *21/1* | Kartutsnitt/foto<br> |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF-område på land og FFNF(ferdsel, fiske, natur og friluftsområde) i sjø* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Naust og Småbåtanlegg* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 2,5 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Kenneth Kaastad* | |
| **Grunneigar:** | *Kenneth Kaastad* | |
| **Skildring**:<br>*Det aktuelle området ligg i Drangsvågen. Forslagsstillar ønsker å utvide området avsett til naust og småbåtanlegg slik at også gnr/bnr 21/1 kan bygge naust til bruket.* | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konsekvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem dels i konflikt med rik edellauvskog (skravert område i kart). Det er registrert Ask nordvest for området (gul markering) som er raudlista.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br>**Landskapsbilete:**<br>Ei forlenging av naustområdet og småbåthamn i området vil ikkje utgjer ein stor kontrast i området, då det frå før er fleire naust og bryggjer i området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området Søreidvågen-Drange er kartlagt som eit viktig friluftslivområde, både langs sjø og på land. |

| | | |
|---|---|---|
| | | I dette tilfelle vil noko meir ubebygd strandsone gå tapt. Innspelet gir noko mindre tilgjengeleg strandsone. Det vil vere vanskeleg med universell tilgjenge til området. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining utover normalen. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg innanfor 100-meterbeltet mot sjø, men det ligg andre naust i strandsona.<br>Området i sjø er utbreiingsområde for fleire fiskeslag, men vågen er ikkje registrert som gyteområde. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i direkte kontakt med dyrka mark, men området består av produktiv skog av særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Av flyfoto ser det ut for at det er vekst av forskjellige typar skog i området. |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Lite aktuelt. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av området er omfatta av aktsemdsone for snøskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette.<br> |
| **Samla vurdering av konsulent før formannskapsmøtet 22.02.2024** | | **Innspelet er ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Det er framleis tilgjengeleg areal på eksisterande naustområde like vest for innspelet, difor ikkje naudsynt å utvide.**<br><br>**Det er elles manglande parkering og vegtilkomst til det innspelte arealet i aust.** |

| | | |
|---|---|---|
| Ny vurdering/konklusjon av formannskapet 22.02.2024 | | **Etter ein gjennomgang i formannskapet 22.02.2024 vart det vurdert at innspelet skal inn i planen.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 10 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 21, Bustad – Naunheim** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *17/39* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 1,8 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Naunheim* | |
| **Grunneigar:** | *Werner Michael og Michaela Naunheim* | |




**Skildring**:
*Det aktuelle området ligg omtrent 700 meter sør for Uggdalseidet ved Jensvoll. Nord for området er det bygd fleire bustader der dette er tillete gjennom reguleringsplan og spreidd bustadutbygging i kommuneplanen. Forslagsstillar kjem med innspel for at det skal bli tilrettelagt for fortetting med ein bustad til på eigedomen. Eigedomen er frå før utbygd med ein bustad. Tilkomst vil løysast med eksisterande veg som går forbi området.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med registrerte/ kjende viktige naturtypar eller biologisk mangfald med stor verdi. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Ei eventuell utbygging av areala vil ikkje vera ein stor kontrast i landskapet, då området er utbygd med bustader frå før.<br><br>Området ligg i forlenginga av eksisterande utbygging og med fin utsikt mot sjø. Tomtene vil få sol det meste av dagen. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ikkje registreringar i kartbasar, og det er ikkje kjend at det er stiar eller friluftsinteresser i området. |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ein del av arealet ligg innanfor støysone til veg. Avbøtande tiltak vil vera mogleg å iverksette.   |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Arealet for bustader ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem delvis i konflikt med utkanten av eit areal registrert som overflate dyrka jord – men arealet inngår allereie i frådelt bustadparsell. Det er ikkje registrert spesielle naturressursar innanfor området.   |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet og ligg i nærleiken. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Avstanden er ca. 2 km til skule, barnehage og nærbutikk. Næraste busshaldeplass ligg under 100 m frå innspelt område. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Det er leikeplass på Jensvoll like ved, det finst nærturterreng både aust og sør for det innspelte arealet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred | | Innspelet ligg i eit område vist som aktsemdområde for snøskred, jord- og flaumskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette ved regulering. |

| | | |
|---|---|---|
| • Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke med i planen- men vert justert**<br><br>**Det er vurdert at det er få konfliktar knyt til innspelet i høve miljø- og samfunnstema. Avbøtande tiltak mot støy frå veg og aktsemdområde for skred vil vera mogleg å iverksette i samband med reguleringsplan.**<br><br>**Det er fleire innspel som går på bustadføremål i dette området. I plankartet er det difor lagt inn eit nytt større bustadfelt på Jensvoll som fordrar ein samla reguleringsplan.**<br><br>**Arealet (raud sirkel i kart) vert ein del av eit større areal med føremål bustad, utstrekkinga av bustadføremålet i nytt plankart vert slik:** |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |

| Feltnamn/områdenamn i nytt plankart: FTU 4 |
|---|
| **Innspel nr. 037, Bubilparkering – Uggdal sentrum** |

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *67/31* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bubil/campingplass* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 9,6 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Tysnes sjø og fritid* |
| **Grunneigar:** | *Audun Tho, Ingunn Langlo Tho* |

**Skildring:**

*Forslagsstillar visar til at Tysnes er ein turistkommune, men at det pr. dags dato ikkje er tilbod for turistar som kjem med bubil/campingvogn. Difor ynskjer dei å etablere ein permanent bubilcamp/campingplass for turistar som kan bidra til å sette Tysnes på kartet som ein god turistkommune.*

*Forslagsstillar er avhengig av samarbeid med grunneigar, og opplyser om at eigedomen blir nytta som campingplass i forbindelse med Tysnesfest. Forslagsstillar beskriver nøye planar for korleis dei kan etablere og drifte campingplassen etter gjeldande retningslinjer når det gjeld sanitæranlegg, vatn og service.*



Kartutsnitt/foto



Eigedomen si plassering i forhold til Uggdal:



| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er registrert observasjoner av sårbare fugleartar og fugleartar av særleg høy forvaltningsinteresse i området. Mellom anna fuglen Vannrikse. Sjå vedlagt kart frå miljøatlas. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen funn på eigedommen eller like ved. Det er derimot registrert fleire kulturminne ca. 200 meter nord for eigedomen i tilknyting til Uggdal kyrkje. Innspelet er ikkje vurdert å råka desse.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Eigedomen ligg fint til sør for Uggdal Kyrkje, og nord for Uggdal sentrum. I nærleiken finst blågrøne kvalitetar til glede for turistar. Her er det kort til sjø, Kyrkjevatnet og Seiaberget. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Eigedomen ligg ikkje innanfor, og er heller ikkje i konflikt med kartlagt friluftsområde. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Foreslått tiltak vil ikkje kome i konflikt med almen tilgang til utøving av friluftsliv fram til og langs sjøen. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området nærast Fv549 (Uggdalsvegen) ligg i gul støysone frå veg. Ein campingplass kan generere ekstra avfall for området, her er det viktig at gode sanitæranlegg kjem på plass. Positivt at forslagsstillar har diskutert dette i sjølve innspelet. Avbøtande tiltak vil kunne vera naudsynt for å ikkje forringe vasskvaliteten i elva. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går ei elv nord og vest for området, tett på det innspelte arealet. Avbøtande tiltak vil kunne vera naudsynt for å ikkje forringe vasskvaliteten i elva. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Eigedomen ligg ikkje i 100-meters beltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det meste av innspelt område er registrert som bygd, i ytterkant av eigedomen er det registrert fulldyrka mark, så eit tiltak på eigedomen kan koma i konflikt med dette.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Området ligg sentralt til i Uggdal, med tilgang til butikk og tenester innan 1km. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Området ligg sentralt til, som i mange høve er bra, men det ligg og veldig opent med innsyn frå konterer i sentrum, blant annet vis avis kommunehuset. Det hadde vært betre med ein plassering som var litt meir skjerma frå omgjevnadene. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området ligg innanfor eit aktsemdsområde for flaum frå nærliggjande elv. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |
| **Samla vurdering av konsulent før formannskapsmøtet 22.02.2024.** | | **Innspelet vert ikkje teke inn i planen –**<br><br>**Arealet eigner seg godt til camping, men plasseringa midt i Uggdal sentrum visa a vis kommunehus mm., er rekna som ugunstig då tiltaket vil hamne i «konflikt» med sentrumsføremål. Det er vurdert at ein campingplass bør ligge sentralt, men litt meir «skjerma» for seg sjølv.** |
| **Ny vurdering/konklusjon av formannskapet 22.02.2024** | | **Formannskapet har i møtet 22.02.2024 konkludert med at innspelet skal inn i planen.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: IDR 01 |
|---|
| **Innspel nr. 045, Idrett – Enduro/motorsportbane – Vest for Øyjordsvatnet (3,5 km sør for Uggdal)** |

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *70/1* |   |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Idrett - Enduro/motorsport-bane* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 21 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Lars-Kristian Brekke / Tysnes Motorsportklubb* | |
| **Grunneigar:** | *Lars Kristian Brekke* | |

**Skildring:**

*Lars-Kristian Brekke ynskjer å starte opp Tysnes Motorsportklubb, og i den forbindelse er dei ei gruppe som ynskjer å lage ei Endurobane som eit tilbod for motorsportinteresserte. Dei har trua på at dette vil bli eit populært fritidstilbod for folk i alle aldra.*

*Arealet ligg på eit område som er avsett til LNF i gjeldande kommuneplan. Området ligg vest for Øyjordsvatnet om lag 3,5 km sør- aust for Uggdal. Føreslått plassering av motorsportbana ligg i relativt flatt terreng med svak helling.*

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det finst ingen registrerte trua/nær-trua artar i sjølve området, det er registrert funn av karplanten Vestlandsvikke (eldre registrering) på austsida av vegen. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende/registrerte funn i eller kring området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagt friluftslivområde, Størafjellet som er kategorisert som viktig nærturterreng. Kartlegginga av friluftsområde er svært grovmaska, det er ikkje registrert turløyper i innspelsområdet. Det er difor ikkje vurdert at tiltaket vil påverka friluftsliv i vesentleg grad.  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Ein motorsportbane vil i seg sjølv kunne skape ein del støy i dalen, sjølv om det er få busette i området er dette noko som bør takast omsyn til. Endurosport er sesongbasert, og vert i stor grad knyt til sommarhalvåret.<br><br>Ein liten del av området som grensar mot vegen ligg innanfor gul støysone frå veg, men gitt innspelets karakter er dette vurdert som uvesentleg. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ikkje vurdert å påverke vatn/vassdrag. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje i 100- metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Det er registrert innmarksbeite innanfor det innspelte området (gul farge).  |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Transportbehov** Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi** Rett verksemd på rett plass | | Området ligg mindre sentralt til i Uggdalsdalen, dette er vurdert som føremålstenleg då ein Endurobane kan generere motorstøy, og difor ikkje bør etablerast i tettbygde strøk. Områdets plassering og terreng vert rekna som vel eigna til føremålet. Det er ikkje kjend konfliktområde. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Eit nytt tilbod innan motorsport vil vere eit svært positivt tiltak for born og unge. Her kan ein kome inn i eit interessebasert miljø saman med andre ungdomar, samtidig som ein får både fysisk trening og friluft. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang og snøskred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen – og får føremålet idrettsanlegg**<br><br>**Det er nokre mindre konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema, avbøtande tiltak kan vera aktuelt i høve støy og aktsemdområde.**<br><br>**Ettersom tiltaket ikkje vil vera til hinder for ferdsle i det kartlagde friluftsområdet, er tiltaket vurdert som positivt for folkehelsa, og vil auka fritids- og idrettstilbodet i området. Motorsportaktiviteten må gå føre seg innanfor avsett areal, og ikkje vera til sjenanse for forbipasserande.**<br><br>**Områdets topografi er godt eigna til føremålet, området ligg noko usentralt som er bra med tanke på sjenerande støy i høve bustader.  Endurosport er sesongbasert, og vert i stor grad knyt til sommarhalvåret.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: NÆ 11 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 72_1, Næring – Myklestad** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *66/2 og 66/3* | Kartutsnitt/foto<br> |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Næring* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 8,3 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Kristen Vines* | |
| **Grunneigar:** | *Kristen Vines eig begge eigedomane* | |
| **Skildring**:<br>*Forslagsstillar har i gjeldande kommuneplan fått avmerkt eit næringsområde ved ridebanen på Myklestad gnr. 2 bnr. 3, tiltenkt tomt for ny storfjøs. Området byrjar å nærma seg opparbeid for bygging, men syner å vera i minste laget. Det er også ynskje om å leggje til rette for tomt til ridehall med gjestehall i tilknyting til ridebanen. Forslagsstillar ynskjer difor at området som er sett av i kommuneplanen i dag blir utvida, som vist i bilete til høgre.*<br><br>2 vedlegg frå innspelsavsendar ligg nedst i dokumentet.<br> | | |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ikkje registrert sårbare eller framande artar i området. Eit stykke sør for området er det i 2003 registrert fuglen Åkerrikse som er kritisk trua, Vipe som er sterkt trua, Vannrikse som er sårbar og Vaktel som er nær trua. Tiltaket er ikkje vurdert å påverka desse artene negativt i nokon grad. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det finst ikkje registrerte kulturminne i eller kring området. Næraste kulturminne er tilknytt Uggdal kyrkje i sør, og vil ikkje verte råka av tiltaket.<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Innspelet blir ein forlenging av funksjonar som allereie finst i området. Difor er ikkje innspelet vurdert å utgjera store konsekvensar for landskapsbilete. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor eit viktig, men svært grovmaska registrert friluftsområde «Myklestadskogen».<br><br>Myklestadskogen er ein av dei mest tilrettelagte turområda i kommunen, tiltaket er ikkje vurdert å vera til hinder for tilgang til friluftsområdet. Dersom dagens funksjoner på området utvidast må |

| | | |
|---|---|---|
| | | almen ferdsle til skog oppretthaldast.<br> |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for kjend forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Påverkar ikkje vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Innspelet ligg ikkje i 100-metersbeltet. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Innanfor området er det registrert barskog av særs høg bonitet (datafangst frå 1968). Denne datafangsten er av eldre dato, det er uvisst kor reelt det er i dagens situasjon. Gardsbruket har 481,1 daa. produktiv skog, innspelet vil ta om lag 5 daa. av dette, resten av innspelt areal er utan skog.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Plasseringa av tiltaka vert rekna som godt eigna til føremålet, det er allereie gardsdrift og ridebane her og det synar ikkje å vera særleg konflikt knytt til dette. Samlokalisering og utviding av eksisterande område vert rekna som bra framfor nedbygging i andre meir urørte område. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Betre ridemoglegheiter vil vere eit positivt tiltak for born og unge i nærområdet. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Område er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke inn i planen –**<br><br>**Det synar å vera få konfliktar knytt til miljø- og samfunnstema. Dette vil vera eit positivt tilbod til born, unge og vaksne i området. Tiltaket vil verte ei utviding av eksisterande område, arealet er rekna som godt eigna til føremålet. Tiltaka tillèt at ein kan halde fram med ein effektiv og berekraftig drift av ein allereie etablert verksemd.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

Kristen Vines
Gnr. 66, bnr. 2 og 3, Myklestad

**Tysnes kommune – plannemnda**

**Presisering av innspel til arealdelen i kommuneplanen.**

I samband med innspelet som eg har kome med til arealdelen i kommuneplanen har eg fått Nordkonsult AS til å laga ein enkel plan som syner utforming av området og omlag arealbehovet for framtidige bygg som er tenkt oppført. Slike landbruksbygg er arealkrevande. Ikkje berre er dette store bygg, men det krev og mykje som trafikkareal til og rundt bygga. På landsplan vert det hevda at landbruksbygg står for omlag 20% av den dyrka/dyrkbare jord som årleg vert nedbygd her til lands. Slik sett skulle dette difor vera ei gladsak for alle som driv arealplanlegging for dette består stort sett av grunnlendt skogsmark med mykje fjell i dagen. Når området er registrert som skogsmark av særs høg skogsbonitet, må det etter mitt syn vera feil, og i beste fall vera å ta mykje for hardt i.
Skal ein få nytta dette området til byggjeformål treng ein tid for å opparbeida det, men med å selja overskotsteinen vert tomten omlag sjølvfinansiert og kan gå inn som ein del av eigenkapitalen som må skaffast i samband med bygging. Når ein ser på tidsperspektivet for bygging veit ein at i 2034 trer det datofesta lausdriftkravet i kraft og etter den tid vert det ikkje lov å halda storfe i båsfjøs. På Myklestad/kyrkjebygda er det i dag 27 mjølkekyr og til saman omlag 100 storfe som har tilhald i to båsfjøs frå fyrst på 80-talet. Me ser at dette er i minste laget for å halda området i hevd, men det hjelper på slik at bygda ikkje gror att og forsvinn. Til grense med området ligg ridebanen på bygsla grunn bnr.2/1 og driven av Tysnes hestesportslag. Det fell seg difor naturleg at me som tilleggsnæring til bruket no vil tilrettelegga tomt for stall og ein mindre ridehall. Som ein ser er slike bygg arealkrevjande og opparbeiding av tomten vert ein stor del av den totale byggekostnaden. Dersom ein ser på regelverket for kva som fell inn under «landbruksbegrepet» vil ein sjå at oppstalling av hest der foring inngår som ein integrert del av tenesta på bruk med produksjonsdyr, løyser det ut dei tradisjonelle jordbrukstilskota som arealtilskot/beitetilskot, husdyrtilskot og avløysertilskot også for hest.
Som det går fram av den vedlagde områdeplanen vil me leggja ein veg i skjæringa mot nord med tilsådd skråning ned mot plassen for å pynta området. Arealet skal ikkje delast frå bruket og må difor, etter mi meining, få status som eit næringsareal for stadbunden næring med bruk av ressursane på bruket,og ikkje plaserast inn under idrett. Så langt er det opparbeid omlag 8 dekar og både steinen og området har kome til allmen nytte. Mellom levering av stein og til mange mindre prosjekt vil eg og nemna at Statens Vegvesen nytta området til massehandtering, i tillegg til å henta ut ein del stein, i samband vegutbetringa gjenom Uggdal. Vassbakk og Stol henta og stein til ferdigstilling av sjukeheimstomten. Tysnesfest fekk og løyst parkeringsproblemet sitt då dei her fann parkeringsplass til omlag 100 bilar under den siste festivalen.

Vedlegg:
Områdeplan – utarbeid av Nordkonsult AS

Myklestad, 01.12. 2022

Med helsing

Kristen Vines


Områdeplan
Stall og ridehall
Fjøs
Gjødsel-
lager

| Feltnamn/områdenamn i plankart: LSB 17 |
|---|

| Innspel nr. 108, LNF – Spreidd bustad – Håviskeland (5km sør for Uggdal) |
|---|

| | | Kartutsnitt/foto |
|---|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *21/3* | |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *LNF – spreidd bustad, utvida/flytta* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca 6 daa (utvidinga)* | |
| **Forslagsstillar:** | *Kjetil Drange Støle* | |
| **Grunneigar:** | *Kjetil Drange Støle* | |

**Skildring**:

*Området ligg på ei høgde på eit nes, tett mot etablert veg. Her er og andre bustadar og bygningar langs vegen elles i området.*

*Forslagsstillar ynskjer å justere arealgrenser for eit område som alt er godkjent til spreidd bustadar. Forslagsstillar meiner arealet i innspelet har finere tomter og er dårleg eigna som beite. Eventuelt kan det reduserast godkjente einingar frå 5 til 3.*








| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen kjende funn i området, men det er funn av Skoddelav (1974) sør for området. Denne er kategorisert som nær trua. Det er ikkje vurdert at dette tiltaket vil påverka naturmangfaldet negativt.<br> |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende funn i eller nær området. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor Hålandsneset, som er karakterisert som viktig nærturterreng. Dette - er som for dei fleste registreringar på Tysnes som gjeld friluftsområde, ein svært grovmaska registrering. Det er ikkje vurdert at tiltakets art vil vera til hinder for tilgang til friluftsområde, og det er ingen kjende turstiar i det innspelte arealet.<br> |

| | | |
|---|---|---|
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje kjend å vera utsett for forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Ikkje vurdert å påverke vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100 - metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark. Innanfor området er det registrert Lauvskog med særs høg bonitet (registrert i 1968). Det er uvisst kor reel denne registreringa er i dagens situasjon.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i skulekrins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Om lag 4 km avstand til nærbutikk i Uggdal. 6 km avstand til Uggdal Skule (1.-4. trinn), 11 km avstand til Tysnes skule (5.-10. trinn). |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Nærturterreng finst tett på området. Ingen leikeplass. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Området er ikkje omfatta av aktsemd-/fareområde. |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet er teke inn i planen – som LSB (spreidd bustad)** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Det er vurdert at det samla sett ikkje er avgjerande konfliktar knyt til innspelet med tanke på miljø- og samfunnstema. Innspelet gjeld ei mindre utviding av eksisterande føremål LNF-spreidd bustad.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i nytt plankart : LSB 34 |
|---|
| **Innspel nr. 122, Spreidd bustad – Kongsviktjørna** |

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | *26/2* |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF* |
| **Foreslått arealføremål:** | *Spreidd bustad* |
| **Arealstorleik:** | *Ca 18,5 daa* |
| **Forslagsstillar:** | *Torfinn Kongsvik* |
| **Grunneigar:** | *Torfinn Kongsvik* |

**Skildring**:

*Viser til vedlagte kart og tidlegare søknad (sak 09/1382)der underteikna som er eigar av gnr 26 bnr 2 søkte om frådeling av tomt i område ved Kongsviktjørna. Saka vart den gong utsett i påvente av førre revidering av kommuneplanen. Området som vart omsøkt fall ikkje inn under LNF - spreidd busetnad. Etter motsegn frå fylkesmannen vart slikt område den gong redusert og lokalisert til Nese. Søknaden vart oppretthaldt , men avslått då omsøkt tiltak var i strid med kommuneplanen. Søkjer med dette om at område innteikna på vedlagte kart denne gongen vert teke med i kommuneplanen sin arealdel som LNF – Spreidd busetnadsområde.*

*Viser til vedlegg i innspelet for meir utdjupande skildringar av utforming av veg og forslag til plassering av bustadar.*

Fremjar av innspelet meiner *at «området vil eigna seg godt for bustadtomter, det er flott utsikt og gode solforhold. Det vil og føre til ei fortetting av eksisterande busetnad.*

*Mykje av landbruksdrifta på bruket er lagt ned, og i dag er det kun sau for å beite av tidlegare beiteområde samt litt hest for rekreasjon. Det som er av fulldyrka jord på gnr 26 bnr 2 vert brukt til forproduksjon, elles vert utmarka nytta til ved og tømmer til eige bruk samt jakt/rekreasjon».*

Kartutsnitt/foto





| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Ingen funn i eller kring det aktuelle området. Noko sør er det gjort funn av sårbare artar som Alm, Ask (begge funnet i 2009, kategorisert som sårbar), samt praktfiltlav (2009, nær trua). Avstand til dette er vurdert som tilstrekkeleg. |

| | | |
|---|---|---|
| | |   |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Det er ingen kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap på eller kring eigedomen i dag. Sør for eigedommen var tidlegare ein gravhaug frå jernalder, denne vart graven ut i 1924 .Det er og gjort eit lausfunn (ikkje freda lokalitet) heilt sør ved vatnet, funnet er restar av ei klebergryte (sjå vedlagt kartutsnitt).<br><br>**Landskapsbilete:**<br>Landskapet er bygd i aust og vest, slik at bustadar ikkje vert eit nytt element i landskapsbilete her. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg innanfor kartlagd friluftsområde, Søreidsvågen – Drange som er viktig område med strandsone og tilhøyrande sjø og vassdrag. Det er likevel ikkje turstiar synleg på kart i det innspelte området. Innspelelet er ikkje vurdert å ville råka friluftsliv i vesentleg grad. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Området er ikkje utsett for kjend forureining, og tiltaket utgjer ikkje sjølv fare for forureining. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går ei elv direkte nord for det innspelte arealet. |
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Området ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innanfor området er det registrert innmarksbeite og skog.<br> |
| **Sosial infrastruktur** | | Barnehage og skule i krins har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Området ligg nær kollektivtransport, men det er om lag 7 km til butikk og barnehage, og 9 -13 km avstand til Uggdal og Tysnes skule. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Tilgang til nærturterreng og friluftslivsområde i nærleiken. Ingen opparbeida leikeplassar i området. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Det går eit aktsemdsområde for flaum nord i det innspelte arealet. |
| **Samla vurdering av konsulent før formannskapsmøtet 22.02.2024** | | **Innspelet vert ikkje teke med i planen –**<br>**Årsaka til at området ikkje vert vurdert med vidare i planarbeidet er at det er fleire konfliktar knyt til miljø- og samfunnstema. Arealet ligg dessutan i eit kupert og mindre eigna terreng som og er registrert som innmarksbeite. Tiltaket med tilhøyrande infrastruktur vil krevje større terrenginngrep i området.** |
| **Ny vurdering/konklusjon av formannskapet 22.02.2024** | | **I formannskapsmøtet 22.02.2024 vart det konkludert med at innspelet skal inn i planen.**<br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

## Feltnamn/områdenamn i plankart: B 12

## Innspel nr.29 , fleire føremål– Uggdal

| | |
|---|---|
| **Gnr./bnr.:** | Fleire eigedomar |
| **Dagens arealføremål:** | LNF med meir |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad, service/næring, offentleg tenesteyting, fritid/rekreasjon, parkering, veg, gang- og sykkelsamband* |
| **Arealstorleik:** | Ca. 20 daa? |
| **Forslagsstillar:** | Uggdal bygdelag |
| **Grunneigar:** | Fleire |

**Skildring**:

*Uggdal Bygdelag ynskjer i forbindelse med utbygging av nye E39, at ein i planlegginga i forbindelse med kommuneplanen ser på området i heilheit. Forslagsstillar føreslår i hovudsak bustad, service/næring, offentleg tenesteyting, parkering, fritid/rekreasjon, vegar og gang- og sykkelforbindelse.*

Etter grovsilinga står berre føreslått bustadområde ved nordaustlege del av Kyrkjevatnet att (sjå svart sirkel på vedlagt kart til høgre). Området vert vurdert i dette KU-skjemaet.

Kartutsnitt/foto







| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det ligg ingen kjende raudlista, trua eller nær trua artar i området. Eit stykke vest for området er det observert Poecile montanus (granmeis) som er ein sårbar art (2014). Tiltaket er ikkje vurdert å påverka meisen. |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Ingen kjende kulturminne, kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor innspelt område eller i nærleiken. |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Delar av området i vest vil hamna innanfor gul støysone frå Uggdalsvegen. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette ved ein evt. reguleringsplan.<br><br>Det er elles ikkje kjend at området er utsett for forureining, og tiltaket er ikkje vurdert å forureine i seg sjølv.<br> |
| **Vatn og vassdrag** | | Ikkje vurdert å påverke vatn/vassdrag. |
| **Strandsone ved sjø**, herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Ligg ikkje i 100-metersbeltet mot sjø. |
| **Jord- og skogbruk** | | Området har skog med særs høg bonitet. Det er ikkje dyrka mark innanfor innspelt areal. |
| **Sosial infrastruktur** | | Uggdal skule og Stjernereiso barnehage ligg like ved og har kapasitet. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Kort veg til butikk, skule, barnehage og andre servicetilbod samt busshaldeplass, området ligg ved Uggdal sentrum. |

| | | |
|---|---|---|
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje aktuelt opp mot føremålet. |
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Kort veg til idrettsbane og nærturterreng med meir. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Ligg ikkje i aktsemd- eller fareområde. |
| **Samla vurdering** | | ***Som nemnt innleiingsvis gjeld denne KU-en berre innspelt bustadområde ved nordaustlege del av Kyrkjevatnet. Sjå område markert med sort sirkel på kartet øvst i skjemaet til høgre.***<br><br>**Innspelt bustadområde ved nordaustlege del av Kyrkjevatnet vert teke med i planen –**<br><br>**Det er vurdert at det er ingen avgjerande konfliktar med miljø- og samfunnstema. Avbøtande tiltak knytt til støy frå veg er mogleg å iverksette ved reguleringsplan. Bustadområde vert ei forlenging (fortetting) av eksisterande bustadområde i sør. Veg inn til området må etablerst i samband med detaljregulering.**<br><br>**Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |

| Feltnamn/områdenamn i plankart: B 10 | | |
|---|---|---|
| **Innspel nr. 330 - Politisk bestilling , bustadfelt Uggdal ved Jensvoll** | | |
| **Gnr./bnr.:** | *17/147 mfl.* | Kartutsnitt/foto |
| **Dagens arealføremål:** | *LNF og LNF spreidd bustad* | |
| **Foreslått arealføremål:** | *Bustad* | |
| **Arealstorleik:** | *Ca. 42 daa* | |
| **Forslagsstillar:** | *Politisk* | |
| **Grunneigar:** | *Fleire* | |
| ***Skildring**:*<br><br>*Politisk bestilling: Sjå på moglegheita for å utvide eksisterande bustadfelt frå Jensvoll bustadområde til å inkludera Jensvoll spreidd bustad, fram til areal med dyrka mark i sør. Innspelet kan sjåast i samanheng med innspel 1 og 21, som og gjeld forslag om bustad.* | |  |

| TEMA Datagrunnlag/ | Konse kvens | Kunnskapsgrunnlag/vurdering |
|---|---|---|
| **Naturmangfald** | | Det er ingen kjende konfliktar i sjølve det innspelte området. Vest for området er det registrert eit mindre areal med Frisk lågurtedellauvskog i 2022 av moderat kvalitet som er på Norsk raudliste for naturtypar. Det er også gjort nokre arts-observasjonar i 2018 av sårbare planteartar langs med vegen, like utanfor innspelt område, observasjonane er ikkje validert/kvalitetssjekka av fagfolk.<br><br>Innspelet er ikkje vurdert å komma i konflikt med registrert naturmangfald i området. |

**Kommentert [KS1]:** Ligg ikkje alt dette på motsett side av fylkesvegen. Innspelet er ikkje vurdert å komme i konflikt med registrert naturmangfald i området.

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap** | | Der er ingen kjende automatisk freda kulturminne/kulturmiljø eller prioriterte kulturlandskap innanfor innspelt område. I nordlege del av innspelt område ligg Sæ kolerakyrkjegard. Dette er eit kulturminne frå nyare tid og er difor ikkje automatisk freda jamfør kulturminnelova, men må tas omsyn til ved ein evt. utbygging (kart1)<br><br>Like sør for område ligg fleire automatisk freda kulturminne frå ulike periodar av forhistoria (kart2), frå steinalder til og med jarnalder. Dette i form av gravar, førhistoriske åkerlag mm. Fleire av desse lokalitetane er nyleg registrert i 2022 i samband med Hordfast (E39).<br><br>Viss innspelt areal ikkje har vore undersøkt kan ein forvente krav om arkeologisk registrering av området før ein evt. utbygging. |

| | | |
|---|---|---|
| | |    |
| **Friluftsliv og grønstruktur** | | Området ligg ikkje innanfor kartlagt friluftsområde, mindre delar av arealet i vest er kartlagt som potensielt tilgjengeleg strandsone, men kor terrenget er forhaldsvis bratt. |
| **Forureining**<br>Støy, grunn-, luft- og vass-forureining. Vurdering etter vannforskriften §§ 4 – 7 | | Store delar av innspelt areal vil hamne innanfor gul støysone frå Fv. 549. Avbøtande tiltak i form av støyskjerming er mogleg å iverksette. |
| **Vatn og vassdrag** | | Det går bekkeløp innanfor innspelt område, avbøtande tiltak vil vera tilstrekkeleg. |

| | | |
|---|---|---|
| **Strandsone ved sjø**,<br>herunder konsekvensar for hamner, fiskeplassar, farled, kaste- og låssettingsplassar eller generell tilgjenge i strandsona. | | Delar av innspelt areal i vest vil hamne innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men i eit område kor det allereie ligg fleire bustader frå før (fortetting).<br><br>Arealet bør justerast med omsyn til 100-metersbeltet i vest, kor det uansett er eit meir kupert terreng, som ikkje er like eigna for bygging. |
| **Jord- og skogbruk** | | Innspelet kjem ikkje i konflikt med dyrka mark eller innmarksbeite, men det er registrert lauvskog med høg bonitet (grøn skravur på vedlagt kart) i store delar av det innspelte området, registrering frå 1968. Denne registreringa er av eldre dato og det er usikkert om denne er like reel i dag. |

| | | |
|---|---|---|
| | |  |
| **Sosial infrastruktur** | | Kort avstand til skule og barnehage med kapasitet og kort avstand til butikk og servicetilbod elles. |
| **Transportbehov**<br>Tiltak som fremmar miljøvennleg transport | | Gangavstand til skule, barnehage og fleire servicetilbod, busshaldeplass i nærleiken. |
| **Nærings-strategi**<br>Rett verksemd på rett plass | | Ikkje relevant opp mot føremålet. |

| | | |
|---|---|---|
| **Born og unge sine oppvekstvilkår** | | Er leikeplass på Jensvoll, samt leikeplass og idrettsbane i sentrum. Det er og friluftsområde i nærleiken. |
| **Samfunnstryggleik/ beredskap - fareområde** Naturfare, ulykker og beredskap<br>• Ras/skred<br>• Flaum og havnivåstigning.<br>• Høgspenningsanlegg<br>• Brann- og eksplosjons fare<br>• Skytebane | | Delar av arealet ligg innanfor aktsemdområde for flaum, ras og skred. Avbøtande tiltak er mogleg å iverksette ved reguleringsplan.<br> |
| **Samla vurdering** | | **Innspelet vert teke med i planen – men justert noko i høve 100 – metersbeltet mot sjø og støy frå veg**<br><br>**Det er registrert noko konflikt ned KU-tema, mellom anna med 100-metersbeltet og gul støysone frå veg. Ved å redusere arealet i vest langs vegen, kor det likevel er forhaldsvis bratt og mindre eigna for bustadbygging, vil ein i stor grad unngå konflikt på desse punkta.**<br><br>**Området er allereie dels utbygd, det ligg sentralt til med kort avstand til det meste, og infrastruktur er i stor grad på plass. Dette passer godt med politikken om fortetting og sentrumsnære bustader.**<br><br>**Det har kommen inn andre innspel på bustad i området, som har blitt innlemma i same arealet.** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Arealets utstrekking i nytt plankart vert slik:**<br> |